

Alice Steinkellner (red.)

Kulturstatistikk 2015



Alice Steinkellner (red.)

Kulturstatistikk 2015

Statistiske analyser I denne serien blir det publisert analysar av statistikk om sosiale, demografiske og økonomiske forhold til ein breiare lesarkrins. Framstillingsforma er slik at publikasjonane også kan lesast av personar utan spesialkunnskapar om statistikk eller bearbeidingsmetodar.

© Statistisk sentralbyrå Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen skal Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde. Publisert desember 2016 ISBN 978-82-537-9442-6 (trykt) ISBN 978-82-537-9443-3 (elektronisk) ISSN 0804-3321 Emne: Kultur og fritid Trykk: Statistisk sentralbyrå	Standardteikn i tabellar		Symbol
	Tal er umogleg	.	.
	Oppgåve manglar	..	..
	Oppgåve manglar førebels	...	...
	Tal kan ikkje offentleggjerast	:	:
	Null	-	-
	Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0	0
	Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0	0,0
	Førebels tal	*	*
	Brot i den loddrette serien	—	—
	Brot i den vassrette serien		
	Desimalskiljeteikn	,	,

Forord

Kulturstatistikk 2015 gjev i tekst, figurar og tabellar eit hovudbilete av ulike kultur-område, tal for offentlege utgifter, informasjon om sysselsetting og føretaks-demografi i kulturnæring samt oversikt over deltaking i ulike kulturelle aktivitetar. Føremålet med publikasjonen er å beskrive og gje ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike kulturområde i Noreg.

Kulturstatistikk er ein årleg publikasjon som frå 1975 til 2008 har vore publisert i serien Noregs offisielle statistikk, bortsett frå åra 2004 og 2005 da den var i serien Statistiske analysar. Alle utgåver er digitalt tilgjengelege på Statistisk sentralbyrå sine internettsider. Frå 2009 har publikasjonen Kulturstatistikk vert publisert i serien Statistiske analysar, og den er tilgjengeleg i pdf-format under adressen: <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kulturstatistikk>

Publikasjonen er utarbeidd ved Seksjon for utdanningsstatistikk. Alice Steinkellner har vore redaktør for publikasjonen. Liv Taule, Per Tuhus, Elin Såheim Bjørkli, Rita Aanerud og Øyvind Bolsgård har vore medforfattarar. Bente B. Fjeldbo og Turid Sandhalla har vore med på utarbeiding og innsamling av datagrunnlaget og lesing av korrektur.

Statistisk sentralbyrå har eit godt samarbeid med fleire offentlege institusjonar og interesseorganisasjonar som leverer datagrunnlag. Talmaterialet byggjer også på tal frå Statistisk sentralbyrå.

Publikasjonen er finansiert av Kulturdepartementet.

Statistisk sentralbyrå, 12. desember 2016

Christine Meyer

Samandrag

I denne publikasjonen presenterer vi oppdaterte tal og statistikk for ulike område relatert til kultur. Formålet med publikasjonen er å beskrive og gje ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike kulturområde i Noreg. Dette er nokre hovudresultat for 2015 innanfor temaområda i publikasjonen:

Offentlege utgifter til kultur

Dei statlege utgiftene til kultur over Kulturdepartementets budsjett i 2015 var 12,8 milliardar kroner, dei fylkeskommunale kulturutgiftene var på over 1,5 milliardar kroner, og dei kommunale utgiftene var på 10,6 milliardar kroner.

Sysselsetting og føretak i kulturnæring

2,6 prosent av dei sysselsette i Noreg hadde hovudjobben sin i kulturell og kreativ næring. Desse jobbane er geografisk ujamt fordelte. Over halvparten er samla i dei største byane Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Oslo er klart størst med 40 prosent av alle sysselsette i kulturell og kreativ næring.

Fond, stipend og vederlag

I 2015 vart det løyva 765,7 millionar kroner frå Norsk kulturfond til ulike kulturføremål. Musikkføremål var det største hovudområdet under kulturfondet og utgjorde 34 prosent. Statens kunstnarstipend delte ut 1 814 stipend i 2015, 12 fleire enn året før. Biletkunstnarar var den desidert største gruppa og mottok 553 stipend.

Scenekunst, musikk og festivalar

I 2015 var det til saman 1,9 millionar tilskodarar ved teater og opera. Dette var ein auke på nesten 9 prosent frå året før. Ved dei frie danse- og teatergruppene var det 552 000 besøk dette året.

Museum

I 2015 var det totalt 11,3 millionar besøk i musea i Noreg. Det utgjer ein auke på over 450 000 besøk sidan 2014. I perioden 2006 til 2015 har talet på museumsbesøk auka med 21 prosent. Samlingane i dei norske musea utgjorde om lag 56 millionar gjenstandar eller objekt i 2015.

Bibliotek

Det vart lånt ut 22,7 millionar bøker og andre medium frå folkebiblioteka. Av det samla utlånet i 2015 var 16,8 millionar utlån av bøker, om lag på same nivå som året før. Det vart lånt ut 6,0 millionar av andre medium. I gjennomsnitt var det 4,4 utlånte bøker og andre medium per innbyggjar.

Aviser

I 2015 gjekk totalopplaget i fagpressa ned med 10 prosent samanlikna med året før. Dette kom etter ein periode med relativt stabile opplagstal. Det er i utgangspunktet færre som les vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift sett i høve til aviser, men det har vore ein nedgang i delen lesarar av vekeblad og tidsskrift òg.

Film og kino

I alt var det 12 millionar besøk på kino i 2015. Det er ein auke i kinobesøket mot førre året da det var om lag 11,1 millionar besøkande på norske kinoar. Besøkstalet svarar til 2,3 kinobesøk per innbyggjar. Samstundes som det er aukande besøkstal på kino i 2015, er det ein nedgang i besøkstal på bygdekinoane som hadde 122 800 besøk same året, om lag 800 færre enn i 2014.

Radio, tv, lyd- og videomedium

Delen radiolyttarar har halde seg relativt konstant i perioden 2000 og 2015 med høvesvis 57 og 59 prosent av befolkninga som lytta til radio på ein gjennomsnittsdag. Lyd- og videomedium har endra innhald dei siste åra. Det som har auka mest dei siste åra er strøymde filer frå Internett.

Idrett

Ved utgangen av 2015 var det nær 1,9 millionar ordinære medlemskapar i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité. Talet på ordinære idrettslag har gått noko ned det siste året og talde 7 819 lag ved utgangen av 2015.

Abstract

This publication provides updated figures and information about cultural statistics. The main purpose of this publication is to present an overview of available statistics in various cultural fields in Norway. A selection of some main results within cultural fields in this publication is given below.

Public expenditure

Governmental expenditure on cultural purposes in the Ministry of Culture's budget for 2015 was NOK 12.8 billion, county authorities' net operating expenditure on cultural purposes was NOK 1.5 billion, and local authorities' net operating expenditure on cultural purposes was NOK 10.6 billion.

Employment and enterprises in cultural industry

A total of 2.6 per cent of all employed persons in Norway had their main job within the cultural industry in 2015. These jobs are unevenly distributed throughout the country. Over half are located in the biggest cities Oslo, Bergen, Trondheim and Stavanger. Oslo has the largest share by far, with 40 per cent of all employment in the cultural and creative industry.

Art policy measures

In 2015, the Art Council of Norway distributed NOK 765.7 million from the Norwegian Cultural Fund to several cultural purposes. Music received the most; 34 per cent of the Norwegian Cultural Fund. In 2015, visual artists received 553 grants under the Government Grants for Artists, which was the largest group under this arrangement.

Theatre, music and festivals

Theatre, opera and dance are still popular attractions within the field of performing arts. In 2015, a total of 1.9 million people went to the theatre and/or opera. This was an increase of 9 per cent from the previous year. The non-organised dancing and theatre groups had 552 000 visitors.

Museums

In 2015, about 11.3 million people visited Norwegian museums, which had about 56 million objects. The number of visits increased by 450 000 from 2014. In the period 2006 to 2015, the number of visitors to museums increased by 21 per cent.

Libraries

In 2015, the total loans of books and other media from public libraries was 22.7 million. Of the total number of loans in this year, 16.8 million were book loans, including renewals, and 6.0 million were loans of other media. On average, there were 4.4 book loans and other media lending per capita from public libraries in 2015.

Newspapers

After a period of a relatively stable circulation, the trade journals' circulation decreased by 10 per cent in 2015. Basically, fewer people are reading weekly magazines, comics and periodicals compared to newspapers, but also the share of readers of weekly magazines and periodicals decreased this year.

Films and cinemas

In 2015, a total of 12 million cinema visits was registered; an increase of 0.9 million from the previous year, when 11.1 million people visited Norwegian cinemas. The cinema visits correspond to a visit of 2.3 per capita.

Radio and television

On an average day, the share of the population who listened to the radio remained relatively constant in the period 2000 to 2015, with 57 and 59 per cent in 2000 and 2015 respectively. The content of the medium of audio and video has changed in recent years. Streamed files from the Internet have had the greatest increase.

Sports

At the end of 2015, almost 1.9 million members were registered with the Norwegian Olympic and Paralympic Confederation of Sports; an increase of 40 000 members from the previous year. The number of teams has fallen, and is now 7 819.

Innhold

Forord.....	3
Samandrag.....	4
Abstract.....	5
1. Offentlege utgifter.....	8
1.1. Nokre resultat.....	8
1.2. Om statistikken for dei offentlege utgiftene.....	14
1.3. Omgrep og definisjonar.....	14
1.4. Samanlikningar.....	16
2. Frivillig innsats.....	25
2.1. Nokre resultat.....	25
2.2. Om statistikken.....	27
3. Nærings- og sysselsettingsstatistikk.....	38
3.1. Nokre resultat.....	38
3.2. Endringar i årets kulturstatistikk.....	38
3.3. Sysselsetting.....	38
3.4. Føretak.....	42
3.5. Om statistikken – nærings- og sysselsettingsstatistikk.....	44
3.6. Omgrep og definisjonar.....	45
4. Fond, stipend og vederlag.....	58
4.1. Nokre resultat.....	58
4.2. Om dei ulike organisasjonane og ordningane.....	62
5. Scenekunst.....	72
5.1. Nokre resultat.....	72
5.2. Økonomi.....	75
5.3. Om statistikken og dei ulike scenekunstorganisasjonane.....	76
6. Musikk.....	82
6.1. Nokre resultat.....	82
6.2. Økonomi.....	87
6.3. Om statistikken – ulike organisasjonar i musikklivet.....	88
7. Museum og samlingar.....	99
7.1. Nokre resultat.....	99
7.2. Om museumsstatistikken.....	106
8. Bibliotek.....	116
8.1. Nokre resultat.....	116
8.2. Bibliotekbruk.....	121
8.3. Om bibliotekstatistikken.....	122
8.4. Pliktavlevering.....	124
8.5. Kulturbbruksundersøkingane.....	124
9. Arkiv.....	135
9.1. Nokre resultat.....	135
9.2. Om statistikken – arkivstatistikk.....	137
10. Bøker.....	142
10.1. Nokre resultat.....	142
10.2. Om bokstatistikken.....	146
10.3. Feilkjelder og uvisse.....	147
11. Aviser, vekepresse og fagpresse.....	155
11.1. Nokre resultat.....	155
11.2. Om statistikken – aviser, vekepresse og fagpresse.....	159
11.3. Omgrep.....	160
12. Film og kino.....	166
12.1. Kinobesøk og kinodrift.....	166
12.1. Produksjon og forvaltning av film.....	170
12.2. Om statistikken og dei ulike organisasjonane.....	171
12.3. Omfang, publisering og samanlikningar.....	171
13. Radio, tv, lyd- og videomedium.....	178
13.1. Nokre resultat.....	178
13.2. Om statistikken.....	184

14.	Idrett og friluftsliv	193
14.1.	Nokre resultat	193
14.2.	Om statistikken og organisasjonane.....	197
15.	Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja.....	205
15.1.	Nokre resultat	205
15.2.	Om statistikken – trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja.....	211
Figurregister		221
Tabellregister		222

1. Offentlege utgifter

1.1. Nokre resultat

*Offentlege utgifter
til kultur*


Rekneskapane for 2015 viser at:

Dei statlege utgiftene til kultur var 12,8 milliardar kroner over budsjettet til Kulturdepartementet (KUD) – 2 453 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt.

Fylkeskommunanes netto driftsutgifter til kulturføremål var 1,5 milliardar kroner – 288 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt.

Kommunanes netto driftsutgifter til kultur var 10,6 milliardar kroner – 2 030 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt.

Figur 1.1. Offentlege utgifter til kultur



Kjelde: Kulturdepartementet og Statistisk sentralbyrå.

1.1.1. Offentlege utgifter – stat

*Statlege utgifter til kultur –
0,8 prosent av tildelingane
over statsbudsjettet*

Rekneskapstala til KUD viser at det totalt vart løyvd 12,8 milliardar kroner til ulike føremål i 2015. I alt var det ein auke på 330 millionar kroner, eller 2,6 prosent, sidan 2014. Dersom ein held utgifter til Den norske kyrkja utanfor har auken i utgiftene til kultur sidan 2010 vore på 2,8 milliardar kroner, eller 36 prosent. KUDs samla utgifter i 2015 var 0,8 prosent av dei samla statlege utgiftene, det same som førre året. Sjå tabell 1.1.1.

Tilskot til Den norske kyrkja (Dnk) utgjorde 2 050 millionar kroner, eller 16 prosent av rekneskapen til KUD i 2015. Løyvinga til Dnk auka med 7 prosent frå året før. I perioden frå 2010 til og med 2013, høyrde Dnk til Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet, men frå 2014 høyrer Dnk igjen til KUD. Sjå òg kapittel 15 om Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja.

Scenekunsthøremål fekk 2 048 millionar kroner, eller 16 prosent av midlane frå KUDs tildelingar i 2015. Fire nasjonale institusjonar innanfor scenekunst fekk til saman over 1 milliard kroner: Den Norske Opera & Ballett, Nationaltheatret, Det Norske Teatret og Den Nationale Scene. Scenekunsttildelinga har samla auka med 35 prosent sidan 2010. Sjå òg kapittel 5 om scenekunst.

Musikkføremål fekk 9 prosent av KUDs tildelingar for 2015, eller 1 169 millionar kroner. Av desse midlane gjekk 277 millionar til dei nasjonale institusjonane: Oslo-Filharmonien fekk 150 millionar kroner, og Bergen Filharmoniske Orkester fekk 127 millionar kroner. Musikkføremål har fått auka tildelinga med 29 prosent sidan 2010.

Museumsføremål og andre kulturvernføremål, språk-, litteratur- og bibliotekføremål og arkivføremål fekk samla 19 prosent av tildelingane frå KUD. Film og media fekk nær 10 prosent av tilskota frå KUD i 2015.

Samfunnsføremål og frivillige føremål fekk samla 2 077 millionar kroner i 2015, noko som utgjorde over 16 prosent av rekneskapen til KUD. Tilskot til trus-samfunn utgjorde 2,2 prosent av rekneskapen.

2 263 millionar kroner frå
spelemlane til idrett

Speleoverskotet frå Norsk Tipping AS vert fordelt til kultur- og idrettsføremål, og til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Hovudfordelinga av spelemlane i 2015 viser at 2 263 millionar kroner gjekk til idrettsføremål. Det utgjør ein auke på 403 millionar, eller 22 prosent. Slik som åra før, var det idrettsanlegga som fekk det største tilskotet i 2015, med 1 131 millionar kroner. Tilskotet til idrettsanlegga auka med 202 millionar eller 22 prosent samanlikna med året før. Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) fekk 636 millionar kroner i 2015. Tilskotet til NIF gjekk opp med 43 millionar, eller 7 prosent samanlikna med året før. Tilskot til lokale lag og foreiningar var på 294 millionar kroner, dette er ein auke på 85 millionar kroner eller 41 prosent frå året før. Sjå tabell 1.1.2.

637 millionar kroner frå
spelemlane til kultur

Tildelingane frå spelemlane til kulturføremål var på 637 millionar kroner i 2015, ein auke på 142 millionar kroner samanlikna med året før. Den kulturelle skolesekken (DKS) fekk 210 millionar kroner. Av dette gjekk 150 millionar kroner til DKS-tiltak i grunnskolen, medan 59 millionar kroner gjekk til DKS-tiltak i vidaregåande skole. Frifond fekk 148 millionar kroner til fordeling. Kulturbygg fekk 96 millionar kroner frå spelemlane til kultur. Sjå tabell 1.1.3.


1.1.2. Offentlege utgifter – fylkeskommunar

1,5 milliardar kroner til
kulturføremål i
fylkeskommunane

Rapporteringa i KOSTRA viser at netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane var på 1,5 milliardar kroner i 2015, ein nedgang på 87 millionar kroner, eller 5,5 prosent.

I 2015 var det museum som hadde den høgaste delen av utgiftene til kultur i fylkeskommunane med 27 prosent, deretter kunstformidling med 26 prosent. Lågast del gjekk til bibliotek med 9 prosent og idrett med 10 prosent.

Figur 1.2. Netto driftsutgifter til ulike kulturføremål i fylkeskommunane. 2015




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Netto driftsutgifter til museum, utgjorde 401 millionar kroner i 2015. Netto driftsutgifter til kunstformidling var på 396 millionar kroner same året. Etter ein

stor auke i 2014 hadde idrett den største nedgangen i 2015 med heile 93 millionar kroner, eller 37 prosent.


Viss ein ser på utviklinga frå 2010 til 2015, har netto driftsutgifter i alt auka med 33 prosent. Størst auke dei siste fem åra har området kunstproduksjon med 98 millionar kroner, og idrett med 97 millionar kroner. Sjå figur 1.3 og tabellane 1.2.1 og 1.2.2. Bibliotek er det området med minst auke dei siste fem åra, med 10 millionar kroner.

Figur 1.3. Netto driftsutgifter til ulike kulturføremål i fylkeskommunane.



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

I gjennomsnitt gjekk det 288 kroner per innbyggjar i netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane i 2015, 19 kroner lågare i høve til førre året. Høgast netto driftsutgifter til kulturføremål målt per innbyggjar var det i Finnmark fylkeskommune, som brukte 574 kroner per innbyggjar til kulturføremål i 2015. I Finnmark fylkeskommune gjekk 3 prosent av netto driftsutgifter til kulturføremål. Tala for Oslo som fylkeskommune viser berre ein liten del av utgifter til kultur då Oslo både er kommune og fylkeskommune og rapporterer både som kommune og fylkeskommune. Sjølv om det kan vere uvisse knytt til kva som er kommunale og fylkeskommunale utgifter, er ikkje tala dobbeltrapporterte. For å få fram dei totale netto driftsutgiftene for Oslo, kan det vere nyttig å leggje saman dei kommunale og dei fylkeskommunale netto driftsutgiftene.

Figur 1.4. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane. 2015

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Fordelinga for dei ulike funksjonane i fylkeskommunane varierer ein del. I fire fylke viser tala at netto driftsutgifter til idrett var på minussida. Det vil seie at desse fylkeskommunane hadde større inntekter i høve til utgifter på denne funksjonen. Hordaland, Rogaland og Sør-Trøndelag hadde dei største netto driftsutgiftene til kultur, med respektive 183, 115 og 114 millionar kroner. Hordaland hadde dei største netto driftsutgiftene til museum med 48 millionar kroner i 2015. Rogaland hadde 49 millionar i netto driftsutgifter til kunstproduksjon. Sør-Trøndelag brukte 46 millionar på kunstformidling i 2015. Hordaland hadde høgast netto driftsutgifter til idrett og andre kulturaktivitetar med høvesvis 41 og 42 millionar kroner. Sjå tabellane 1.2.1 og 1.2.2.

Fylkeskommunanes brutto investeringsutgifter til kulturføremål i 2015 var 6 millionar kroner, det lågaste beløpet ein har registrert med samanliknbare tal. Investeringsnivå for 2009 og 2012 skil seg ut som særst høge, mot normalt nivå. Ser ein på gjennomsnittet for dei tre åra i perioden 2013-2015, har fylkeskommunane brukt 32 millionar kroner til brutto investeringsutgifter. Aust-Agder fylkeskommune hadde 21 millionar kroner medan Nordland og Finnmark fylkeskommunar hadde høvesvis 3 og 4 millionar kroner i brutto investeringsutgifter i perioden 2013-2015. Sjå tabell 1.2.3.


1.1.3. Offentlege utgifter – kommunar

3,8 prosent til kultur i kommunane

Tala for kommunane sine utgifter er henta frå KOSTRA-rapporteringa. Rekneskapsåret 2015 viser at kommunane sine netto driftsutgifter til kultur låg på 10,6 milliardar kroner, Oslo inkludert. Tala gjeld kommunen som konsern, sjå kapittel 1.3 om omgrep og definisjonar, rekneskapsomfang. Auken i netto driftsutgifter til

kultur frå 2014 var på 207 millionar, eller 2 prosent. Delen av utgiftene som gjekk til kultur var 3,8 prosent i 2015, det same som i 2014.

Figur 1.5. Netto driftsutgifter til kultur for kommune-konsern. 2015




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Idrett var som i tidlegare år den høgaste kulturutgifta i kommunane samla sett. Kommunane brukte totalt 3,4 milliardar kroner til idrett i 2015, ein auke på 122 millionar kroner, eller 4 prosent samanlikna med førre året. Netto driftsutgifter til idrett utgjorde 32 prosent av utgiftene til kultur.

Posten andre kulturaktivitetar var på 2,5 milliardar kroner i 2015, ein auke på 188 millionar, eller 8 prosent frå 2014. 1,4 milliardar kulturkroner gjekk til folkebibliotek, ein nedgang på 17 millionar, eller 1 prosent samanlikna med året før. Kino var det området som hadde størst prosentvis nedgang frå førre året, med 47 prosent. Kultur- og musikksskolar hadde nedgang på 4 prosent i 2015 samanlikna med førre året. Sjå tabellane 1.3.1- 1.3.4.

Delen som går til ulike kulturføremål har vore ganske stabil sidan 2010. Delen som går til idrett og andre kulturaktivitetar har auka noko sidan 2010, samstundes har delen som går til aktivitetstilbod for barn og unge og folkebibliotek gått noe ned.


Figur 1.6. Netto driftsutgifter til kultur for kommune-konsern



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Oslo var den kommunen som hadde høgast vekst i netto driftsutgifter til kultur med 130 millionar kroner eller 9 prosent. Kommunane i Akershus var dei som samla sett hadde størst nedgang i kulturutgiftene med ein nedgang på 6 prosent samanlikna med førre året (sjå tabell 1.3.1).

Figur 1.7. Netto driftsutgifter til kultur for kommune-konsern, etter fylke. 2015




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

2 030 kroner per innbyggjar til kultur

I gjennomsnitt brukte kommunane 2 030 kroner per innbyggjar til kulturføremål i 2015, 21 kroner meir i høve til året før. I ei rekkje år har det vore kommunane i Finnmark som bruker mest til kultur per innbyggjar, slik òg i 2015, med 2 992 kroner per innbyggjar.

Kommunane i Østfold og Vestfold brukte minst til kultur i 2015, med respektive 1 516 og 1 518 kroner per innbyggjar. For både Østfold og Vestfold fylka var det ein nedgang i netto driftsutgifter til kultur samanlikna med året før.

Som nemnt over brukte kommunane i Noreg 3,8 prosent av totale utgifter til kulturføremål i 2015. Kommunane i sju fylke brukte over gjennomsnittet til kultur: Akershus, Oslo, Telemark, Vest-Agder, Rogaland, Sør-Trøndelag og Finnmark. Oslo brukte mest pengar på kultur i 2015, 1,5 milliardar, medan kommunane i Rogaland brukte mest pengar på kultur målt i prosent av totale netto driftsutgifter – 4,6 prosent (sjå figur 1.8 og tabell 1.3.1).

Figur 1.8. Netto driftsutgifter til kultur for kommune-konsern, etter fylke. Prosent av totale netto driftsutgifter

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

1.2. Om statistikken for dei offentlege utgiftene

Dei statlege utgiftene viser i hovudsak utgifter over Kulturdepartementet sitt budsjett slik det går fram av Prop. 1 S som vert lagt fram i oktober kvart år. Fylkeskommunale og kommunale utgifter baserer seg på rekneskapane deira som kvart år vert handsama av KOSTRA-systemet. Tala vert publiserte hos SSB på www.ssb.no, KOSTRA-sidene og i Statistikkbanken.

KOSTRA (kommune-stat-rapportering)

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev styringsinformasjon om fylkeskommunal og kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenestemråde vert registrert og samanstilt for å gje relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gjeve grunnlag for å vurdere om nasjonale mål er oppnådde. KOSTRA skal forenkle rapporteringa frå kommunane til staten ved at data berre vert rapporterte ein gong, sjølv om dei skal brukast til ulike føremål. All rapportering frå kommunane til SSB skjer ved elektronisk datautveksling. SSB publiserer ureviderte tal for kommunane 15. mars, og retta tal 15. juni. I nøkkeltala vert data sette saman, både tal som vert rapporterte direkte frå kommunane til SSB, og tal henta frå nasjonale register utanfor SSB. Før publiseringa 15. juni har kommunane hatt høve til å rette feil og manglar i dataa sine, og SSB har gjennomført kvalitetskontrollar og revisjon av datamaterialet. Dei ureviderte nøkkeltala per 15. mars kan innehalde feil.

1.3. Omgrep og definisjonar

Spelemidlane

Kvart år sidan 1948 har speleoverskotet i Norsk Tipping AS gått til samfunnsnyttige føremål. For speleoverskotet i 2015 frå Norsk Tipping gjaldt følgjande fordelingsnøkkel: 64 prosent gjekk til idrettsføremål, 18 prosent til

kulturføremål og 18 prosent til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar (Kulturdepartementet, 2015). Spelemidlane til idrettsføremål og kulturføremål utanfor statsbudsjettet vart fordelte av Kongen. Midlane til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar vart fordelte etter forskrift 12. juni 2009 nr. 640 (Kulturdepartementet, 2009). Sjå tabellane 1.1.2 og 1.1.3 for fordeling av tippemidlane i 2015.

*Rekneskapsomfang og om
konsern i KOSTRA*

Føremålet med publiseringa i KOSTRA er å vise ressursbruk og tenesteproduksjon uavhengig av korleis denne er organisert i den enkelte (fylkes)kommune. I tillegg til å produsere tenesta sjølv kan (fylkes)kommunen velje å organisere heile eller delar av tenesteproduksjonen innanfor dei enkelte sektorane/tenesteområda i eigne organisatoriske einingar (særbedrifter). Desse særbedriftene fører eigne rekneskapar og dette inneber at tala i KOSTRA i dei opphavlege faktaarka ikkje inkluderer ressursbruken/tenesteproduksjonen i særverksemdene. For å rette seg etter den aukande graden av utskiljing av tenesteproduksjonen i eigne einingar, er det difor nødvendig å etablere faktaark for konsern for alle tenesteområda i KOSTRA-publiseringa.

Konsern i KOSTRA omfattar dei organisatoriske einingane som juridisk sett er definerte innanfor (fylkes)kommunen som juridisk person, det vil seie (fylkes)kommunerekneskapen, (fylkes)kommunale føretak (KF/FKF), og i tillegg desse som ikkje er ein del av (fylkes)kommunen: inter(fylkes)kommunale selskap (IKS) og inter(fylkes)kommunale samarbeid etter kommuneloven § 27, som fører særrekneskap.

Særrekneskapane vert rapporterte enkeltvis til SSB, og konsolideringa til konsern vert gjort av SSB. Mellom (fylkes)kommunen og KF/FKF er eigarforholdet alltid ein-til-ein, mens fleire kommunar/fylkeskommunar eig IKS saman. Den enkelte (fylkes)kommunes eigardel i IKS vert fordelt etter registrerte eigardelar i Føretaksregistret i Brønnøysund. § 27-einingane vert behandla likt med kommunale føretak. (Fylkes)kommunal verksemd organisert som aksjeselskap og stiftingar inngår ikkje i konsernomgrepet.

Netto driftsutgifter totalt

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene medrekna avskrivningar etter at driftsinntektene, som blant anna inneheld øyremerkte tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekte frå. Resten av utgiftene må dekkjast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten med vidare. Netto driftsutgifter vil vise fylkets eller kommunens prioritering av dei frie inntektene i forhold til målgruppa for tenesta.

Brutto driftsutgifter

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene medrekna avskrivningar korrigerte for dobbeltføringar som kjem av vidarefordeling av utgifter/intermkjøp med vidare. Brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter skal ikkje vere lik netto driftsutgifter. På funksjon/tenesteområde kjem dette av at brutto driftsutgifter vert korrigerte for artane 710 sjukelønnsrefusjon og 729 kompensasjon mva. tilleggde i driftsrekneskapen. Tilsvarende korreksjonar vert ikkje gjorde i brutto driftsinntekter. Netto driftsutgifter vert korrigerte for art 728 kompensasjon mva. tilleggde i investeringsrekneskapen. For nærare informasjon, sjå fagleg rettleiing på <http://www.ssb.no/kostra/>.

Brutto investeringsutgifter Brutto investeringsutgifter viser investeringsutgifter korrigerte for fordelte utgifter og internsals. For å syne prioritering av nybygging, større utviklingstiltak og andre investeringar vert det brukt brutto investeringsutgifter per innbyggjar.

For fleire definisjonar brukt i KOSTRA, sjå fagleg rettleiing på <http://www.ssb.no/kostra/>.

Rekneskapsfunksjonar til kulturføremål – fylkeskommunar

- 740 Bibliotek
- 760 Museum
- 771 Kunstformidling¹
- 722 Kunstproduksjon²
- 775 Idrett
- 790 Andre kulturaktivitetar³

Rekneskapsfunksjonar til kulturføremål – kommunar

- 231 Aktivitetstilbod til barn og unge
- 370 Bibliotek
- 373 Kino
- 375 Museum
- 377 Kunstformidling
- 380 Idrett
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (ny i 2008)
- 383 Kommunale musikk- og kulturskolar
- 385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg⁴
- 386 Kommunale kulturbygg (ny i 2008)

I tabellane er funksjon 381 slått saman med funksjon 380 idrett, og funksjon 386 er slått saman med funksjon 385 andre kulturaktivitetar. Årsaka til samanslåinga er at det har vore dårleg rapportering på desse funksjonane etter at dei vart innførte i kommunerekneskapen frå 2008.

1.4. Samanlikningar

Samanlikningar over tid og stad

KOSTRA-tala omfattar tal frå 1999, da kommunane kom med i KOSTRA. Frå og med 2001 er alle kommunane pålagde rapportering til KOSTRA. Både i sjølve prosjektperioden og i ettertid har det vore ein god del endringar i statistikkopplegget. Ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift innført frå 1. januar 2004 kan føre til brot i tidsserien frå 2003 til 2004. Ordninga vil kunne innebere brot i nokre sentrale rekneskapsomgrep. For nærare forklaring viser ein til fagleg rettleiing til KOSTRA, kapitla 2B–2E. Større brot i tidsseriar kan finnast. Tala i tabellane frå 2007 gjeld kommunekonsern. Tal i Statistikkbanken på ssb.no kan avvike frå eldre tal i tabellar i kapittelet, dette har si årsak i oppdateringar av eldre tal i Statistikkbanken. Tabellane for kapittel 3.3 omfattar utgiftene som kommunane har til kulturføremål.

Samanheng med annan statistikk

Eventuell samanheng mellom førebelse og endelege tal, korttidsstatistikk og årsstatistikk innanfor same emne, og høve til å samanlikne med annan statistikk innanfor same område, vert det gitt informasjon om for kvart enkelt område.

¹ Utgifter og inntekter knytt til formidling av kunst og kultur til skoleverket og andre.

² Støtte til produksjon av profesjonell kunst innanfor teater, musikk, biletkunst, litteratur, i knutepunks- og landsdelsinstitusjonar og andre institusjonar.

³ Andre kulturaktivitetar (f790 fylke) omfattar funksjonar som i hovudsak arbeider utoverretta mot kulturorganisasjonar og kulturtiltak i kommunane. Omfattar samfunnshus/allaktivitetshus, støtte til nærkringkasting eller anna lokal medieverksemd.

⁴ Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg (f 385 kommune) omfattar i hovudsak tilskot til organisasjonar, aktivitetar, markeringar, kultur dagar og hendingar som vert drivne av eller er baserte på frivillig medverknad.

Referansar

Kulturdepartementet (2009): Forskrift 12. juni 2009 nr. 640 om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Forskrift-om-tilskudd-til-org-fra-Norsk-Tipping-/id603648/>

Kulturdepartementet (2015): For budsjettåret 2016 -- Utgiftskapitler: 300–342 Inntektskapitler: 3300–3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2015-2016). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20152016/id2456056/>

Kulturdepartementet (2016): For budsjettåret 2017 -- Utgiftskapitler: 300–342 Inntektskapitler: 3300–3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2016-2017). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20162017>

Meir informasjon

Kostra. (<http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>)

Frivilligregisteret: (<http://www.brreg.no/frivillighet/>).

Medietilsynet: (<http://www.medietilsynet.no/>)

Norsk Tipping: (<http://2014.norsk-tipping.no/>)

Tabell 1.1.1. Utgifter over Kulturdepartementets budsjett. Rekneskapstal, løyvingar. Millionar kroner og prosent

	Absolutte tal						Prosent					
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2010	2011	2012	2013	2014	2015
I alt	7 911,3	8 566,0	8 950,4	9 759,0	12 460,4	12 790,5	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Administrasjon m.m. ¹	182,8	116,5	122,6	120,3	143,5	138,9	2,3	1,4	1,4	1,2	1,2	1,1
Samfunnsføremål og frivillige føremål i	794,0	1 131,7	1 140,9	1 539,6	1 965,5	2 076,9	10,0	13,2	12,7	15,8	15,8	16,2
Frivillige føremål	574,5	852,3	877,1	1 230,7	1 644,1	1 769,5	7,3	9,9	9,8	12,6	13,2	13,8
Kultursamarbeid i nord-områdene og kulturnæring	34,2	64,1	42,6	63,1	37,5	24,6	0,4	0,7	0,5	0,6	0,3	0,2
Tilskot til trussamfunn m.m.	185,3	215,3	221,2	245,8	283,9	282,9	2,3	2,5	2,5	2,5	2,3	2,2
Kulturføremål i alt	5 943,7	6 220,3	6 538,4	6 892,0	7 213,8	7 283,5	75,1	72,6	73,1	70,6	57,9	56,9
Allmenne kulturføremål ²	410,0	546,6	582,0	600,1	620,7	430,3	5,2	6,4	6,5	6,1	5,0	3,4
Kulturbygg ³	174,8	169,8	171,6	199,0	200,9	213,4	2,2	2,0	1,9	2,0	1,6	1,7
Norsk kulturfond	43,2	66,7	68,7	69,5	69,8	78,8	0,5	0,8	0,8	0,7	0,6	0,6
Kunstnarføremål	378,6	393,4	406,6	423,5	449,4	466,5	4,8	4,6	4,5	4,3	3,6	3,6
Biletkunst mv.	409,7	420,6	405,2	436,5	417,2	475,4	5,2	4,9	4,5	4,5	3,3	3,7
Musikkføremål	904,3	959,8	1 027,0	1 014,9	1 057,0	1 168,5	11,4	11,2	11,5	10,4	8,5	9,1
Scenekunstføremål	1 521,6	1 631,4	1 716,2	1 873,7	1 979,4	2 048,1	19,2	19,0	19,2	19,2	15,9	16,0
Samordningstiltak for arkiv, bibliotek og museum	145,8	-	-	-	-	-	1,8	-	-	-	-	-
Språk-, litteratur- og bibliotekføremål	775,7	818,6	862,5	881,6	940,3	894,1	9,8	9,6	9,6	9,0	7,5	7,0
Museumsføremål og andre kulturvernføremål	871,0	891,9	949,0	1 020,9	1 091,7	1 133,5	11,0	10,4	10,6	10,5	8,8	8,9
Arkivføremål	309,0	321,6	349,6	372,3	387,4	374,7	3,9	3,8	3,9	3,8	3,1	2,9
Film og media	990,8	1 097,6	1 148,4	1 207,1	1 224,2	1 240,8	12,5	12,8	12,8	12,4	9,8	9,7
Den norske kyrkja ⁴	..	..	..	..	1 913,4	2 050,3	..	..	..	..	15,4	16,0
Prosent av statlege midlar i alt ⁵ ..	0,6	0,6	0,6	0,6	0,8	0,8	.	.	.	.	.	.
Prosent av BNP i alt	0,3	0,3	0,3	0,3	0,4	0,4	.	.	.	.	.	.

¹ Gjeld drift av Kulturdepartementet og Lotteri- og stiftelsestilsynet. ² Ikkje inkl. løyvingar til kulturbygg og midlar frå Norsk kulturfond. ³ Inkl. nasjonale, regionale og lokale kulturbygg. Midlar frå Norsk kulturfond er ikkje medrekna. ⁴ I perioden frå 2010 til og med 2013 høyrde Den norske kyrkja til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, men frå 2014 høyrer Dnk igjen til KUD. ⁵ Prosenten er rekna av statsbudsjettets samla utgifter i alt medrekna folketrygda.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 1.1.2. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. Millionar kroner

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015 ¹
I alt	1 200,0	1 200,0	1 200,0	1 250,0	1 418,0	1 558,4	1 558,5	1 558,6	1 564,1	1 640,6	1 859,7	2 263,1
Idrettsanlegg	656,2	665,5	664,4	695,0	690,0	687,6	749,6	735,7	756,5	801,3	928,7	1 131,0
Nasjonalanlegg/spesielle anlegg	22,6	5,2	1,5	13,1	19,6	26,4	27,1	29,4	13,2	17,0	43,6	81,6
Forskings- og utviklingsarbeid	23,4	23,6	22,8	24,0	20,4	9,6	20,1	20,1	20,1	21,1	23,3	26,8
Spesielle aktivitetar ²	37,9	36,7	42,3	40,9	41,0	47,8	49,7	51,4	52,4	57,2	62,1	93,8
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité	340,0	349,0	349,0	352,0	354,0	354,0	556,0	566,0	566,0	580,0	593,0	636,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	120,0	120,0	120,0	125,0	125,0	125,0	156,0	156,0	156,0	164,0	209,0	294,0
Overgangsmidlar	-	-	-	-	168,0	308,0	-	-	-	-	-	-

¹ Meldt del av overskot frå 2014 til fordeling tippenøkkel 2015, av totalt 3 536 millionar kroner. <http://2014.norsk-tipping.no/>.

² Spesielle aktivitetar omfattar antidopingarbeid, fysisk aktivitet og inkludering i idrettslag og friluftstiltak for barn og ungdom.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 1.1.3. Hovudfordeling av spelemidlar til kultur. Millionar kroner

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
I alt	400,0	400,0	416,7	416,7	416,7	416,7	416,7	416,7	500,1	494,8	636,5
Den kulturelle skolesekken (DKS)											
DKS i alt	160,0	161,0	167,0	167,0	167,0	167,0	167,0	167,0	200,0	197,9	210,2
Lokale DKS-tiltak i alt (fylke og kommune)	128,0	128,0	134,0	147,5	147,5	157,5	162,3	164,0	198,3	196,2	208,5
Grunnskolen	-	-	128,0	122,0	122,0	122,5	122,5	122,5	142,4	140,9	149,9
Vidaregåande skole	-	-	6,0	25,5	25,5	35,0	39,8	41,5	55,9	55,3	58,5
Sentrale DKS-tiltak	32,0	33,0	33,0	19,5	19,5	9,5	4,7	3,0	1,7	1,7	1,7
Frifond¹	120,0	120,0	125,0	125,0	125,0	125,0	125,0	125,0	150,0	148,4	148,4
Kulturbygg i alt	120,0	119,0	124,7	124,7	124,7	124,7	124,7	124,7	135,1	133,0	96,2
Regionale kulturbygg	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Lokale kulturbygg	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Desentralisert ordning for tilskot til kulturhus	48,0	48,0	49,7	49,7	49,7	49,7	49,7	99,7	128,1	125,0	6,3
Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur	72,0	71,0	75,0	75,0	75,0	75,0	75,0	25,0	7,0	8,0	-
Den kulturelle spaserstokken ²	-	-	-	-	-	-	-	-	14,9	15,4	-

¹ Frifond er midlar frå overskotet i Norsk Tipping AS og gjeve til barn og ungdom som driv med frivillige aktivitetar innanfor kultur eller andre fritidsaktivitetar.

² Ordninga med den kulturelle spaserstokken er frå 2015 vidareført gjennom ein auke i fylkeskommunanes frie inntekter.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 1.2.1. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane, etter fylke. Millionar kroner

	Netto driftsutgifter i alt	Bibliotek	Museum	Kunstformidling	Kunstproduksjon	Idrett	Andre kulturaktivitetar
2006	873,8	116,5	230,1	262,8	47,0	85,9	131,5
2007	943,7	124,4	264,9	268,7	56,0	59,9	169,8
2008	972,6	118,5	242,2	249,5	62,9	89,1	210,5
2009¹	1 022,3	126,6	306,7	280,8	59,0	-8,3	257,5
2010	1 127,2	132,3	316,9	325,0	70,0	60,4	222,7
2011	1 218,6	164,3	328,6	334,2	95,0	67,0	229,4
2012	1 257,5	142,7	354,3	365,7	94,0	82,4	218,3
2013	1 327,9	148,5	375,1	361,9	104,6	103,8	234,1
2014	1 587,2	147,5	386,0	399,2	116,3	250,2	288,0
2015	1 499,9	141,9	400,9	396,1	167,9	157,1	236,1
2015							
Østfold	65,5	5,1	18,1	19,4	17,3	-1,5	7,2
Akershus	110,3	14,6	24,5	20,2	5,2	17,9	27,8
Oslo	3,1	-0,4	-	-	-	3,5	-
Hedmark	87,8	8,6	17,5	36,7	0,4	8,2	16,4
Oppland	65,9	8,6	14,4	5,1	14,6	8,1	15,0
Buskerud	67,1	8,5	24,0	18,7	0,2	6,7	9,1
Vestfold	60,5	6,9	31,2	13,3	2,2	-8,9	15,9
Telemark	82,7	6,1	11,9	12,4	6,6	40,4	5,3
Aust-Agder	32,8	4,6	18,2	11,8	5,3	-8,0	0,9
Vest-Agder	62,4	3,9	12,3	43,5	-	-2,8	5,4
Rogaland	115,3	3,7	39,7	8,6	49,4	3,6	10,4
Hordaland	183,0	8,3	48,3	43,7	-	40,6	42,1
Sogn og Fjordane	65,9	6,0	16,2	10,3	11,5	8,8	13,0
Møre og Romsdal	79,0	9,5	27,2	38,6	-0,1	0,4	3,4
Sør-Trøndelag	114,0	8,3	31,1	46,3	-	13,0	15,3
Nord-Trøndelag	66,9	5,9	19,3	22,7	0,4	9,6	9,1
Nordland	106,0	14,5	25,5	26,4	11,6	4,7	23,3
Troms Romsa	88,0	11,4	14,2	11,7	32,9	5,6	12,2
Finnmark Finnmark	43,5	7,6	7,4	6,6	10,5	7,2	4,2

¹ Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 07799.

Tabell 1.2.2. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane, etter fylke. Prosent

	Bibliotek	Museum	Kunst- formidling	Kunst- produksjon	Idrett	Andre kultur- aktiviteter
2006	13,3	26,3	30,1	5,4	9,8	15,0
2007	13,2	28,1	28,5	5,9	6,3	18,0
2008	12,2	24,9	25,7	6,5	9,2	21,6
2009 ¹	12,4	30,0	27,5	5,8	-0,8	25,2
2010	11,7	28,1	28,8	6,2	5,4	19,8
2011	13,5	27,0	27,4	7,8	5,5	18,8
2012	11,3	28,2	29,1	7,5	6,6	17,4
2013	11,2	28,2	27,3	7,9	7,8	17,6
2014	9,3	24,3	25,2	7,3	15,8	18,1
2015	9,5	26,7	26,4	11,2	10,5	15,7
2015						
Østfold	7,9	27,6	29,6	26,3	-2,3	10,9
Akershus	13,3	22,2	18,3	4,7	16,3	25,2
Oslo	-13,3	0,0	0,0	0,0	113,3	0,0
Hedmark	9,8	19,9	41,8	0,5	9,4	18,7
Oppland	13,1	21,9	7,7	22,2	12,3	22,8
Buskerud	12,7	35,8	27,8	0,2	9,9	13,6
Vestfold	11,3	51,6	22,0	3,6	-14,8	26,3
Telemark	7,4	14,4	15,0	8,0	48,8	6,4
Aust-Agder	14,1	55,5	35,9	16,3	-24,5	2,6
Vest-Agder	6,3	19,8	69,7	0,0	-4,4	8,7
Rogaland	3,2	34,4	7,4	42,8	3,2	9,0
Hordaland	4,5	26,4	23,9	0,0	22,2	23,0
Sogn og Fjordane	9,2	24,5	15,7	17,4	13,4	19,8
Møre og Romsdal	12,0	34,5	48,8	-0,1	0,5	4,3
Sør-Trøndelag	7,3	27,3	40,6	0,0	11,4	13,4
Nord-Trøndelag	8,7	28,8	34,0	0,5	14,3	13,6
Nordland	13,7	24,0	24,9	10,9	4,4	22,0
Troms Romsa	13,0	16,1	13,3	37,4	6,3	13,9
Finnmark Finnmark	17,6	17,0	15,2	24,1	16,5	9,7

¹ Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 07799 omrekna til prosent av totale netto utgifter til kulturføremål.

Tabell 1.2.3. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter til kulturføremål. Fylkeskommunar. Millionar kroner

	Netto driftsutgifter	Brutto driftsutgifter	Brutto investeringsutgifter
2003	781,7	1 639,3	38,4
2004	788,8	1 624,3	44,0
2005	735,1	1 625,5	56,7
2006	873,8	1 772,2	38,4
2007	943,7	1 856,9	15,5
2008	972,6	1 920,0	64,5
2009 ¹	1 022,3	2 290,0	168,3
2010	1 127,2	2 271,0	64,3
2011	1 218,6	2 362,5	62,1
2012	1 257,5	2 477,1	114,2
2013	1 327,9	2 663,7	65,4
2014	1 587,2	3 056,8	25,0
2015	1 499,9	3 140,8	5,6
Gjennomsnitt 2013-2015			
Heile landet	1 471,7	2 953,8	32,0
Østfold	69,8	155,3	0,4
Akershus	102,7	231,3	0,0
Oslo	-0,5	56,7	0,0
Hedmark	80,6	133,0	0,0
Oppland	56,4	116,7	0,8
Buskerud	64,0	135,2	0,0
Vestfold	62,4	128,1	0,5
Telemark	49,6	99,5	0,0
Aust-Agder	46,3	98,0	21,4
Vest-Agder	53,8	110,1	0,0
Rogaland	117,2	229,8	0,0
Hordaland	169,9	292,3	0,0
Sogn og Fjordane	67,3	118,2	1,6
Møre og Romsdal	73,4	160,8	0,0
Sør-Trøndelag	129,7	235,0	0,0
Nord-Trøndelag	82,9	146,0	0,0
Nordland	111,2	234,2	3,5
Troms Romsa	97,9	185,9	0,1
Finnmark Finnmark	37,0	87,7	3,7

¹ Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken, tabell 07799.

Tabell 1.2.4. Netto driftsutgifter til kulturføremål i prosent av totale netto driftsutgifter. Fylkeskommunar

	2006	2007	2008	2009 ¹	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Heile landet	1,8	1,8	1,7	1,7	1,7	1,6	1,6	1,6	1,8	1,6
Østfold	2,7	2,1	2,1	1,8	2,9	2,3	2,1	2,7	2,7	2,4
Akershus	2,0	1,9	1,8	2,0	0,0	2,1	1,6	1,4	2,3	1,9
Oslo	0,0	0,1	0,0	0,0	0,0	-0,1	-0,1	0,0	0,0	0,0
Hedmark	3,1	3,2	3,0	3,1	2,9	3,1	3,5	3,8	3,4	3,8
Oppland	2,2	2,5	2,8	3,5	3,6	2,7	2,6	2,5	2,4	2,9
Buskerud	2,7	2,9	2,6	2,7	2,5	2,7	2,6	2,5	2,4	2,4
Vestfold	3,6	2,8	2,9	4,1	3,5	3,5	3,7	3,1	2,9	2,6
Telemark	2,5	2,3	2,5	1,3	3,0	3,2	3,1	2,0	1,7	4,3
Aust-Agder	2,6	3,8	4,4	2,3	3,4	3,9	3,6	4,2	4,4	2,4
Vest-Agder	8,1	5,0	2,2	2,4	3,1	2,9	3,3	1,8	3,3	3,1
Rogaland	3,3	3,6	3,7	3,1	2,6	2,8	2,7	2,7	2,6	2,4
Hordaland	2,9	3,3	2,7	2,8	2,8	2,2	2,5	2,7	3,2	3,1
Sogn og Fjordane	3,1	3,9	3,8	4,2	3,5	2,7	2,5	2,5	3,8	2,9
Møre og Romsdal	2,0	2,8	2,7	2,5	2,3	2,5	2,1	1,9	2,1	2,1
Sør-Trøndelag	3,3	3,5	3,7	3,4	3,3	2,9	3,5	4,6	3,5	3,3
Nord-Trøndelag	3,2	0,6	3,3	3,1	3,3	3,2	2,1	2,4	6,2	3,2
Nordland	2,7	3,6	2,6	3,3	2,7	2,2	2,6	2,7	2,9	2,4
Troms Romsa	3,2	3,7	3,5	3,1	3,4	3,2	3,1	3,0	4,5	3,3
Finnmark Finnmarku	3,5	3,4	4,4	3,9	3,7	4,1	4,5	2,5	2,7	3,0

¹ Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken, tabell 07795.

Tabell 1.3.1. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kultur, etter fylke

	Netto driftsutgifter Millionar kroner		Kroner per innbyggjar		Endring 2014/2015. Kroner per innbyggjar	Netto driftsutgifter til kultur i prosent av totale netto driftsutgifter	
	2014	2015	2014	2015		2014	2015
I alt	10 378	10 585	2 009	2 030	21	3,8	3,8
Østfold	449	439	1 562	1 516	-46	3,2	3,1
Akershus	1 165	1 099	1 991	1 848	-143	4,2	3,9
Oslo	1 386	1 515	2 139	2 302	163	3,8	4,0
Hedmark	360	358	1 844	1 834	-10	3,5	3,5
Oppland	361	392	1 913	2 075	162	3,5	3,8
Buskerud	474	491	1 727	1 769	42	3,5	3,6
Vestfold	375	372	1 543	1 518	-25	3,2	3,2
Telemark	400	402	2 328	2 332	4	4,2	4,2
Aust-Agder	222	236	1 936	2 035	99	3,6	3,8
Vest-Agder	414	412	2 287	2 253	-34	4,4	4,2
Rogaland	1 088	1 114	2 332	2 370	38	4,5	4,6
Hordaland	1 003	1 026	1 961	1 986	25	3,8	3,8
Sogn og Fjordane	218	235	1 995	2 142	147	3,3	3,5
Møre og Romsdal	457	456	1 732	1 718	-14	3,2	3,2
Sør-Trøndelag	670	669	2 161	2 135	-26	4,3	4,3
Nord-Trøndelag	261	266	1 922	1 953	31	3,6	3,6
Nordland	513	545	2 123	2 251	128	3,6	3,8
Troms Romsa	337	331	2 063	2 013	-50	3,7	3,6
Finnmark Finnmarku	226	227	2 991	2 992	1	4,6	4,5
Svalbard¹	11	11	4 287	5 106	279	8,7	12,4

¹ Svalbard er ikkje med i totalsummen.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.2. Netto driftsutgifter for kommune-konsern til kulturføremål, etter fylke. Millionar kroner

	Kultur i alt	Aktivitets- tilbod for barn og unge	Folke- bibliotek ¹	Kino	Museum	Kunst- formidling	Idrett ²	Kultur- og musikk- skolar	Andre kultur- aktivitetar ³
2008	7 452,0	861,1	1 177,5	60,6	273,0	423,2	2 035,5	1 022,7	1 598,4
2009	7 694,9	895,0	1 188,2	48,8	290,4	416,6	2 155,6	1 071,9	1 628,4
2010	8 517,1	948,9	1 237,9	77,7	299,1	422,9	2 598,1	1 105,5	1 827,0
2011	8 916,6	962,7	1 291,4	76,5	344,4	446,6	2 664,4	1 154,5	1 976,1
2012	9 393,8	983,2	1 364,5	49,8	383,1	510,6	2 864,0	1 241,7	1 996,8
2013	9 814,1	1 009,1	1 390,6	38,9	392,0	469,7	3 081,8	1 334,0	2 097,9
2014	10 377,5	1 027,7	1 424,0	65,1	379,1	494,5	3 249,3	1 424,1	2 313,8
2015	10 584,7	1 008,6	1 406,7	34,2	395,0	501,5	3 371,4	1 366,0	2 501,3
2015									
Østfold	439,5	35,7	65,3	0,0	13,6	14,1	132,0	41,0	137,9
Akershus	1 098,9	112,1	154,2	-5,5	16,9	28,7	405,6	150,4	236,6
Oslo	1 515,4	298,2	165,2	0,0	92,2	4,9	515,3	60,7	378,8
Hedmark	358,2	32,1	55,2	-0,1	5,7	13,8	93,7	58,0	99,9
Oppland	392,0	26,5	64,4	0,5	10,4	6,2	126,8	64,6	92,8
Buskerud	491,1	36,6	79,6	7,2	14,9	8,9	140,5	67,1	136,5
Vestfold	371,9	20,8	67,1	0,2	12,8	20,1	111,9	44,1	94,9
Telemark	402,2	25,3	55,9	3,8	8,1	11,4	112,6	61,4	123,6
Aust-Agder	235,6	16,4	32,5	2,3	14,2	1,8	63,3	26,3	78,9
Vest-Agder	411,6	35,6	54,2	1,3	25,7	50,9	104,0	43,9	96,0
Rogaland	1 114,3	88,2	130,0	2,2	45,1	80,4	388,6	150,6	229,2
Hordaland	1 025,9	83,6	127,8	2,5	42,8	113,9	340,5	134,5	180,3
Sogn og Fjordane	234,7	10,8	51,1	3,4	5,1	5,7	67,6	46,1	45,0
Møre og Romsdal	455,9	19,1	63,8	3,2	16,6	17,4	134,6	102,7	98,5
Sør-Trøndelag	669,1	66,0	62,9	1,7	20,5	57,7	229,9	106,0	124,6
Nord-Trøndelag	266,3	18,7	38,2	8,2	5,1	7,5	75,3	46,8	66,5
Nordland	544,5	40,4	60,6	1,2	21,7	27,4	153,1	81,5	158,6
Troms Romsa	330,8	27,6	45,7	-3,0	12,2	27,8	96,2	52,2	72,0
Finnmark Finnmarku	226,7	14,6	33,1	5,4	11,3	3,0	80,2	28,2	50,9
Svalbard ⁴	11,0	1,3	2,1	0,1	0,0	0,4	2,0	1,1	4,1

¹ Gjeld funksjon 370 Bibliotek. Folkebibliotek er den største utgifta totalt, men òg andre typar bibliotek som er lovheimla vert inkluderte. Nokre kommunar har ansvar for fengselsbibliotek i kommunen. ² Gjeld funksjonane 380 og 381. ³ Gjeld funksjonane 385 og 386. ⁴ Svalbard er ikkje med i totalsummen.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.3. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kulturføremål. Prosent

	Aktivitets- tilbud for barn og unge	Folke- bibliotek ¹	Kino	Museum	Kunst- formidling	Idrett ²	Kultur- og musikk- skolar	Andre kultur- aktiviteter ³
2008	11,6	15,8	0,8	3,7	5,7	27,3	13,7	21,4
2009	11,6	15,4	0,6	3,8	5,4	28,0	13,9	21,2
2010	11,1	14,5	0,9	3,5	5,0	30,5	13,0	21,5
2011	10,8	14,5	0,9	3,9	5,0	29,9	12,9	22,1
2012	10,5	14,5	0,5	4,1	5,4	30,5	13,2	21,3
2013	10,3	14,2	0,4	4,0	4,8	31,4	13,6	21,4
2014	9,9	13,7	0,6	3,7	4,8	31,3	13,7	22,3
2015	9,5	13,3	0,3	3,7	4,7	31,8	12,9	23,7
2015								
Østfold	8,1	14,8	0,0	3,1	3,2	30,0	9,3	31,4
Akershus	10,2	14,0	-0,5	1,5	2,6	36,9	13,7	21,5
Oslo	19,7	10,9	0,0	6,1	0,3	34,0	4,0	25,0
Hedmark	9,0	15,4	0,0	1,6	3,8	26,1	16,2	27,8
Oppland	6,8	16,4	0,1	2,7	1,6	32,3	16,5	23,7
Buskerud	7,4	16,2	1,5	3,0	1,8	28,6	13,7	27,8
Vestfold	5,6	18,0	0,1	3,4	5,4	30,1	11,8	25,5
Telemark	6,3	13,9	1,0	2,0	2,8	28,0	15,3	30,7
Aust-Agder	7,0	13,8	1,0	6,0	0,8	26,9	11,2	33,5
Vest-Agder	8,7	13,2	0,3	6,3	12,4	25,3	10,7	23,3
Rogaland	7,9	11,7	0,2	4,0	7,2	34,9	13,5	20,6
Hordaland	8,2	12,5	0,2	4,2	11,1	33,1	13,1	17,6
Sogn og Fjordane	4,6	21,8	1,4	2,2	2,4	28,8	19,7	19,2
Møre og Romsdal	4,2	14,0	0,7	3,6	3,8	29,6	22,5	21,6
Sør-Trøndelag	9,9	9,4	0,2	3,1	8,6	34,4	15,8	18,6
Nord-Trøndelag	7,0	14,3	3,1	1,9	2,8	28,2	17,6	25,0
Nordland	7,4	11,1	0,2	4,0	5,0	28,1	15,0	29,1
Troms Romsa	8,4	13,8	-0,9	3,7	8,4	29,1	15,8	21,7
Finnmark Finnmarkku	6,5	14,6	2,4	5,0	1,3	35,4	12,4	22,5
Svalbard ⁴	11,5	19,0	0,8	0,0	3,7	18,2	9,7	37,0

¹ Gjeld funksjonen 370 Bibliotek. Folkebibliotek er største utgift totalt, men òg andre typar bibliotek som er lovheimla vert inkluderte. Nokre kommunar har ansvar for fengselsbibliotek i kommunen. ² Gjeld funksjonane 380 og 381. ³ Gjeld funksjonane 385 og 386. ⁴ Svalbard er ikkje med i totalsummen.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.4. Brutto investeringsutgifter for kommunekonsern, etter rekneskapsfunksjon for kultur. 1 000 kroner

	Aktivitets- tilbud for barn og unge	Folke- bibliotek	Kino	Museum	Kunst- formidling	Idrett ¹	Kultur- og musikk- skolar	Andre kultur- aktivitetar ²
2006	50 576	55 080	10 154	71 625	16 924	1 486 843	11 047	405 562
2007	87 958	75 997	35 821	99 715	28 723	2 038 808	11 421	852 732
2008	111 870	61 259	14 949	142 593	36 253	2 523 518	20 656	1 043 012
2009	35 202	72 654	11 286	115 625	79 462	3 308 660	7 610	1 695 872
2010	22 721	65 102	64 092	105 759	108 632	3 435 366	14 454	1 522 979
2011	24 657	64 242	71 346	95 042	123 158	3 124 642	18 521	1 384 456
2012	22 143	127 940	20 451	66 244	41 432	2 894 172	56 760	1 286 443
2013	21 361	166 598	38 217	55 869	27 664	2 671 739	67 959	1 499 223
2014	34 346	141 221	21 466	32 911	60 024	2 837 487	22 405	1 466 791
2015	23 615	98 084	31 503	45 878	61 249	2 843 677	8 368	1 737 019
Gjennomsnitt 2013-2015 ...	26 441	135 301	30 395	44 886	49 646	2 784 301	32 911	1 567 678
Østfold	969	1 981	449	64	2 801	124 903	82	39 868
Akershus	1 735	3 502	748	4 726	3 051	311 120	2 062	81 606
Oslo	4 189	7 124	3 316	693	30 894	283 326	-734	309 170
Hedmark	484	3 848	5 923	697	140	205 930	191	136 394
Oppland	1 864	1 124	175	8	12	78 945	4 350	66 716
Buskerud	3 779	5 256	569	462	84	64 358	749	37 722
Vestfold	0	1 123	141	525	1 339	74 275	17	37 120
Telemark	733	11 190	5 611	130	122	41 414	15 686	49 264
Aust-Agder	1 491	2 209	31	1 286	241	46 483	107	21 542
Vest-Agder	1 407	7 014	38	552	1 542	174 699	126	41 760
Rogaland	917	4 423	537	5 791	3 550	308 068	361	101 829
Hordaland	1 922	1 701	1 411	1 242	1 684	297 646	6 212	83 528
Sogn og Fjordane	459	466	1 458	1 173	1 208	49 177	364	16 700
Møre og Romsdal	1 116	831	1 361	5 291	34	234 042	184	35 832
Sør-Trøndelag	3 239	837	1 221	702	1 009	151 710	662	60 851
Nord-Trøndelag	1 167	4 298	0	1 049	110	59 430	1 678	70 844
Nordland	527	73 194	7 319	6 935	1 002	131 699	324	318 333
Troms Romsa	400	3 155	-351	0	804	59 914	328	55 065
Finnmark Finnmarku	42	2 026	440	13 560	20	87 162	162	3 534

¹ Gjeld funksjonane 380 og 381. ² Gjeld funksjonane 385 og 386.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.5. Frivillige lag og foreiningar som får driftstilskot frå kommunane. KOSTRA-skjema 17¹

Lag/foreining	Talet på lag/ foreiningar						Samla driftstilskot. 1 000 kroner					
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2010	2011	2012	2013	2014	2015
I alt	21 099	21 255	20 155	19 614	19 344	18 469	615 959	586 890	676 573	643 889	695 492²	723 215
Frivillige barne- og ungdomsforeiningar	5 947	5 870	5 279	4 867	4 911	4 690	158 830	157 079	156 567	148 741	156 293	173 480
Idrettslag/skyttarlag	5 232	5 527	4 916	5 019	4 915	4 848	299 836	276 841	313 623	325 679	368 123	367 575
Andre foreiningar	9 830	9 858	9 960	9 728	9 518	8 931	157 293	152 970	206 383	169 469	171 076	182 160

¹ Barne- og ungdomstiltak og tilskot til frivillige lag og foreiningar. ² Dette talet er korrigerert sidan førre publisering.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

2. Frivillig innsats


2.1. Nokre resultat

148 000 frivillige årsverk

Satellittrekneskapen for frivillige og ideelle organisasjonar viser at den frivillige innsatsen i Noreg utgjorde nærare 148 000 årsverk i 2014. Samanlikna med 2007 var dette høgt då det dette året vart utført vel 114 000 årsverk. Det har dermed vore ein auke i det frivillige arbeidet på 33 400 årsverk, noko som svarar til ein vekst på vel 29 prosent i denne perioden (Statistisk sentralbyrå 2016, 20.10).

Talet på frivillige årsverk heldt seg ganske konstant til og med 2010, sjå figur 2.1 og tabell 2.1. Før 2011 voks talet på årsverk med 0,2 prosent kvart år, medan i 2011 var auken på 6,6 prosent, òg i åra etter har auken vore på over 6 prosent jamført med året før, sjå tabell 2.2. Desse tala kjem frå undersøkingar som Institutt for samfunnsforskning har gjennomført for 2004, 2009 og 2014 (Folkestad, Christensen, Strømsnes og Selle, 2015).

Figur 2.1. Talet på ulønte årsverk i ideelle og frivillige organisasjonar



Kjelde: Satellittrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar, Statistisk sentralbyrå.

23 prosent av dei frivillige
årsverka innanfor idretten

Kultur og idrett er den største gruppa kor vi finn frivillig innsats. I 2014 vart det utført 71 600 frivillige årsverk innanfor denne gruppa som åleine utgjør nær halvparten av alle dei frivillige årsverka. Idrett er den største undergruppa når det gjeld frivillige årsverk innanfor kultur og idrett. I 2014 stod idretten for 34 300 av dei totale frivillige årsverka, noko som svarar til 23 prosent.

Satellittrekneskapen for ideelle og frivillige organisasjonar vart etablert på grunn av behov for auka kunnskap om ideell og frivillig sektor i Noreg. Det er difor føremålstenleg å kunne systematisere grunnleggjande statistikk om frivillig sektor.

Aktørane innanfor ideelle og frivillige organisasjonar er av ulik omfang, frå små lag og foreiningar til store, internasjonale organisasjonar. Aktivitetane deira spenner over mange område, og gjennom sin tenesteproduksjon og omfangsrike frivillige innsats, bidreg frivillige til å oppfylle viktige mål i velferdssamfunnet. Satellittrekneskapen viser dei ulike aktivitetane til desse organisasjonane, korleis dei finansierer tenesteproduksjonen sin og gjer eit overslag på verdien av det frivillige arbeidet som hushalda gjer gjennom organisasjonane.

Den lønte sysselsettinga i organisasjonane svara til 86 100 årsverk. Dette er ein auke på 2,2 prosent frå året før. I 2014 dekte hushalda 43 prosent av driftskostnadane i organisasjonane i tillegg til den frivillige innsatsen, sjå tabell 2.3.

*Verdien av frivillig innsats -
71,9 mrd. kroner i 2014*

Verdien av den frivillige innsatsen er utrekna til 71,9 milliardar kroner i 2014, sjå tabell 2.4. Måten det er utrekna på, er å finne kor mykje det ville ha kosta å erstatte det frivillige arbeidet med lønt arbeidskraft, slik at vi finn den såkalla «replacement cost» eller omtala som «lønskostnadsekvivalenten». Verdien av det ulønte arbeidet i 2007 vart utrekna til 52,4 milliardar kroner, slik at frå 2007 til 2014 har verdien av den frivillige innsatsen vakse med 37 prosent. Vi ser òg av tabell 2.4 at lønnskostnadsekvivalenten for kategorien kultur og fritid er 34,2 milliardar kroner og utgjer om lag halvparten av verdien av all frivillig innsats.


Det siste året er det områda internasjonale organisasjonar og sosiale tenester som har hatt den største veksten, med ein vekst på høvesvis 42 og 40 prosent. Desse områda er likevel små samanlikna med kultur og fritid.

Dei ideelle og frivillige organisasjonane står for ei verdiskaping, bruttoprodukt inklusive ulønt arbeid, på 125,5 milliardar kroner, sjå tabell 2.4. Dette er den økonomiske meirverdien som følgje av tenesteproduksjonen i organisasjonane.

Statistisk sentralbyrå (2016, 20.10): «Medregnet verdien av den frivillige innsatsen, ville organisasjonenes samlede bruttoprodukt utgjort omtrent 5 prosent av BNP for Fastlands-Norge i 2014».

Levekårsundersøkinga er ei utvalsundersøking og i 2014 vart organisasjonsaktivitet kartlagt. Også her er resultatet at medlemmer i idrettsorganisasjonar var mest aktive i frivillig arbeid (Statistisk sentralbyrå 2015, 05.01). 16 prosent av befolkninga utførte gratisarbeid for idrettslag i 2014, og delen menn som utførte gratisarbeid var høgare enn delen kvinner, høvesvis 19 prosent menn og 13 prosent kvinner. Det var i aldersgruppa 25-44 år at delen var høgast for begge kjønn. 2 prosent av befolkninga utførte gratisarbeid for ein friluftsportorganisasjon i 2014, sjå tabell 2.8.

Figur 2.2 viser samanhengen mellom utdanningsnivå og medlemsskapar i idrettslag og friluftsportorganisasjonar, om medlemmene har vore aktive og om dei utfører gratisarbeid for organisasjonane. 25 prosent av befolkninga var medlemmer av eit idrettslag i 2014, og 17 prosent av desse medlemmene var aktive. Flest medlemmer i idrettslag finn ein blant dei med høg utdanning. Dei er òg mest aktive og er dei som utfører mest gratisarbeid.

Figur 2.2. Medlemer og aktive medlemer i idrettslag og friluftsansjoner, etter utdanning i 2014

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå

2.2. Om statistikken

Satellittrekneskapen

Den ordinære nasjonalrekneskapen tek ikkje med frivillig arbeid. I satellittrekneskapen reknar ein ut verdien av den frivillige, ulønte arbeidsinnsatsen. Satellittrekneskapen inkluderer og verdset ulønt arbeidsinnsats og går difor utanfor rammene til den ordinære nasjonalrekneskapen der frivillig arbeid ikkje er verdsett. Det betyr at det berre er verdiskapinga til den betalte arbeidskrafta som er direkte samanliknbar med tala frå nasjonalrekneskapen. Utrekninga av frivillig arbeid vert gjort ved å gå ut frå at lønskostnadene per årsverk for frivillig arbeid er dei same som for lønt arbeid innanfor dei respektive aktivitetskategoriane. Aktivitetskategoriane følgjer International Classification of Non-Profit Organisations (ICNPO).

Endring i metode frå 2013 til 2014

Det har vore ein nedgang i lønskostnadsekvivalent for ulønt arbeid frå 2013 til 2014, medan talet på frivillige årsverk auka i same periode. Dette heng saman med ei metodeendring: For dei fleste aktivitetskategoriane vert det frå og med årsgangen 2014 nytta ein ny metode for å verdsetje ulønte timeverk når det gjeld gjennomsnittlege lønskostnader per utførte timeverk for arbeidstakarar med grunnskoleutdanning. Dette gjennomsnittstalet er henta frå samanliknbare næringsaggregat i nasjonalrekneskapen. For tidlegare årsgangar har ein derimot ikkje hatt utdanningsfordelte lønskostnadstal i nasjonalrekneskapen, og det ulønte arbeidet har vore verdsett på lik linje med det lønte.

Satellittrekneskapen byggjer på statistikk frå mange ulike kjelder. Ulike definisjonar og måtar å vidarearbeide tal på, kan føre til at publiserte tal frå satellittrekneskapen nødvendigvis ikkje er nøyaktig like dei publiserte tala frå kjeldestatistikkane.

SN har utarbeidd retningslinjer for handsaming av frivillige organisasjonar innanfor nasjonalrekneskapsystemet (SN 2003). Dette rammeverket gjer at ein kan samanlikne frivillig innsats over tid og mellom land. Det er jamvel viktig å vere klar over at land organiserer velferdstenestene sine ulikt. I nokre land vil til dømes sjukehusa vere ein del av offentleg forvaltning, men i andre land kan dei vere organiserte som ideelle verksemder. Ulik grensedragning mellom offentleg forvaltning og ideell verksemd vil dermed påvirke tala for ideelle og frivillige organisasjonar.

Frå og med 2011 omfattar satelittrekneskapen òg organisasjonene sine inntekter, og representerer dermed eit fullstendig rekneskapsystem for den frivillige sektoren.

Levekårsundersøkinga

Statistisk sentralbyrå gjennomfører årleg levekårsundersøkinga Survey on Income and Living Conditions (EU-SILC). Frå og med 2011 utgjer undersøkinga ei årleg fast kjerne av spørsmål og temabolkar med varierende tema. Tema vert tekne opp att med ein syklus på tre år. I 2011 var temaet friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltaking og sosialt nettverk. I 2012 var temaet bustad og butilhøve og i 2013 var temaet kulturbruk, idrett og fysisk aktivitet. Det vert kvart tredje år gjennomført eigne undersøkingar for helse, omsorg og sosial kontakt (sist i 2008) og arbeidstilhøve og arbeidsmiljø (sist i 2009).

Populasjonen er personar i alderen 16 år og over som er busette i Noreg og som ikkje bur på institusjon. Utvalet til EU-SILC vert trekt som eit tilfeldig utval og bruttoutvalet består av 11 500 personar.

Frå og med 2011 er datafangsten for dei nasjonale tema i levekårsundersøkingane samordna med levekårsundersøkinga EU-SILC. EU-SILC er ei europeisk utvalsundersøking om inntekt, sosial ekskludering og levekår som er samordna via Eurostat, statistikkontoret for EU, og forankra i det europeiske statistiske systemet (ESS).

Referansar

Folkestad, B., Christensen, D. A., Strømsnes, K. og Selle, P. (2015): *Frivillig innsats i Noreg 1998-2014. Kva kjenneteikner dei frivillige og kva har endra seg?* Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Henta frå [http://www.sivilsamfunn.no/Ressurser/Publikasjoner/Rapporter/2015/2015-4/\(language\)/nor-NO](http://www.sivilsamfunn.no/Ressurser/Publikasjoner/Rapporter/2015/2015-4/(language)/nor-NO)

SN (2003): *Handbook on Non-Profit Institutions in the System of National Account*. http://unstats.un.org/unsd/publication/seriesf/seriesf_91e.pdf

Statistisk sentralbyrå (2016, 20.10): *Satelittregnskap for ideelle og frivillige organisasjoner, 2014. Nærmere 148 000 frivillige årsverk*. Henta frå <http://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/statistikker/orgsat/aar/2016-10-20>

Statistisk sentralbyrå (2015, 05.01): *Organisasjonsaktivitet, politisk deltakelse og sosialt nettverk, levekårsundersøkelsen, 2014. Høy samfunnsdeltakelse blant yrkesarktive*. Henta frå <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/orgakt>

Meir informasjon

Dam, K. W. og Westberg, N. B. (2012): *Dokumentasjon av satelittregnskapet for ideelle og frivillige organisasjoner*. Notater 23/2012. Statistisk sentralbyrå. Henta frå http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/notat_201223/notat_201223.pdf

Åbyholm, Thom (2015): *Arbeid i ideelle og frivillige organisasjoner. Idrettsbevegelsen jobber mest frivillig*. Statistisk sentralbyrå. Henta frå <http://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/artikler-og-publikasjoner/idrettsbevegelsen-jobber-mest-frivillig>

Tabell 2.1. Lønnte og ulønnte årsverk¹ i ideelle og frivillige organisasjoner, etter aktivitet (ICNPO). Tal på årsverk

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Lønstakarar og ulønnte/frivillige								
I alt	188 222	191 340	194 680	195 545	205 445	213 885	223 100	233 920
Kultur og fritid	71 882	73 281	74 325	74 558	77 261	79 249	79 809	81 054
Av dette idrett	30 515	31 665	32 850	33 353	34 412	35 763	36 801	37 945
Utdanning og forskning	18 573	19 848	20 672	21 228	21 795	22 922	23 663	24 376
Helse	20 307	20 381	20 329	20 952	21 430	22 939	23 692	25 068
Sosiale tenester	23 504	23 870	24 449	24 730	26 647	27 267	30 716	33 050
Miljøvern	2 277	2 277	2 278	2 269	2 994	3 874	5 124	6 627
Lokalmiljø og bustad	14 570	14 328	14 040	14 108	14 053	14 199	13 975	14 278
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	9 474	9 734	10 481	10 046	11 371	11 052	11 973	11 590
Frivilligsentralar	209	216	236	248	258	255	252	255
Internasjonale organisasjonar	4 932	5 325	5 743	5 304	5 749	6 373	5 728	7 540
Religion	10 146	10 110	10 237	10 320	11 551	12 837	14 287	15 567
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	12 348	11 970	11 890	11 783	12 424	12 942	13 862	14 515
Ulønnte/frivillige								
I alt	114 329	114 616	114 903	115 149	122 766	130 630	138 769	147 778
Kultur og fritid	62 489	63 067	63 639	64 211	66 393	68 590	70 539	71 637
Av dette idrett	26 838	27 810	28 754	29 679	30 908	32 183	33 357	34 337
Utdanning og forskning	6 316	6 685	7 064	7 452	8 089	8 786	9 503	10 231
Helse	6 877	6 594	6 304	6 006	6 902	7 909	9 028	10 218
Sosiale tenester	4 276	4 032	3 791	3 551	4 331	5 265	6 378	7 665
Miljøvern	2 092	2 081	2 065	2 044	2 709	3 589	4 741	6 217
Lokalmiljø og bolig	13 443	13 187	12 909	12 907	12 742	12 894	13 026	13 067
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	4 240	4 498	4 764	4 605	5 306	5 031	5 534	5 009
Frivilligsentralar	..	..	..	..	..	..	..	..
Internasjonale organisasjonar	2 829	3 075	3 337	3 410	4 111	4 678	4 246	5 962
Religion	7 428	7 435	7 424	7 396	8 344	9 404	10 555	11 745
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	4 339	3 962	3 606	3 567	3 837	4 485	5 221	6 027
Lønstakarar								
I alt	73 893	76 724	79 777	80 396	82 768	83 278	84 313	86 143
Kultur og fritid	9 393	10 214	10 686	10 347	10 868	10 659	9 271	9 418
Av dette idrett	3 677	3 855	4 096	3 674	3 504	3 580	3 443	3 608
Utdanning og forskning	12 257	13 163	13 608	13 776	13 706	14 136	14 160	14 145
Helse	13 430	13 787	14 025	14 946	14 528	15 029	14 664	14 850
Sosiale tenester	19 228	19 838	20 658	21 179	22 316	22 003	24 339	25 385
Miljøvern	185	196	213	225	285	285	383	410
Lokalmiljø og bolig	1 127	1 141	1 131	1 201	1 310	1 304	949	1 211
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	5 234	5 236	5 717	5 441	6 065	6 021	6 439	6 581
Frivilligsentralar	209	216	236	248	258	255	252	255
Internasjonale organisasjonar	2 103	2 250	2 406	1 894	1 638	1 694	1 483	1 579
Religion	2 718	2 675	2 813	2 924	3 207	3 433	3 732	3 822
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	8 009	8 008	8 284	8 216	8 587	8 457	8 641	8 487

¹ Ulønnte årsverk er berre kartlagt for åra 2004, 2009 og 2014. For 2014 er det registrert 622 årsverk under restkategorien ICNPO 12 Andre. Desse årsverka er her fordelte proporsjonalt utover på dei resterande elleve kategoriane. For åra 2004 til 2010 har vi rekna med ein konstant vekstrate i frivillig innsats basert på undersøkingane i 2004 og 2009. Overslaget for frivillige årsverk i 2010 er ikkje revidert. Vi reknar også med at vekstraten er konstant for åra 2010-2014 basert på undersøkinga i 2014.²Frivillig, ulønt arbeid ved Frivilligsentralar inngår i kategori 4, og kan førebels ikkje skiljast ut som eigen ICNPO-kategori slik det er gjort for lønnte årsverk.

Kjelde: Satellittrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.2. Lønnte og ulønnte årsverk¹ i ideelle og frivillige organisasjoner, etter aktivitet (ICNPO). Endring frå året før. Prosent

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Lønstakarar og ulønnte/frivillige							
I alt	1,7	1,8	0,4	5,1	4,1	4,3	4,9
Kultur og fritid	2,0	1,4	0,3	3,6	2,6	0,7	1,6
Av dette idrett	3,8	3,7	1,5	3,2	3,9	2,9	3,1
Utdanning og forskning	6,9	4,2	2,7	2,7	5,2	3,2	3,0
Helse	0,4	-0,3	3,1	2,3	7,0	3,3	5,8
Sosiale tenester	1,6	2,4	1,1	7,8	2,3	12,6	7,6
Miljøvern	0,0	0,0	-0,4	32,0	29,4	32,3	29,3
Lokalmiljø og bustad	-1,7	-2,0	0,5	-0,4	1,0	-1,6	2,2
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	2,7	7,7	-4,2	13,2	-2,8	8,3	-3,2
Frivilligsentralar	3,4	9,3	5,1	4,0	-1,2	-1,2	1,2
Internasjonale organisasjonar	8,0	7,8	-7,6	8,4	10,9	-10,1	31,6
Religion	-0,4	1,3	0,8	11,9	11,1	11,3	9,0
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	-3,1	-0,7	-0,9	5,4	4,2	7,1	4,7
Ulønt/frivillige							
I alt	0,2	0,2	0,2	6,6	6,4	6,2	6,5
Kultur og fritid	0,9	0,9	0,9	3,4	3,3	2,8	1,6
Av dette idrett	3,6	3,4	3,2	4,1	4,1	3,6	2,9
Utdanning og forskning	5,8	5,7	5,5	8,5	8,6	8,2	7,7
Helse	-4,1	-4,4	-4,7	14,9	14,6	14,1	13,2
Sosiale tenester	-5,7	-6,0	-6,3	22,0	21,6	21,1	20,2
Miljøvern	-0,5	-0,8	-1,0	32,5	32,5	32,1	31,1
Lokalmiljø og bustad	-1,9	-2,1	0,0	-1,3	1,2	1,0	0,3
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	6,1	5,9	-3,3	15,2	-5,2	10,0	-9,5
Frivilligsentralar	..	..	..	..	..	..	..
Internasjonale organisasjonar	8,7	8,5	2,2	20,6	13,8	-9,2	40,4
Religion	0,1	-0,2	-0,4	12,8	12,7	12,2	11,3
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	-8,7	-9,0	-1,1	7,6	16,9	16,4	15,4
Lønstakarar							
I alt	3,8	4,0	0,8	3,0	0,6	1,2	2,2
Kultur og fritid	8,7	4,6	-3,2	5,0	-1,9	-13,0	1,6
Av dette idrett	4,8	6,2	-10,3	-4,6	2,2	-3,8	4,8
Utdanning og forskning	7,4	3,4	1,2	-0,5	3,1	0,2	-0,1
Helse	2,7	1,7	6,6	-2,8	3,4	-2,4	1,3
Sosiale tenester	3,2	4,1	2,5	5,4	-1,4	10,6	4,3
Miljøvern	6,0	8,7	5,6	26,7	0,0	34,4	7,0
Lokalmiljø og bustad	1,2	-0,9	6,2	9,1	-0,5	-27,2	27,6
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	0,0	9,2	-4,8	11,5	-0,7	6,9	2,2
Frivilligsentralar	3,4	9,3	5,1	4,0	-1,2	-1,2	1,2
Internasjonale organisasjonar	7,0	6,9	-21,3	-13,5	3,4	-12,5	6,5
Religion	-1,6	5,2	3,9	9,7	7,0	8,7	2,4
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	0,0	3,4	-0,8	4,5	-1,5	2,2	-1,8

¹ Ulønnte årsverk er berre kartlagt for åra 2004, 2009 og 2014. For 2014 er det registrert 622 årsverk under restkategorien ICNPO 12 Andre. Desse årsverka er her fordelte proporsjonalt utover på dei resterande elleve kategoriane. For åra 2004 til 2010 har vi rekna med ein konstant vekstrate i frivillig innsats basert på undersøkingane i 2004 og 2009. Overslaget for frivillige årsverk i 2010 er ikkje revidert. Vi reknar også med at vekstraten er konstant for åra 2010-2014 basert på undersøkinga i 2014.² Frivillig, ulønt arbeid ved Frivilligsentralar inngår i kategori 4, og kan førebels ikkje skiljast ut som eigen ICNPO-kategori slik det er gjort for lønnte årsverk.

Kjelde: Satellittrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar, Statistisk sentralbyrå

Tabell 2.3. Finansiering etter aktivitet (ICNPO) og finansieringskjelde i 2014. Millionar kroner

	Alle finansieringskjelder	Staten	Kommunar og fylkeskommunar	Hushald	Andre finansieringskjelder
I alt	103 000	27 517	16 809	44 632	14 042
Kultur og fritid	17 409	3 189	1 493	10 866	1 861
Av dette idrett	8 635	1 502	911	4 915	1 306
Utdanning og forskning	14 781	7 940	1 288	2 797	2 755
Helse	10 056	6 325	3 041	689	-
Sosiale tenester	17 805	3 894	9 959	3 674	278
Miljøvern	610	145	58	303	104
Lokalmiljø og bustad	10 092	-	-	10 092	-
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	9 947	3 643	502	5 296	506
Frivilligsentralar	150	110	24	12	3
Internasjonale organisasjonar	1 824	760	5	912	146
Religion	5 807	1 509	438	3 815	46
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	14 520	-	-	6 176	8 344
			Prosent		
I alt	100,0	26,7	16,3	43,4	13,6
Kultur og fritid	100,0	18,3	8,6	62,4	10,7
Av dette idrett	100,0	17,4	10,7	56,9	15,1
Utdanning og forskning	100,0	53,7	8,7	18,8	18,6
Helse	100,0	62,9	30,2	6,9	-
Sosiale tenester	100,0	21,9	55,9	20,6	1,6
Miljøvern	100,0	23,8	9,5	49,7	17,0
Lokalmiljø og bustad	100,0	-	-	100,0	-
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	100,0	36,6	5,0	53,2	5,1
Frivilligsentralar	100,0	73,2	16,0	8,0	2,0
Internasjonale organisasjonar	100,0	41,7	0,4	50,0	8,0
Religion	100,0	26,0	7,5	65,7	0,8
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	100,0	-	-	42,5	57,5

Kjelde: Satellittrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.4. Produksjon, bruttoprodukt og lønskostnader inklusive ulønt arbeid, etter aktivitet (ICNPO). Løpande prisar. Millionar kroner

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Produksjon inklusive ulønt arbeid								
I alt	120 147	128 875	135 946	141 307	149 787	160 449	173 982	174 858
Kultur og fritid	42 467	45 303	47 627	48 972	48 699	51 651	54 022	51 578
Av dette idrett	19 627	20 577	21 667	22 113	22 220	23 859	25 571	25 084
Utdanning og forskning	13 440	14 516	15 724	16 594	17 936	19 144	20 360	19 773
Helse	9 899	10 446	10 747	10 567	11 909	12 907	13 938	15 623
Sosiale tenester	12 752	13 335	13 935	14 792	16 005	17 040	19 261	21 982
Miljøvern	1 201	1 463	1 543	1 601	1 952	2 543	3 491	3 584
Lokalmiljø og bustad	11 500	12 575	12 800	13 777	14 409	15 409	17 074	16 333
Politiskeorganisasjonar og interesseorganisasjonar	7 674	8 498	9 495	9 748	11 232	11 354	12 694	12 339
Frivilligsentralar	94	102	113	126	136	140	145	150
Internasjonale organisasjonar ...	2 544	2 763	3 064	3 230	3 468	3 927	3 634	4 674
Religion	6 502	6 987	7 407	7 892	9 170	10 405	11 937	11 421
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	12 074	12 886	13 491	14 009	14 872	15 930	17 426	17 401
Bruttoprodukt inklusive ulønt arbeid								
I alt	87 365	93 152	97 774	101 435	108 456	117 044	127 740	125 471
Kultur og fritid	34 364	36 472	38 106	39 626	38 988	41 440	44 437	41 079
Av dette idrett	15 509	16 356	17 183	17 931	17 809	18 977	20 603	19 857
Utdanning og forskning	10 014	10 852	11 812	12 581	13 897	14 840	15 881	15 283
Helse	8 210	8 618	8 820	8 613	10 060	10 964	11 884	13 419
Sosiale tenester	9 418	9 914	10 266	10 831	12 247	13 166	14 852	16 987
Miljøvern	1 071	1 288	1 337	1 390	1 763	2 355	3 229	3 295
Lokalmiljø og bustad	6 166	6 380	6 490	6 813	7 195	7 750	8 073	6 961
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	4 613	5 170	5 770	5 910	6 954	7 024	7 866	7 077
Frivilligsentralar	79	86	95	106	114	117	122	126
Internasjonale organisasjonar ...	1 947	2 198	2 427	2 341	2 584	2 993	2 787	3 706
Religion	4 901	5 262	5 542	5 853	6 884	7 891	9 116	8 337
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	6 582	6 912	7 109	7 371	7 771	8 505	9 493	9 202
Lønskostnadsekvivalent¹ for ulønt arbeid								
I alt	52 373	55 200	57 132	59 579	62 213	68 887	76 860	71 856
Kultur og fritid	29 188	30 758	31 977	33 403	32 175	34 592	37 768	34 169
Av dette idrett	12 850	13 560	14 204	15 034	14 836	15 965	17 389	16 449
Utdanning og forskning	3 236	3 524	3 875	4 265	5 022	5 599	6 022	4 991
Helse	2 834	2 864	2 812	2 790	3 088	3 648	4 359	5 567
Sosiale tenester	1 620	1 610	1 534	1 542	1 870	2 371	2 980	4 177
Miljøvern	984	1 186	1 221	1 263	1 567	2 145	2 936	2 974
Lokalmiljø og bustad	5 689	5 872	5 967	6 235	6 524	7 038	7 525	6 241
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	1 913	2 164	2 379	2 410	3 075	3 011	3 432	2 392
Frivilligsentralar	0	0	0	0	0	0	0	0
Internasjonale organisasjonar ...	1 072	1 228	1 363	1 437	1 800	2 132	2 005	2 850
Religion	3 503	3 731	3 868	4 027	4 835	5 628	6 546	5 614
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	2 334	2 263	2 136	2 208	2 258	2 725	3 288	2 881
Lønskostnad lønstakrar og ulønte								
I alt	83 911	89 705	94 105	98 191	103 900	112 344	122 627	119 903
Kultur og fritid	33 151	35 188	36 762	38 212	37 455	39 990	42 757	39 392
Av dette idrett	14 452	15 247	16 020	16 704	16 518	17 741	19 184	18 373
Utdanning og forskning	9 357	10 406	11 279	11 885	13 207	14 239	14 985	14 160
Helse	7 932	8 332	8 525	9 130	9 619	10 602	11 442	12 946
Sosiale tenester	8 906	9 431	9 784	10 347	11 472	12 267	14 359	16 460
Miljøvern	1 071	1 288	1 336	1 390	1 732	2 315	3 173	3 234
Lokalmiljø og bustad	6 166	6 381	6 490	6 813	7 195	7 750	8 073	6 961
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	4 381	4 891	5 469	5 472	6 587	6 613	7 424	6 585
Frivilligsentralar	79	85	95	106	113	116	120	124
Internasjonale organisasjonar ...	1 869	2 115	2 333	2 235	2 517	2 904	2 705	3 616
Religion	4 785	5 124	5 389	5 679	6 693	7 682	8 860	8 050
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	6 214	6 464	6 643	6 922	7 310	7 865	8 729	8 374

¹ Det har vore ein nedgang i lønskostnadsekvivalent for ulønt arbeid frå 2013 til 2014, mens talet på frivillige årsverk auka i same periode. Dette heng saman med ei metodeendring: For dei fleste aktivitetskategoriar vert det frå og med årsgangen 2014 nytta ein ny metode for å verdsetje ulønte timeverk:

Gjennomsnittlege lønskostnader per utførte timeverk for arbeidstakrar med grunnskoleutdanning. Dette gjennomsnittstalet er henta frå samanliknbare næringsaggregat i nasjonalrekneskapen. For tidlegare årsgangar har vi derimot ikkje hatt utdanningsfordelte lønskostnadstal i nasjonalrekneskapen, og det ulønte arbeidet har vore verdsett på lik linje med det lønte.

Kjelde: Satellitrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar, Statistisk sentralbyrå

Tabell 2.5. Årleg endring i produksjon, bruttoprodukt og lønskostnadar inklusive ulønt arbeid, etter aktivitet (ICNPO). Prosent

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Produksjon inklusive ulønt arbeid								
I alt	6,6	7,3	5,5	3,9	6,0	7,1	8,4	0,5
Kultur og fritid	6,9	6,7	5,1	2,8	-0,6	6,1	4,6	-4,5
Av dette idrett	7,6	4,8	5,3	2,1	1,0	7,4	7,2	-2,0
Utdanning og forskning	11,2	8,0	8,3	5,5	8,1	6,7	6,4	-2,9
Helse	9,3	5,5	2,9	-1,7	12,7	8,4	8,0	12,1
Sosiale tenester	6,2	4,6	4,5	6,2	9,8	6,5	13,0	14,1
Miljøvern	7,2	21,8	5,5	3,7	21,9	30,3	37,3	2,7
Lokalmiljø og bustad	-5,4	9,4	1,8	7,6	4,0	6,9	10,8	-4,3
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	11,7	10,7	11,7	2,7	14,4	1,1	11,8	-2,8
Frivilligsentralar	11,9	8,5	10,8	11,5	7,9	2,9	3,6	3,4
Internasjonale organisasjonar ...	3,0	8,6	10,9	5,4	7,4	13,2	-7,5	28,6
Religion	9,1	7,5	6,0	6,6	16,2	13,5	14,7	-4,3
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	7,8	6,7	4,7	3,8	6,2	7,1	9,4	-0,1
Bruttoprodukt inklusive ulønt arbeid								
I alt	6,7	6,6	5,0	3,7	6,6	7,9	9,1	-1,8
Kultur og fritid	7,4	6,1	4,5	4,0	-1,6	6,3	7,2	-7,6
Av dette idrett	9,5	5,5	5,1	4,4	-0,7	6,6	8,6	-3,6
Utdanning og forskning	12,0	8,4	8,8	6,5	10,5	6,8	7,0	-3,8
Helse	8,3	5,0	2,3	-2,3	16,8	9,0	8,4	12,9
Sosiale tenester	6,8	5,3	3,6	5,5	10,5	7,5	12,8	14,4
Miljøvern	6,8	20,3	3,8	3,9	25,7	33,6	37,1	2,0
Lokalmiljø og bustad	-8,6	3,5	1,7	5,0	5,6	7,7	4,2	-13,8
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	12,0	12,1	11,6	2,4	17,7	1,0	12,0	-10,0
Frivilligsentralar	11,3	8,9	10,5	11,6	7,5	2,6	4,3	3,3
Internasjonale organisasjonar ...	5,4	12,9	10,4	-3,6	10,4	15,8	-6,9	33,0
Religion	8,3	7,4	5,3	5,6	17,6	14,6	15,5	-8,5
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	5,9	5,0	2,8	3,7	5,4	9,4	11,6	-3,1
Lønskostnadsekvivalent¹ for ulønt arbeid								
I alt	4,9	5,4	3,5	4,3	4,4	10,7	11,6	-6,5
Kultur og fritid	7,5	5,4	4,0	4,5	-3,7	7,5	9,2	-9,5
Av dette idrett	10,7	5,5	4,8	5,8	-1,3	7,6	8,9	-5,4
Utdanning og forskning	11,0	8,9	10,0	10,1	17,7	11,5	7,6	-17,1
Helse	1,1	1,1	-1,8	-0,8	10,7	18,1	19,5	27,7
Sosiale tenester	-1,3	-0,6	-4,7	0,6	21,3	26,8	25,7	40,2
Miljøvern	6,5	20,5	3,0	3,4	24,1	36,9	36,9	1,3
Lokalmiljø og bustad	-9,2	3,2	1,6	4,5	4,6	7,9	6,9	-17,1
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	13,5	13,1	9,9	1,3	27,6	-2,1	14,0	-30,3
Frivilligsentralar	..	..	..	..	..	..	..	..
Internasjonale organisasjonar ...	13,8	14,6	11,0	5,4	25,3	18,4	-6,0	42,1
Religion	7,1	6,5	3,7	4,1	20,1	16,4	16,3	-14,2
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	0,0	-3,0	-5,6	3,4	2,3	20,7	20,7	-12,4
Lønskostnad lønstakrar og ulønte								
I alt	6,5	6,9	4,9	4,3	5,7	8,1	9,2	-2,2
Kultur og fritid	7,3	6,1	4,5	4,0	-2,0	6,8	6,9	-7,9
Av dette idrett	9,5	5,5	5,1	4,3	-1,1	7,4	8,1	-4,2
Utdanning og forskning	10,5	11,2	8,4	5,4	9,9	7,8	5,2	-5,5
Helse	8,3	5,0	2,3	7,1	5,4	10,2	7,9	13,1
Sosiale tenester	6,9	5,9	3,7	5,8	10,9	6,9	17,1	14,6
Miljøvern	6,9	20,3	3,7	4,0	24,6	33,7	37,1	1,9
Lokalmiljø og bustad	-8,6	3,5	1,7	5,0	5,6	7,7	4,2	-13,8
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	12,2	11,6	11,8	0,0	20,2	0,4	12,3	-11,3
Frivilligsentralar	12,9	7,6	11,8	11,6	7,6	2,7	3,4	3,3
Internasjonale organisasjonar ...	5,5	13,2	10,3	-4,2	12,6	15,4	-6,9	33,7
Religion	8,3	7,1	5,2	5,4	17,9	14,8	15,3	-9,1
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	5,6	4,0	2,8	4,2	5,6	7,6	11,0	-4,1

¹ Det har vore ein nedgang i lønskostnadsekvivalent for ulønt arbeid frå 2013 til 2014, mens talet på frivillige årsverk auka i same periode. Dette heng saman med ei metodeendring: For dei fleste aktivitetskategoriar vert det frå og med årsgangen 2014 nytta ein ny metode for å verdsetje ulønte timeverk: Gjennomsnittlege lønskostnader per utførte timeverk for arbeidstakrar med grunnskoleutdanning. Dette gjennomsnittstalet er henta frå samanliknbare næringsaggregat i nasjonalrekneskapen. For tidlegare årsgangar har vi derimot ikkje hatt utdanningsfordelte lønskostnadstal i nasjonalrekneskapen, og det ulønte arbeidet har vore verdsett på lik linje med det lønte.

Kjelde: Satellitrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.6. Produksjon, bruttoprodukt og lønskostnader eksklusive ulønt arbeid, etter aktivitet (ICNPO), løpende priser. Millionar kroner

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Produksjon eksklusive ulønt arbeid								
I alt	67 774	73 674	78 814	81 663	86 821	90 510	97 122	103 001
Kultur og fritid	13 279	14 545	15 650	15 569	16 524	17 059	16 254	17 409
Av dette idrett	6 777	7 017	7 463	7 079	7 384	7 894	8 182	8 635
Utdanning og forskning	10 204	10 992	11 849	12 329	12 914	13 545	14 339	14 782
Helse	7 065	7 582	7 935	7 777	8 821	9 260	9 579	10 056
Sosiale tenester	11 132	11 725	12 401	13 032	13 382	13 618	16 282	17 804
Miljøvern	217	277	322	338	385	398	555	610
Lokalmiljø og bustad	5 811	6 703	6 833	7 623	7 885	8 371	9 549	10 092
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	5 761	6 334	7 116	7 410	8 157	8 343	9 261	9 947
Frivilligsentralar	94	102	113	126	136	140	145	150
Internasjonale organisasjonar ...	1 472	1 535	1 701	1 793	1 668	1 795	1 629	1 824
Religion	2 999	3 256	3 539	3 865	4 335	4 777	5 391	5 807
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	9 740	10 623	11 355	11 801	12 614	13 205	14 138	14 520
Bruttoprodukt eksklusive ulønt arbeid								
I alt	34 992	37 952	40 642	42 125	45 890	47 674	50 881	53 616
Kultur og fritid	5 176	5 714	6 129	6 223	6 813	6 848	6 669	6 910
Av dette idrett	2 659	2 796	2 979	2 897	2 973	3 012	3 214	3 408
Utdanning og forskning	6 778	7 328	7 937	8 316	8 875	9 241	9 860	10 291
Helse	5 376	5 754	6 008	5 824	6 972	7 317	7 525	7 852
Sosiale tenester	7 798	8 304	8 732	9 546	10 024	10 312	11 872	12 810
Miljøvern	87	102	116	141	196	210	293	322
Lokalmiljø og bustad	477	508	523	580	671	712	548	720
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	2 700	3 006	3 391	3 497	3 879	4 013	4 434	4 685
Frivilligsentralar	79	86	95	106	114	117	122	126
Internasjonale organisasjonar ...	875	970	1 064	904	784	861	782	856
Religion	1 398	1 531	1 674	1 826	2 049	2 263	2 571	2 723
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	4 248	4 649	4 973	5 163	5 513	5 779	6 205	6 321
Lønskostnad for lønstakarar								
I alt	31 538	34 504	36 973	38 758	41 687	43 457	45 765	48 047
Kultur og fritid	3 963	4 430	4 785	4 809	5 280	5 398	4 989	5 223
Av dette idrett	1 602	1 687	1 816	1 670	1 682	1 776	1 795	1 924
Utdanning og forskning	6 121	6 882	7 404	7 755	8 185	8 640	8 963	9 169
Helse	5 098	5 468	5 713	6 341	6 531	6 955	7 082	7 379
Sosiale tenester	7 286	7 821	8 250	8 805	9 602	9 897	11 379	12 283
Miljøvern	87	102	115	127	165	170	237	261
Lokalmiljø og bustad	477	508	523	580	671	712	548	720
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	2 468	2 727	3 090	3 073	3 513	3 602	3 991	4 193
Frivilligsentralar	79	85	95	105	113	116	120	124
Internasjonale organisasjonar ...	797	887	970	798	717	772	700	766
Religion	1 282	1 393	1 521	1 652	1 858	2 055	2 315	2 436
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	3 880	4 201	4 507	4 714	5 052	5 140	5 441	5 493

Kjelde: Satellittrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.7. Årleg endring i produksjon, bruttoprodukt og lønskostnader eksklusive ulønt arbeid, etter aktivitet (ICNPO). Prosent

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Produksjon eksklusive ulønt arbeid								
I alt	7,9	8,7	7,0	3,6	6,3	4,2	6,1	6,1
Kultur og fritid	5,5	9,5	7,6	-0,5	6,1	3,2	-4,7	7,1
Av dette idrett	2,3	3,5	6,4	-5,1	4,3	6,9	3,6	5,5
Utdanning og forskning	11,3	7,7	7,8	4,1	4,7	4,9	5,9	3,1
Helse	13,0	7,3	4,7	-2,0	13,4	5,0	3,4	5,0
Sosiale tenester	7,4	5,3	5,8	5,1	2,7	1,8	11,0	9,3
Miljøvern	10,7	27,6	16,2	5,0	13,9	3,4	39,4	9,9
Lokalmiljø og bustad	-1,4	15,4	1,9	11,6	3,4	6,2	14,1	5,7
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	11,1	10,0	12,4	4,1	10,1	2,3	11,0	7,4
Frivilligsentralar	11,9	8,5	10,8	11,5	7,9	2,9	3,6	3,4
Internasjonale organisasjonar ...	-3,6	4,3	10,8	5,4	-7,0	7,6	-9,2	12,0
Religion	11,4	8,6	8,7	9,2	12,2	10,2	12,9	7,7
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	9,9	9,1	6,9	3,9	6,9	4,7	7,1	2,7
Bruttoprodukt eksklusive ulønt arbeid								
I alt	9,6	8,5	7,1	3,6	8,9	3,9	5,7	5,4
Kultur og fritid	6,8	10,4	7,3	1,5	9,5	0,5	-2,6	3,6
Av dette idrett	4,2	5,2	6,6	-2,8	2,6	1,3	6,7	6,0
Utdanning og forskning	12,5	8,1	8,3	4,8	6,7	4,1	6,7	4,4
Helse	12,5	7,0	4,4	-3,1	19,7	4,9	2,8	4,3
Sosiale tenester	8,6	6,5	5,2	9,3	5,0	2,9	10,0	7,9
Miljøvern	10,1	17,2	13,7	21,6	39,0	7,1	39,5	9,9
Lokalmiljø og bustad	-1,4	6,5	3,0	10,9	15,7	6,1	-23,0	31,4
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	11,0	11,3	12,8	3,1	10,9	3,5	10,5	5,7
Frivilligsentralar	11,3	8,9	10,5	11,6	7,5	2,6	4,3	3,3
Internasjonale organisasjonar ...	-3,3	10,9	9,7	-15,0	-13,3	9,8	-9,2	9,5
Religion	11,2	9,5	9,3	9,1	12,2	10,4	13,6	5,9
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	9,5	9,4	7,0	3,8	6,8	4,8	7,4	1,9
Lønskostnad for lønstakarar								
I alt	9,2	9,4	7,2	4,8	7,6	4,2	5,3	5,0
Kultur og fritid	5,9	11,8	8,0	0,5	9,8	2,2	-7,6	4,7
Av dette idrett	1,0	5,3	7,6	-8,0	0,7	5,6	1,1	7,2
Utdanning og forskning	10,2	12,4	7,6	4,7	5,5	5,6	3,7	2,3
Helse	12,8	7,3	4,5	11,0	3,0	6,5	1,8	4,2
Sosiale tenester	8,9	7,3	5,5	6,7	9,1	3,1	15,0	7,9
Miljøvern	11,5	17,2	12,8	10,4	29,9	3,0	39,4	10,1
Lokalmiljø og bustad	-1,4	6,5	3,0	10,9	15,7	6,1	-23,0	31,4
Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	11,3	10,5	13,3	-0,6	14,3	2,5	10,8	5,1
Frivilligsentralar	12,9	7,6	11,8	10,5	7,6	2,7	3,4	3,3
Internasjonale organisasjonar ...	-4,0	11,3	9,4	-17,7	-10,2	7,7	-9,3	9,4
Religion	11,7	8,7	9,2	8,6	12,5	10,6	12,7	5,2
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	9,3	8,3	7,3	4,6	7,2	1,7	5,9	1,0

Kjelde: Satellitrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.8. Gratisarbeid for idrettslag og friluftsansjoner dei siste 12 månadene, fordelt etter menn og kvinner, alder og landsdel. Prosent

	Gratisarbeid for idrettslag		Gratisarbeid for friluftsansjoner	
	2011	2014	2011	2014
Begge kjønn	16	16	3	2
16-24 år	15	14	1	2
25-44 år	23	22	3	2
45-66 år	16	16	3	3
67- år	3	5	2	2
Menn i alt	20	19	4	3
16-24 år	19	17	2	2
25-44 år	23	24	4	2
45-66 år	22	20	5	4
67- år	6	9	3	4
Kvinner i alt	13	13	1	1
16-24 år	11	12	1	1
25-44 år	23	21	2	2
45-66 år	10	12	1	2
67- år	1	2	1	0
Heile landet	16	16	3	2
Oslo/Akershus	15	13	2	2
Austlandet elles	17	18	4	3
Agder og Rogaland	14	16	2	2
Vestlandet	17	16	2	2
Trøndelag	21	21	2	2
Nord-Noreg	17	16	2	1

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.9. Årsverk ved museum og samlingar

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Årsverk i alt	3 579	3 768	3 842	3 841	3 934	3 978	3 973	4 065	4 053	4 213
Årsverk, lønt personale	3 397	3 568	3 639	3 634	3 727	3 782	3 778	3 863	3 865	4 016
Av dette										
Årsverk, faste stillingar	2 517	2 657	2 675	2 716	2 792	2 844	2 868	2 952	2 999	3 086
Frivillige årsverk	182	200	203	207	207	195	195	202	188	198
Årsverk, lønt personale, kjønn¹										
Kvinner	1 801	1 922	1 909	1 922	1 946	2 006	2 033	2 078	2 111	2 218
Menn	1 773	1 846	1 730	1 712	1 779	1 776	1 745	1 784	1 753	1 797

¹ Frå 2008 er frivillige årsverk ikkje medrekna.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

3. Nærings- og sysselsettingsstatistikk

3.1. Nokre resultat

2,6 prosent sysselsette i jobbar innanfor kulturell og kreativ næring

2,6 prosent av dei sysselsette i Noreg hadde i 2015 hovudjobben sin i kulturell og kreativ næring, noko som var om lag det same som året før. Jobbane i kulturell og kreativ næring er geografisk ujamt fordelte. Over halvparten er samla i dei største byane Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Oslo er klart størst med 40 prosent av alle sysselsette i desse næringane. Sysselsettingsstatistikken omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Offentleg forvaltning inngår òg i statistikken.

41 508 føretak var registrerte aktive per 1. januar 2015 i kulturell og kreativ næring. Omsetnaden i kulturnæringane i 2014 var på 81 milliardar kroner.

3.2. Endringar i årets kulturstatistikk

I årets publisasjon vert det nytta ei ny inndeling for kulturelle område som er meir i tråd med Eurostat si organisering slik det er oppgjeve i Eurostat, Cultural statistics 2016 edition.

Kva dei ulike kulturelle områda omfattar er forklart i kapittel 3.3 Sysselsetting. Kva for næringsgrupper dei består av slik definert i standard for næringsgrupper SN2007, er gjeve i kapittel 3.6 Omgrep og definisjonar.

Data grunna i registerbasert sysselsettingsstatistikk får eit brot i tidsserien, og difor er det berre med tal for 2014 og 2015. Dette kjem av at det frå og med 2015 vert nytta eitt nytt datagrunnlag for lønstakarar. Det tidlegare Aa-registeret er erstatta av a-ordningsdata. Dette er skildra under kapittel 3.5 Om statistikken.

Tidlegare sysselsettingsstatistikk grunna i Aa-registeret hadde for mange registrerte sysselsette, da det lå ein del arbeidstilhøve i registeret som skulle ha vore meldt opphørt. For 2014 vart det registrert 78 793 sysselsette i kulturell og kreativ næring grunna i tidlegare Aa-registeret, medan talet for 2014 etter at a-ordningsdata vart teke i bruk var 72 684.

3.3. Sysselsetting

Over 68 000 personar hadde hovudjobben sin i ei kulturnæring i 2015

I alt var det 68 225 sysselsette i kulturell og kreativ næring i 2015. Samanlikna med året før var det ein nedgang i talet, med 4 459 færre sysselsette, noko som svarar til ein nedgang på 6,1 prosent. I det same tidsrommet har det vore ein nedgang på 2,3 prosent i sysselsette i alle næringar. Det svarar til totalt 62 000 færre sysselsette.

Tidlegare sysselsettingsstatistikk basert på Aa-registeret hadde for mange registrerte sysselsette da det låg ein del arbeidstilhøve i registeret som skulle ha vore meldt opphørt. For 2014 vart det registrert 78 793 sysselsette grunna i tidlegare Aa-registeret, medan talet for 2014 etter at a-ordningsdata vart teken i bruk var 72 684.

Tabell 3.1. Sysselsettingsvekst i kulturnæring og alle næringar¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
Kulturnæringar	72 684	68 225
Alle næringar	2 650 000	2 588 000

¹ Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.


Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

Det er noka uvisse knytt til tala fordi det er mange sjølvstendige i kulturell og kreativ næring. I 2015 jobba i kring 17 prosent av dei sysselsette for denne næringa innanfor einmannsføretak. Uvissa skal ha vorte forbetra ved at tidlegare Aa-register er erstatta av a-ordningsdata. Men det er mogleg å stadfeste at det har vore nedgang

i kulturell og kreativ næring i høve til året før, og dessutan at kulturell og kreativ næring har hatt ein større nedgang i sysselsettinga samanlikna med alle næringane til saman. Delen av einmannsføretak har gått ned frå nesten 20 prosent i 2014 til 17 prosent i 2015. Delen av aksjeselskap har auka noko frå 60 til 61 prosent i same periode.

Inndelt etter kulturområde fordeler sysselsette seg som vist i figur 3.1, tabell 3.2.

Figur 3.1. Sysselsette i kulturell og kreativ næring etter kulturområde, 15-74 år



Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Forlagsverksemd hadde ein nedgang på 13,5 prosent

Forlagsverksemd omfattar utgjeving av bøker, e-bøker, brosjyrar, ordbøker, leksika, atlas, landkart og sjøkart, lydbøker, leksika m.m. på CD-rom. Med er òg verksemd i samband med utgjeving av aviser, vekeblad og andre magasin samt utgjeving av dataspel for alle plattformer. Informasjonen kan gjevast ut på trykk eller i elektronisk form, medrekna på Internett. Området hadde 11 140 sysselsette i 2015, ein nedgang på 1733, eller 13,5 prosent sidan 2014.

Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak dekkjer produksjon av kommersielle og ikkje-kommersielle spelefilm på film, video eller DVD til direkte framvising i kinoar eller til tv-overføring og tenester i tilknytning til dette som: filmredigering, klipping, ettersynkronisering og så bortetter, omfattar òg distribusjon av spelefilm og andre filmproduksjonar til andre bransjar samt framvising av spelefilm og andre filmproduksjonar. Kjøp og sal av distribusjonsrettar til spelefilm og andre filmproduksjonar er inkludert. Næringa omfattar vidare lydopptak, til dømes produksjon av originale lydinnspelningar, utgjeving, marknadsføring og distribusjon av desse, musikkutgjevingar samt lydopptak i eit studio eller andre stader. Datastraumtenester av musikk er ikkje inkludert. Denne tenesta ligg under næring 63.11 databehandling, datalagring og tenester i tilknytning til slik verksemd.

I 2015 auka talet på sysselsette med 1,4 prosent eller 77 personar. Det var 5 694 personar sysselsette innanfor dette området. Dette var det einaste kulturområdet som hadde ein auke frå 2014 til 2015.

Radio- og fjernsynsringkasting omfattar produksjon av innhald eller kjøp av rettार til å distribuere innhald og påfølgjande utsending av t.d. radio-, tv- og dataprogram innanfor underhaldning, nyheiter, talkshow o.l. Dataoverføringa, vanlegvis integrert i radio- eller tv-overføringa, er òg inkludert. Overføringa kan gå ved hjelp av forskjellige teknologiar: trådløst, via satellitt, kabelnettverk eller Internett. Næringa omfattar òg produksjon av spesialiserte program (til dømes nyhende,

sports-, undervisnings- og ungdomsprogram) på abonnements- eller honorarbasis til tredjeperson med tanke på overføring til folk flest seinare. Radio- og fjernsynsringkasting hadde ein nedgang på 423 sysselsette, eller 6,8 prosent. I 2015 var det 5 779 sysselsette.

Arkitektverksemd inkluderer arkitektrådgjeving, bygningsteikning og prosjekteringsarbeid, byplanlegging og landskapsarkitektur. Kulturområdet hadde 5 893 sysselsette i 2015, ein nedgang på 1,7 prosent frå 2014.


Spesialisert designverksemd omfattar designverksemd innanfor tekstil, klede, sko, smykke, gull- og sølvvarer, møblar og andre interiørartiklar og motevarer. Kulturområdet inneheld òg varer til personleg bruk og til bruk i hushaldet, grafisk design og interiørarkitektverksemd og dessutan industriell design. Omfattar òg fotografverksemd og omsetjing- og tolkeverksemd. Det var 2 067 sysselsette i 2015, ein nedgang på 8,2 prosent samanlikna med året før.

Kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd omfattar drift av fasilitetar og tenester for å følgje interessene til kundane innanfor kultur og underhaldning. Omfattar produksjon og fremjing av og deltaking i "live"-opptreden, hendingar og utstillingar for folk flest, utvikling av kunstnarlege, kreative eller tekniske emne til produksjon av kunstnarlege produkt og "live"-opptreden. I "live"-opptreden inngår teaterframsyningar, konsertar og operaer samt dans og annan sceneopptreden. I 2015 gjekk talet på sysselsette ned med heile 11,2 prosent som svarer til 1 830 personar. Det var 14 484 sysselsette innanfor dette kulturområdet.

Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd omfattar bibliotek og arkiv, drift av museum av ein kvar art, botaniske og zoologiske hagar, drift av naturfenomen av historisk, kulturell eller undervisningsmessig interesse (t.d. verdenskulturarv mv.). Her var nedgangen på 2,5 prosent og det var 8 427 sysselsette i 2015.


40 prosent av sysselsette i kulturell og kreativ næring arbeider i Oslo

I Oslo arbeider 17 prosent av alle sysselsette i alle næringar i landet, medan heile 40 prosent av alle sysselsette i kulturell og kreativ næring arbeider der, sjå figur 3.2. I Oslo hadde 27 400 personar hovudarbeidet sitt i ei kulturnæring i 2015. Sjå tabell 3.5. Oslo, Akershus, Hordaland, Rogaland og Sør-Trøndelag hadde samla 68 prosent av dei sysselsette i kulturell og kreativ næring i 2015.

Figur 3.2. Del av sysselsetting i kulturell og kreativ næring, etter fylke

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

2,6 prosent av dei sysselsette i Noreg i 2015 hadde hovudjobben sin i kulturell og kreativ næring. Ved å samanlikne sysselsettinga i kulturell og kreativ næring i fylket med omfanget av sysselsettinga generelt i fylket, får vi eit bilete av kulturen sin innverknad og omfang i dei enkelte fylka. I Oslo hadde 6,1 prosent av alle sysselsette hovudjobben sin i ei kulturnæring i 2015. Berre Sør-Trøndelag, Finnmark og til dels Hordaland nærmar seg sysselsettingsprosenten for heile landet på 2,6 prosent. For dei andre fylka er sysselsettingsprosenten lågare. I 2014 var tala for sysselsette i kulturnæringane 2,7 prosent. Nedgangen er relativt jamt fordelt over alle fylka bortsett frå Rogaland som er uendra. Sjå figur 3.3.

Figur 3.3. Del av alle sysselsette i fylket som er sysselsett i kulturell og kreativ næring

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Rundt halvparten av dei sysselsette i kulturell og kreativ næring er kvinner

Rundt halvparten av dei sysselsette med hovudjobb i kulturell og kreativ næring i 2015 var kvinner, og denne delen har vore stabil sidan 2008.

Det er store skilnader i kjønnsfordelinga i dei ulike kulturområda. Høgast del kvinner var det i kulturområdet drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd med 65 prosent kvinner. Lågast del kvinner var det i kulturområdet film, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak med 37 prosent. Skilnaden mellom dei ulike områda var tilsvarande for 2014.

Sjølv om halvparten av dei sysselsette i kulturell og kreativ næring var kvinner, stod kvinner berre for 46 prosent av alle årsverka i 2014. Menn stod for 32 800 årsverk, mot 27 753 årsverk for kvinner i 2014. Tal for 2015 var ikkje tilgjengelege ved publiseringstidspunktet. I gjennomsnitt stod kvar sysselsett i kulturell og kreativ næring for 0,9 årsverk i 2014. Sjå tabellane 3.15 og 3.16 om kjønn i kulturnæring.

Innvandrarar i nokre utvalde kulturnæringar

Delen med innvandrarbakgrunn varierer i dei ulike næringsgruppene. Høgast del med innvandrarbakgrunn hadde næringa sjølvstendig kunstnarisk verksemd, med 11 prosent. Næringa radio- og fjernsynsringkasting hadde lågast del med innvandrarbakgrunn, med 5 prosent. Sidan 2011 har delen med innvandrarbakgrunn gått noko opp i alle dei utvalde næringsgruppene.

Av dei sysselsette med innvandrarbakgrunn i utvalde kulturnæringar var 6 prosent frå landgruppe 1 (EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand), og 3 prosent var frå landgruppe 2 (Europa utanom EU/EFTA, Asia inkludert Tyrkia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Oseania utanom Australia og New Zealand). Sjå tabell 3.17 og Om statistikken.

3.4. Føretak


41 500 kulturføretak

I alt var det 41 500 føretak i kulturell og kreativ næring per 1. januar 2015. Flest føretak var det i kunstnarleg verksemd og underhaldning med 20 400 føretak.

Av dei nesten 14 500 sysselsette innanfor dette kulturområdet, hadde 53 prosent organisasjonsformen einmannsføretak. Sjå tabell 3.23.

Innanfor området spesialisert designverksemd var det 9 700 føretak og det var 3 600 føretak i film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak. Sjå tabell 3.18 og figur 3.4.

Figur 3.4. Talet på føretak i kulturell og kreativ næring. Per 1.1.



Kjelde: Føretak, Statistisk sentralbyrå.


Det vart etablert 8 700 nye føretak i 2015. Samanlikna med 2014 var det ein auke på 5 prosent i nye føretak.

Heile 76 prosent av alle nyetablerte kulturelle og kreative føretak var innanfor to område. Innanfor områda spesialisert designverksemd og kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd var det høvesvis 2 500 og 4 100 nyetableringar i 2015.

81 milliardar kroner i omsetnad 2014

Omsetnaden i kulturell og kreativ næring i 2014 var på 81 milliardar kroner, unntatt offentlege selskap som ikkje er med i føretaksstatistikken. Det er litt høgare enn i 2013, då omsetnaden var på 80 milliardar kroner. Over halvparten av omsetnaden i kulturell og kreativ næring, 45 milliardar, var i Oslo. Den største omsetnaden var det i området forlagsverksemd, som omsette for nærare 25 milliardar i 2014, sjå tabellane 3.19 og 3.21

I 2015 jobba 61 prosent av dei sysselsette i kulturell og kreativ næring i aksjeselskap medan 17 prosent jobba i einmannsføretak. Sjå tabell 3.23 og figur 3.5.

Figur 3.5. Sysselsette i kulturell og kreativ næring etter organisasjonsform. Prosent

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Registerbasert
sysselsettingsstatistikk

3.5. Om statistikken – nærings- og sysselsettingsstatistikk

Den registerbasert sysselsettingsstatistikken omfattar busette personar i alderen 15-74 år, som har utført arbeid som varar minst ein time i referanseveka.

Registerbasert sysselsettingsstatistikk er frå og med 2015 basert på eit delvis nytt datagrunnlag for lønnstakarane. Hovudkjelda fram til og med 2014 var Nav sitt Arbeidsgjevar-/arbeidstakarregister (Aa-registeret). I 2015 vart rapporteringa til dette registeret samordna med rapporteringa av løns- og personelldata til Skatteetaten og SSB. Det felles rapporteringssystemet vert kalla a-ordninga. A-ordninga gjev generelt eit betre datagrunnlag ved at det er meir korrekt på individnivå, og dessutan at det dekkjer fleire lønnstakarforhold enn Aa-registeret.

Dokumentasjon av statistikken er å finne på www.ssb.no/regsys under feltet Om statistikken. Her er det òg overgangen frå Aa-registeret til a-ordninga meir detaljert skildra. Samanliknbare tabellar er å finne i Statistikkbanken. Tabellane 07984 og 03877 inneheld den same populasjonen som blir nytta for sysselsettingstabellar for kulturnæringa.

Føretak, omsetnad og
sysselsetting

Statistikken er avgrensa ut frå næringa, organisasjonsforma og sektorkoden til føretaka. Føretaksdemografien omfattar statistikk over talet på føretak per 1. januar, nye og nyetablerte føretak, avslutta og nedlagde føretak. Tabellane i denne publikasjonen omfattar føretak innanfor kulturnæringar unntatt offentleg forvalting. Tala per 1. januar i statistikkåret skal omfatte alle føretak med aktiv verksemd i Noreg det føregåande året. Som nyregistrering og nyetablering i statistikkåret vert berre føretak med opplysningar som tilseier at dei vil drive næringsverksemd, rekna med. Det vil seie at enkelte organisasjonsformer vert haldne utanfor demografidelen av statistikken.

Årgangspopulasjonen er ein årleg strukturstatistikk med omsetnad og sysselsetting for føretak i alle næringane unntatt offentleg forvalting.

Dei viktigaste kjeldene for denne statistikken er Einingsregisteret (ER) og Verksemd- og føretaksregisteret (VoF). Tal på tilsette vert henta frå rapporteringssystemet a-ordninga. Omsetnad og sysselsetting er innhenta gjennom SSBs strukturundersøkingar og frå administrative kjelder. Dokumentasjon av statistikken er å finne på <http://www.ssb.no/virksomheter-foretak-og->

regnskap/statistikker/foretak/aarleg-omsetning-og-syssselsetting under feltet Om statistikken.

3.6. Omgrep og definisjonar

Næringsgruppering

Den norske standarden for næringsgruppering SN2007 er grunna i den europeiske næringsklassifiseringa NACE rev. 2. Næringsstandarden gjeld frå og med statistikkåret 2008 (SSB, 2008). Hovudformålet med standarden er å gje reglar og retningslinjer for næringsklassifisering og eintydige definisjonar av dei statistiske einingane. Standarden er framfor alt ein statistisk standard. Han dannar grunnlag for koding av einingar etter viktigaste aktivitet i VoF og for einingar i ER. Han er ein av dei viktigaste standardane i økonomisk statistikk og gjer det mogleg å samanlikne og analysere statistiske opplysningar både nasjonalt/internasjonalt og over tid. Næringsstandardane finst på www.ssb.no/nace/.

Kulturområde og næring

Ein standard for kulturnæring kan nyttast til å sortere ut kultur frå annan økonomisk aktivitet i Noreg. Kulturnæringsstandarden tek utgangspunkt i eit allereie eksisterande system for næring. Systemet for kulturnæring er henta frå eit europeisk samarbeid for kulturstatistikk, Europeisk statistisk systemnettverk for kultur, ESSnett-Kultur (ESSnet-Culture, 2012). Kulturnæring er identifisert gjennom arbeid i næring kategorisert som kulturnæring etter SN2007-standard.

I Noreg blir det nytta åtte kulturområde for å identifisere økonomisk aktivitet:

1. Forlagsverksemd
2. Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgiving av musikk- og lydopptak (korttekst; Film- og TV-produksjon, musikkutgiving)
3. Radio- og fjernsynsringkasting
4. Arkitektverksemd
5. Spesialisert designverksemd
6. Kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd (korttekst; Kunstnarleg verksemd underhaldning)
7. Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd (korttekst; Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd)
8. Andre nace-kodar

Andre nace-kodar består av kultur som var med i tidlegare inndeling, slik at kulturnæringar i alt er som i tidlegare publikasjonar.

Kulturell og kreativ næring inndelt etter kulturområde.

1. Forlagsverksemd

- 58.11 Utgiving av bøker
- 58.13 Utgiving av aviser
- 58.14 Utgiving av blad og tidsskrift
- 58.21 Utgiving av programvare for dataspel

2. Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgiving av musikk- og lydopptak

- 59.11 Produksjon av film, video og fjernsynsprogram
- 59.12 Etterarbeid i tilknytning til produksjon av film, video og fjernsynsprogram
- 59.13 Distribusjon av film, video og fjernsynsprogram
- 59.14 Filmframvising
- 59.20 Produksjon og utgiving av musikk- og lydopptak

3. Radio- og fjernsynsringkasting

- 60.10 Radiokringkasting
- 60.20 Fjernsynsringkasting

4. Arkitektverksemd

- 71.111 Plan- og reguleringsarbeid
- 71.112 Arkitekttenester vedrørende byggverk
- 71.113 Landskapsarkitekttenester

5. Spesialisert designverksemd

- 74.101 Industridesign, produktdesign og anna teknisk designverksemd
- 74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign
- 74.103 Interiørarkitekt-, interiørdesign- og interiørkonsulentverksemd
- 74.200 Fotografverksemd
- 74.300 Omsetjing- og tolkeverksemd

6 . Kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd

- 90.011 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd innanfor musikk
- 90.012 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd innanfor scenekunst
- 90.019 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd ikkje nemnt annan stad
- 90.020 Tenester i tilknytning til underhaldningsverksemd
- 90.031 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innafor visuell kunst
- 90.032 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innafor musikk
- 90.033 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innafor scenekunst
- 90.034 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innafor litteratur
- 90.039 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd ikkje nemnt annan stad
- 90.040 Drift av lokale i tilknytning til kunstnarleg verksemd

7. Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd

- 91.011 Drift av folkebibliotek
- 91.012 Drift av fag- og forskingsbibliotek
- 91.013 Drift av arkiv
- 91.021 Drift av kunst- og kunstindustrimuseum
- 91.022 Drift av kulturhistoriske museum
- 91.023 Drift av naturhistoriske museum
- 91.029 Drift av museum ikkje nemnt annan stad
- 91.030 Drift av historiske stader og bygningar og liknande som er sjåverdig

8. Andre nace-kodar

- 47.61 Butikkhandel med bøker. Omfattar alle typar bøker
- 47.62 Butikkhandel med aviser og papirvarer
- 47.63 Butikkhandel med innspelingar av musikk og video
- 63.91 Nyheitsbyrå
- 73.11 Reklamebyrå
- 77.22 Utleige av videofilm, DVD og liknande
- 85.521 Kommunal kulturskoleundervisning
- 85.522 Undervisning i kunstfag
- 85.529 Anna undervisning innafor kultur

Innvandrarar Statistisk sentralbyrå nyttar denne standarden for innvandrargruppering :

- A Fødd i Noreg med to norskfødde foreldre
- B Innvandrarar: Utanlandsfødde med utanlandske foreldre (tidlegare «førstegongsinnvandrarar»)
- C Norskfødde med innvandrarforeldre (tidlegare «etterkommarar»)
- D Utanlandsfødde med ein utanlandsfodd forelder
- E Fødd i Noreg med ein utanlandsfodd forelder
- F Fødd i utlandet av norskfødde foreldre og utanlandsadopterte

SSBs Arbeidsmarkedsstatistikk for innvandrarar baserer seg i hovudsak på innvandrarar (kategori B), men i tabell 3.16 i denne publikasjonen inngår også norskfødde med innvandrarforeldre (kategori C).

For personar med innvandrarbakgrunn blir det nytta to kategoriar. I landgruppe 1 er dei frå EU-/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. I landgruppe 2 er dei frå Europa utan EU/EFTA, Asia (med Tyrkia), Afrika, Sør og Mellom-Amerika og Oseania utan Australia og New Zealand. Innvandrarar blir plasserte i ei av desse to kategoriane. Dersom foreldra er frå forskjellige land, blir personen plassert i landgruppa for moras fødeland.

Referansar

Statistisk sentralbyrå (23. september 2016): *Einskildpersonføretak og aksjeselskap i fleirtal*. <http://www.ssb.no/virksomheter-foretak-og-regnskap/statistikker/foretak/aarleg-omsetning-og-sysselsetting/2016-09-23>

Statistisk sentralbyrå (8. juni 2016) : *Nærmere 15 prosent av de sysselsatte er innvandrere*. <http://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/statistikker/innvregsys>

Statistisk sentralbyrå (27. mai 2016): *Andelen sysselsatte i offentlig forvaltning størst i Nord-Norge*. <http://www.ssb.no/regsys>

Statistisk sentralbyrå (2008): *Standard for næringsgruppering, Norges offisielle statistikk D383*. <http://www.ssb.no/virksomheter-foretak-og-regnskap/nace>

ESSnet-Culture (2012): *ESSnet -Culture Final Report 2012*. ec.europa.eu/culture/library/reports/ess-net-report_en.pdf

Tabell 3.2. Sysselsette i kulturell og kreativ næring, etter kulturområde¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt	72 684	68 225
Forlagsverksemd	12 873	11 140
Film- og TV-produksjon, musikkutgiving	5 617	5 694
Radio- og fjernsynskringkasting	6 202	5 779
Arkitektverksemd	5 993	5 893
Spesialisert designverksemd	2 251	2 067
Kunstnarleg verksemd underhaldning	16 314	14 484
Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd	8 645	8 427
Andre nace-kodar	14 789	14 741

¹ Omfattar både lønstakalar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.3. Sysselsettingsvekst i kulturell og kreativ næring, etter kulturområde¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal. Prosent

	2013-2014	2014-2015
I alt	-0,8	-6,1
Forlagsverksemd	-5,8	-13,5
Film- og TV-produksjon, musikkutgiving	3,3	1,4
Radio- og fjernsynskringkasting	-1,2	-6,8
Arkitektverksemd	0,6	-1,7
Spesialisert designverksemd	-1,9	-8,2
Kunstnarleg verksemd underhaldning	3,0	-11,2
Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd	0,6	-2,5
Andre nace-kodar	-2,5	-0,3

¹ Omfattar både lønstakalar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.4. Sysselsette, årsverk i kulturell og kreativ næring, etter kulturområde¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt	65 900	...
Forlagsverksemd	5 661	...
Film- og TV-prod., musikkutgiving	15 648	...
Radio- og fjernsynskringkasting	1 232	...
Arkitektverksemd	6 832	...
Spesialisert designverksemd	10 756	...
Kunstnarleg verksemd, underhaldning	5 478	...
Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd	12 334	...
Andre nace-kodar	7 959	...

¹ Omfattar både lønstakalar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.5. Sysselsette i kulturell og kreativ næring¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt²	72 684	68 225
Østfold	2 148	2 046
Akershus	5 022	4 492
Oslo	28 710	27 435
Hedmark	1 703	1 557
Oppland	1 768	1 627
Buskerud	2 331	2 256
Vestfold	1 945	1 842
Telemark	1 501	1 335
Aust-Agder	876	804
Vest-Agder	1 998	1 831
Rogaland	4 366	4 145
Hordaland	6 492	6 104
Sogn og Fjordane	969	894
Møre og Romsdal	2 153	1 964
Sør-Trøndelag	4 392	4 011
Nord-Trøndelag	1 155	1 067
Nordland	2 341	2 233
Troms Romsa	1 736	1 593
Finnmark Finnmark	1 047	960

¹ Omfattar både lønstakalar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. ² Svalbard er ikkje inkludert.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.6. Sysselsette i kulturområdet forlagsverksemd¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt²	12 867	11 134
Østfold	326	235
Akershus	580	498
Oslo	6 117	5 367
Hedmark	372	289
Oppland	281	280
Buskerud	291	264
Vestfold	238	228
Telemark	265	190
Aust-Agder	139	130
Vest-Agder	274	216
Rogaland	632	562
Hordaland	996	861
Sogn og Fjordane	151	137
Møre og Romsdal	426	346
Sør-Trøndelag	550	480
Nord-Trøndelag	232	199
Nordland	431	358
Troms Romsa	315	236
Finnmark Finnmarku	251	258

¹ Omfatter både lønstakarer og selvstendig næringsdrivende. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. ² Svalbard er ikkje inkludert.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.7. Sysselsette i kulturområdet film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt²	5 617	5 691
Østfold	126	163
Akershus	364	286
Oslo	2 997	3 132
Hedmark	99	81
Oppland	65	74
Buskerud	145	142
Vestfold	126	126
Telemark	80	81
Aust-Agder	65	62
Vest-Agder	123	116
Rogaland	267	289
Hordaland	429	403
Sogn og Fjordane	35	46
Møre og Romsdal	104	97
Sør-Trøndelag	238	226
Nord-Trøndelag	59	73
Nordland	106	91
Troms Romsa	129	148
Finnmark Finnmarku	60	55

¹ Omfatter både lønstakarer og selvstendig næringsdrivende. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. ² Svalbard er ikkje inkludert.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.8. Sysselsette i kulturområdet radio og fjernsynskringkasting¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt²	6 202	5 779
Østfold	99	67
Akershus	49	48
Oslo	3 858	3 632
Hedmark	13	15
Oppland	131	116
Buskerud	98	94
Vestfold	46	33
Telemark	62	66
Aust-Agder	9	10
Vest-Agder	85	81
Rogaland	136	117
Hordaland	697	636
Sogn og Fjordane	58	50
Møre og Romsdal	71	66
Sør-Trøndelag	298	286
Nord-Trøndelag	37	27
Nordland	197	201
Troms Romsa	105	90
Finnmark Finnmarku	153	144

¹ Omfatter både lønstakarer og selvstendig næringsdrivende. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. ² Svalbard er ikkje inkludert.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.9. Sysselsette i kulturområdet arkitektverksemd¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt²	5 991	5 891
Østfold	163	156
Akershus	314	302
Oslo	2 554	2 587
Hedmark	140	163
Oppland	121	109
Buskerud	188	183
Vestfold	188	202
Telemark	128	114
Aust-Agder	73	68
Vest-Agder	119	117
Rogaland	425	397
Hordaland	531	547
Sogn og Fjordane	93	92
Møre og Romsdal	192	177
Sør-Trøndelag	522	426
Nord-Trøndelag	76	78
Nordland	59	61
Troms Romsa	81	87
Finnmark Finnmarku	24	25

¹ Omfatter både lønstakarer og selvstendig næringsdrivende. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. ² Svalbard er ikkje inkludert.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.10. Sysselsette i kulturområdet spesialisert designverksemd¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt²	2 251	2 067
Østfold	106	108
Akershus	304	307
Oslo	646	577
Hedmark	50	45
Oppland	45	40
Buskerud	141	102
Vestfold	91	82
Telemark	34	28
Aust-Agder	22	16
Vest-Agder	52	51
Rogaland	163	159
Hordaland	156	152
Sogn og Fjordane	40	32
Møre og Romsdal	78	74
Sør-Trøndelag	136	133
Nord-Trøndelag	52	38
Nordland	61	60
Troms Romsa	50	43
Finnmark Finnmarku	24	20

¹ Omfatter både lønstakarer og selvstendig næringsdrivende. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. ² Svalbard er ikkje inkludert.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.11. Sysselsette i kulturområdet kunstnarleg verksemd¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt²	16 307	14 481
Østfold	511	434
Akershus	1 236	1 038
Oslo	6 700	5 980
Hedmark	301	278
Oppland	287	223
Buskerud	489	509
Vestfold	495	450
Telemark	338	277
Aust-Agder	164	141
Vest-Agder	545	509
Rogaland	998	920
Hordaland	1 603	1 422
Sogn og Fjordane	144	120
Møre og Romsdal	344	288
Sør-Trøndelag	940	847
Nord-Trøndelag	200	188
Nordland	362	358
Troms Romsa	460	364
Finnmark Finnmarku	190	135

¹ Omfatter både lønstakarer og selvstendig næringsdrivende. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. ² Svalbard er ikkje inkludert.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.12. Sysselsette i kulturområdet drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd¹, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt²	8 635	8 416
Østfold	197	211
Akershus	537	505
Oslo	1 604	1 595
Hedmark	328	292
Oppland	424	400
Buskerud	323	310
Vestfold	247	242
Telemark	205	224
Aust-Agder	152	151
Vest-Agder	297	271
Rogaland	663	650
Hordaland	1 044	1 027
Sogn og Fjordane	196	193
Møre og Romsdal	311	303
Sør-Trøndelag	769	753
Nord-Trøndelag	206	176
Nordland	699	682
Troms Romsa	237	236
Finnmark Finnmarku	196	195

¹ Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. ² Svalbard er ikkje inkludert.
Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.13. Sysselsette i kulturområdet andre nace-kodar¹, etter fylke, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt²	14 783	14 737
Østfold	620	672
Akershus	1 638	1 508
Oslo	4 234	4 565
Hedmark	400	394
Oppland	414	385
Buskerud	656	652
Vestfold	514	479
Telemark	389	355
Aust-Agder	252	226
Vest-Agd	503	470
Rogaland	1 082	1 051
Hordaland	1 036	1 056
Sogn og Fjordane	252	224
Møre og Romsdal	627	613
Sør-Trøndelag	939	860
Nord-Trøndelag	293	288
Nordland	426	422
Troms Romsa	359	389
Finnmark Finnmarku	149	128

¹ Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. ² Svalbard er ikkje inkludert.
Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.14. Sysselsette i heile landet, alle næringar¹, etter fylke, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal

	2014	2015
I alt²	2 628 055	2 567 955
Østfold	119 125	115 857
Akershus	266 227	263 459
Oslo	457 000	450 935
Hedmark	87 634	86 157
Oppland	87 873	86 783
Buskerud	126 647	123 359
Vestfold	107 228	104 512
Telemark	76 279	73 880
Aust-Agder	48 964	47 328
Vest-Agder	89 462	86 862
Rogaland	248 480	237 075
Hordaland	261 343	253 688
Sogn og Fjordane	55 005	53 767
Møre og Romsdal	131 844	127 698
Sør-Trøndelag	163 837	161 763
Nord-Trøndelag	62 844	61 741
Nordland	117 217	113 938
Troms Romsa	83 124	82 559
Finnmark Finnmarku	37 922	36 594

¹ Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. ² Svalbard er ikkje inkludert.
Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.15. Sysselsette¹ etter utvalde kulturområde og kjønn. Per 4. kvartal

	2014	2015
Forlagsverksemd		
Menn	6 768	5 860
Kvinner	6 105	5 280
Film- og TV-produksjon, musikkutgiving		
Menn	3 535	3 564
Kvinner	2 082	2 130
Radio- og fjernsynskringkasting		
Menn	3 425	3 201
Kvinner	2 777	2 578
Arkitektverksemd		
Menn	3 279	3 207
Kvinner	2 714	2 686
Spesialisert designverksemd		
Menn	1 326	1 243
Kvinner	925	824
Kunstnarleg verksemd, underholdning		
Menn	8 918	7 961
Kvinner	7 396	6 523
Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd		
Menn	3 057	2 980
Kvinner	5 588	5 447
Andre nace-kodar		
Menn	6 651	6 586
Kvinner	8 138	8 155

¹ Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.16. Sysselsette¹ etter utvalde kulturområde, kjønn og årsverk. Per 4. kvartal

	Årsverk	
	2014	2015
Forlagsverksemd		
Menn	6050	...
Kvinner	5326	...
Film- og TV-produksjon, musikkutgiving		
Menn	3088	...
Kvinner	1575	...
Radio- og fjernsynskringkasting		
Menn	3179	...
Kvinner	2522	...
Arkitektverksemd		
Menn	3162	...
Kvinner	2499	...
Spesialisert designverksemd		
Menn	1263	...
Kvinner	726	...
Kunstnarleg verksemd, underholdning		
Menn	8162	...
Kvinner	5320	...
Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd		
Menn	2526	...
Kvinner	4307	...
Andre nace-kodar		
Menn	5402	...
Kvinner	5478	...

¹ Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.17. Registerbasert sysselsettingsstatistikk. Ulike næringer innenfor kulturell og kreativ næring. Arbeidstakarer¹, etter innvandringsbakgrunn og menn og kvinner. Per 4. kvartal 2015

	Næringsgruppe 59.1. Verksemd innanfor film, video og fjernsynsprogram			Næringsgruppe 60. Radio- og fjernsynskringkasting		
	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
I alt	4 295	2 475	1 820	5 767	3 192	2 575
Utan innvandringsbakgrunn	3 900	2 267	1 633	5 518	3 061	2 457
Innvandrarar frå landgruppe 1 ²	203	119	84	132	67	65
Innvandrarar frå landgruppe 2 ³	192	89	103	117	64	53
I alt	100,0	100,0	100,0	100,00	100,00	100,00
Utan innvandringsbakgrunn	90,8	91,6	89,7	95,7	95,9	95,4
Innvandrarar frå landgruppe 1 ²	4,7	4,8	4,6	2,3	2,1	2,5
Innvandrarar frå landgruppe 2 ³	4,5	3,6	5,7	2,0	2,0	2,1
Næring 90.03. Sjølvstendig kunstnarisk verksemd						
I alt	4 504	2 206	2 298	1 015	482	533
Utan innvandringsbakgrunn	3 964	1 944	2 020	886	415	471
Innvandrarar frå landgruppe 1 ²	424	199	225	71	35	36
Innvandrarar frå landgruppe 2 ³	116	63	53	58	32	26
I alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Utan innvandringsbakgrunn	88,0	88,1	87,9	87,3	86,1	88,4
Innvandrarar frå landgruppe 1 ²	9,4	9,0	9,8	7,0	7,3	6,8
Innvandrarar frå landgruppe 2 ³	2,6	2,9	2,3	5,7	6,6	4,9
Næring 91.01. Drift av bibliotek og arkiv						
I alt	4 059	1 118	2 941	3 658	1 541	2 117
Utan innvandringsbakgrunn	3 700	1 016	2 684	3 229	1 362	1 867
Innvandrarar frå landgruppe 1 ²	213	53	160	290	128	162
Innvandrarar frå landgruppe 2 ³	146	49	97	139	51	88
I alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Utan innvandringsbakgrunn	91,2	90,9	91,3	88,3	88,4	88,2
Innvandrarar frå landgruppe 1 ²	5,3	4,7	5,4	7,9	8,3	7,7
Innvandrarar frå landgruppe 2 ³	3,6	4,4	3,3	3,8	3,3	4,2
Næring 91.02. Drift av museum						
I alt	4 059	1 118	2 941	3 658	1 541	2 117
Utan innvandringsbakgrunn	3 700	1 016	2 684	3 229	1 362	1 867
Innvandrarar frå landgruppe 1 ²	213	53	160	290	128	162
Innvandrarar frå landgruppe 2 ³	146	49	97	139	51	88
I alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Utan innvandringsbakgrunn	91,2	90,9	91,3	88,3	88,4	88,2
Innvandrarar frå landgruppe 1 ²	5,3	4,7	5,4	7,9	8,3	7,7
Innvandrarar frå landgruppe 2 ³	3,6	4,4	3,3	3,8	3,3	4,2

¹ Gjeld lønstakrar. ² Innvandrarar frå EU-/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. ³ Innvandrarar frå Europa utanom EU/EFTA, Asia, (inkl. Tyrkia), Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Oseania utanom Australia og New Zealand.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.18. Føretak 1. januar 2014-1. januar 2015, nyetablerte føretak 2014-2015 og nedlagde føretak 2014, etter kulturområde

	Føretak 1.1.2014	Nyetablerte føretak 2014	Nedlagde føretak 2014	Føretak 1.1.2015	Nyetablerte føretak 2015
I alt	39 718	8 334	8 906	41 506	8 740
Forlagsverksemd	1 256	107	111	1 259	120
Film- og TV-prod., musikkutgiving	3 340	788	705	3 562	815
Radio- og fjernsynskringkasting	148	10	17	141	10
Arkitektverksemd	2 027	289	268	2 093	303
Spesialisert designverksemd	9 171	2 313	2 145	9 651	2 501
Kunstnarleg verksemd. underhaldning	19 350	3 958	4 697	20 374	4 116
Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd	320	11	36	297	3
Andre nace-kodar	4 106	858	927	4 129	872

Kjelde: Føretak, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.19. Føretak. Omsetning og sysselsetting. Utvalde kulturområde

	2013			2014		
	Føretak i alt	Omsetnad. 1 000 kroner	Sysselsetting	Føretak i alt	Omsetnad. 1 000 kroner	Sysselsetting
I alt	34 414	79 888 550	60 648	35 972	80 970 631	61 720
Forlagsverksemd	1 232	25 461 223	12 839	1 218	24 795 921	12 210
Film- og TV-produksjon, musikkutgiving	2 959	7 843 745	4 216	3 093	7 860 046	4 652
Radio- og fjernsynskringkasting	142	11 419 649	6 093	138	12 097 582	6 291
Arkitektverksemd	1 918	6 596 980	5 925	1 955	6 767 801	6 001
Spesialisert designverksemd	7 840	6 588 535	6 750	8 198	7 091 317	7 178
Kunstnarleg verksemd, underholdning	16 838	7 274 617	13 124	17 735	7 853 695	13 727
Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd.	388	¹ 756 030	927	347	707 146	950
Andre nace-kodar	3 097	13 947 771	10 774	3 288	13 797 123	10 711

¹Talet er korrigert siden førre utgåve

Kjelde: Føretak, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.20. Føretak. Talet på føretak i utvalde kulturområde, etter fylke

	Føretak i alt	Forlags- verksemd	Film- og TV- produksjon, musikk- utgjeving	Radio- og fjernsyns- kring- kasting	Arkitekt- verksemd	Spesial- isert design- verksemd	Kunstnar- leg verksemd. Under- holdning	Bibliotek, museum o.a. kultur- verksemd	Andre nace- kodar
2013	34 414	1 232	2 959	142	1 918	7 840	16 838	388	3 097
2014	35 972	1 218	3 093	138	1 955	8 198	17 735	347	3 288
2014									
Østfold	1 454	51	101	6	77	334	676	19	190
Akershus	3 969	126	314	8	172	1 074	1 810	23	442
Oslo	12 401	393	1 331	32	656	2 720	6 248	40	981
Hedmark	860	32	59	5	58	191	422	15	78
Oppland	871	31	72	8	46	182	449	15	68
Buskerud	1 402	45	109	4	78	349	638	20	159
Vestfold	1 361	46	64	3	82	360	628	21	157
Telemark	853	22	64	7	59	160	443	14	84
Aust-Agder	451	29	30	4	37	94	202	9	46
Vest-Agder	1 039	28	90	6	61	232	494	12	116
Rogaland	2 146	62	145	16	149	500	1 048	20	206
Hordaland	3 081	104	230	9	163	699	1 607	46	223
Sogn og Fjordane	422	18	23	1	35	103	178	18	46
Møre og Romsdal	1 046	51	89	6	68	273	439	20	100
Sør-Trøndelag	1 975	57	143	5	103	397	1 074	17	179
Nord-Trøndelag	613	27	43	2	21	111	342	8	59
Nordland	841	39	55	8	43	184	429	19	64
Troms Romsa	847	30	87	6	38	162	450	7	67
Finnmark Finnmarku.....	330	26	42	2	9	70	156	3	22
Svalbard.....	10	1	2	-	-	3	2	1	1

Kjelde: Føretak, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.21. Føretak. Omsetning i utvalgte kulturområder, etter fylke

	Føretak i alt	Forlags- verksemd	Film- og TV- produk- sjon, musikk- utgjeving	Radio- og fjernsyns- kringkasting	Arkitekt- verksemd	Spesial- isert design- verksemd	Kunstnar- leg verksemd. Under- haldning	Bibliotek, museum o.a. kultur- verksemd.	Andre nace- kodar
2013	¹ 79 888 550	25 461 223	7 843 745	11 419 649	6 596 980	6 588 535	7 274 617	¹ 756 030	13 947 771
2014	80 970 631	24 795 921	7 860 046	12 097 582	6 767 801	7 091 317	7 853 695	707 146	13 797 123
2014									
Østfold	1 760 892	537 042	59 629	12 389	142 566	310 395	255 061	15 511	428 299
Akershus	4 951 161	832 392	205 513	169 528	472 581	808 738	770 810	12 804	1 678 795
Oslo	44 913 475	14 746 295	5 815 924	7 529 039	3 165 370	3 034 997	3 244 687	158 943	7 218 220
Hedmark	1 275 413	606 437	78 372	10 673	187 134	74 972	148 319	19 620	149 886
Oppland	1 295 729	377 680	33 498	357 549	107 797	87 391	169 714	37 299	124 801
Buskerud	2 251 913	515 331	128 618	99 247	223 515	278 369	246 691	93 530	666 612
Vestfold	1 424 321	477 540	53 942	:	169 093	190 924	247 580	24 367	254 490
Telemark	983 161	346 488	42 421	11 296	95 169	130 369	182 565	59 636	115 217
Aust-Agder	534 519	205 813	35 154	3 970	44 275	26 851	133 135	10 742	74 579
Vest-Agder	1 428 471	417 443	145 627	12 521	105 709	174 320	181 967	15 926	374 958
Rogaland	3 290 988	1 081 742	260 637	63 951	398 840	533 363	394 524	46 640	511 291
Hordaland	8 631 120	1 720 409	507 430	3 782 006	545 496	556 931	683 390	50 729	784 729
Sogn og Fjordane	581 678	217 883	12 897	:	120 434	41 999	75 406	20 059	92 967
Møre og Romsdal	1 497 765	521 456	54 058	11 567	188 782	184 357	188 324	47 982	301 239
Sør-Trøndelag	2 870 193	873 382	239 208	6 805	533 363	360 727	369 161	9 745	477 802
Nord-Trøndelag	772 451	305 791	25 368	:	79 110	56 817	156 125	1 843	142 878
Nordland	1 125 192	472 447	50 731	7 546	58 415	136 976	187 420	35 639	176 018
Troms Romsa	978 326	378 861	62 896	4 628	113 614	79 036	158 109	43 133	138 049
Finnmark Finnmarku.....	388 924	155 797	41 444	:	16 538	22 967	60 633	:	84 924
Svalbard.....	14 939	:	:	-	-	:	:	:	:

¹ Talet er korrigert sidan førre utgåve.

Kjelde: Føretak, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.22. Føretak. Sysselsetting i utvalgte kulturelle og kreative næringer, etter fylke

	Føretak i alt	Forlags- verksemd	Film- og TV- produksjon, musikk- utgjeving	Radio- og fjernsyns- kringkasting	Arkitekt- verksemd	Spesial- isert design- verksemd	Kunstnar- leg verk- semd. Under- haldning	Bibliotek, museum o.a. kultur- verk- semd	Andre nace- kodar
2013	60 648	12 839	4 216	6 093	5 925	6 750	13 124	927	10 774
2014	61 720	12 210	4 652	6 291	6 001	7 178	13 727	950	10 711
2014									
Østfold	1 830	325	63	29	151	332	506	6	418
Akershus	4 897	580	211	36	435	861	1 334	39	1 401
Oslo	28 574	5 637	2 652	4 818	2 558	2 618	5 349	234	4 708
Hedmark	1 237	405	74	9	168	119	294	19	149
Oppland	1 173	279	45	104	111	120	342	47	125
Buskerud	2 382	271	145	68	184	319	452	88	855
Vestfold	1 485	245	52	12	184	236	477	26	253
Telemark	1 063	258	48	10	116	103	316	72	140
Aust-Agder	568	138	48	8	58	50	168	10	88
Vest-Agder	1 338	254	121	13	105	187	330	14	314
Rogaland	3 061	595	242	59	377	541	733	51	463
Hordaland	5 628	1 076	453	1 073	488	596	1 303	57	582
Sogn og Fjordane	611	153	29	0	111	68	113	47	90
Møre og Romsdal	1 425	382	64	13	182	197	306	55	226
Sør-Trøndelag	2 796	492	186	10	507	454	730	33	384
Nord-Trøndelag	786	223	33	2	70	88	249	8	113
Nordland	1 212	389	66	13	67	137	283	87	170
Troms Romsa	1 102	269	80	9	108	113	321	51	151
Finnmark Finnmarku.....	539	233	38	5	21	38	120	4	80
Svalbard.....	13	6	2	-	-	1	1	2	1

Kjelde: Føretak, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.23. Sysselsette etter kulturområde og organisasjonsform. 4. kvartal

	Einmannsføretak og andre personleg eigde føretak	Aksjeselskap og andre føretak med avgrensa ansvar	Stiftelsar, samskipnader mv.	Offentlege verksemder	Uoppgitt
2013					
I alt	14 189	44 131	4 630	10 004	281
Forlagsverksemd	252	13 181	231	-	-
Film- og TV-produksjon, musikkutgiving	1 244	3 698	132	362	-
Radio- og fjernsynskringkasting	15	6 175	87	3	-
Arkitektverksemd	566	5 365	19	-	9
Spesialisert designverksemd	1 419	871	1	-	4
Kunstnarleg verksemd, underhaldning	9 291	4 159	1 184	947	251
Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd.....	26	866	2 878	4 825	-
Andre nace-kodar.....	1 376	9 816	98	3 867	17
2014					
I alt	14 392	43 504	4 629	9 885	274
Forlagsverksemd	252	12 384	237	-	-
Film- og TV-produksjon, musikkutgiving	1 250	3 871	127	369	-
Radio- og fjernsynskringkasting	17	6 104	80	1	-
Arkitektverksemd	544	5 425	16	-	8
Spesialisert designverksemd	1 405	842	1	-	3
Kunstnarleg verksemd underhaldning	9 588	4 294	1 185	999	248
Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd.....	36	896	2 894	4 819	-
Andre nace-kodar.....	1 300	9 688	89	3 697	15
2015					
I alt	11 821	41 827	4 486	10 091	-
Forlagsverksemd	179	10 712	249	-	-
Film- og TV-produksjon, musikkutgiving	1 009	4 124	133	428	-
Radio- og fjernsynskringkasting	12	5 674	91	2	-
Arkitektverksemd	542	5 337	14	-	-
Spesialisert designverksemd	1 318	749	0	-	-
Kunstnarleg verksemd underhaldning	7 665	4 429	1 229	1 161	-
Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd.....	15	857	2 663	4 892	-
Andre nace-kodar.....	1 081	9 945	107	3 608	-

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

4. Fond, stipend og vederlag


4.1. Nokre resultat

I dette kapittelet ser vi på tildelingar og finansiering av kulturlivet i Noreg, i hovudsak tiltak utanom dei kulturinstitusjonane som får tilskot direkte over statsbudsjettet. Dei fleste tabellane handlar om løyvingar gjennom Norsk kulturråd (Kulturrådet). I tillegg omhandlar nokre av tabellane data frå Kulturtanken - Den kulturelle skolesekken Norge, som er ei ordning. I kapitla 5 og 6 vil det inngå nokre kunstinstitusjonar som får tilskot direkte over statsbudsjettet.

*Fordelingar innanfor
budsjettet gjer at
Kulturfondet har vorte større*

Opp gjennom åra har Kulturrådet fått fleire oppgåver og Norsk kulturfond har jamleg vorte større. Dei fleste åra i perioden frå 2005 til 2015 har det skjedd ein auke i avsetnaden til fondet. I 2005 vart det avsett 264,2 millionar kroner, medan det i 2015 vart avsett 765,7 millionar kroner, sjå tabell 4.1. I 2015 auka beløpet særskilt mykje, sjå figur 4.1. Totalt auka kulturfondet med 33 prosent i 2015 samanlikna med året før. Denne auken kjem av at Kulturrådet har fått nye oppgåver som følgje av at tilskotsmottakarar innanfor kultur, som tidlegare tok imot tilskot under kapittel 320, post 74 i statsbudsjettet, er overførte til post 55 Norsk kulturfond. Òg om ein tek omsyn til prisstigninga har avsetnaden til kulturfondet auka. Tek ein utgangspunkt i konsumprisindeksen, svarar 264,2 millionar kroner i 2005 til om lag 321,0 millionar i 2015-kroner.


Figur 4.1. Årleg løyving til Norsk kulturfond i nominell kroneverdi. Millionar kroner



Kjelde: Norsk kulturråd.

Mest til musikkforemål

Viss vi ser på hovudområda til fondet, er musikkområdet det største, sjå figur 4.2. I 2015 vart det avsett 257,9 millionar kroner gjennom kulturfondet til musikkforemål, noko som utgjer 34 prosent av fondet. Òg litteraturforemål utgjer ein stor del med ein avsetnad på om lag 177 millionar kroner, noko som utgjer ein fjerdedel av fondet. Avsetnaden til kulturvern utgjer berre 4 prosent av totalen, og er det minste hovudområdet. Den prosentvise veksten for kulturvern var likevel størst då veksten var på heile 227 prosent jamført med året før, sjå tabell 4.1. Òg feltet visuell kunst har vorte meir enn dobbelt så stort i 2015 samanlikna med året før, og utgjorde 98 millionar kroner i 2015.

Figur 4.2. Avsetnader til ulike kulturformål etter hovudområde i 2015. Millionar kroner og prosent

Kjelde: Norsk kulturråd.

44 prosent meir til musikkensemble

Det har vore prioritert å auke tilskotet til musikkensemble i 2015. Det vart sett av 44 prosent meir i 2015 i høve til året før til tilskotsordninga for musikkensemble, slik at avsetninga auka frå 28,8 millionar til 41,5 millionar kroner i 2015.

Tabell 4.5 viser avsetninga til musikkføremål i Norsk kulturfond og korleis denne vart fordelt i perioden 2011 til 2015. Vi ser at det har vore ein auke i avsetninga til musikkføremål med 45 prosent det siste året. Forutan auka midlar til musikkensemble, kjem auken i stor grad av overføring av driftsstøttemidlar til Kulturfondet i 2015 som omtalt ovanfor.

Arrangørstøtta innanfor visuell kunst auka

Avsetninga til visuell kunst vart i 2015 auka med 8 millionar kroner til arrangørar i det visuelle kunstfeltet. Kulturrådet oppretta ei ny arrangørordning for kunstnar-drivne visningsstadar og kunstfestivalar med mål om å styrke arrangørar utanfor dei etablerte institusjonane kor avsetninga var 15 millionar kroner, sjå tabell 4.3. Arrangørordninga bygger vidare på den treårige prøveordninga for kunstnarstyrte visningsstadar og den tidlegare avsetninga til kunstfestivalar.

Tabell 4.3 viser korleis støtteordningane til visuell kunst i Norsk kulturfond fordelar seg. Feltet har vorte meir enn dobbelt så stort i 2015 samanlikna med året før, og utgjorde 98 millionar kroner i 2015. Òg på visuell kunst kjem den store auken av at post 74 er lagd ned og tilskot og virkemiddel på denne posten er overført til Kulturfondet.

Kulturvern

Den store auken i avsetninga til kulturvern kjem av overføring av driftsstøttemidlar til Kulturfondet i 2015. Kulturvern har hatt som mål å stimulere til prosjektbasert arbeid med innsamling, dokumentasjon, bevaring og formidling av materiale som utgjer grunnlaget for auka kunnskap om historie, kunst, kultur og samfunnsliv i Noreg i fortida og samtida. Det var eit særskilt mål i 2015 å stimulere til vern og vidareføring av immateriell kulturarv.

I 2015 vart det gjeve støtte til i alt 105 kulturvernprosjekt i heile landet. Hovudtyngda av tildelingane gjekk til innsamling, dokumentasjon og formidling. Døme på prosjekt som fekk støtte er intervju av tidsvitne og dokumentasjon av handbåren kunnskap. Støtta til formidling har til dømes gått til utstillingar, dokumentarfilm og faglitteratur.

Nedgang i talet på innkjøpte titlar

Målet med Kulturrådet sine støtteordningar til litteratur er å sikre nyskaping, breidde og spreiding av norsk sakprosa og skjønnlitteratur (Norsk kulturråd 2016).

Løyvingane til innkjøpsordningane for litteratur utgjer nesten tre fjerdedelar av den samla løyvinga på litteraturområdet. Tabell 4.2 viser at talet på innkjøpte titlar under innkjøpsordningane for litteratur gjekk ned frå 625 innkjøpte titlar i 2014 til 573 titlar i 2015, noko som svarar til ein nedgang på 8 prosent. Talet på titlar for ny norsk skjønnlitteratur for barn og unge under innkjøpsordningane gjekk mest ned. Her vart det kjøpt inn 15 færre titlar i 2015 enn i 2014.

*Nedgang for
scenekunstmrådet totalt*

Tabellane 4.1 og 4.4 viser at den totale avsetnaden til scenekunstformål i 2015 var på 131,2 millionar kroner, noko som var 0,9 prosent meir enn i 2014. Vi ser at driftsstøtta, tidlegare post 74, jf. omtale ovanfor, var på 4,3 millionar kroner. Trekker vi i frå dette beløpet, var avsetnaden til scenekunst 126,9 millionar kroner, noko som er ein nedgang frå 2014, då avsetnaden var på 130,0 millionar kroner. Den største nedgangen under scenekunst er fleirårige tiltak, sjå tabell 4.4. Beløpet er halvert frå 2014 til 2015. I 2014 var avsetninga 12,6 millionar kroner medan i 2015 var den gått ned til 6,1 millionar kroner.

*Auke for basisfinansiering
av frie scenekunstgrupper*

Sjølv om det var nedgang for området som heilskap, var det avsetnader med oppgang. Den største avsetnaden under scenekunstformål i Norsk kulturfond er basisfinansiering av frie scenekunstgrupper. Her har avsetnaden vakse i fleire år. Dette heldt fram i 2015 med ein ytterlegare 8 prosent auke jamført med året før. I 2015 var avsetnaden på 40,5 millionar kroner. Denne ordninga vart innført i 2007 og inneheld kunstnarsskap av svært ulik karakter. Under denne ordninga kan gruppene få midlar for fleire år av gangen.

Andre store postar er fri scenekunst for teater og fri scenekunst for dans. Her var avsetnaden noko mindre i 2015 enn i 2014 med ein nedgang på 5 prosent for førstnemnde og 2 prosent for sistnemnde.


*Statens kunstnarstipend-
talet på stipend ikkje mykje
endra*

I 2015 var det totalt 1 814 stipend og garantiinntekter i ordningane under Statens kunstnarstipend, totalt 12 fleire enn i 2014, sjå tabell 4.8. Garantiinntektsordninga vert fasa ut, og det var ein nedgang i talet på 167. Ordninga vert gradvis erstatta av stipend for etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar, og difor svarar nedgangen i garantiinntektsordninga til auken i talet på stipend for etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar. I 2015 auka denne til 220 stipend.

Stipend for eldre fortente kunstnarar er òg ei stipendordning som vert fasa ut, så her var det følgeleg òg ein reduksjon i talet. Dette stipendet vart tildelt eldre kunstnarar som, slik det står i årsmeldinga til Kulturrådet: «... en påskjønnelse for mangeårig og verdifull kunstnerisk innsats.» (Kulturrådet 2016). Stipendet varar livet ut viss det ikkje vert sagt opp av stipendiaten. Ordninga vert fasa ut og det vert ikkje tildelt fleire slike stipend.

Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar skal gje yngre kunstnarar i etableringsfasen høve til å utvikle seg kunstnarisk og betre moglegheita til å leve som kunstnar. Stipenda vert gjevne for ein periode frå eitt til tre år. Òg i 2015 var talet på stipend 167 og har vore det sidan 2006.

Stipend- og garantiinntektsordninga skal leggje til rette for at enkeltkunstnarar, gjennom direkte tilskot frå staten, skal kunne bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Ved tildeling skal det berre leggjast vekt på kunstnarisk kvalitet og aktivitet. I alt 24 ulike stipendkomitear innstiller til Statens kunstnarstipend. Utvalet tildeler etter stipendkomiteane si innstilling. I 2015 tildelte utvalet 895 stipend. Regelverket som ligg til grunn for stipendkomiteane sine innstillingar og tildelingane frå utvalet er forskrift om statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar, fastsett av Kulturdepartementet i 1998.

Figur 4.3. Talet på stipend¹ og garantiinntekter. 2015. Prosent

¹ Tala inkluderer stipend tildelte i 2015 og stipend tildelte tidlegare år som framleis var aktive i 2015. Det vart ikkje tildelt nye garantiinntekter eller nye stipend for eldre fortente kunstnarar i 2015.
Kjelde: Statens kunstnarstipend.

Fond for lyd og bilete har som formål å fremje produksjon og formidling av innspelinger av lyd- og filmopptak. Tilskota vert fordelte til beste for rettshavarar innanfor musikk, scene, film og biletkunst. Samtidig er fondet ei kollektiv kompensasjonsordning til rettshavarar for den lovlege kopieringa av verka deira til privat bruk.

Auke i tildelingar frå Fond for lyd og bilde

Fond for lyd og bilde fordelte 37,5 millionar kroner i 2015, noko som er ein auke på 10 prosent samanlikna med året før (sjå tabell 4.6). Talet på tildelingar auka frå 469 i 2014 til 550 i 2015.

Utbetalte vederlag auka 36 prosent i 2015

Utbetalte vederlag i tabell 4.9 er både til norske og utanlandske rettshavarar. I 2015 vart det utbetalt om lag 1,2 milliardar kroner, medan det i 2014 vart utbetalt 850 millionar kroner, ein auke på heile 36 prosent på eit år.

Øg storleiken på innkravde vederlag har auka. I 2014 vart det kravd inn 1,1 milliardar kroner og 1,3 milliardar kroner i 2015, ein auke på vel 15 prosent. Auken i innkravde vederlag betyr større summer til utbetaling til norske rettshavarar. Auka inntekter kan vere eit resultat av meir bruk, til dømes kan vekst i verksemdene som nyttar vederlaga, gje større vekst, fleire utdanningsinstitusjonar som kopierer, eller fleire kringkastarar som spelar musikk. Samstundes kan prisen ha vakse, det vil også gi høgare inntekter. Auken kan òg vere ein konsekvens av meir rapportering av bruk. Den spesifikke veksten må vurderast for kvar enkelt type vederlag.

Vederlag vert utbetalt først etter at pengane er kravde inn av organisasjonen. Det kan i nokre tilfelle vere år mellom bruk av åndsverket og fullført innkreving, og difor avstand i tid mellom bruk av åndsverk og utbetaling av vederlag. Men tendensen verkar uansett å vere jamn auke i utbetalingane over tid. Kor mykje det betyr for dei norske rettshavarane, varierer avhengig av type åndsverk. TONO krev vederlag ved framføring av musikkverk og i 2015 utbetalte TONO 392 millionar i vederlag.

Oslo hadde 58 prosent av alle besøk i kunstarenaer i 2015

Dei totalt 42 kunstarenaene i Noreg i 2015 fordeler seg utover i landet unntatt i Hedmark, Aust-Agder, Sogn og Fjordane og Finnmark, sjå tabell 4.10. Når vi snakkar om kunstarenaer i museumsstatistikken, meiner vi visuell kunst, kunstindustri og design.

I Oslo finst det ti kunstarenaer og i 2015 var det totalt 936 000 besøkande, noko som utgjorde 58 prosent av dei 1,6 millionane som besøkte landets kunstarenaer i 2015. Det er også veldig ulikt om fylka har gratistilbod eller ikkje.

33 prosent av spelemidlar til kulturføremål går til Den kulturelle skolesekken

Frå statleg side vert overskotet frå speleverksemda til Norsk Tipping AS mellom anna nytta til kulturføremål. Av desse midlane på 637 millionar kroner, gjekk 210 millionar kroner til Den kulturelle skolesekken (DKS) i 2015, noko som utgjør om lag 33 prosent. Desse midlane vert utbetalt til fylka som igjen fordeler beløpa etter ein fordelingsnøkkel. I tillegg til tippemidlar legg dei ulike fylka og kommunane til egne midlar, slik at totalkostnaden er høgare enn tippemidlane.

Den kulturelle skolesekken - Kraftig auke for litteraturarrangement

Både kommunar og fylke organiserer arrangement i regi av DKS for grunnskolar, medan berre fylka arrangerer for vidaregåande opplæring. Av det kommunale tilbodet i grunnskolen var det flest deltakarar på litteraturarrangement. I 2015 var det ein kraftig auke i litteraturarrangement samanlikna med i 2014, og 150 000 elevar var på slike arrangement medan talet var knapt 93 000 i 2014. Talet på produksjonar innanfor litteratur hadde vakse kraftig i 2015 til 941 produksjonar frå 366 i 2014, sjå tabell 4.11.

For kulturarvarrangement er situasjonen motsett. Her gjekk talet på produksjonar kraftig ned. Dette førte til at òg talet på elevar på arrangement innanfor kulturarv gjekk kraftig ned, frå 177 000 elevar i 2014 til i underkant av 91 000 i 2015. Fleire tal er å finne i tabell 4.11.

Når det gjeld fylkeskommunale tilbod for grunnskolen i 2015 var det størst deltakartal på arrangement innanfor visuell kunst, i alt 1,1 millionar elevar, sjå tabell 4.12. DKS i vidaregåande opplæring er arrangert av fylka. Flest deltakarar har områda scenekunst og visuell kunst, høvesvis 75 000 og 74 000 elevar, sjå tabell 4.13.

Ei geografisk fordeling av alle typar kunstmøte per elev i grunnskolen viser at elvane i Sogn og Fjordane har 6,37 møte, medan elevane i Hordaland har 3,14. I grunnskolen ligg landsgjennomsnittet på 4,44 møte for elevane i grunnskolen, sjå tabell 4.14.

4.2. Om dei ulike organisasjonane og ordningane

Norsk kulturråd

Stortinget vedtek den nasjonale kulturpolitikken og løyver pengar til diverse kulturformål, mellom anna Norsk kulturråd. Norsk kulturråd (Kulturrådet). Kulturrådet forvaltar Norsk kulturfond, Fond for lyd og bilete, Statens kunstnarstipend og andre statlege støtteordningar på kulturfeltet. I tillegg har rådet oppgåver innanfor utvikling og forvaltning i museumssektoren, immateriell kulturarv, FoU-arbeid og internasjonale oppgåver knytte til EU sitt kulturprogram og kulturutvekslingsprogram innanfor EØS-finansieringsordningane. Norsk kulturråd er også eit rådgivande organ for staten og det offentlege i kulturspørsmål.

Norsk kulturfond

Kunstnarar, kunstnargrupper og kulturverksemder kan søke støtte frå dei ulike støtteordningane til Kulturrådet. På Kulturrådet sine nettsider vert intensjonane til fondet definerte mellom anna slik: «Norsk kulturfond skal styrke samtidens kunst- og kulturuttrykk, bevare, dokumentere og formidle kulturarv og gjøre kunst og kultur tilgjengelig for flest mulig.» Det står òg følgjande: «Kulturfondet gir i første rekke tilskudd til enkelttiltak og til forsøksvirksomhet på kunst- og kulturområdet. Prioritering av tiltakene skjer ut fra kunst- og kulturfaglig skjønn og de økonomiske rammene for Kulturfondet.»

I årsmeldinga til Norsk kulturråd for 2015, går det fram at budsjettet til Kulturrådet utgjør 9 prosent av det totale norske kulturbudsjettet (Norsk kulturråd 2016).

Statens kunstnarstipend

Statens kunstnarstipend er eit av statens sentrale verkemiddel for å fremje eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Stipend- og garantiinntektsordninga skal

leggje til rette for at einskildkunstnarar skal kunne bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv gjennom å ta imot direkte tilskot frå staten.

¹ Frå 2013 er ikkje Beavivás Sámi Teáather inkludert i desse tala, da dei får fast årleg driftstilskot frå Sametinget og Kautokeino kommune. ² Den Nationale Scene fekk i 2014 eit ordinært driftstilskot på 112,8 millionar kroner. Av dette er 2 millionar kroner ikkje inntektsført, men avsett som kortsiktig gjeld ettersom igangsetjinga av KVU-prosess vart utsett til 2015. ³ Kilden Teater- og Konserthus for Sørlandet er Agder Teater, Opera Sør og Kristiansand Symfoniorkester. Rekneskapstal for Kilden Teater- og Konserthus er samla for orkester, teater, opera og kulturhusdrifta. ⁴ Nordland Teater fekk i tillegg til ordinært driftstilskot 2,232 millionar kroner i husleigetilskot frå staten, jf. andre inntekter. ⁵ Rogaland Teater fekk i 2014 eit ordinært driftstilskot på 55 426 millionar kroner. Av dette er 1,1 millionar kroner ikkje inntektsført i rekneskapen for 2014, men avsett som kortsiktig gjeld til dekning av kostnader knytt til ny scenerigg sidan arbeidet vil starte i 2015. ⁶ Teater Ibsen: 1,765 millionar kroner (stat) og kr 752 000 (Skien kommune) er tilskot til Ibsen Awards, jf. andre inntekter. ⁷ Teater Innlandet fekk i tillegg til ordinært driftstilskot 5,432 millionar kroner i husleigetilskot frå staten, jf. andre inntekter. ⁸ Teatret Vårt fekk i tillegg til ordinært driftstilskot 2,412 millionar kroner i husleigetilskot frå staten, jf. andre inntekter.

Kjelde: Kulturdepartementet.

6. Musikk

6.1. Nokre resultat

Fleire konserttilhøyrarar

Musikk institusjonane som er medlemmer i Norsk teater- og orkesterforening (NTO) gav 1 224 konsertar for til saman 550 500 tilhøyrarar i 2015 (SceneStatistikk.no). Dette er det høgaste tilhøyrartalet sidan 2009, som er det første året, alle dei noverande musikk institusjonane er representerte i statistikken. Talet på haldne konsertar i 2015 er 152 lågare i høve til året før. Både høgare tal på tilhøyrarar og færre konsertar gjev 450 tilhøyrarar per konsert, ein auke på 74 per konsert sidan 2014. Sjå òg tabell 6.1.

Øg talet på konsertar retta mot barn og unge er redusert med 44 til 222 konsertar siste året. Denne reduksjonen kan sjå ut til å ha påverka tilhøyrartalet på desse konsertane, ein nedgang på 13 prosent, eller 11 700 tilhøyrarar. Det var i alt 76 500 tilhøyrarar på konsertar retta mot barn og unge i 2015, om lag 14 prosent av tilhøyrarar totalt. På konsertar formidla av desse musikk institusjonane gjennom Den kulturelle skolesekken (DKS) var det til saman 28 000 publikummarar, dei fleste av desse i grunnskolen. Publikum på desse DKS-konsertane utgjorde 5 prosent av alle tilhøyrarane på konsertane som NTO-institusjonane gav.


Auke i talet på turnékonserter

Som vist over har det totalte talet på haldne konsertar gått ned siste året. 2015-tala for musikk institusjonane viser jamvel at det har vorte produsert fleire turné-konsertar.

Men sjølv om det har vore gjennomført fleire turnékonserter har totalt tilhøyrartal vore på same nivå som året før. I 2015 var Det Norske Blåseensemble oftast ute på turné med 81 konsertar som til saman samla 19 000 tilhøyrarar, om lag halvparten av alle deira konserttilhøyrarar.

I perioden frå 2011 til 2014 har det vore halde i gjennomsnitt 1 217 konsertar med 501 300 tilhøyrarar. 2015-tala totalt ligg over gjennomsnittet for desse fire åra med 1 prosent fleire konsertar og 10 prosent fleire tilhøyrarar. Figur 6.1 viser detaljar for dei einskilte orkestra, gjennomsnitt for åra 2011-2014 samanlikna med 2015-tala.

Figur 6.1. Orkester. Tilhøyrarar per konsert



Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Oslo-Filharmonien framleis flest tilhøyrarar per konsert

Figur 6.1 viser at Oslo-Filharmonien hadde flest tilhøyrarar per konsert i 2015 med 1 189 tilhøyrarar og ligg godt over gjennomsnittet for dei fire tidlegare åra. Òg

Stiftelsen Harmonien ligg over gjennomsnittet deira for nemnde fireårsperiode, medan til dømes Det Norske Solistkors 2015-tal for tilhøyrarar per konsert ligg under fireårsperioden. Vi gjer merksam på at både institusjonane og aktiviteten og formata deira er særskilte ulike. Ei direkte samanlikning mellom institusjonar kan difor gjeve eit noko skeivt bilete.

*Stavanger Symfoniorkester
samla flest til konsertar retta
mot barn og unge*

Dei elleve NTO-medlemmene hadde i 2015 gjennomsnittleg 6 955 tilhøyrarar på konsertane sine retta mot barn og unge. Talet varierte frå 18 600 på dei 29 konsertane til Stavanger Symfoniorkester, til 890 tilhøyrarar på dei fire konsertane til Det Norske Solistkor, ein svak auke frå året før. I gjennomsnitt var det 345 tilhøyrarar på konsertane retta mot barn og unge. Det var òg flest tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert på dei 29 konsertane retta mot barn og unge som Stavanger Symfoniorkester hadde, gjennomsnittleg tilhøyrartal på 641. Tabell 6.1 viser elles at talet på konsertar retta mot barn og unge har variert mykje sidan 2003. Det har òg talet på tilhøyrarar.

Konsertane formidla gjennom DKS har derimot hatt ein eintydig nedgang sidan 2011. I 2015 var talet tilhøyrarar under halvparten av talet i 2011 da nær 58 000 besøkte konsertar retta mot barn og unge.

*Nedgang for
knutepunktfestivalane*

Tabell 6.2 viser noko av aktivitetane og talet på publikum på billetterte arrangement for knutepunktfestivalane. I 2015 stod desse 12 knutepunktfestivalane for 1 576 arrangement, ein liten nedgang i arrangement frå året før. Òg det totale talet på publikum viser ein nedgang på 2 prosent. Medan fleire av festivalane har hatt nedgang både i arrangement og publikum, har andre auka. Notodden Blues Festival har 35 prosent auke i publikum, 5 500 tilhøyrarar, sjølv om det var litt færre arrangement. Størst endring var det for Festspillene i Nord-Norge med halvering både av arrangement og publikum. Både tabellane 6.12 og 6.13 viser dei statlege utgiftene til knutepunktfestivalane. Tabell 6.15 viser at det var 98 andre festivalar som vart tildelt tilskot gjennom festivalstøtteordninga.

*Rikskonsertane – fleire
tilhøyrarar per konsert*

Talet på konsertar i 2015 arrangert i regi av Rikskonsertane (frå 2016 Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Norge) var litt lågare i 2015 samanlikna med 2014, ein nedgang på om lag 800 konsertar. Sjølv om det vert avvikla færre konsertar i 2015 hadde dei 9 500 konsertane 1 248 600 tilhøyrarar til saman. Dette gjev 131 tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert, 12 fleire enn i 2014. Sjå tabell 6.3. Ni av ti av desse konsertane var skolekonsertar, eller 8 400 konsertar. Det ser ut til at det har vorte færre skolekonsertar siste året, mens det har vorte fleire konsertar for barnehagebarn, drygt 1 000 konsertar i 2015, mot 802 konsertar året før. Jamvel om talet på skolekonsertar gjekk ned, auka deltakartalet på desse konsertane med 26 000 eller 2 prosent. Tilhøyrarar på barnehagekonsertane gjekk ned med 2 000, eller 6 prosent. Noko av nedgangen i talet på konsertar skuldast ny teljemaate for barnas verdsdagar, sjå om statistikken i kapittel 16.3.

I Akershus var det flest tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert med 183. I Vestfold var det eit gjennomsnitt på 161 tilhøyrarar per konsert. Færrest tilhøyrarar per konsert var det på konsertane i Sogn og Fjordane med 86 i snitt. Tabellane 6.3 og 6.4 gjev fleire tal for verksemda til Rikskonsertane i 2015.

Nærare detaljar om musikkproduksjonar, arrangement og deltaking i Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Norge finn ein i kapittel 4, tabellane 4.11- 4.13.


*Meir populært å spele i
korps?*

Etter fleire år med dalande medlemstal i musikkorps, visar tala for 2015 (Norges Musikkorps Forbund) ein svak auke med drygt 800 medlemmer. Særleg gjeld auken utøvande medlemmer, både for skolekorpsa/generasjonskorpsa og amatørkorpsa. Auken i skolekorpsa er nær 900 medlemmer, eller 3 prosent. Auken i medlemstala i amatørkorpsa er noko svakare med 1 prosent. Totalt tal på utøvande medlemmer i musikkorpsa i 2015 er 52 000, 64 prosent av desse er utøvande medlemmer i skolekorpsa. Likevel må ein konstatere at medlemstalet har gått jamt

nedover frå toppåret 2004 med drygt 63 000 utøvande medlemmer. Tabell 6.5 gjev fleire detaljar om musikkorpsa.

Figur 6.2 gjev ei grafisk framstilling av utøvande og andre medlemmer av skole- og amatørkorps. Den mest utslagsgjevande endringa er reduksjonen i talet på utøvande medlemmer av skolekorps, men som nemnt over viser tala ein svak stigning i 2015.

Figur 6.2. Medlemmer i Norges Musikkorps Forbund



Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

Talet på utøvande medlemmer per skolekorps har variert mellom 45 og 38 i perioden sidan 1999. I 2002 og 2003 var det gjennomsnittleg 45 medlemmer per korps, medan i 2015 var storleiken på gjennomsnittleg 38 medlemmer. Talet på andre medlemmer av skolekorpsa har òg variert i desse åra. Frå 2014 til 2015 gjekk dette medlemstalet ned med 256, og dette gjev seks andre medlemmer gjennomsnittleg i skolekorps i 2015.


Talet på skolekorps -stabilt

Talet på skolekorps har halde seg på det same nivået dei tre siste åra med 1 044 korps. Men som for talet på utøvarar, har den langsiktige trenden vore at talet har gått jamt og trutt nedover sidan 1999 som er den perioden denne statistikken dekkjer, sjå tabell 6.5. I 2015 var det 106 færre skolekorps i høve til 1999.

Den langsiktige trenden for amatørkorpsa har òg vore i retning færre korps. Men i 2015 viser tala at det er vorte sju fleire amatørkorps og tel no 586 korps. Flest korps var det i 1999 med 613 amatørkorps. Talet på amatørkorps auka også frå 2013 til 2014, altså ein auke på 21 korps dei to siste åra. Storleiken på amatørkorpsa har ikkje variert veldig mykje sidan 1999. I 1999 var det gjennomsnittleg 32 utøvarar per korps, det same som i 2015. Totalt er det 1 630 korps i Norges Musikkorps Forbund i 2015.

70 000 songarar

For første gong er nesten heile korfeltet samla, i Koralliansen. Sju kororganisasjonar har samla seg i denne samanslutninga. Tabell 6.6 viser totalt tal på kor og songarar i desse kora i 2015. Nær 2 400 kor med 70 000 songarar viser at det er mange songglade menneske i Noreg.

Figur 6.3. Talet på kor i Koralliansen, fordelt på organisasjonane

Kjelde: Norges Korforbund/Koralliansen.

Figur 6.3 viser at den største organisasjonen i alliansen er Norges Korforbund med flest kor, 992 kor. Korforbundet har òg flest songarar. Desse 992 kora organiserer totalt 29 100 songarar som utgjer 42 prosent av alle korsongarane. Både Norsk sangerforum og Ung i kor har 15 prosent av songarane kvar. Totalt syng 1,3 prosent av befolkninga i desse kora som er presenterte i tabell 6.6. Flest korsongarar finn ein i Oslo, tett følgt av Hordaland, men ser vi på delen av befolkninga som syng i kor er det høgast del i fylka frå Hordaland og nordover, unnateke Finnmark. Tabell 6.7 viser fordeling på type kor, men i denne tabellen er ikkje alle kororganisasjonane representerte.


I tillegg til tal for kora presenterte i tabellane 6.6 og 6.7 gjer vi merksam på at det òg finst ein del uorganiserte kor mellom anna i form av skolekor, verksemdskor og liknande. Desse kora har vi ikkje oversikt over.

Kommunale musikk- og kulturskolar – svak nedgang i elevar

Det totale talet på elevar i kommunale musikk- og kulturskolar var 102 000 i 2015, 400 færre elevar samanlikna med året før. Sidan 2005 var 2011 året da dei kommunale musikk- og kulturskolane hadde flest elevar. Dette året hadde desse skolane over 110 000 elevar. Tabell 6.8 viser tal frå 2007, men tidlegare utgåver av Kulturstatistikk går lenger attende i tidsserien. 13,9 prosent av 6-15-åringane i kommunane var elevar i grunnskolealder i musikk- og kulturskolen i 2015.

Òg i 2015 varierte delen elevar som går på kommunale musikk- og kulturskolar på fylkesnivå. Den største delen hadde Nord-Trøndelag med 21,8 prosent (høgast òg i 2014 med 21,4 prosent) og minst del hadde Østfold òg i 2015 kor 6,8 prosent gjekk på musikk- og kulturskolar.

Ser vi på utviklinga i tala dei tre siste åra, ser vi at i Oslo har elevtalet auka mest jamført med 2013 og 2014, sjå figur 6.4. I 2013 gjekk 6 500 elevar i kommunale musikk- og kulturskolar, medan i 2015 hadde talet auka til 7 800. I nær alle dei andre fylka har det vorte færre elevar i 2015 sett i høve til 2014-tala. Figur 6.4 og tabell 6.8 viser fleire detaljar.

Figur 6.4. Elevar i kommunale musikk- og kulturskolar, etter fylke

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Flest deltek i musikkundervisning


Etter ein nedgang i talet på elevplassar med vel 3 300 frå skoleåret 2013/14 til skoleåret 2014/15, viser tala i tabell 6.9 for skoleåret 2015/16 ein oppgang på 1 100 elevplassar. I alt var det 122 300 elevplasser dette siste skoleåret. Ein elev i musikkskolen kan ha fleire plassar. Tabell 6.9 viser at i skoleåret 2011/12 var det flest elevplassar med 125 000. Det kan ha samanheng med talet på elevar som var på sitt høgaste nivå i 2011, sjå over.

I skoleåret 2015/16 vart det gjennomført musikkundervisning i to av tre elevplassar i musikk- og kulturskolane, det same som åra før, men i skoleåret 2010/11 var det over 70 prosent av elevplassane som hadde musikkundervisning. I alle fylka er det flest som får musikkundervisning. Høgast del elevplassar med musikkundervisning finn ein i Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Nordland kor tre av fire elevar hadde musikkundervisning. For dei andre fagområda varierer det meir kor stor del av elevane som får undervisning. Til dømes har ein høgare del av elevane i Troms (28 prosent) og Nord-Trøndelag (26 prosent) undervisning i dans i høve til dei andre fylka. I Vestfold deltek berre 2 prosent av elevane i danseundervisning i skoleåret 2015/16 og ligg dermed lågt i del som får slik undervisning jamført med dei andre fylka.

Tabell 6.10 viser elevar i musikk- og kulturskolane etter gutar og jenter og skolealder. For alle aldersgruppene dominerer jentene, to av tre musikkskoleelevar var jenter i skoleåret 2015/16. For barn under grunnskolealder, var 71 prosent jenter. òg for dei i og over grunnskolealder, var det jentedominans, med høvesvis 67 og 63 prosent jenter.

61 prosent på konsert i 2012

I SSBs kulturbruksundersøkingar vert det stilt spørsmål om besøk på konsertar. Den siste undersøkinga vart gjennomført i 2012. Tala viser at delen som gjekk på konsert auka betydeleg frå 1991 til 1994. Åra etter har det vore ein svak auke i delen som har vore på konsert dei siste 12 månadene (Vaage, 2016). I 2012 var det 61 prosent som hadde vore på konsert. Figur 6.5 viser delen som har vore på konsert dei siste 12 månadene etter utdanning sidan 1991. I desse åra finn vi at dei med låg utdanning går oftare på konsertar samanlikna med tidleg på 1990-talet. Dei med høg utdanning går framleis i betydeleg større grad på konsertar, men tendensen er litt svakare.

Figur 6.5. Besøk på konsert siste 12 månadar, etter utdanning. Prosent

¹ Frå og med 2008 vert det stilt spørsmål om konsertar under eitt, ikkje todelte slik som tidlegare.

Kjelde: Kulturbbruksundersøkingane, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.11 viser delen personar som har vore på ulike typar konsertar. Pop og rock er dei mest populære konsertformene, særskild blant menn og i dei yngre aldersgruppene. Gruppa 67-79 år er dei som oftast er på klassiske konsertar og liknande. For nærare lesing om konsertbesøk og type konsertar, viser vi til SSB-publikasjonen Kulturvaner 1991-2015 (Vaage, 2016). Tabellane 17.3 og 17.4 i denne publikasjonen viser kor mange som driv med eigenaktivitet på musikkområdet. Det er til dømes betydeleg fleire kvinner i høve til menn som syng i kor, medan det er fleire menn som spelar i korps eller janitsjarorkester.

6.2. Økonomi

1,2 milliardar kroner frå staten til musikk

Tabell 6.12 viser dei statlege utgiftene til musikkføremål. Beløpet har auka i heile perioden sidan 2010. I 2015 utgjorde dei statlege utgiftene til musikk til saman nesten 1,2 milliardar kroner. Dette utgjer om lag 9 prosent av Kulturdepartementets (KUD) utgifter til kulturføremål, jf. tabell 1.1.1. 1,2 milliardar utgjev ein auke på 112 millionar kroner, eller 11 prosent frå 2014. Statlege tilskot til ulike musikkføremål vert òg løyva over andre budsjettkapittel enn KUD. Tabell 6.13 gjev ei meir detaljert oversikt over dei statlege utgiftene til dei ulike orkestra og institusjonane. Rikskonsertane er den institusjonen som fekk tildelt mest pengar i 2015, med 163 millionar kroner, sjå tabell 6.12. Dei statlege midlane går mellom anna til Norsk Kulturfond (sjå òg kapittel 4), nasjonale og regionale institusjonar og knutepunktfestivalar.

Tre firedelar av inntektene til orkestra er statstilskot

Tabell 6.14 viser inntekter og utgifter for dei orkestra og musikk institusjonane som mottok statlege pengar, og korleis inntektene er samansette. Av tala kan vi rekne ut at i 2015 var gjennomsnittleg 72 prosent av inntektene statstilskot og 14 prosent regionale tilskot, mens andre inntektskjelder medverka òg med 14 prosent av dei samla inntektene. Dette utgjer ein svak nedgang i delen statstilskot, mens delen andre inntekter har stige siste året. Samanliknar vi årgangane 2003-2009 med dei siste åra, ser vi at inntektene frå andre kjelder utgjer ein mindre del av inntekter i alt enn tidlegare. I 2007 utgjorde til dømes andre inntekter 18,4 prosent av inntekter i alt, medan i 2015 var delen 14 prosent. Einskilde orkester har ein noko høgare del statstilskot enn gjennomsnittet. Av inntektene til Oslo Filharmonien og Stiftelsen Harmonien er høvesvis 86 og 80 prosent statstilskot.

Stabile tal på festivaltilskota

Tabell 6.15 gjev ei oversikt over tilskota til festivalar gjennom Norsk kulturråd/Norsk kulturfond dei siste åra. I 2015 fekk 98 festivalar tilskot på til saman

46,5 millionar kroner. Sjå òg tabell 4.5 i kapittel 4. I 2014 var tilskota på til saman 45,5 millionar kroner. Kategorien klassisk musikk/kammer-/samtdsmusikk fekk med sine 22 festivalar høgast tilskot på 17,6 millionar kroner. Fordi kategoriene i 2015 er definert annleis åra før, er samanlikningar ikkje mogeleg. Sjå kapittel 6.3 Om statistikken.

Musikk- og kulturskolar- dei kommunale utgiftene

Kommunane sine netto driftsutgifter til dei kommunale musikk- og kulturskolane var på totalt 1,4 milliardar kroner i 2015 (sjå tabell 1.3.2 i kapittel 1.3). Det er 13 prosent av kommunane sine utgifter til kultur. Dei fleste fylka brukte mellom 10 og 20 prosent av kulturpengane til musikk- og kulturskolane.

6.3. Om statistikken – ulike organisasjonar i musikklivet

Norsk teater- og orkesterforening (NTO)

NTO, jf. avsnitt 5.2, er ein arbeidsgjevar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk- og scenekunst. NTO hadde 43 medlemmer innanfor teater, dans, opera, kor og musikkensemble i 2015 (i 2016 kjem tre nye musikkorganisasjonar inn som medlemmer av NTO).

I 2015 var det elleve medlemmer innanfor musikk. Medlemmene representerte nasjonale institusjonar, regions-/landsdelsinstitusjonar og produserande musikkensemble. Som arbeidsgjevarorganisasjon samarbeider NTO med Spekter når det gjeld å slutte avtaler med og/eller hjelpe medlemmene sine i forhandlingar med ei rekkje arbeidstakarorganisasjonar.

Sidan 2009 har det vore stabilt tal på musikk institusjonar i statistikken. Men tala frå tidlegare år kan ikkje heilt samanliknast frå år til år da medlemstalet i NTO har auka over tid, og nokre institusjonar ikkje alltid har rapportert fullstendig. Til samanlikning med byrjinga på tidsserien i tabell 6.1, i 2003, har det kome til fleire institusjonar. Det Norske kammerorkester, Det Norske Solistkor og Riksscenen. Nordnorsk Opera og Symfoniorkester vart etablert i 2009 gjennom ei samanslutning av Nordnorsk Opera og Symfoniorkester og den tidlegare NTO-medlemmen Tromsø Symfoniorkester og Bodø Sinfonietta, Opera Nord og Musikkteatret i Bodø.

Kulturtanken DKS/ Rikskonsertane

Rikskonsertane skifta namn i 2016 og heiter no Kulturtanken - Den kulturelle skolesekken Norge (Kulturtanken DKS). I 2015 fekk Rikskonsertane nytt og utvida mandat og nye oppgåver som nasjonal eining for alle kunstuttrykka i Den kulturelle skolesekken (Rikskonsertane, 2016). Skolekonsertane vert produserte i samarbeid med alle fylka i landet, og er ein del av DKS. Ved sidan av skolekonsertar arbeider Rikskonsertane internasjonalt med fokus på kompetanse og utvikling. Barnas verdsdagar vert arrangerte rundt om i landet som ein internasjonal familiefestival. I 2015 vert desse konsertane talde per arrangørstad, det vil seie ein arrangørstad er lik ein konsert. Tidlegare år vert talet på verkstader lik talet på konsertar. Barnehagekonsertar er òg eit virkefelt, med konsertbesøk i barnehagar rundt om i landet.

Sjå også kapittel 4.2 om Kulturtanken DKS. Det statlege arbeidet med DKS ligg frå 2016 i Kulturtanken DKS. Tala i tabellane 4.11-4.14 tek utgangspunkt i rapportering frå Kulturtanken DKS.

Norges Musikkorps Forbund

Norges Musikkorps Forbund (NMF) vart stifta i 1918. NMF er ein landsomfattande, demokratisk musikkorganisasjon for musikantar og andre interesserte som er tekne opp som medlemmer gjennom musikk- og drillkorps. NMF reknar seg som den største frivillige kulturorganisasjonen i Noreg. NMF jobbar for korpsa i Noreg og vil leggje til rette for at kvart einskild korps skal styrkast. Det skjer gjennom å stimulere til fagleg kvalitet, målretta arbeid og vekst i kvart einskilde korps. NMF er inndelt i regionar og krinsar. Denne inndelinga følgjer dei grensene som landsmøtet vedtek. NMF er inndelt i åtte regionar per 2015.

*Koralliansen/Norges
Korforbund*

Koralliansen fekk sitt formelle namn i 2015. Det hadde allereie eksistert eit samarbeid mellom fleire kororganisasjonar i nokre år. Koralliansen skal mellom anna arbeide med felles saker og saman vere ei sterkare røyst for alle korsongarar, dirigentar og friviljuge i heile landet.

Tala i tabellane 6.6. og 6.7 representerer dei fleste kora i Koralliansen og er i hovudsak tilrettelagd av Norges Korforbund på bakgrunn av felles rapporteringssystem. Tala er førebels berre for eitt år, 2015, men vi ser fram til å følge utviklinga på korfeltet. Ikkje alle kora har klart å rapportere fullstendig i 2015.

Norges Korforbund er ein landsomfattande interesseorganisasjon for kor og kor-dirigentar med om lag 1 000 kor. Verksemda til Norges Korforbund er tufta på friviljug medverknad. Det overordna målet til Norges Korforbund er å gjere korsangen meir kjend og auke kvaliteten. Gjennom Norges Korforbund har kora tilgang på ei rekkje opplæringstilbod, både for koristar, dirigentar og tillitsvalde. I 2015 gjekk Norges Korforbund med i Koralliansen.

Musikk- og kulturskolar

Dei kommunale musikk- og kulturskolane er eit tenestetilbod innanfor kultur-sektoren som er fastsett ved lov. Kommunar som ikkje har eigen musikk- og kulturskole, tek del i interkommunale musikkskolar eller samarbeider med andre kommunar. Aktiviteten til musikk- og kulturskolane vert rapportert gjennom GSI (Grunnskolenes Informasjonssystem), og tala vert publiserte på ssb.no via KOSTRA.

*Norsk kulturråd -
musikkfestivalar*

Norsk kulturråd forvaltar gjennom tilskotsordninga midlar til musikkfremål, sjå òg kapittel 4, tabell 4.5. Tilskot vert mellom anna gitt til musikkfestivalar som vert arrangerte årleg eller annakvart år, som går over minst to dagar, og som får offentleg tilskot frå eigen region. Tilskotsordninga har som føremål å halde i gang og vidareutvikle festivalar på eit høgt kunstnarisk og profesjonelt nivå, gjere sitt til at musikk kan verte tilgjengeleg for eit breitt publikum, stimulere til kunstnarisk fornying, fremje bruken av samtidsmusikk og formidle musikk til barn og unge (Norsk kulturråd).

Tabell 6.14 gjev oversikt over talet på festivalar som får tilskot det einskilde året, samt totalt tilskotsbeløp for kvar sjanger-/kategorisamansetnad. Det har dei siste åra vore vanskeleg å få til ein fast kategorisamansetnad. Ifølgje Kulturrådet er det for 2015 reduksjon av talet på moglege sjangrar i samband med innføring av digital søknadsprosess. Dette gjev både samanslåingar og oppdelingar av sjangrar som var nytta tidlegare. Samstundes er òg oppgåva med å definere kva for ein sjanger ein festival høyrer til vorte flytta frå administrasjon til søkjar. Tala i tabell 6.14 er difor ikkje fullstendig samanliknbare med tidlegare år.

Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år vert spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2012.

Referansar

Kulturdepartementet (2015): Prop. 1 S (2015-2016) For budsjettåret 2016 —
Utgiftskapitler: 300-342 Inntektskapitler: 3300-3342 og 5568
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20152016/id2456056/>
Norsk kulturråd: <http://www.kulturradet.no>
NMF - Norges Musikkorps Forbund, om NMF og vedtekter:
<http://musikkorps.no/om-nmf/>
Norges Korforbund/Koralliansen: <http://www.kor.no>
NTO - Norsk teater- og orkesterforening, om oss: <http://www.nto.no>
SceneStatistikk.no: <https://www.scenestatistikk.no/stats>
Rikskonsertane 2016: <http://www.rikskonsertane.no/omkulturtanken/>
Vaage, Odd Frank (2016): Kulturvaner 1991 2015, Statistiske analyser 147,
Statistisk sentralbyrå (<http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/profilert-innhold/kulturvaner-1991-2015>)

Meir informasjon

Norsk musikkråd: <http://www.musikk.no>
Norske festivaler: <http://norwayfestivals.com/>
Statistisk sentralbyrå (2015): Kulturstatistikk 2014, Statistiske analysar 145
<http://www.ssb.no/publikasjoner/>
Vaage, Odd Frank (2013): Norsk kulturbarometer 2012, Statistiske analyser 135,
Statistisk sentralbyrå

Tabell 6.1. Musikk institusjonar i NTO. Konsertar, turnékonsertar og tilhøyrarar

	Konsertar			Tilhøyrarar på konsert				Tilhøyrarar per konsert	
	I alt	Av dette retta mot barn og unge	Av dette turné-konsertar ¹	I alt	Av dette retta mot barn og unge	Av dette den kulturelle skolesekken	Av dette tilhøyrarar på turné-konsertar ¹	I alt	Av dette på konsertar retta mot barn og unge
2003	568	134	103	333 103	71 197	..	57 269	586	531
2004	696	179	192	368 159	96 099	..	67 727	529	537
2005 ²	692	151	200	509 873	84 879	..	111 713	737	562
2006	717	154	144	400 790	78 260	..	58 351	559	508
2007	770	175	155	455 156	101 905	..	105 566	591	582
2008	759	216	100	389 572	89 282	..	63 846	513	413
2009	842	269	215	433 370	79 574	..	58 513	515	296
2010	1 087	405	256	414 552	103 561	..	75 794	381	256
2011	1 203	282	218	⁶ 500 464	107 991	57 931	71 547	⁶ 416	383
2012	1 097	281	189	475 896	88 344	30 701	86 330	434	314
2013	1 189	257	259	511 457	84 981	29 264	93 120	430	331
2014	1 376	266	305	517 358	88 168	28 640	117 534	376	331
2015	1 224	222	345	550 460	76 500	27 962	117 450	450	345
2015									
Bit20 ensemble	30	5	4	4 861	799	2 059	662	162	160
Det Norske Blåseensemble	117	46	81	35 746	6 080	6 080	19 060	306	132
Det Norske kammerorkester	47	10	20	14 395	1 748	-	8 199	306	175
Det Norske Solistkor	31	4	21	8 586	890	-	4 400	277	223
Kilden - Kristiansand									
Symfoniorkester	171	17	71	42 890	3 982	3 434	7 776	251	234
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester ³	159	23	17	41 695	2 942	2 037	11 266	262	128
Oslo-Filharmonien	89	13	22	105 782	6 979	7 180	26 720	1 189	537
Riksscenen ⁴	186	15	-	22 543	1 147	-	-	121	76
Stavanger Symfoniorkester	157	29	75	85 408	18 600	-	12 772	544	641
Stiftelsen Harmonien	134	28	18	122 514	15 328	3 330	16 845	914	547
Trondheim Symfoniorkester ⁵	103	32	16	66 040	18 005	3 842	9 750	641	563

¹ Medrekna konsertar i utlandet. ² Publikum på billetterte arrangement i Oslo-Filharmonien var 87 275 i 2005. ³ Ny i statistikken frå 2009. Frå 1. oktober 2009 er denne slått saman med Tromsø Symfoniorkester. ⁴ Ny i statistikken frå og med 2008. ⁵ Musikkteater i Trondheim og operasatsinga i Trondheim inngår nå som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemd. ⁶ Talet er korrigert sidan førre utgåve.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Tabell 6.2. Knutepunktfestivalar. Tal på arrangement og publikum på billetterte arrangement¹

	Arrangement					Tal på publikum på billetterte arrangement				
	2011	2012	2013	2014	2015	2011	2012	2013	2014	2015
I alt	1 359	1 572	1 481	1 642	1 576	231 379	253 166	279 846	273 240	267 967
Festspillene i Bergen	166	148	194	177	214	32 770	32 153	38 384	39 213	44 538
Festspillene i Elverum	43	38	42	44	40	7 500	7 324	7 271	7 044	6 010
Festspillene i Nord-Norge	232	316	244	282	161	19 299	23 268	21 855	25 534	12 459
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	81	101	108	117	129	13 980	14 600	14 600	17 800	14 066
Molde International Jazz Festival	66	77	90	97	99	29 743	25 653	22 195	21 320	19 900
Notodden Blues Festival	93	89	87	92	86	17 500	22 592	21 000	15 875	21 400
Olavsfestdagene i Trondheim	258	237	210	228	172	36 818	40 760	35 334	33 731	30 834
Riddu Riddu Festivala	73	65	51	88	99	1 246	2 100	2 668	2 255	2 600
Mela/Stiftelsen Horisont ²	17	133	79	78	107	-	-	-	-	-
Ultima - Oslo Contemporary Music Festival	62	65	72	83	94	3 999	6 407	11 215	6 700	7 495
Øyafestivalen	268	272	269	313	330	68 524	68 409	95 324	94 118	98 265
Norsk Country Treff	-	31	35	43	45	-	9 900	10 000	9 650	10 400

¹ For einskilde institusjonar kan talet inkludere formidling i samarbeid med andre kulturaktørar. ² Alle arrangementa under Melafestivalen er gratis for publikum. Totalt tal på publikum har sidan 2008 lege på om lag 300 000 årleg, unntate i 2011 då dei fleste arrangementa vart avlyste på grunn av terrorhandlingane 22. juli.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 6.3. Rikskonsertane. Talet på konsertar og tilhøyrarar, etter konserttype og fylke

	Konsertar	Tilhøyrarar	Tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert
2000	7 177	766 577	107
2001	7 720	818 093	106
2002	7 606	816 582	107
2003	7 727	835 641	108
2004	8 911	1 002 982	113
2005	9 436	1 175 453	125
2006	9 624	1 305 479	136
2007	10 114	1 306 335	129
2008	10 209	1 291 561	127
2009	10 011	1 298 824	130
2010	10 131	1 294 282	128
2011	9 619	1 297 143	135
2012	9 635	1 297 201	135
2013 ¹	10 307	1 265 180	123
2014	10 307	1 229 860	119
2015	9 503	1 248 593	131
Konserttype			
Skolekonsertar	8 401	1 191 790	142
Barnehagekonsertar	1 085	30 640	28
Offentlege konsertar	-	-	-
Arbeidsplasskonsertar ^{1,2}	-	-	-
Barnas verdsdagar ^{1,3}	17	26 163	1 539
Østfold	483	71 183	147
Akershus	865	157 914	183
Oslo	825	124 362	151
Hedmark	422	44 720	106
Oppland	411	47 176	115
Buskerud	518	67 164	130
Vestfold	356	57 146	161
Telemark	452	43 900	97
Aust-Agder	270	31 090	115
Vest-Agder	383	45 810	120
Rogaland	807	118 786	147
Hordaland	780	115 696	148
Sogn og Fjordane	380	32 550	86
Møre og Romsdal	726	68 096	94
Sør-Trøndelag	500	72 004	144
Nord-Trøndelag	316	36 170	114
Nordland	507	56 532	112
Troms Romsa	347	38 924	112
Finnmark Finnmarku	153	18 904	124
Svalbard	2	466	233

¹ Nye kategoriar inkluderte i 2012. ² Arbeidsplasskonsertar vart gjennomførte siste gong haustsesongen 2013. ³ I 2015 vert konsertar talde per arrangørstad, dvs. ein arrangørstad er lik ein konsert. Tidlegare år vert talet på verkstadar lik talet på konsertar.

Kjelde: Rikskonsertane.

Tabell 6.4. Rikskonsertane. Tilhøyrarar, etter konserttype og fylke

	Tilhøyrarar i alt	Skole- konsertar	Barnehage- konsertar	Offentlege konsertar ²	Arbeids- plass- konsertar	Barnas verdens- dagar
Heile landet						
2009	1 298 824	1 196 982	26 640	65 152	-	10 050
2010	1 294 282	1 197 522	27 818	50 939	-	18 003
2011	1 297 143	1 206 136	27 500	41 607	-	21 900
2012 ¹	1 297 201	1 202 164	28 457	25 636	5 625	35 319
2013 ³	1 265 180	1 186 830	32 760	-	9 154	36 436
2014	1 229 860	1 166 138	32 656	-	-	31 066
2015	1 248 593	1 191 790	30 640	-	-	26 163
2015						
Østfold	71 183	67 460	1 800	-	-	1 923
Akershus	157 914	152 718	-	-	-	5 196
Oslo	124 362	118 638	3 040	-	-	2 684
Hedmark	44 720	42 720	600	-	-	1 400
Oppland	47 176	42 376	4 800	-	-	-
Buskerud	67 164	65 364	1 800	-	-	-
Vestfold	57 146	55 646	-	-	-	1 500
Telemark	43 900	38 500	3 600	-	-	1 800
Aust-Agder	31 090	27 690	2 400	-	-	1 000
Vest-Agder	45 810	44 610	1 200	-	-	-
Rogaland	118 786	116 386	2 400	-	-	-
Hordaland	115 696	114 496	-	-	-	1 200
Sogn og Fjordane	32 550	27 850	2 400	-	-	2 300
Møre og Romsdal	68 096	63 946	3 600	-	-	550
Sør-Trøndelag	72 004	69 604	-	-	-	2 400
Nord-Trøndelag	36 170	33 170	1 800	-	-	1 200
Nordland	56 532	55 332	-	-	-	1 200
Troms Romsa	38 924	36 964	1 200	-	-	760
Finnmark Finnmarkku	18 904	17 854	-	-	-	1 050
Svalbard	466	466	-	-	-	-

¹For offentlege konsertar er det ei endring i at Oslo World Music Festival i 2012 er skilt ut frå Rikskonsertane og etablert som eigen stiftelse. ²Frå august 2012 er den offentlege verksemda for Rikskonsertane avslutta, dette etter politisk vedtak frå 2011. ³Arbeidsplasskonsertar vart gjennomførte siste gong haustsesongen 2013.

Kjelde: Rikskonsertane.

Tabell 6.5. Norges Musikkorps Forbund. Korps og medlemmer

	Skolekorps/generasjonskorps				Amatørkorps			
	Talet på korps	Talet på med- lemmer i alt	Utøvande med- lemmer	Andre med- lemmer	Talet på korps	Talet på med- lemmer i alt	Utøvande med- lemmer	Andre med- lemmer
1999	1 150	47 612	41 119	6 493	613	20 146	19 376	770
2000	1 132	46 949	40 475	6 474	607	19 881	19 180	701
2001	1 131	48 173	41 610	6 563	586	19 446	18 764	682
2002	1 119	49 997	43 392	6 605	584	18 851	18 234	617
2003	1 128	50 311	43 783	6 528	584	20 007	19 366	641
2004	1 128	50 003	43 476	6 527	583	20 304	19 697	607
2005	1 117	49 579	43 101	6 478	583	18 726	18 054	672
2006	1 118	47 522	40 090	7 432	585	20 511	19 723	788
2007	1 115	46 235	39 819	6 416	590	20 883	20 118	765
2008	1 107	45 542	38 553	6 989	589	20 813	19 977	836
2009	1 076	45 342	38 151	7 191	583	20 773	19 875	898
2010	1 068	44 092	36 819	7 273	581	20 643	19 686	957
2011	1 049	42 451	35 243	7 208	567	20 310	19 299	1 011
2012	1 047	40 445	33 695	6 750	565	19 830	18 608	1 222
2013	1 044	39 725	33 225	6 500	569	19 731	18 423	1 308
2014	1 044	38 960	32 655	6 305	579	19 696	18 316	1 380
2015	1 044	39 566	33 517	6 049	586	19 902	18 532	1 370

Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

Tabell 6.6. Talet på kor og korsongarar etter fylke. 2015

	Talet på kor og songarar		Norges Korforbund		Norsk sangerforum		Ung i kor		Ung kirkesang		Norges kirkesangforbund		Det Norske Misjonsselskap		KFUM-KFUK	
	Talet på kor og songarar		Talet på kor og songarar		Talet på kor og songarar		Talet på kor og songarar		Talet på kor og songarar		Talet på kor og songarar		Talet på kor og songarar		Talet på kor og songarar	
	Kor i alt	Songarar i alt	Talet på kor	Talet på songarar	Talet på kor	Talet på songarar	Talet på kor	Talet på songarar	Talet på kor	Talet på songarar	Talet på kor	Talet på songarar	Talet på kor	Talet på songarar	Talet på kor	Talet på songarar
I alt.....	2 373	69 751	992	29 104	346	10 152	304	10 452	312	8 320	154	3 529	38	898	227	7 296
Østfold.....	110	3 213	26	723	33	993	14	455	33	707	3	305	-	-	1	30
Akershus...	197	6 632	74	2 184	42	1 373	24	1 214	24	733	2	147	1	50	30	931
Oslo.....	281	9 579	98	2 862	33	1 112	86	3 753	21	625	9	276	1	16	33	935
Hedmark ...	108	2 926	60	1 791	13	322	4	162	16	375	9	157	1	19	5	100
Oppland	92	2 391	51	1 421	11	359	11	252	4	61	9	158	-	-	6	140
Buskerud...	93	2 724	39	1 048	15	416	12	312	6	190	4	114	1	10	16	634
Vestfold.....	72	2 256	36	1 136	2	35	2	51	15	455	4	167	1	12	12	400
Telemark...	41	1 104	21	709	7	182	-	2	4	113	7	53	-	-	2	45
Aust-Agder	56	1 380	2	23	26	724	2	38	12	120	6	129	1	10	7	336
Vest-Agder	61	1 819	15	508	11	331	6	121	7	323	5	110	13	324	4	102
Rogaland ..	177	5 459	54	1 713	15	598	23	721	33	1 016	21	463	11	265	20	683
Hordaland .	306	8 639	130	3 705	16	513	44	1 078	41	1 157	32	507	3	75	40	1 604
Sogn og Fjordane....	81	2 000	49	1 276	2	61	1	33	10	203	8	140	-	-	11	287
Møre og Romsdal....	157	4 829	77	2 335	14	415	10	350	28	893	11	304	3	117	14	415
Sør-Trøndelag .	157	4 981	76	2 538	28	782	28	1 014	11	352	7	120	1	-	6	175
Nord-Trøndelag .	93	2 478	53	1 678	16	313	12	283	5	61	7	143	-	-	-	-
Nordland ...	153	4 068	91	2 417	11	308	7	204	26	652	4	111	-	-	14	376
Troms																
Romsa.....	106	2 513	34	869	30	786	18	405	14	264	6	125	-	-	4	64
Finnmark																
Finnmárku .	32	760	6	168	21	529	-	4	2	20	-	-	1	-	2	39

Kjelde: Norges Korforbund/Koralliansen.

Tabell 6.7. Talet på kor¹ og korsongarar etter type kor. 2015

	I alt	Blandakor	Damekor	Mannskor	Barne- og ungdomskor	Vokalgrupper
Kor	2 146	1 315	213	214	344	60
Songarar	64 044	31 086	5 106	6 114	19 872	1 866

¹ Alle kor og korsongarar er ikkje med i denne tabellen (jf. tabell 6.6).

Kjelde: Norges Korforbund/Koralliansen.

Tabell 6.8. Kommunale musikk- og kulturskolar. Elevar, etter fylke

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Del elevar i grunnskole- alder i kommunens musikk- og kulturskolar, av talet barn i alderen 6-15 år. 2015
I alt	107 238	109 150	109 326	109 375	110 314	108 800	108 370	102 784	102 414	13,9
Østfold	2 961	3 040	3 037	3 156	3 226	3 334	3 796	2 912	2 754	6,8
Akershus	10 813	10 838	11 106	11 071	11 310	11 795	11 739	11 579	11 421	12,1
Oslo	4 312	5 639	5 891	5 784	6 766	6 516	6 504	7 598	7 833	10,3
Hedmark	4 269	4 464	4 657	4 572	4 540	4 287	3 944	3 877	3 736	15,1
Oppland	5 254	5 009	5 037	5 076	4 624	4 735	4 681	4 657	4 626	18,3
Buskerud	4 010	3 985	4 002	4 282	4 128	4 620	4 912	4 337	4 257	10,9
Vestfold	4 209	4 376	4 512	3 804	4 010	3 608	4 503	4 016	4 299	8,8
Telemark	4 658	4 722	4 623	4 524	4 580	3 875	3 867	3 819	3 597	16,0
Aust-Agder	2 124	2 267	2 269	2 419	2 290	2 086	1 940	1 841	1 810	11,1
Vest-Agder	3 086	3 162	3 206	3 226	3 224	3 142	3 466	3 015	2 956	11,8
Rogaland	10 995	11 334	11 545	11 900	11 656	11 372	11 850	11 106	11 325	15,8
Hordaland	11 738	11 943	9 944	10 146	10 475	10 464	10 129	9 291	9 111	12,9
Sogn og Fjordane	4 129	3 715	4 200	4 198	4 186	4 031	3 997	3 392	3 355	20,4
Møre og Romsdal	8 354	8 502	8 786	8 678	9 118	8 407	8 461	8 236	8 253	20,7
Sør-Trøndelag	8 409	8 144	8 127	8 184	8 190	8 233	8 224	7 975	7 952	19,3
Nord-Trøndelag	4 840	4 649	4 739	4 840	4 994	4 979	4 445	4 207	4 315	21,8
Nordland	6 391	6 186	6 149	6 225	5 907	5 840	5 372	4 944	4 869	14,7
Troms Romsa	4 610	4 914	5 030	4 920	4 902	5 140	4 201	4 051	3 886	16,5
Finnmark Finnmarku ...	2 076	2 125	2 339	2 259	2 188	2 336	2 339	1 931	2 059	18,1
Svalbard	..	136	127	111	..	..	..	..	¹ 12.	..

¹ Svalbard er ikkje med i totalsummen.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.9. Kommunale musikk- og kulturskolar. Elevplassar, etter fagområde og fylke

	Elevplassar i alt	Musikk- undervisning	Visuelle kunstfag	Teater	Dans	Andre kunst- og kulturuttrykk ¹
2010/11	122 501	86 443	7 367	7 571	17 077	4 043
2011/12	125 031	85 621	7 444	7 981	17 688	6 297
2012/13	123 441	83 126	7 545	8 201	18 355	6 214
2013/14	124 542	82 947	7 675	7 700	17 999	8 221
2014/15	121 212	81 209	7 087	7 871	18 521	6 524
2015/16	122 294	81 798	7 592	7 586	19 303	6 015
Skoleåret 2015/16						
Østfold	3 420	1 949	208	427	790	46
Akershus	14 683	9 691	698	764	1 309	2 221
Oslo	8 369	5 985	497	741	1 146	-
Hedmark	4 278	2 891	343	328	617	99
Oppland	5 413	3 623	367	410	849	164
Buskerud	5 220	3 665	348	312	721	174
Vestfold	4 540	2 721	399	223	66	1 131
Telemark	4 436	3 091	295	212	815	23
Aust-Agder	2 090	1 545	231	94	206	14
Vest-Agder	3 437	2 158	376	340	261	302
Rogaland	13 503	8 493	614	1 052	2 915	429
Hordaland	10 844	7 620	605	664	1 696	259
Sogn og Fjordane	3 887	2 975	387	24	458	43
Møre og Romsdal	10 262	6 520	564	445	2 670	63
Sør-Trøndelag	9 477	7 159	571	422	989	336
Nord-Trøndelag	5 057	3 295	196	189	1 323	54
Nordland	5 765	4 350	421	329	566	99
Troms Romsa	5 156	2 667	233	347	1 426	483
Finnmark Finnmarku	2 457	1 400	239	263	480	75

¹ Frå 2012/13 er skapande skrive teke ut som eigen kategori, og tidlegare årgangar er difor inkluderte her.

Kjelde: Grunnskolen Informasjonssystem (GSI), Utdanningsdirektoratet.

Tabell 6.10. Kommunale musikk- og kulturskolar. Elevar etter skolealder og gitar og jenter

	Under grunnskolealder		Grunnskolealder		Over grunnskolealder	
	Gitar	Jenter	Gitar	Jenter	Gitar	Jenter
Skoleåret 2011/12	1 930	3 660	32 836	60 176	4 521	7 309
Skoleåret 2012/13	1 884	3 630	32 797	58 722	4 661	7 195
Skoleåret 2013/14	1 307	3 394	30 255	61 837	4 287	7 393
Skoleåret 2014/15	1 376	3 489	28 379	58 885	3 882	6 896
Skoleåret 2015/16	1 497	3 652	28 724	59 112	3 533	5 995

Kjelde: Grunnskolenes Informasjonssystem (GSI), Utdanningsdirektoratet.

Tabell 6.11. Personar som har vore på konsert etter kva slags konsert dei var på sist i 2008 og 2012, og etter menn og kvinner, alder og inntekt/utdanning i 2012. Prosent

	Klassisk/ opera	Kyrkje- musikk	Samtids- musikk	Pop/ rock	Janitsjar	Jazz	Viser	Blues	Folke- musikk/ Etnisk	Country	Inneheldt korsong
2008	9	9	1	52	6	4	7	4	6	3	21
2012	9	5	1	51	5	5	6	2	5	1	21
Menn og kvinner											
Menn	8	3	1	53	4	6	6	3	5	1	18
Kvinner	9	9	1	49	5	5	6	2	5	1	24
Alder											
9-15 år	7	4	1	42	9	6	1	1	2	1	21
16-24 år	2	2	3	73	0	2	1	0	3	1	9
25-44 år	4	1	1	65	3	5	4	3	4	1	12
45-66 år	12	8	2	40	5	7	13	3	6	2	28
67-79 år	25	13	0	9	10	9	8	1	9	2	46
Inntekt/utdanning											
Låg inntekt/låg utdanning	8	6	2	51	5	3	4	2	6	2	22
Høg inntekt/låg utdanning ...	6	4	2	61	2	3	6	2	3	1	17
Låg inntekt/ høg utdanning ..	13	5	2	47	5	6	10	3	6	1	23
Høg inntekt/høg utdanning ..	10	4	0	49	5	10	7	3	6	1	20

Kjelde: Kulturvaner 1991-2015, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.12. Statlege utgifter til musikkfremål. Rekneskap. 1 000 kroner

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
I alt	904 311	959 815	1 027 027	1 014 892	1 056 980	1 168 493
Driftsutgifter (Rikskonsertane)	161 926	163 450	166 525	159 729	165 425	162 940
Norsk kulturfond - eittårig prosjektilskot	126 277	133 192	144 490	156 117	154 905	259 043
Norsk kulturfond - fleirårig prosjektilskot	-	19 652	20 261	31 429	22 492	-
Nasjonale institusjonar	221 259	235 018	242 304	253 675	265 154	279 779
Region-/landsdelsinstitusjonar	219 154	231 311	257 203	216 684	227 668	240 026
Knutepunktinstitusjonar	64 409	66 906	72 344	76 917	80 909	82 138
Landsdelsmusikarar i Nord-Noreg	17 163	17 695	18 244	18 846	19 606	19 959
Ymse faste tiltak	94 123	92 591	105 656	101 495	120 821	124 608

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 6.13. Statlege utgifter til orkester- og musikk institusjonar. Rekneskap. 1 000 kroner

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
I alt	504 822	533 235	571 851	547 276	573 731	601 943
Nasjonale institusjonar	221 259	235 018	242 304	253 675	265 154	279 779
Oslo-Filharmonien	117 921	128 477	132 460	137 831	143 855	152 678
Stiftelsen Harmonien	103 338	106 541	109 844	115 844	121 299	127 101
Region-/landsdelsinstitusjonar	219 154	231 311	257 203	216 684	227 668	240 026
Trondheim Symfoniorkester ¹	65 250	67 273	70 358	73 479	77 951	80 752
Stavanger Symfoniorkester	59 815	61 669	67 081	74 081	76 674	79 445
Kristiansand Symfoniorkester	38 280	42 830	54 356	⁴	⁴	⁴
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester ²	36 323	39 449	43 726	46 726	49 861	56 112
Det Norske Blåseensemble	19 486	20 090	21 682	22 398	23 182	23 717
Knutepunktinstitusjonar	64 409	66 906	72 344	76 917	80 909	82 138
Festspillene i Bergen	17 575	18 120	18 682	19 297	19 973	20 435
Festspillene i Nord-Norge	11 698	12 061	12 435	12 845	13 295	13 602
Molde International Jazz Festival	5 229	5 391	6 048	6 588	6 819	6 976
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	4 128	4 756	4 903	5 465	6 556	6 557
Olavsfestdagene i Trondheim	8 309	8 567	9 167	9 470	9 801	10 027
Ultima - Oslo Contemporary Music Festival	4 789	4 937	5 090	5 258	5 442	5 568
Festspillene i Elverum	2 064	2 128	2 194	2 266	2 645	2 732
Notodden Blues Festival	2 315	2 387	2 461	2 542	2 631	2 718
Øyafestivalen	1 754	1 808	1 864	1 926	2 093	2 162
Stiftelsen Horisont/Mela	5 000	5 155	6 655	³ 7 475	7 737	7 315
Riddu Ruddu Festivala	1 548	1 596	1 645	2 145	2 220	2 293
Norsk Country Treff	-	-	1 200	1 640	1 697	1 753

¹ Musikkteater i Trondheim og operasatsinga i Trondheim er nå ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemd. I 2009 fekk musikkteaterverksemda eit statleg tilskot på 4,2 millionar kroner. ² Nordnorsk Opera og Symfoniorkester AS vart etablert i 2009 basert på at Tromsø Symfoniorkester, Bodø Sinfionetta, Opera Nord og Musikkteater i Bodø gjekk inn i selskapet. For Tromsø Symfoniorkester er det rapportert for perioden frå 1. januar til 30. september 2009. Statens tilskot til Tromsø Symfoniorkester for 2009 var 13,3 millionar kroner. For Nordnorsk Opera og Symfoniorkester er det rapportert for perioden frå 1. oktober til 31. desember 2009, inkludert symfoniorkesteret, einingane Bodø Sinfionetta og Tromsø Kammerorkester og operaverksemd. ³ 0,6 millionar kroner er knytt til grunnlovsjubileet. ⁴ Kristiansand Symfoniorkester, Agder Teater og Opera Sør er fusjonert til Kilden Teater- og Konserthus for Sørlandet. Denne eininga får tilskot samla frå kapittel 324 post 71.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 6.14. Orkester. Inntekter og utgifter. 1 000 kroner

Orkester	Inntekter i alt	Stats-tilskot	Regionale tilskot	Andre inntekter	Andre inntekter i prosent av inntekter i alt	Drifts-utgifter
2003	347 867	254 485	48 146	45 236	13,0	-
2004	363 912	262 200	47 414	54 298	14,9	-
2005	398 860	285 795	54 337	58 728	14,7	-
2006 ¹	429 999	302 088	59 063	68 848	16,0	-
2007 ⁴	469 416	321 050	62 139	86 288	18,4	477 288
2008 ⁴	494 418	347 665	67 588	79 165	16,0	493 438
2009	544 294	385 918	80 904	77 472	14,2	541 707
2010	595 835	440 413	93 923	61 499	10,3	560 318
2011	636 896	466 329	100 126	70 441	11,1	631 379
2012	691 040	499 507	110 280	81 253	11,8	693 441
2013	631 027	470 359	92 865	67 803	10,7	633 700
2014	665 602	494 895	98 002	72 705	10,9	630 546
2015	723 934	520 305	103 194	100 435	13,9	722 483
2015						
Det norske Blåseensemble ³	37 417	23 717	10 164	3 536	9,5	38 749
Kristiansand Symfoniorkester ^{3,7}	-	-	-	-	-	-
Oslo Filharmonien ²	177 989	152 678	-	25 311	14,2	172 500
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester ⁵	90 073	56 112	24 048	9 913	11,0	85 678
Stavanger Symfoniorkester	131 871	79 945	34 374	17 552	13,3	129 564
Stiftelsen Harmonien	158 541	127 101	-	31 440	19,8	172 005
Trondheim Symfoniorkester ⁶	128 043	80 752	34 608	12 683	9,9	123 987

¹ To nye orkester. ² Inkl. både Stiftelsen Oslo-Filharmonien og Støttefondet for Filharmonien. ³ Inkl. tilskot til drift frå Forsvarsdepartementet. ⁴ Eit orkester har ikkje levert tal og er ikkje med i oversikta. ⁵ Ny i statistikken frå 2009. Frå 1. oktober 2009 er denne slått saman med Tromsø Symfoniorkester. ⁶ Musikkteater i Trondheim og operasatsinga i Trondheim inngår no som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemd. ⁷ Frå 2013 er tilskotet til Kristiansand Symfoniorkester gitt som ein del av tilskotet til Kilden Teater- og Konserthus.

Kjelde: Kulturdepartementet og dei enkelte orkestra.

Tabell 6.15. Utdelinger til musikkfestivalar, etter kategori. Talet på festivalar og tilskot

	2010		2011		2012		2013		2014		2015 ¹	
	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr
I alt	103	31 550	99	32 750	98	43 540	103	46 924	90	45 550	98	46 445
Festspel	3	3 350	3	3 450	4	6 400	4	7 150	7	8 600	-	-
Folkemusikk	16	4 500	16	5 200	15	5 450	15	5 575	11	4 435	7	4 075
Jazz	17	9 450	20	9 900	17	9 850	18	10 750	18	11 025	20	13 050
Klassisk-/kammer-/ samtidsmusikk ²	9	2 300	8	2 450	13	9 790	15	9 999	9	8 391	22	17 600
Kyrkjemusikk	3	1 650	3	1 750	3	1 950	2	1 800	1	1 600	-	-
Populærmusikk	45	7 650	41	7 650	40	8 000	42	9 475	33	7 175	38	8 425
Verdsmusikk ³	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	5	895
Samtidsmusikk ²	6	1 900	4	1 700	3	1 600	3	1 600	6	3 124	-	-
Festspel utan klar sjangertilknýting	4	750	4	650	3	500	4	575	5	1 200	6	2 400

¹ Sjanger-/kategorisamanseining endra, sjå om statistikken. ² Samtidsmusikk inngår frå 2015 i Klassisk-/kammermusikk. ³ Ny kategori frå 2015.

Kjelde: Norsk kulturråd.


7. Museum og samlingar

7.1. Nokre resultat

Samlingane i musea – talet på gjenstandar og fotografi aukar


Museumssamlingane består av ulike typar gjenstandar og fotografi og er ein viktig dokumentasjon av den norske kulturarven. Storleiken på samlingane var på nær 56 millionar gjenstandar og fotografi i 2015, 5 prosent større i høve til førre året. Siste året har samlinga av arkeologiske gjenstandar auka med nær 6 prosent, og i 2015 var det i alt 6,7 millionar arkeologiske gjenstandar. Dei arkeologiske gjenstandane utgjer no 12 prosent av dei totale samlingane, medan dei naturhistoriske gjenstandane utgjer 19 prosent. Fotografi utgjer den største delen av samlingane med 61 prosent, med nærare 34 millionar fotografi. I 2015 var 34 prosent av dei totale samlingane elektronisk registrert.

Figur 7.1. Samlingar i norske museum¹. 2015. Prosent



¹Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Talet på registrerte gjenstandar og fotografi har auka jamt i heile det siste tiåret. Frå år til år kan noko av endringa i storleik ha si årsak i registreringa. Generelt reknar ein med at det er betring i registreringa av samlingane over tid. Difor er lengre tidsseriar betre eigna for å vurdere utviklinga i samlinga. Dei siste ti åra, sidan 2006, har talet på registrerte gjenstandar og fotografi auka med 21 millionar frå 35 til 56 millionar. Sjå figurane 7.1 og 7.2, samt tabell 7.2.

Figur 7.2. Samlingar i norske museum¹. 2006-2015. 1 000

¹Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

I tillegg til desse samlingane i musea, har musea òg store samlingar av private arkiv. Sjå kapittel 9, tabellane 9.1 og 9.2.


Tabell 7.3 viser talet på musea sine kulturhistoriske bygningar og farkostar. Tabellen viser at musea forvaltar om lag 4 950 kulturhistoriske bygningar, og over 2 800 av desse var opne for publikum i 2015. Det siste året har det vorte 25 fleire kulturhistoriske bygningar. I tillegg til gjenstandar og bygningar forvaltar musea òg farkostar. I 2015 hadde musea over 1 900 farkostar, dei fleste av desse var farkostar på land. Sjølv om musea har avhenda både nokre bygningar og farkostar dei siste åra, ser ein at samlingane aukar (Kulturrådet, 2015).

Fleire basisutstillingar

I 2015 var det totalt 2 844 utstillingar i musea. Drygt halvparten av utstillingane var basisutstillingar, ein tredjedel var temporære utstillingar og 9 prosent var eigenproduserte vandreutstillingar. I 2014 var det mange vandreutstillingar, 404 utstillingar, medan det i 2015 var 255 vandreutstillingar, om lag på same nivå som åra før 2014. Ei forklaring på den store auken i eigenproduserte vandreutstillingar i 2014 kan vere utstillingar i samband med grunnlovsjubileet. Etter ein liten nedgang i basisutstillingar i 2014, auka talet med 27 basisutstillingar i 2015 til 1 563 utstillingar. Mens basisutstillingane har auka med 27, har både temporære utstillingar og vandreutstillingar gått ned med høvesvis 60 og 149 til 1 026 og 255 utstillingar i 2015.

Figur 7.3 viser oversikt over talet på utstillingar frå 2002 til 2015. Nærare detaljar om dei ulike utstillingskategoriane fordelte på fylke finn ein i tabell 7.4.

Figur 7.3. Utstillinger i norske museum



Kjelde: Museum og samlinger, Statistisk sentralbyrå.

Andre aktiviteter i musea – 6 000 opne møte

Dei ulike musea har utstrekt tilbod om opne møte, foredrag, seminar og liknande. Tabell 7.5 viser at i 2015 vart drygt 6 000 slike arrangement haldne i musea. Det vart også halde meir enn 1 600 konsertar, 278 ulike teateroppsettingar, med til saman om lag 3 000 framsyningar. Ulike aktiviteter i kunstmusea vert omtala i kapittel 4, tabell 4.10.

Rekordbesøk i musea i 2015


For første gong vart det i 2015 registrert over 11 millionar besøk i dei norske musea. Dette er ein auke på over 4 prosent frå året før.

I 2015 vart det registrert 11,3 millionar besøkjande på musea i Noreg. Det utgjør ein auke på over 450 000 besøk sidan 2014. Sjølv om besøkstalet var litt lågare i 2014 i høve til 2013, er auken reell, og som nemnd over er det første gongen musea har over 11 millionar besøk. Besøkstala har auka nesten kvart år sidan 2006. Frå 2006 til 2015 auka besøket i alt med 21 prosent. Enkeltbesøk utgjorde 78 prosent av alle museumsbesøka i 2015. I 2006 utgjorde enkeltbesøka 73 prosent av alle besøka i musea. I den same perioden, frå 2006 til 2015, auka enkeltbesøka med 30 prosent. Sjå figur 7.4 og tabell 7.6.

Gruppebesøka har vorte noko færre over tid, og hadde ein nedgang på 4 prosent i same tidsrommet. Frå 2014 til 2015 gjekk gruppebesøka ned med 147 000. Totalt var det 2,4 millionar besøk i grupper i 2015, sjå figur 7.4.

Godt over halvparten av museumsbesøka, 52 prosent, var betalte besøk i 2015. I 2006 var delen betalende besøkjande under 50 prosent.

Besøk på kunstareanaer (kunstmuseum) vert omtala i kapittel 4, tabell 4.10.

Figur 7.4 Besøk i norske museum


Kjelde: Museum og samlinger, Statistisk sentralbyrå.

Drygt 41 prosent av alle museumsbesøka var på musea i Oslo, med 4,6 millionar besøk. Musea i Hordaland hadde 9 prosent av alle museumsbesøka, medan musea i Sør-Trøndelag stod for 8 prosent.

Som vi har sett over var det stor auke i museumsbesøka i 2015 på nasjonalt nivå. 15 fylke, inkludert Svalbard, hadde auke i museumsbesøka i 2015 (figur 7.5).


Musea i Telemark hadde den største prosentvise auken i besøka samanlikna med året før, ein auke på 27 prosent eller 47 000 besøk. Samstundes vil ein sjå at musea i Aust-Agder hadde auke i besøkstala, men den auken skuldast at Aust-Agder museum var stengt i heile 2014.

Musea i dei tre nordlegaste fylka hadde også auke i museumsbesøka, mellom 11 og 21 prosent. For andre året på rad viser tala nedgang i museumsbesøka i Sør-Trøndelag. Denne nedgangen er i likevel ikkje reell, fordi musea i Sør-Trøndelag har lagt om teljemåten sin for museumsbesøka.

Figur 7.5 Besøk i norske museum. Fylke, etter endringer i prosent i talet på besøk det siste året og dei siste fem åra

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Kvar nordmann var i gjennomsnitt 2,2 gonger på besøk på eit museum i 2015. Sidan 2005 har dette gjennomsnittet variert mellom 2,0-2,2. Fem fylke skil seg ut med høgare besøk per innbyggjar enn gjennomsnittet. Oslo hadde 7,2 museumsbesøk per innbyggjar, Oppland 2,6 og Troms og Finnmark 2,4. I den andre enden hadde Østfold og Akershus alle rundt eit halvt museumsbesøk per innbyggjar (figur 7.6).

Figur 7.6. Besøk i alt per innbyggjar, etter fylke. 2015

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Universell utforming – 74 prosent tilrettelagt

Sidan 2010 har musea svara på spørsmål om universell utforming når det gjeld lokala og formidlinga. I 2015 var 74 prosent av musea lagde til rette for funksjonshemma, 63 prosent av musea hadde formidlinga si lagd til rette for funksjonshemma og 48 prosent av musea sine heimesider følgjer WAI-standard. Dette er ein standard for universelt tilgjengelege nettstadar. Sjå tabell 7.7.


Auka driftsresultat i 2015

Driftsresultatet totalt for musea i 2015 utgjorde 156 millionar kroner. Dette resultatet er ein betydeleg betring sett i høve til driftsresultatet året før.

Dei totale driftsinntektene for musea i Noreg låg på 4,8 milliardar kroner i 2015. Dette er ein auke i driftsinntektene frå 2014 på 365 millionar kroner, eller 8 prosent. Eigeninntektene til musea i 2015 var 1,4 milliardar kroner, ein oppgang frå året før på 126 millionar kroner, eller 10 prosent. Billettinntektene utgjør 24 prosent av eigeninntektene, sponsorinntekter og gåver utgjør høvesvis 5 og 7 prosent av eigeninntektene.

Dei offentlege tilskota, dei ordinære og andre offentlege tilskot, utgjorde 3,4 milliardar kroner, eller 71 prosent av driftsinntektene. Veksten for dei offentlege løyvingane var 239 millionar kroner, eller 8 prosent. Driftstilskot frå staten både ordinært og andre tilskot, utgjorde 2,5 milliardar, over halvparten av driftsinntektene. Sjå tabell 7.7 og figur 7.7.


Figur 7.7. Driftsinntekter, etter inntektstype



Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Driftskostnadene for musea utgjorde 4,6 milliardar kroner i 2015. Løns- og pensjonskostnader utgjorde den største delen av driftskostnadene, med 54 prosent, om lag på same nivå som året før. Sjå tabell 7.7 og figur 7.8.

Figur 7.8. Driftsutgifter, etter kostnadstype



Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

4 000 lønte årsverk i 2015

Det vart utført om lag 4 200 årsverk i musea i 2015, 160 fleire enn førre året. Frå 2005 til 2015 auka talet på årsverk totalt, med 18 prosent. Om lag 4 000 årsverk var lønte i 2015, og dette utgjer 95 prosent av dei totale årsverka. Dei frivillige årsverka har halde seg stabile dei siste åra på om lag 200.

Kvinnedelen i dei lønte årsverka var 55 prosent i 2015, på same nivå som året før. Frå 2006 har delen kvinnelege årsverk variert lite, mellom 52 og 55 prosent. Sjå tabell 7.9.

Over halvparten av dei lønte årsverka var vitskapleg kunst- og kulturfagleg personale, med 53 prosent av dei tilsette⁵. Teknisk personale utgjorde 22 prosent, administrativt personale 20 prosent og dagleg leiar utgjorde 4 prosent av dei tilsette. Sjå tabell 7.10.

Stadig færre administrative einingar

Talet på dei norske musea har gått ned frå 188 i 2005 til 115 administrative einingar i 2015. Nedgangen har si årsak i ein konsolideringsprosess der museum slår seg saman og dannar større organisasjonar. Samanlikna med 2013 var det ein nedgang på 12 administrative einingar, året før var nedgangen ein.

Kulturbruksundersøkingane viser stabilt besøk i dei norske musea

Inga nye tal på kulturbruk er publisert hjå SSB dei siste åra. Museumsbesøka til befolkninga har endra seg nokså lite frå 1991 til 2012. Tabell 7.1 viser at delen som har vore på museum dei siste 12 månadane har variert mellom 41 og 45 prosent i perioden. Både i 1991 og i 2012 var delen 41 prosent. Til samanlikning var det i Sverige 46 prosent som hadde vore på museum siste 12 månader i 2009 (Vaage, 2016).

⁵ Ikkje alle musea rapporterer på type stilling.


Tabell 7.1. Del som har vore på museum siste 12 månader, gjennomsnittleg tal besøk blant alle og blant besøkjande

	Prosent på museum siste 12 månader	Tal gonger på museum, alle	Tal gonger besøkjande
1991	41	1,0	2,5
1994	45	1,2	2,6
1997	44	1,1	2,6
2000	45	1,1	2,6
2004	42	1,2	2,9
2008	43	1,1	2,6
2012	41	1,1	2,6

Kjelde: Kulturvaner 1991-2015, Statistisk sentralbyrå.

Høgt utdanna besøker i større grad museum

Delen som har vore på museum varierer mykje dersom ein tek i betraktning kjønn, alder, utdanning, bustadstrok og landsdel. Til dømes hadde 58 prosent av dei med lang høgare utdanning vore på museum dei siste 12 månadene i 2012. Det har ikkje vore noka utjamning mellom utdanningsgruppene frå 1991 til 2012. Figur 7.9 viser at tilhøvet mellom gruppene har vore ganske jamt desse 21 åra. Den einaste tydelege endringa er at dei to gruppene med lågast utdanning, som hadde ein vesentleg skilnad i delen besøk, har nærma seg kvarandre. I 2012 hadde dei nær identisk besøksdel (Vaage, 2016). Sjå figur 7.9. Tabell 7.11 viser besøk på ulike typar museum. Sjå også kapittel 7 i [Kulturstatistikk 2014](#).

Figur 7.9. Personar som har vore på museum dei siste 12 månadene, etter utdanning.

Kjelde: Kulturvaner 1991-2015, Statistisk sentralbyrå.

7.2. Om museumsstatistikken

Museum og samlingar er ein årleg statistikk som vert publisert av Statistisk sentralbyrå (SSB). Føremålet med museumsstatistikken er å gje ei årleg oversikt over aktiviteten på området. Statistikken gjev òg naudsynt informasjon for stat, fylke, kommune og andre som er involverte i drifta eller finansieringa av musea. SSB har publisert statistikken årleg sidan 1983, med unatak av åra 1984 og 1990. Statistikken har vore publisert i samarbeid med Statens museumsråd, Norsk Museumsutvikling (NMU) og ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum og frå statistikkrapporteringa i 2011, i samarbeid med Norsk kulturråd.

Omfang og publisering

Til og med 2001-statistikken var det slik at alle samlingar som var opne for publikum, kunne vere inkluderte i museumsstatistikken. Frå og med statistikkåret 2002 består museumsstatistikken i SSB av ein delpopulasjon av dei norske musea. I tillegg til at musea skal vere opne for publikum, har vi avgrensa populasjonen til å gjelde berre dei musea som har minst eitt fast lønt årsverk. Ein har slik fått ein meir

stabil populasjon å halde seg til. Av same grunn kan populasjonen difor i nokre år avvike frå populasjonen i museumsstatistikken til Norsk kulturråd.

Dei siste åra har museumssektoren vore gjennom ei stor reform. Museum over heile landet er gjennom regionale konsolideringsprosessar slegne saman til sterkare faglege einingar. Dette har ført til at talet på einingar som rapporterer statistikk, er reduserte dei seinare åra. Likevel representerer desse einingane i hovudsak det same landskapet og populasjonen som tidlegare, i høve til gjenstandar, bygningar, utstillingar, tilsette, økonomi og så vidare.

Museumsstatistikken i SSB vert publisert her: <http://www.ssb.no/museer/>.
Tal frå kultur- og mediebruksundersøkingane vert publiserte i Norsk kulturbarometer: <http://www.ssb.no/kulturbar/>.

Datakjelder og datainnsamling

Norsk kulturråd har ansvaret for å samle inn data frå dei enkelte museumseiningane. Fram til 2004 vart data rapporterte på skjema. SSB stod for registrering, revidering, kvalitetssikring og publisering av data. Dei siste åra har datainnsamlinga gått føre seg elektronisk, og SSB får ei samla elektronisk datafil for heile populasjonen via Norsk kulturråd. Fila dannar grunnlaget for publisering frå SSB.

Omgrep og definisjonar

Museum I hovudsak byggjer definisjonen av museum seg på International Council of Museums' (ICOM) definisjon:

«Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn, bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed.» (ICOM, 2007).

Type museum Frå statistikkåret 2011 vert ikkje musea lenger delte inn i museumstypar. I statistikkane frå 2007 til 2010 vart musea delte inn i fem museumstypar: kunst- og kunstindustrimuseum, kulturhistorisk museum, naturhistorisk museum, blanda kultur- og naturhistorisk museum og blanda kunst- og kulturhistorisk museum. Denne inndelinga er ikkje lenger føremålstenleg på grunn av at fleire museum har slege seg saman og danna større organisasjonar.

Besøk i museumsstatistikken Besøk er besøk av ein eller fleire personar som kjem til museet for å sjå på og bruke utstillingar og formidlingstenester i museet. Besøk på friluftsmuseum er besøk medan museet er ope for bruk av formidlingstenestene. Personar på museet i samband med arrangement vert ikkje rekna med. Besøk på nettsider blir heller ikkje rekna med.

Universell utforming – nedsett funksjonsevne *Universell utforming* er tilrettelegging av lokale eller formidling for alle besøkande. Å leggje til rette kan vere merking med blindeskrift, teiknspråk, teleslynge, heis, rullestolrampe, storskrift og lettlesen informasjon. For nettsider er det ein standard for universell utforming, WAI-standard. Nærare informasjon om WAI på <http://www.w3.org/WAI/>. *Nedsett funksjonsevne* eller funksjonshemming blir av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon skildra som ein konflikt mellom føresetnadene individet har, og krava som miljøet og samfunnet har til funksjon på område som er vesentlege for å etablere og halde oppe sjølvstendet og det sosiale tilveret til enkeltmennesket.

Andre omgrep *Inntekter totalt* inkluderer offentlege løyvingar, billettinntekter, gåver og andre inntekter.

Lønne årsverk i alt omfattar faste stillingar, mellombels engasjerte (ikkje på arbeidsmarknadstiltak), engasjerte gjennom arbeidsmarknadstiltak, lærlingar og sivilarbeidarar.

Utgifter i alt inkluderer løn, sosiale utgifter, andre driftsutgifter og investeringar.

Gjenstandar/objekt kan vere kunsthistoriske, kulturhistoriske, naturhistoriske, arkeologiske og fotografi. Kategorien arkeologiske gjenstandar vart innført i statistikken 2007. Desse gjenstandane har hovudsakleg tidlegare vore rapporterte i kategorien kulturhistoriske gjenstandar (ABM, 2008).

Basisutstilling er fast utstilling som er ein del av det faste opplegget til museet når det gjeld formidling. Eit museum kan ha fleire basisutstillingar. Eit tun eller friluftsmuseum med fleire bygningar blir rekna som éi basisutstilling.

Vandreutstilling er utstilling som er laga for å kunne bli transportert og vist på fleire stader.

Temporær utstilling er utstilling som er montert, og som skal visast ei avgrensa tid. Visingsida kan variere frå nokre få dagar og inntil eit år.

Kulturhistoriske bygningar er bygningar som har kunnskaps- og kjeldeverdi ved at dei vitnar om lokal kunnskap, estetikk, tradisjonar, levestett, arkitektur og økonomiske føresetnader. Bygningane kan vere ein sjølvstendig del av utstillingane til museet og formidling, men også kulturhistorisk viktige bygningar som rommar utstillingar, skal ein telje her.

Omgrepet «kulturhistoriske bygningar» bruker ein her både for bygningar som er freda eller blir vurderte som verneverdige.

Farkostar er ei nemning på opne båtar/fartøy/skip som er ein del av samlingane til museet. Farkostar omfattar både farkostar på vatn og på land og som er ein del av utstillingane til museet. Det er inga øvre eller nedre grense for storleiken på farkosten så lenge han kan bli kategorisert som båt/fartøy/skip. (Statistikkskjema for norske museum og samlingar for året 2015).

Feilkjelder og uvisse

Det kan oppstå feil ved utfylling av skjema i dei enkelte musea. Dei fleste slike feil vert funne og retta ved maskinelle og manuelle kontrollar. Dei siste åra er kvaliteten i museumsstatistikken vorte betre grunna betre kontrollsystem.

Samanlikningar

For di populasjonen ikkje har vore eintydig, og på grunn av svært varierende svarprosent frå år til år, har det vore vanskeleg å samanlikne aktiviteten over tid. Frå og med statistikkåret 2002 er populasjonen meir eintydig, og samanlikningar vil difor kunne gjerast frå og med 2002. Med avgrensinga av populasjonen er museumsstatistikken også blitt enklare å samanlikne med statistikken til dei andre nordiske landa.

Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år vert spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2012. Sjå òg Kulturstatistikk 2013 og 2014.

Referansar

Vaage, Odd Frank, (2016): «*Kulturvaner 1991-2015*».

Kulturrådet (2015): *Statistikk for museum 2014*

<http://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/statistikk-for-museum-2014-publikasjon>

ICOM (2007): ICOMs statutter, artikkel 3, paragraf 1

<http://www.icom-norway.org/definisjon.html>

ABM (2008): Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2007

<https://www.nb.no/content/download/837/15205/file/abm-skrift-49.pdf>

Meir informasjon

Kulturrådet: (<http://www.kulturradet.no/museum/statistikk>)

Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn:

(<http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kultur-og-mediebruk-blant-personer-med-innvandrerbakgrunn>)

Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå: (<http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/museer/aar/2015-05-28>)

Norges museumsforbundet: (<http://museumsforbundet.no/>)

DigitaltMuseum: (<http://digitaltmuseum.no/>)

Norsk kulturbarometer 2012: (<http://www.ssb.no/kulturbar>)

Fritidsaktiviteter 1997-2014: (<http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/fritidsaktiviteter-1997-2014>)

Innovasjon Norge (2016): «*Nøkkeltall for norsk turisme 2015*»

<http://www.innovasjon norge.no/contentassets/ad75036d7d1141338d4ccc200c162c32/nokkeltall-2015-enkeltsider.pdf>

Tabell 7.2. Museum¹ og samlingar. Storleik på samlingane

	Gjenstandar/objekt						Material som er elektronisk registrert. Prosent
	I alt	Kunst-historiske	Arkeologiske	Kultur-historiske	Natur-historiske	Fotografi	
2002	26 775 867	551 165	-	5 137 055	11 225 769	9 861 878	-
2003	26 925 141	560 179	-	4 883 866	11 284 219	10 196 877	-
2004	32 097 587	314 231	-	5 350 045	11 545 829	14 887 482	-
2005	34 297 470	470 768	-	6 141 348	11 639 872	16 045 482	-
2006	35 103 293	505 181	-	6 287 267	11 220 116	17 090 729	24,1
2007	38 377 510	452 661	4 658 042	3 469 430	11 855 590	17 941 787	22,7
2008	43 484 229	450 762	4 191 631	3 489 294	11 921 261	23 431 281	21,2
2009	42 732 026	453 305	4 279 451	3 542 745	11 542 271	22 914 254	² 19,6
2010	43 129 650	451 895	4 404 473	3 588 710	9 953 467	24 731 105	26,1
2011	48 665 033	643 083	4 611 748	3 590 089	10 138 478	29 681 635	26,1
2012	51 233 399	692 136	4 922 274	3 594 999	10 250 112	31 773 878	26,5
2013	50 766 409	715 755	5 176 241	3 605 988	10 293 705	30 974 720	27,2
2014	53 179 860	760 428	6 346 950	3 728 075	10 437 053	31 907 354	33,3
2015	55 697 309	766 899	6 705 567	3 779 690	10 559 207	33 885 946	34,0
2015							
Østfold	902 151	4 973	314	90 519	1 047	805 298	17,7
Akershus	4 874 185	4 002	-	88 487	266	4 781 430	9,8
Oslo	16 937 204	588 596	1 935 568	812 680	6 237 476	7 362 884	32,0
Hedmark	4 882 876	3 172	7 795	207 037	1 450	4 663 422	8,6
Oppland	2 071 361	1 672	487	192 233	3 361	1 873 608	74,1
Buskerud	535 004	5 290	-	217 095	9 192	303 427	35,8
Vestfold	1 664 094	6 286	804	114 231	971	1 541 802	33,1
Telemark	3 537 112	9 908	1 133	172 259	800	3 353 012	8,4
Aust-Agder	189 778	-	490	89 483	12 142	87 663	35,5
Vest-Agder	395 927	2 549	206	67 596	108 062	217 514	31,0
Rogaland	2 941 074	15 516	1 144 084	285 616	35 406	1 460 452	60,9
Hordaland	4 629 750	52 290	1 586 959	419 019	2 032 451	539 031	53,0
Sogn og Fjordane	185 177	4 505	1	110 324	7 466	62 881	45,1
Møre og Romsdal	1 854 952	1 720	400	221 617	700	1 630 515	20,0
Sør-Trøndelag	5 305 419	31 197	1 686 148	189 388	1 318 156	2 080 530	57,7
Nord-Trøndelag	733 017	3 316	862	95 768	47	633 024	12,2
Nordland	1 609 686	651	313	260 956	22 257	1 325 509	35,5
Troms Romsa	2 169 415	29 438	301 384	85 328	765 749	987 516	52,4
Finnmark Finnmarku	213 409	1 689	299	54 916	1 814	154 691	42,2
Svalbard	65 718	129	38 320	5 138	394	21 737	43,8

¹Tala i tabellen omfattar dei opne musea. ²På grunn av endring i spørjeskjemaet for 2009, kan dette talet vere misvisande.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.3. Kulturhistoriske bygningar og farkostar

	Einingar i alt ¹	Kulturhistoriske bygningar	Opne kulturhistoriske bygningar	Flytande farkostar	Farkostar på land
2006	175	4 894	2 942	-	-
2007	173	4 785	2 971	-	-
2008	166	4 782	2 918	-	-
2009	148	4 866	2 970	-	-
2010	137	4 974	2 862	-	-
2011	134	4 982	2 925	-	-
2012	128	5 019	2 877	-	-
2013	127	4 926	2 855	222	1 644
2014	118	4 915	2 824	219	1 681
2015	115	4 940	2 829	231	1 695
2015					
Østfold	2	78	47	4	60
Akershus	3	225	137	14	139
Oslo	22	196	78	9	172
Hedmark	3	644	292	3	76
Oppland	9	575	296	6	47
Buskerud	4	383	236	2	1
Vestfold	2	28	23	2	9
Telemark	3	259	158	9	9
Aust-Agder	2	98	54	-	16
Vest-Agder	5	121	73	6	26
Rogaland	8	234	157	13	59
Hordaland	12	507	269	15	138
Sogn og Fjordane	3	183	106	2	142
Møre og Romsdal	6	320	184	43	216
Sør-Trøndelag	5	223	60	17	105
Nord-Trøndelag	4	143	114	12	72
Nordland	7	403	323	27	249
Troms Romsa	7	196	170	42	76
Finnmark Finnmarku	6	122	51	5	80
Svalbard	2	2	1	-	3

¹ Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.4. Utstillinger i norske museum¹

	Einingar i alt	Utstillinger i alt	Basis- utstillinger	Temporære utstillinger	Eigenproduserte vandreutstillinger i drift
2002	274	2 387	1 383	754	237
2003	263	2 420	1 377	795	248
2004	234	2 452	1 398	892	162
2005	188	2 658	1 434	1 028	196
2006	175	2 737	1 471	1 040	226
2007	173	2 858	1 559	1 073	226
2008	166	2 881	1 523	1 119	239
2009	148	2 964	1 541	1 139	284
2010	137	2 922	1 578	1 068	276
2011	134	2 939	1 605	1 061	273
2012	128	2 899	1 622	1 056	221
2013	127	2 896	1 598	1 066	232
2014	118	3 026	1 536	1 086	404
2015	115	2 844	1 563	1 026	255

2015

Østfold	2	47	17	28	2
Akershus	3	157	98	56	3
Oslo	22	384	176	159	49
Hedmark	3	103	58	33	12
Oppland	9	140	89	46	5
Buskerud	4	134	90	41	3
Vestfold	2	34	14	18	2
Telemark	3	132	95	36	1
Aust-Agder	2	48	36	10	2
Vest-Agder	5	110	59	43	8
Rogaland	8	185	128	51	6
Hordaland	12	259	146	100	13
Sogn og Fjordane	3	72	41	19	12
Møre og Romsdal	6	171	101	27	43
Sør-Trøndelag	5	136	57	64	15
Nord-Trøndelag	4	85	41	41	3
Nordland	7	341	187	127	27
Troms Romsa	7	157	68	53	36
Finnmark Finnmarku	6	134	57	65	12
Svalbard	2	15	5	9	1

¹Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.5. Museum og samlingar. Ulike aktivitetar i musea, etter type aktivitet og fylke

	Museums- einingar i alt ¹	Tal på opne møte, foredrag, seminar o.l.	Tal på konsertar	Tal på oppsetjingar (skodespel, teater)	Tal på framføringar (skodespel, teater)
2013	127	5 536	1 613	250	3 116
2014	118	5 910	1 653	300	1 940
2015	115	6 023	1 623	278	3 095

2015

Østfold	2	93	9	3	11
Akershus	3	289	59	9	15
Oslo	22	1 429	143	48	724
Hedmark	3	230	81	26	69
Oppland	9	263	114	17	22
Buskerud	4	136	61	9	41
Vestfold	2	104	28	7	45
Telemark	3	126	50	5	12
Aust-Agder	2	86	26	1	1
Vest-Agder	5	156	24	3	23
Rogaland	8	730	76	6	5
Hordaland	12	488	569	22	591
Sogn og Fjordane	3	113	16	-	-
Møre og Romsdal	6	319	46	7	203
Sør-Trøndelag	5	303	179	27	341
Nord-Trøndelag	4	90	44	18	187
Nordland	7	502	66	54	733
Troms Romsa	7	356	12	14	70
Finnmark Finnmarku	6	192	20	2	2
Svalbard	2	18	-	-	-

¹Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.6. Museum¹ og samlinger. Besøk

	Einingar i alt	Besøk		Betalte besøk	Besøk i alt per innbyggjar ²
		I alt	Av desse som enkeltbesøk		
			1 000		
2002	274	8 336	4 128	3 872	1,8
2003	263	8 523	4 592	4 119	1,9
2004	234	8 553	5 681	4 564	1,9
2005	188	9 061	6 344	4 732	2,0
2006	175	9 331	6 786	4 462	2,0
2007	173	10 194	7 409	5 387	2,2
2008	166	10 196	7 553	5 055	2,2
2009	148	10 184	7 633	4 870	2,1
2010	137	10 548	8 070	5 142	2,2
2011	134	10 574	7 925	5 703	2,1
2012	128	10 666	7 990	5 727	2,1
2013	127	10 945	8 207	5 369	2,2
2014	118	³ 10 862	8 278	5 918	2,1
2015	115	11 315	8 878	5 870	2,2
2015					
Østfold	2	118	91	62	0,4
Akershus	3	282	215	123	0,5
Oslo	22	4 647	3 944	2 458	7,2
Hedmark	3	276	194	185	1,4
Oppland	9	484	358	269	2,6
Buskerud	4	386	321	156	1,4
Vestfold	2	138	93	43	0,6
Telemark	3	224	183	125	1,3
Aust-Agder	2	66	49	26	0,6
Vest-Agder	5	215	168	89	1,2
Rogaland	8	677	413	332	1,5
Hordaland	12	1 036	750	582	2,0
Sogn og Fjordane	3	133	61	81	1,2
Møre og Romsdal	6	409	291	235	1,5
Sør-Trøndelag	5	867	758	436	2,8
Nord-Trøndelag	4	261	208	94	1,9
Nordland	7	463	334	317	1,9
Troms Romsa	7	394	288	115	2,4
Finnmark Finnmarku	6	180	123	92	2,4
Svalbard	2	59	36	50	-

¹ Tala i tabellen omfattar dei opne musea. ² Frå og med 2010 er innbyggjartala baserte på middelfolkemengde og ikkje på tal per 1. januar. ³ Talet er korrigert sidan førre utgåve.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.7. Museum som er lagde til rette for funksjonshemma

	Talet på museum ¹	Er museets lokale lagt til rette for funksjonshemma?		Er museets formidling lagt til rette for funksjonshemma?		Følgjer museets heimesider WAI-standard?	
		Ja	Nei	Ja	Nei	Ja	Nei
2010	137	102	35	76	61	.	.
2011	134	97	37	70	64	.	.
2012	128	94	34	82	46	55	73
2013	127	93	34	82	45	60	67
2014	118	88	30	80	38	46	72
2015	115	85	30	72	43	55	60

¹ Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.8. Museum og samlinger. Driftsinntekter og driftskostnader. Millionar kroner

	I alt 2013	I alt 2014	I alt 2015
Driftsresultat	110,3	73,1	156,3
Totale driftsinntekter	4 185,5	4 416,9	4 781,3
Totale egeninntekter	1 147,3	1 277,9	1 403,4
Billettinntekter	268,6	322,6	330,6
Varer og tenester	379,6	295,0	312,7
Sponsorinntekter	118,4	131,9	67,2
Gåver	-	-	92,7
Andre egeninntekter	380,7	528,5	600,2
Totalt ordinært offentlig driftstilskot	2 721,5	2 859,9	3 109,1
Ordinært driftstilskot staten	1 999,0	2 186,7	2 314,7
Ordinært driftstilskot fylkeskommune	325,0	340,2	368,1
Ordinært driftstilskot kommune	397,5	333,0	426,3
Totalt andre offentlige tilskot	316,6	279,2	268,8
Andre offentlige tilskot, staten	186,6	154,0	193,3
Andre offentlige tilskot, fylke	105,1	109,5	47,7
Andre offentlige tilskot, kommune	24,9	15,7	27,8
Totale driftskostnader	4 075,2	4 343,8	4 625,0
Varer/ tenester	360,2	379,3	353,4
Lønn	2 020,0	2 154,4	2 228,8
Pensjon	184,9	202,8	247,1
Avskrivninger	71,9	76,8	85,3
Drift lokaler	157,3	162,5	174,5
Vedlikehold lokaler	161,9	142,5	182,5
Husleige	367,6	439,6	489,1
Andre driftskostnader	787,1	832,1	899,1
- Offentlige refusjoner	35,7	46,2	34,7

Kjelde: Museum og samlinger, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.9. Årsverk ved museum og samlinger

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Årsverk i alt	3 559,9	3 578,6	3 768,1	3 842,0	3 840,8	3 934,2	3 977,8	3 972,7	4 064,8	4 052,8	4 213,1
Årsverk, lønt personale	3 384,0	3 397,1	3 568,2	3 638,6	3 633,5	3 726,9	3 782,4	3 778,1	3 862,9	3 864,6	4 015,5
Av dette											
Årsverk, faste stillinger	2 419,9	2 517,2	2 656,6	2 674,9	2 715,6	2 792,3	2 844,0	2 868,1	2 952,4	2 998,7	3 085,5
Frivillige årsverk	176,0	181,5	199,9	203,4	207,3	207,4	195,4	194,6	201,7	188,2	197,8
Årsverk, lønt personale²											
Kvinner	.	1 800,9	1 921,9	1 908,5	1 921,7	1 946,3	2 006,4	2 032,9	2 078,2	2 110,6	2 217,7
Menn	.	1 773,2	1 846,2	1 730,1	1 711,8	1 778,9	1 776,0	1 745,2	1 784,2	1 753,2	1 797,1

¹ Retta sidan førre utgåve. ² Frå 2008 er frivillige årsverk ikkje medrekna.

Kjelde: Museum og samlinger, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.10. Årsverk, etter type stilling¹

	Dagleg leiar	Vitskapleg kunst- og kulturfagleg personale	Administrativt personale	Teknisk personale
2012	153,7	1 960,6	709,9	914,7
2013	151,2	2 036,3	680,2	853,0
2014	148,9	2 033,2	734,8	804,3
2015	169,5	2 029,7	805,6	848,1
2015				
Østfold	2,0	30,5	17,1	16,7
Akershus	15,6	55,5	25,8	36,8
Oslo	29,8	521,6	264,9	177,0
Hedmark	3,0	77,5	38,2	33,5
Oppland	8,2	80,8	31,1	59,2
Buskerud	4,0	46,8	26,2	29,1
Vestfold	9,0	49,5	14,8	9,7
Telemark	3,0	51,8	13,7	22,1
Aust-Agder	2,0	42,9	6,9	7,7
Vest-Agder	9,9	41,0	12,6	25,3
Rogaland	8,2	139,9	65,0	50,6
Hordaland	11,8	214,3	102,6	150,2
Sogn og Fjordane	3,0	19,3	15,0	16,7
Møre og Romsdal	9,0	66,0	19,3	20,5
Sør-Trøndelag	14,0	296,2	49,5	62,0
Nord-Trøndelag	8,0	43,6	24,8	29,8
Nordland	7,0	95,0	37,1	71,6
Troms Romsa	7,0	104,3	19,9	13,3
Finnmark Finnmarku	13,0	50,2	18,5	11,7
Svalbard	2,0	3,0	2,9	5,0

¹Ikke alle musea rapporterer type stilling.

Kjelde: Museum og samlinger, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.11. Personar som har vore på ulike typar museum sist dei var på museum, etter menn og kvinner, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel.

	Folke- museum	Teknisk museum	Naturhistorisk museum	Kunst- museum	Arkeologisk museum	Andre museum
1991	39	16	14	12	3	16
1994	45	16	14	9	5	12
1997	37	18	17	13	5	10
2000	33	20	16	13	7	12
2004	29	20	18	14	7	11
2008	31	17	14	18	5	13
2012	22	21	15	17	6	16
Menn	20	23	16	14	7	15
Kvinner	24	19	15	19	5	16
Alder						
9-15 år	13	27	16	15	8	13
16-24 år	16	22	15	18	5	22
25-44 år	19	21	19	17	6	15
45-66 år	27	20	15	15	5	17
67-79 år	37	18	6	22	8	9
Utdanning						
Ungdomsskole	33	19	9	24	2	11
Vidaregåande skole	23	23	14	14	8	15
Universitet/høgskole, kort	27	19	16	17	4	15
Universitet/høgskole, lang	17	16	21	19	6	21
Hushaldsinntekt						
1. kvartil	28	18	14	15	8	13
2. kvartil	23	19	13	20	7	17
3. kvartil	25	21	16	18	6	11
4. kvartil	18	24	18	14	5	20
Landsdel						
Oslo/Akershus	13	26	19	24	5	10
Austlandet elles	29	17	15	17	5	15
Agder og Rogaland	18	25	8	12	11	23
Vestlandet	22	19	15	17	6	20
Trøndelag	24	26	12	9	3	24
Nord-Noreg	44	9	20	7	6	12

Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

8. Bibliotek


8.1. Nokre resultat

22,7 mill. utlån av bøker og andre medium

I 2015 vart det lånt ut 22,7 millionar bøker og andre medium frå folkebiblioteka. Det er ein nedgang på 465 000 utlån frå året før. Frå 2013 til 2014 var det òg nedgang i utlåna, då var nedgangen på 580 000 utlån. Av det samla utlånet i 2015 var 16,8 millionar utlån av bøker, om lag likt med førre året, mens det var ein nedgang på 0,5 millionar utlån av andre medium. I gjennomsnitt var det 4,4 utlånte bøker og andre medium per innbyggjar.

Utlånet av bøker utgjorde i gjennomsnitt 3,3 bøker per innbyggjar i 2015. Det var inga endring samanlikna med året før, men talet var lågare samanlikna med dei siste 10-15 åra. I 1999 lånte kvar innbyggjar 4,2 bøker i gjennomsnitt, medan utlånet gjekk ned i første halvdel av 2000-åra til 3,5 i 2010, og det fortsette å gå ned eit par år før det jamna seg ut. Talet på utlån av andre medium i same periode har vore varierende. Talet steig frå 1 lånt medium per innbyggjar i 1999 til 1,6 medium per innbyggjar i 2008 og heldt seg stabilt fram til 2011. Sidan har talet gått ned med 0,1 prosentpoeng frå år til år. Sjå tabellane 8.1 og 8.2 og figur 8.1.

Figur 8.1. Folkebibliotek. Utlån av bøker og andre medium per innbyggjar



Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Fleire utlån av barnelitteratur

Folkebiblioteka lånte ut 8,7 millionar bøker for vaksne i 2012, medan talet på utlån av bøker for vaksne i 2014 og 2015 var på høvesvis 8,3 og 8,1 millionar. Frå 2014 til 2015 gjekk utlånet av faglitteratur for vaksne ned med 2,7 prosent, medan reduksjonen i utlånet av skjønnlitteratur for vaksne var på 1,6 prosent. Reduksjonen i utlån av skjønnlitteratur var om lag tre gonger så stor frå 2014 til 2015 som frå 2013 til 2014.

Utlånet av barnelitteratur steig med 1,3 prosent i 2014 samanlikna med året før. Frå 2014 til 2015 steig utlånet ytterlegare med 2,5 prosent. Utlånet av skjønnlitteratur for barn steig med 3,3 prosent, dobbelt så mykje som året før. Medan utlånet av faglitteratur for barn hadde ein svak nedgang i 2014 på 0,2 prosent, var nedgangen frå 2014 til 2015 på 1,9 prosent, sjå tabell 8.1.

Utlånet av andre medium samla gjekk ned med 7,8 prosent, eller nær 506 000 utlån i høve til 2014. Det var den same nedgangen som året før. Samanlikna med 2011, som var det året kor utlånet var størst, er nedgangen på heile 25 prosent, eller over 1,9 millionar færre utlån. Det var nedgang i utlån av både musikk, lydbøker og film. Størst nedgang, 17 prosent, var det på talet i utlån av musikk frå 2014 til

2015. Talet på utlån av film gjekk ned med 10 prosent, medan reduksjonen i talet på utlån av lydbøker var på 2,5 prosent i same periode. Tabell 8.2 viser samla utlån av andre medium i biblioteka i perioden 1999-2015.


Nedlastingar av e-medium er av nyare dato og i 2015 vart det lasta ned 626 500 e-medium i alt, av desse var 462 500 e-bøker, for både vaksne og barn. Tabell 8.3 viser utlåna av e-medium for heile landet.

4,3 besøk i gjennomsnitt per innbyggjar i folkebiblioteka

Etter nedgangen frå 2011 til 2012, opplevde folkebiblioteka ein auke i talet på besøk for tredje året på rad i 2015. Det var 2 148 500 fleire besøk på folkebiblioteka i 2015 enn i 2012. Besøkstalet på folkebiblioteka på landsbasis auka frå 20,3 millionar i 2012 til 22,4 millionar i 2015, ein auke på 11 prosent. Dermed auka òg talet på besøk i gjennomsnitt per innbyggjar frå 4,1 i 2012 til 4,3 i 2015.

Fylkesvise tal viser at Rogaland, Vest-Agder og Troms hadde dei høgaste besøkstala per innbyggjar i 2015. I Nordland steig besøkstalet med 70 prosent, medan talet på besøk auka med 15 prosent i Østfold og høvesvis 14, 12 og 10 prosent i Nord-Trøndelag, Hordaland og Rogaland frå 2014 til 2015. Fleire fylke hadde nedgang i tal besøk; størst nedgang var det i Hedmark med 7 prosent, men også Vest-Agder og Finnmark opplevde nedgang på høvesvis 4,8 og 4,6 prosent i talet på besøk frå 2014 til 2015. Sjå tabell 8.4.

Figur 8.2. Folkebibliotek. Besøk per innbyggjar, etter fylke. 2015




Kjelde: Nasjonal biblioteket

Nær 20 millionar bøker og anna materiale i folkebiblioteka

Det var 676 folkebibliotek i 2015, ein nedgang på 10 bibliotek frå 2014. Talet på bestand viser at det var 19,3 millionar bøker og anna materiale i folkebiblioteka i 2015. Bokbestanden var på 16,6 millionar, ein nedgang på 0,5 millionar frå 2014.

Bestanden av musikk gjekk ned med over 48 000, medan bestanden av lydbøker og film auka med høvesvis 19 000 og 28 000 sidan 2014. Sjå tabell 8.5 og figur 8.3.

Figur 8.3. Folkebibliotek. Bokbestand per 31. desember




Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Fylkesbiblioteka. 333 500 utlån i 2015

Tala i tabell 8.8 viser at fylkesbiblioteka hadde eit samla utlån på 333 500 i 2015, 205 300 direkte utlån og 128 200 fjernlån frå eigne og primærbiblioteka sine samlingar. 135 000, eller 40 prosent, av samla utlån i 2015 var frå mobile einingar, det var ein nedgang frå året før på 7 prosentpoeng. Dei siste åra har det vore nedgang i samla utlån frå fylkesbiblioteka kvart år. Året 2015 var ikkje noko unnatak. Samanlikna med 2014, var det nær 74 000 færre utlån i 2015. Talet på direkte utlån gjekk ned med 50 000; om lag dobbelt så stor nedgang som året før. Talet på fjernlån gjekk ned med 23 000 utlån i 2015 medan nedgangen i 2014 var 13 000. Oversikta frå fylkesbiblioteka (sjå tabell 8.8) viser at fylkesbiblioteka hadde i underkant av 141 millionar kroner i brutto driftsutgifter i 2015, om lag 9 millionar kroner mindre samanlikna med året før. Utgifter til bøker og anna materiell har gått ned frå 11,7 millionar kroner i 2000 til i underkant av 6 millionar i 2015, om lag ei halvering.

11,8 millionar bøker og tidsskrift i biblioteka ved universitet og høgskolar

Fag- og forskingsbiblioteka hadde nær 45,9 millionar fysiske einingar i 2015. Av desse var det over 18 millionar bøker og periodika som utgjorde 40 prosent av dei totale fysiske einingane. Som tidlegare år, fanst dei største samlingane av bøker og tidsskrift seg ved universitet og høgskolar. Desse biblioteka hadde 11,8 millionar, eller 64 prosent, medan Nasjonalbiblioteket hadde 3,6 millionar bøker og tidsskrift, som svarar til 20 prosent av totalen (jf. figur 8.4).

Figur 8.4. Fag- og forskningsbibliotek. Bøker og periodika, etter bibliotektype. 2015. Prosent

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 8.10 viser tal for bestand og aktivitet i fag- og forskningsbiblioteka. Talet på utlån (gjeld førstegongslån) frå biblioteka sine egne samlingar var på nær 1,8 millionar, av desse 250 000 fjernlån til andre bibliotek. Biblioteka ved universitet og høyskolar stod for 1,5 millionar, eller 83 prosent av det samla utlånet.

Det var i alt 1 973 tilsette ved fag- og forskningsbiblioteka som til saman utførte 1 645 årsverk i 2015. 1 799, eller 91 prosent, av stillingane var bibliotekfaglege stillingar. Fag- og forskningsbiblioteka hadde i underkant av 1,9 milliardar kroner i utgifter i 2015. 26 prosent av dei samla utgiftene vart brukt til innkjøp av materiale til samlingane. Den største delen av det samla beløpet til innkjøp av materiale, 80 prosent, gjekk til bibliotek ved universitet og høyskolar. Spesialbibliotek og bibliotek ved helseinstitusjonar brukte den største delen av deira utgifter på innkjøp av materiale, 42 prosent, medan biblioteka ved universitet og høyskolar brukte 32 prosent, og Nasjonalbiblioteket brukte 2 prosent av sine utgifter til same føremål.

Skolebiblioteka har gradvis auka sine bokbestandar frå 11,1 millionar i 2002 til 14,3 millionar i 2014. Tala gjeld bokbestandane i både grunnskolar og vidaregåande skolar. Talet på utlån har ikkje hatt same utvikling; frå 1999 til 2009 steig utlånet av bøker og audiovisuelle medium i vidaregåande skolar frå 4,1 til 6,2 utlån per elev. Etter den tid har utlånet gått ned til det i 2014 låg på 5,4 utlån per elev for heile landet. Dei fleste fylka ligg rundt dette talet, men Nordland utmerker seg ved å ha det høgaste utlånet, heile 19 utlån per elev, medan Hordaland ligg i andre enden av skalaen med 2,2 utlån per elev. Alle tala gjeld 2014; skolebiblioteka har ikkje levert inn tal for 2015. Tabellane 8.12. og 8.13 viser tala for skolebiblioteka.

7,7 milliardar
pliktavleveringar

I tillegg til bibliotekfaglege oppgåver, er Nasjonalbiblioteket òg ansvarleg for registrering av pliktavlevert materiale i Noreg, sjå tabell 8.11. I 2015 gjorde Nasjonalbiblioteket eit systemskifte frå BIBSYS Biblioteksystem til Alma. Overgangen til nytt system førte med seg at det ikkje vart registrert pliktavlevert materiale på ein månad og at e-bøker ikkje kunne registrerast frå og med november; dette påverkar statistikken for 2015.

I alt vart det registrert 7,7 milliardar avleveringar av materiale til Nasjonalbiblioteket i 2015 medan det i 2014 var 5,2 milliardar. Det er spesielt vevdokumenta som har auka i omfang; frå 2014 til 2015 var auken på heile 48 prosent. Talet på vevdokumenta i 2015 var det høgaste sidan 2005 då innhaustinga

av nettsider på det norske internettdomenet (-.no) vart sett i operativ drift. Berre siste året har talet auka med 2,5 milliardar avleveringar. Sjå tabell 8.11.

Av anna avlevert materiale enn vevdokumenta var auken i alt 9 370 i 2015 samanlikna med 2014. For 2015 var det samla talet 277 000 avleveringar. Høgast auke i tal var i avleveringar av digital radio (talet på filer) då det var 12 400 fleire avleveringar i 2015. Høgast auke i prosent finn ein i avleverte kart, heile 65 prosent.

På dei fleste andre områda var det nedgang; det var størst prosentvis nedgang i talet på avleverte postkort med 65 prosent. Andre medium som hadde betydeleg nedgang var e-bøker med 38 prosent, videoar med 35 prosent, lydbøker med 38 prosent og notetrykk med 56 prosent.


Talet på pliktavleverte bøker gjekk opp frå over 10 100 bøker i 2014 til nær 10 900 avleverte bøker i 2015. Talet på avleverte lydbøker har hatt ein fallande tendens sidan 2008 sjølv om det i 2010 vart registrert ein liten oppgang. I 2015 gjekk talet på avleverte lydbøker nok ein gong ned, i og med at det vart levert 128 færre lydbøker enn året før. Talet på videoar gjekk ned frå 194 i 2014 til 126 i 2015.

Fengselsbiblioteka har hatt ein auke i alle typar utlån, og sterkast er auken i utlån av AV-medium. Berre siste året steig utlånet med 55 000 for desse media. Auken her er like stor som heile utlånet av skjønnlitteratur. Utlånet av både fag- og skjønnlitteratur gjekk òg opp frå 2014 til 2015; for faglitteratur var auken 15 prosent. Det er 40 fengselsbibliotek i Noreg i 2015 medan det var 14 i 2001. Bestand av bøker og AV-medium i same periode har auka proporsjonalt, frå 74 000 i 2001 til 200 000 i 2015. Tal utlån per innsett var 139 i 2015. Då er både faglitteratur, skjønnlitteratur og AV-medium rekna med, sjå tabell 8.9.

Det har ikkje vore nye kulturbruksundersøkingar sidan 2012. Detaljerte tal frå tidlegare undersøkingar er presenterte i Kulturstatistikk 2012 og Norsk kulturbarometer 2012.


Figurane 8.5 og 8.6 gjev eit bilete av kor mange prosent, etter høvesvis kjønn og alder, som hadde vore på eit folkebibliotek siste 12 månader i åra 1997, 2000, 2004, 2008 og 2012.

Figur 8.5. Personar som har vore på folkebibliotek dei siste 12 månadene, etter kjønn



Kjelde: SSB, Kulturbarometer 2012.

Figur 8.6. Personar som har vore på folkebibliotek dei siste 12 månadene, etter alder. Prosent



Kjelde: SSB, Kulturbarometer 2012.

8.2. Bibliotekbruk


Statistisk sentralbyrå gjennomførte i 2015 ei landsomfattande undersøking om bibliotekbruken til folk, og gav ut ein rapport med resultata same året; «Undersøkelse om bibliotekbruk 2015». Undersøkinga og rapporten vart finansiert av Kulturdepartementet. Tidlegare er det gjort samanliknbare undersøkingar i 1998 og 2005.

Rapporten viser at det er ein markant nedgang i tradisjonell bruk av biblioteka for alle grupper. Samstundes ser ein at biblioteka vert meir brukt til andre aktivitetar. Ein tredel av dei spurde seier at dei har sett utstillingar på folkebiblioteket det siste året, medan ein av fire har vore på møte, tilstellingar, kurs, debattar og liknande arrangert av biblioteket. Særskilt ser ein dette for brukarar i gruppa 45 år og eldre.


Undersøkinga viser at om foreldra brukar biblioteket så verkar det forsterkande på bruken hjå barna. Det er liten skilnad i bruken av bibliotek mellom jenter og gutar.

Færre studentar brukar folkebiblioteka i 2015 i høve til ti år tidlegare. Framleis brukar halvparten av studentane folkebiblioteket, og dei kvinnelege studentane brukar tilbodet meir samanlikna med dei mannlege. Studentar brukar biblioteka sine nettenester meir i høve til resten av befolkninga. Dei aller fleste studentane nyttar framleis fag- og forskingsbibliotek sjøl om bruken har gått noko ned dei siste ti åra. Bruken er størst hjå dei yngste, hjå heiltidsstudentar og dei som følgjer undervisninga ved lærestaden.

Dei som brukar biblioteka nyttar òg andre kulturtilbod som konsertar og museum meir enn andre. Dei har òg ein hyppigare aktivitet i lesing av bøker, vekeblad, tidsskrift og lesing for barn, medan andre medievanar som til dømes TV-sjåing, lesing av aviser og bruk av Internett er som hjå befolkninga elles.

Figur 8.7. Delen studentar og delen av befolkninga mellom 16 og 69 som har brukt dei forskjellige tenestene til folkebiblioteket. 2015

Kjelde: Undersøking om bibliotekbruk 2015, Statistisk sentralbyrå.

Figur 8.8. Årsaker til at ein ikkje har brukt folkebiblioteket siste 12 månader blant ikkje-brukarar. 2015

Kjelde: Undersøking om bibliotekbruk 2015, Statistisk sentralbyrå.

8.3. Om bibliotekstatistikken

Nasjonalbiblioteket er ansvarleg for innsamling av statistikk for dei ulike biblioteka; folkebiblioteka, fylkesbiblioteka, skolebiblioteka, fengselsbiblioteka og mobile einingar, samt frå fag- og forskingsbiblioteka. Statistikken for folkebibliotek er heimla i folkebiblioteklova (Lov om folkebibliotek 1985-12-20-108). Statistikken for fag- og forskingsbibliotek viser verksemda til biblioteka, mellom anna om bok- og mediebestand, utlån, besøk og kostnader.

Vi legg til at grunna endringar i datainnsamlinga, er tal frå fag- og forskingsbiblioteka for 2014 og 2015 ikkje samanliknbare med tidlegare år.

All statistikk om biblioteka si verksemd har vore ein del av kulturstatistikken i Statistisk sentralbyrå (SSB) sidan 1982.

Omfang og publisering

Folkebibliotek Alle folkebiblioteka er med i folkebibliotekstatistikken. For 2015 var det til saman 676 folkebibliotekavdelingar (hovudbibliotek og filialar til saman). Hovudbiblioteket i kommunen er rapporterende eining. Det hender frå år til år at nokre kommunar ikkje leverer statistikk, medan nokre kommunar leverer ufullstendig statistikk. Delar av folkebibliotekstatistikken vert publiserte på SSB sine Internettider gjennom KOSTRA, førebelse tal 15. mars og endelege tal 15. juni.

Skolebibliotek Skolebibliotekstatistikken omfattar bibliotek ved offentlege og private (offentleg godkjende) vidaregåande skolar og bibliotek i grunnskolen.

Fag- og forskingsbiblioteka Det enkelte bibliotek er kjelde for sine data, og statistikken vert henta inn til Nasjonalbiblioteket ved hjelp av eit elektronisk skjema på Internett. Ein har prøvd å lage statistikkskjemaet med tanke på at data skal vere tilgjengelege i dei bibliotekfaglege systema, f.eks. ALMA. Undersøkinga er meint å dekkje heile sektoren. 166 bibliotek har rapportert i 2015; desse 166 biblioteka har til saman 263 betjeningssteder.

Fag- og forskingsbibliotek vert publisert i SSB – <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/ffbibl/aar> omkring veke 21.

Datakjelder og datainnsamling

Det er Nasjonalbiblioteket som i det store og heile handsamar og kvalitetssikrar folkebibliotekstatistikken, medan SSB er engasjert i dette arbeidet når det gjeld statistikken for fag- og forskingsbiblioteka. SSB får ei elektronisk fil frå Nasjonalbiblioteket og går gjennom kvaliteten før data vert publiserte.

¹ Tal på foto i bibliotek og museum er ikkje inkludert i arkivstatistikken frå 2008-2014. F.o.m. 2015 inkluderer arkivstatistikken foto i museum og bibliotek, i deira privatarkivbestand. Musea leverer opplysningar om foto i eiga samling til museumsstatistikken. ² Film, video og lyd vart talde i timar i 2014. Arkivverket og seks andre institusjonar gav talet i fysiske einingar i 2013. F.o.m. 2015 er film, video og lyd talde i fysiske einingar. ³ Frå 2011 er arkivpopulasjonen utvida med bibliotek med arkivfunksjonar. ⁴ Talde i tal på sider. ⁵ Talde i tal på filer.

Kjelde: Arkivverket.

Tabell 9.4. Arkivinstitusjonar. Besøk, formidling, årsverk og økonomital

	Arkiv- institu- sjonar i alt	Besøk lesesal ¹	Besøkande på nettsider	Føre- spurnader frå publi- kum ²	Opne arrange- ment	Årsverk, totalt ³	Drifts- inntekter ⁶	Drifts- kostnader ⁶
2010	59	87 936	1 378 649	75 871	298	623	484 667	516 288
2011	68	77 768	1 894 284	77 030	271	700	530 152	557 343
2012	68	82 963	3 124 872	77 700	285	1 561	1 553 444 ⁵	⁵ 1 593 593
2013	69	87 916	13 199 666	83 536	349	1 601	1 619 272 ⁵	⁵ 1 737 207
2014	56	31 504	⁴ 170 008 034	80 877	357	917	666 044	675 076
2015	49	32 030	2 903 073	97 966	356	686	736 533	688 183
Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar	23	8 953	1 033 807	48 508	117	337	304 275	252 102
Arkivverket..	10	17 907	⁷ 1 596 508	36 817	141	286	345 032	332 445
Stortingsarkivet, Nasjonalbiblioteket (kun besøk lesesal og førespurnader)..	2	2 012	-	2 610	3	16	10 000	10 000
Andre arkivinstitusjonar	14	3 158	272 758	10 031	95	47	77 226	93 636

¹ Besøkstala for 2010 og 2011 skil seg frå tala frå Norsk kulturråd sidan SSB har gjort imputeringar av manglande data. ² Skriftlege førespurnader som gjeld saker om innsyn i og bruk av arkiv. ³ Inkluderer faste og mellombelse stillingar. ⁴ Talet inkluderer tal på sidevisningar på nettstaden Digitalarkivet.no. ⁵ I 2012 og 2013 inkluderer økonomitala ved ei forgløyming også tal frå Statens Kartverk. ⁶ Oppgjeven i heile 1 000. ⁷ Talet inkluderer Digitalarkivet.
Kjelde: Norsk kulturråd og Arkivverket.

Tabell 9.5. Digitalarkivet. Talet på søk/nedlastingar. Millionar

	Totalt tal på nedlasta sider frå databasar og skanna kjelder	Talet på søk (nedlastingar) frå Digital-arkivet ¹
2000	23,7	23,7
2001	37,5	37,5
2002	38,8	38,8
2003	47,5	47,5
2004	50,8	50,8
2005	42,8	42,8
2006	80,0	45,0
2007	145,1	56,2
2008	179,3	72,9
2009	180,5	68,7
2010	179,6	68,9
2011	227,6	91,9
2012	196,3	62,4
2013	249,2	64,5
2014	170,8	53,5
2015	198,3	64,5

¹ Talet på søk i transkriberte data, tek ikkje med skanna materiale.
Kjelde: Digitalarkivet.

10. Bøker

10.1. Nokre resultat

Utgjevingar


27 prosent nedgang i
utgjevne bøker

I 2015 vart det totalt gjeve ut om lag 8 400 bøker som utgjer ein nedgang på 27 prosent samanlikna med året før. Talet på utgjevne bøker har halde seg på same nivå sidan 2010, på om lag 11 500, før denne nedgangen i 2015, sjå tabell 10.1. Av dette er det om lag 6 200 norske utgjevingar og 2 200 originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg.

Ser vi på dei bøkene som er klassifiserte etter emne som vist i figur 10.1 og i tabell 10.2, ser vi at dei litterære boktitlane var i overveldande fleirtal dei siste tre åra. Bøker med emnet litteratur har tatt seg kraftig opp samanlikna med året før. Nokon bøker er ikkje klassifiserte etter emne fordi ei bok kan innehalde fleire emne.

I 2015 var nesten 3 000 registrerte titlar litteratur av dei totalt 6 900 emneinndelte titlane, og dei største gruppene etter litteratur var samfunnsvitskap med om lag 1 100 titlar, og bruksretta vitskap med om lag 1 000 utgjevne klassifiserte bøker.

Figur 10.1. Utgjevne bøker, etter emne



Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Språk

Når vi vurderer språk i bøker som er gjevne ut, tek vi ikkje med bøker som er publiserte i andre land, og som deretter vert importerte til Noreg som ferdige produkt. Difor vil talet på bøker som er tilgjengelege for kundar i bokhandelen vere høgare samanlikna med talet på publiserte bøker i Noreg. Fordelinga av språk vil i handel vere annleis fordi det der vil vere fleire bøker på internasjonalt store språk, særskild vil engelske bøker verte direkte importerte. Språk fordelte på emne viser prioriteringar og vurderingar gjort av norske bokutgjevarar.

Tabell 10.4 viser at nær 5 600 av dei 7 300 emneinndelte boktitlane inneheldt tekst på bokmål, nær 500 inneheldt tekst på nynorsk og 1 100 inneheldt engelsk tekst. Ei bok kan innehalde fleire emne og vere på fleire språk.

91 prosent av litteratur på
bokmål

Innanfor emnet litteratur inneheldt 2 800 av 3 000 bøker tekst på bokmål, det utgjer 91 prosent av alle bøker som vart registrerte og utgjevne på dette emnet i Noreg i 2015. Emnekategoriene filosofi har den nest største delen av bøkene på bokmål, 88 prosent. Av kategoriane i tabell 10.4 har kategorien språk den høgaste delen på

nynorsk, 18 prosent. Innanfor historie og geografi er åtte av hundre bøker på nynorsk, og er kategorien med nest mest på nynorsk, medan den lågaste delen finn vi innanfor filosofi der tilnærma null prosent er på nynorsk.

I kategorien naturvitskap, er 52 prosent av bøkene på engelsk og er dermed den kategorien med høgast del med engelsk som utgjevarspråk. Innanfor bruksretta vitskap er det 48 prosent engelske bøker, men totalt sett vert det gjeve ut mest engelske bøker i denne kategorien, nær 500.

Når det gjeld samisk, er det få utgjevingar. Blant dei registrerte bøkene i 2015 inneheldt berre 15 bøker samisk, sjå tabell 10.4.

Uavhengig av språk var det i 2015 om lag 1 800 romanar og om lag 900 barne- og ungdomsbøker mellom dei 3 000 skjønnlitterære boktitlane. I kategoriane drama og dikt var det høvesvis 50 og 163 titlar. 48 prosent av dei skjønnlitterære boktitlane var norske, medan 52 prosent var utanlandske, sjå tabell 10.5.

Av dei registrerte boktitlane var det meir enn 2 200 omsette bøker i 2015, noko lågare samanlikna med 2014. Fleirtalet av titlane er omsette frå engelsk (61 prosent). Delen omsette bøker frå engelsk har halde seg på dette nivået i dei fleste åra på 2000-talet, med unntak av åra 2000, 2001 og 2009 kor delen var litt høgare. Nest størst er svensk, med 15 prosent av alle omsette bøker. Sjå tabell 10.6 for tal på omsette bøker etter originalspråk.

Nesten 1 500 titlar med barne- og ungdomslitteratur

Det vart utgjeve nesten 1 500 titlar innanfor barne- og ungdomslitteratur i 2015, noko som er ein nedgang frå 2014. Det har vore nedgang to år på rad sidan, både i 2014 og 2015. Om lag 900 titlar var skjønnlitteratur, medan 600 var faktabøker. Av alle fakta- og skjønnlitterære utgjevingar for barn og ungdom inneheldt 84 prosent av bøkene bokmål, 15 prosent nynorsk, 1 prosent samisk, 4 prosent engelsk og 2 prosent inneheldt andre språk. Ei bok kan innehalde fleire språk, difor kan ikkje desse prosentdelane leggjast saman til 100 prosent, sjå tabell 10.7.


Omsetnad

Betydeleg auke for bokimportørar og andre forlag

2015-tala frå Den norske Forleggerforening viser at den totale omsetnaden av bøker var på nær 5,9 milliardar kroner målt i utsalsprisar, sjå tabell 10.8. Dette var ein auke på 0,3 prosent frå 2014. Dei som først og fremst opplevde ein auke i omsetnaden, var gruppa andre forlag som ikkje er medlem av foreininga og bokimportørar. Figur 10.2 viser at andre forlag er den nest største gruppa på denne marknaden og stod for 12 prosent av omsetnaden i 2015. Dei hadde ein auke i bokomsetnad til utsalsprisar på 165 millionar kroner jamført med førre året som svarte til ein prosentvis auke på 30 prosent.

Den prosentvise auken var likevel størst for bokimportørane, og med sitt lågare utgangspunkt var auken på 75 millionar kroner. Dette utgjorde ein auke på 37 prosent jamført med førre året.

Medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening stod for 71 prosent av bokomsetnaden i Noreg. Dei hadde ein omsetnad på nesten 4,2 milliardar kroner, noko som var ein liten nedgang frå året før (0,3 prosent), sjå figur 10.2 og tabell 10.8.

Figur 10.2. Bokomsetnad, forlag og importører

Kjelde: Den norske Forleggerforening.


Vi ser vidare på tala frå Den norske Forleggerforening om omsetnad og talet på selde eksemplar etter bokgruppe i tabell 10.9 og ser at i 2015 selde medlemsforlaga 23,3 millionar bøker. Dette utgjer totalt ein nedgang på 0,9 prosent frå 2014 sjølv om det var veldig ulikt om dei enkelte bokgruppene hadde oppgang eller nedgang i salet. Den største marknaden innanfor bøker er norsk sakprosa for vaksne og billegbøker som hadde ein brutto omsetnad på høvesvis 607 og 518 millionar kroner. Alle tala for omsetnad er brutto omsetnad og vert heretter omtala som omsetnad.

Stor vekst i talet på selde lærebøker

Også bøker for grunnskole og andre lærebøker utgjer ein stor del av marknaden, og desse gruppene hadde den største veksten i omsetnaden frå 2014 til 2015. Særleg auka omsetnaden av lærebøker. Her var veksten i talet på selde eksemplar på 36 prosent. Beløpet det vert omsett for heng naturlegvis saman med talet på selde eksemplar, og det ser vi òg når det gjeld omsetnaden på lærebøker som auka med over 30 prosent til 461,4 millionar kroner, sjå figur 10.3 og tabell 10.9.

Marknaden for e-bøker er ikkje stor samanlikna med marknaden for dei andre gruppene, men omsetnaden her auka dei siste åra. Spesielt var det ein auke i talet på selde eksemplar av e-bøker for undervisnings- og profesjonsformål på 38 prosent. Likeeins salet av e-bøker for allmennmarknaden voks, 5 prosent frå 2014 til 2015. Pris rekna ut per eksemplar for e-bøker til undervisnings- og profesjonsformål heldt seg stabil, medan prisauken på e-bøker for allmennmarknaden auka frå 85 kroner til 99 kroner.

Tabell 10.9 viser at dei bokgruppene som har hatt størst nedgang i omsetnad er sakprosa for barn (20 prosent), verk (37 prosent) og kommisjonsbøker og lover (21 prosent).

Figur 10.3. Bruttoomsetnad¹, fordelt på bokgruppe

¹ Bruttoomsetnaden er estimert på bakgrunn av nettoomsetnaden.
Kjelde: Den norske Forleggerforening.

Opphavspersoner

I 2015 var fleire menn enn kvinner opphavspersonar til barnebøker

Det var registrert 7 500 opphavspersonar til originale norske utgjevingar i 2015. Av dette var 44 prosent kvinner, som er om lag det same som året før. Menn var òg i eit knapt fleirtal, med 51 prosent, mellom dei om lag 1 000 opphavspersonane til barnebøker, sjå tabell 10.10. Det har sidan 2009 vore flest kvinnelege opphavspersonar til barnebøker, men i 2015 var det flest menn.

Av emneindelte bøker er kategoriane alminnelege skrifter og historie og geografi dei kategoriane med lågast del kvinner, høvesvis 21 og 27 prosent, medan innanfor språklitteratur finn ein 57 prosent kvinner i 2015, sjå tabell 10.11. I 2014 var delen kvinner innanfor språk på 63 prosent, slik at kvinnedominansen ikkje er så sterk som før.

Lesing

25 prosent les trykte bøker ein gjennomsnittsdag

Tal frå Norsk mediebarometer 2015 viser at kvar nordmann i gjennomsnitt brukte 16 minutt på boklesing på fritida per dag. Det var 23 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år som las ei bok på fritida ein gjennomsnittsdag.

Det er fleire tendensar som har vore stabile dei siste åra. Det var som vanleg fleire kvinner enn menn som las bøker på fritida i 2015, 28 prosent kvinner og 18 prosent menn. Dei som las mest var barn i alderen 9-15 år. Mellom desse las 36 prosent på ein gjennomsnittsdag. Mellom dei med høgare utdanning las ein større del bøker samanlikna med dei med lågare utdanning. Til dømes las 35 prosent av dei med lang universitets- eller høgskoleutdanning bøker ein gjennomsnittsdag, mot 20 prosent av dei med vidaregåande utdanning. Sjå tabellane 10.12-10.14.

10.2. Om bokstatistikken

Nasjonalbiblioteket

Statistikken frå Nasjonalbiblioteket viser talet på bøker som er gjeve ut i Noreg i eit år. Rolla til Nasjonalbiblioteket inneber mellom anna administrering av pliktavleveringslova som seier at alle dokument som vert produserte i Noreg skal pliktavleverast. Bokstatistikken frå Nasjonalbiblioteket er utarbeidd for å kunne gje eit bilete av kva som er kome inn til Nasjonalbiblioteket av norske pliktavleverte bøker.

I statistikken legg ein til grunn at alt som er gjeve ut året før er avlevert og registrert innan mai året etter. Produksjonen av statistikken skjer difor normalt i mai året etter teljeåret og desse tala vert rekna som endelege sjølv om det kan hende at det kjem inn nokre få registreringar frå utgjevingar frå tidlegare år lenge etter året utgjevinga var.

Ein del bøker er ikkje klassifiserte fordi det kan finnast bøker som inneheld fleire ulike emne og/eller fleire språk. Difor vil totaltalet i tabellane variere noko alt etter kva tabellen er klassifisert etter, til dømes om klassifiseringa er etter emne eller språk.

Frå Bibsys til Alma – skifte av biblioteksystem

I 2015 vart biblioteksystemet skifta frå Bibsys til Alma. Det har ført til at tala for dei to siste månadene i 2015 er berekna. I følgje opplysningar frå Nasjonalbiblioteket er det sannsynleg at ikkje alle utgjevingane er komne med. Tala for 2015 kan difor vere noko låge.

Frå og med 2010 skil ikkje statistikken mellom bøker og det som i tidlegare statistikk vart kalla småtrykk. Bøker under 49 sider vart før kalla småtrykk. Skolebøker for grunnskole og vidaregåande skole er frå og med 2010 inkluderte i statistikken.

Den norske Forleggerforening

Statistikken frå Den norske Forleggerforening gjer talet på bøker som er seld i Noreg i statistikkåret og kor stor omsetnaden av bøker har vore. Talet på selde bøker er henta frå den årlege bransjestatistikken. Foreininga byggjer tala for bokomsetnad på opplysningar henta inn frå medlemsforlag, bokklubbar og andre aktørar i bokmarknaden. Omsetnaden til forlag som ikkje er medlemmer av foreininga, byggjer dels på innrapporterte tal og dels på estimat.

Mediebruksundersøkingane

I mediebruksundersøkingane er hushaldsinntektene delt inn i kvartilar (Vaage, Odd Frank 2016). Kvartilar gjev ei firedeling av eit datamateriale som er sortert etter storleiken på ein variabel, som her er hushaldsinntekta. Den første kvartilen er da den fjerdedelen som har lågast hushaldsinntekt, medan den fjerde kvartilen er dei med høgast hushaldsinntekt, sjå tabellane 10.13 og 10.14.

Andre kjennemerke som er nytta i tabellane er yrkesstatus og utdanning, sjå tabellane 10.13 og 10.14.

Yrkesstatus

Grupperinga for yrke byggjer på Standard for yrkesklassifisering (SSB 1998).

Yrkesgruppe 1-2: Administrative leiarar og politikarar, akademiske yrke

Yrkesgruppe 3: Yrke med kortare høgskole- og universitetsutdanning og teknikarar

Yrkesgruppe 4-5: Kontor- og kundeserviceyrke, sals-, service- og omsorgsyrke

Yrkesgruppe 6-9: Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske, handverkarar o.l., prosess- og maskinoperatørar og transportarbeidarar o.l., yrke utan krav til utdanning

Yrkesgruppe 0: militære yrke og uoppgitte: Desse blir koda om slik at meinige og uoppgitte blir plasserte i yrkesgruppe 9, befall 1 i yrkesgruppe 3, og befall 2 i yrkesgruppe 1-2.

Utdanning

Utdanning er gruppert etter Norsk standard for utdanningsgruppering, NUS2000. Sjå Norsk mediebarometer 2015 eller Befolkningens utdanningsnivå for fleire forklaringar.

Vidaregåande utdanning:

Dette er nivået mellom grunnskole og universitet og høgskole. I standarden blir nivået «påbygging til vidaregåande utdanning» inkludert, noko som omfattar utdanningar som byggjer på vidaregåande skole, men som ikkje er godkjent som høgare utdanning.

Universitet og høgskole, kort:

Dette er universitets- og høgskoleutdanningar på lågare nivå og er i statistikken definert til å vere utdanningar som tek fire år eller mindre. Bachelorgrader kjem inn under denne kategorien.

Universitet og høgskole, lang:

Dette er universitets- og høgskoleutdanningar på høgare nivå og er utdanningar som tek meir enn fire år, til dømes mastergrader. Forskarutdanningar kjem også inn under lang høgare utdanning.

10.3. Feilkjelder og uvisse

Nasjonalbiblioteket oppgjev til SSB at alle tala for 2015 er estimerte og at dei kan vere låge. Årsaka til estimeringa er at det blei skifta biblioteksystem frå og med november 2015, og at tala for november og desember difor har vorte berekna.

Endeleg tal frå 2010

Inntil 2009 var tala frå Nasjonalbiblioteket rekna som førebelse, og tala frå tidlegare år kunne dermed bli oppdaterte kvart år. Frå 2010 er tala frå Nasjonalbiblioteket endeleg. Tala frå pliktavleveringa kan likevel vere litt forskjellige frå nasjonalbibliografien (Norbok). Ein grunn til dette kan vere at statistikken gjeld det året som bøker vart gjeve ut, og fell ikkje alltid saman med når bøkene er registrerte ved Nasjonalbiblioteket.

På grunn av restansar i registreringa av bøker i Norbok bakover i tid vil ikkje alle tala stemme med det som faktisk vart gjeve ut. Statistikken er oppdatert frå 2004 til i dag, men frå 2003 og bakover er det framleis materiale som ikkje er registrert.

Referansar

Den norske Forleggerforening (2016): *Bokmarkedet 2015 forleggerforeningens bransjestatistikk*. Henta frå http://forleggerforeningen.no/wp-content/uploads/2016/05/Bransjestatistikken_2015-AP.pdf

Nasjonalbiblioteket: <http://www.nb.no>

Lovdata: LOV 1989-06-09-32: *Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (pliktavleveringslova)*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-09-32>

SSB (1998) : *Standard for yrkesklassifisering*. Henta frå http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/nos_c521/nos_c521.pdf

Vaage, Odd Frank (2016): *Norsk mediebarometer, 2015*. Statistisk sentralbyrå. Henta frå <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2015>

Tabell 10.1. Utgjevne bøker totalt. Talet på titlar

	Bøker			Omsette ²
	I alt ¹	Av dette førsteutgåver	Utgjevne på originalspråket	
2000	6 477	5 524	4 443	2 034
2001	6 377	5 462	4 340	2 037
2002	6 864	5 745	4 670	2 194
2003	7 446	6 306	5 160	2 286
2004	7 164	5 984	4 747	2 417
2005	8 431	7 032	5 696	2 735
2006	8 477	7 123	5 696	2 781
2007	8 442	7 038	5 814	2 628
2008	8 835	7 483	6 288	2 547
2009	7 919	6 606	5 361	2 558
2010 ³	11 690	..	9 128	2 562
2011	11 929	..	9 031	2 898
2012	11 281	..	8 469	2 812
2013	11 399	..	8 792	2 607
2014	11 535	..	8 903	2 632
2015 ⁴	8 423	..	6 203	2 220

¹ I alt er sum av originalt norske utgjevingar og originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg. ² Gjeld ikkje omsetjingar mellom norske språk (bokmål, nynorsk, samisk m.m.). ³ I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ⁴ I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna. Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 10.2. Utgjevne bøker klassifisert etter emne. Talet på titlar. 2015

	Bøker ¹		
	Klassifiserte bøker	Originalt norske utgjevingar	Originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg
I alt	6 914	4 791	2 123
Alminnelege skrifter	91	78	13
Filosofi	191	136	55
Religion	242	151	91
Samfunnsvitskap	1 070	998	72
Språk	102	92	10
Naturvitskap	283	238	45
Bruksretta vitskap	994	863	131
Kunst, rekreasjon	563	436	127
Litteratur	2 982	1 495	1 487
Historie og geografi	396	304	92

¹ Ikkje klassifiserte publikasjonar er ikkje med i tabellen. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 10.3. Andre typar utgjevingar. Talet på titlar

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010 ¹	2011 ²	2012	2013	2014	2015 ⁴
I alt	303	409	377	420	484	405	503	505	412	810	1 008	671
Lydbøker	287	355	335	370	439	389	438	443	335	298	324	256
CD-ROM	13	20	14	20	16	5	63	56	70	59	63	55
Kombidokument ³	3	34	28	30	29	11	2	6	7	11	5	1
Nettdokument og e-bøker	.	.	.	.	.	.	.	48	195	442	616	359

¹ I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ² Frå 2011 er nettdokument og e-bøker for første gong rapportert inn, difor manglar tal frå tidlegare år. ³ Dokument som er på ein kombinasjon av ulike format. ⁴ I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna. Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 10.4. Utgjevne bøker klassifisert etter utgjevarspråk¹ og emne²

	I alt	Bokmål	Nynorsk	Samisk	Engelsk	Andre språk
2000	6 477	5 323	452	19	592	91
2001	6 377	5 212	459	18	624	64
2002	6 864	5 471	480	20	830	63
2003	7 446	5 992	591	19	775	69
2004	7 164	5 869	383	19	813	80
2005	8 431	6 844	492	39	968	88
2006	8 477	6 844	498	44	1 010	81
2007	8 442	6 637	517	44	1 135	109
2008	8 835	6 864	511	33	1 320	107
2009	7 919	6 280	429	35	1 115	60
2010 ³	8 906	6 637	598	59	1 389	223
2011	9 520	7 085	636	72	1 514	213
2012	9 399	6 851	639	45	1 674	190
2013	9 448	6 817	672	70	1 705	184
2014	9 679	7 180	654	71	1 608	166
2015 ⁴	7 298	5 556	477	15	1 121	129
2015						
Alminnelege skrifter	93	54	7	0	31	1
Filosofi	195	172	0	0	19	4
Religion	253	212	13	0	24	4
Samfunnsvitskap	1 186	834	97	2	223	30
Språk	146	76	26	1	17	26
Naturvitskap	290	124	13	2	150	1
Bruksretta vitskap	1 035	493	31	4	497	10
Kunst, rekreasjon	646	482	46	1	100	17
Litteratur	3 032	2 759	209	5	31	28
Historie og geografi	422	350	35	0	29	8

¹ Ei bok kan innehalde fleire emne og vere på fleire språk. ² Bøker frå 2000 til 2009 er sum av bøker og småtrykk slik dei var talte opp i Kulturstatistikk 2009, revidert tidsserie i denne utgåva. ³ I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ⁴ I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna. Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 10.5. Norske og utanlandske skjønnlitterære bøker, etter genre/type. Talet på titlar

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
I alt	3 143	3 442	3 317	3 436	3 625	3 012
Dikt	176	184	167	195	217	163
Drama	87	125	106	93	140	50
Romanar	1 863	2 061	1 979	2 092	2 054	1 807
Barn og ungdom	881	963	912	932	1 048	877
Anna	136	109	153	124	166	115
I alt	3 143	3 442	3 317	3 436	3 625	3 012
Norske	1 472	1 641	1 587	1 651	1 896	1 458
Utanlandske	1 671	1 801	1 730	1 785	1 729	1 554

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 10.6. Omsette bøker, etter originalspråk. Talet på titlar

	I alt	Svensk	Dansk	Engelsk	Tysk	Fransk	Andre språk og uoppgitt
2000	2 034	168	99	1 471	83	58	155
2001	2 037	202	79	1 462	61	83	150
2002	2 194	264	124	1 439	83	92	192
2003	2 286	323	107	1 517	90	78	171
2004	2 417	302	120	1 586	86	83	240
2005	2 735	347	155	1 753	120	101	259
2006	2 781	350	131	1 768	103	113	316
2007	2 628	366	121	1 648	125	112	256
2008	2 547	358	98	1 627	100	99	265
2009	2 558	291	99	1 775	97	80	216
2010 ^{1,2}	2 562	315	131	1 635	99	95	287
2011 ^{1,2}	2 898	423	185	1 732	113	134	311
2012	2 812	337	180	1 738	108	116	333
2013	2 607	296	160	1 645	107	102	297
2014	2 632	314	134	1 701	87	93	303
2015 ³	2 220	326	121	1 361	120	94	198

¹ Ein mindre del av utgjevingane er ikkje klassifiserte. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. ² I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ³ I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna. Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 10.7. Barne- og ungdomslitteratur, etter genre og utgjevarspråk. Talet på titlar

	2011	2012	2013	2014	2015
Bøker¹					
I alt	1 835	1 667	1 811	1 731	1 473
Skjønnlitteratur	963	912	932	1048	877
Fakta	872	755	879	683	596
Bokmål	1 545	1 420	1 455	1482	1 234
Nynorsk	220	183	335	220	218
Samisk	56	38	32	48	11
Engelsk	70	98	80	68	58
Andre språk	38	28	20	12	30

¹ Ei bok kan ha fleire språk, difor er ikkje bøker i alt sum av bøker på ulike språk, kun sum av bøker av ulike genre.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 10.8. Den Norske Forleggerforening. Bokomsetnad til utsalssprisar. Millionar kroner

	I alt	Medlemsforlag	Andre forlag	Bokklubbar	Bokimportører	Privatimport
1990	3 062	1 970	439	469	184	..
1997	4 624	2 708	646	948	322	..
1998	4 906	2 862	655	1 039	350	..
1999	4 916	2 846	628	1 091	351	..
2000	4 682	2 639	567	1 115	361	..
2001 ¹	4 645	2 529	491	1 250	375	..
2002	4 984	² 2 787	550	1 274	373	..
2003 ³	5 443	3 139	600	1 323	381	..
2004	5 152	3 240	407	1 149	356	..
2005	5 302	3 371	490	1 087	354	..
2006	5 653	3 821	501	987	344	..
2007	6 025	4 295	548	872	310	..
2008	5 823	4 248	551	696	328	..
2009 ⁴	5 692	4 222	554	631	285	..
2010	5 607	4 179	615	577	236	..
2011 ⁵	5 530	4 233	539	563	195	..
2012 ⁶	5 345	4 047	546	543	209	..
2013 ⁶	5 555	4 144	615	587	209	285
2014 ⁷	⁷ 5 851	4 292	546	518	⁷ 204	291
2015	5 867	4 150	711	464	279	263

¹ Omsetnaden for 2001 er korrigert med den same multiplikatoren som er brukt i 2002. ² Talet er korrigert for bruttoomsetnad til bokklubbar. ³ Frå og med 2003 er omsetnad av lydbøker inkludert i tala for omsetnad. ⁴ Talet for bokimportører er justert for dobbelregistrering på 158 millionar kroner i 2009. ⁵ Tala frå 2005 til 2011 er reviderte av Forleggerforeningen i 2012 og justert her deretter. ⁶ Tala er revidert for perioden 2012 og 2013. ⁷ Tala er korrigert sidan førte utgåve.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.

Tabell 10.9. Den norske Forleggerforening. Omsetnad og talet på selde eksemplar, etter bokgruppe

Bokgruppe	Talet på selde eksemplar			Brutto omsetnad ¹			Berekna pris per eksemplar	
	2014	2015	Endring i prosent	2014	2015	Endring i prosent	2014	2015
— Millionar kroner —								
I alt	23 460 859	23 256 307	0,9	4 321,4	4 643,5	7,5	177	190
Grunnskolen	2 323 462	2 641 970	13,7	430,7	534,1	24,0	185	202
Vidaregåande	686 954	702 650	2,3	329,8	336,2	1,9	480	478
Lærebøker	741 013	1 006 886	35,9	354,4	461,4	30,2	478	458
Fagbøker	297 633	320 110	7,6	84,2	108,7	29,2	283	340
Norsk sakprosa, vaksne	2 782 014	2 625 957	-5,6	596,5	606,8	1,7	214	231
Omsett sakprosa, vaksne	1 537 293	1 493 752	-2,8	223,4	222,6	-0,4	145	149
Norsk sakprosa, barn	188 605	179 983	-4,6	31,4	25,3	-19,6	167	140
Omsett sakprosa, barn	913 024	678 316	-25,7	78,6	62,9	-19,9	86	93
Norsk skjønnlitteratur, vaksne	1 248 990	1 230 914	-1,4	318,8	326,7	2,5	255	265
Omsett skjønnlitteratur, vaksne	1 021 973	1 306 635	27,9	235,5	294,8	25,1	230	226
Norsk skjønnlitteratur, barn	1 453 154	1 327 267	-8,7	225,0	219,7	-2,3	155	166
Omsett skjønnlitteratur, barn	1 675 264	1 673 416	-0,1	223,1	242,2	8,5	133	145
Billegbøker	4 433 589	3 992 300	-10,0	556,1	517,6	-6,9	125	130
Verk	42 357	13 506	-68,1	8,5	5,4	-36,8	200	397
Kommisjonsbøker, lover	434 652	224 908	-48,3	55,7	43,9	-21,2	128	195
Fonogram (plater, lydbøker mv.)	472 550	675 311	42,9	248,6	309,3	24,4	191	135
E-bøker for allmennmarknaden	359 291	377 193	5,0	30,4	37,2	22,2	85	99
E-bøker for undervisnings- og profesjonsformål	9 536	13 116	37,5	1,8	2,5	38,2	187	188
Norske serieromanar	1 979 068	1 975 532	-0,2	189,3	196,3	3,7	96	99
Omsette underhaldningsromanar	860 437	557 816	-35,2	83,2	68,1	-18,2	97	122
Skjønnlitteratur på originalspråket ²	..	75 011	..	..	8,5	..	..	114
Sakprosa på originalspråket ²	..	163 758	..	..	13,4	..	..	82

¹ Bruttoomsetnaden er estimert på bakgrunn av nettoomsetnaden. ² Ny kategori.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.

Tabell 10.10. Norske opphavspersonar¹ av originale norske utgjevingar², for menn og kvinner

	2009	2010 ³	2011	2012	2013	2014	2015 ⁴
Talet på titlar i alt	4 116	..	..	..	8 650	8 676	6 193
Opphavspersonar i alt	5 306	7 177	8 049	8 009	11 023	11 186	7 492
Menn	3 284	4 378	4 790	4 711	6 321	6 453	4 223
Kvinner	2 022	2 799	3 259	3 298	4 702	4 733	3 269
Av dette							
Barnebøker, titlar totalt⁵	456	..	..	..	870	696	570
Opphavspersonar i alt	738	1 038	1 086	953	1 538	1 224	976
Menn	391	495	496	442	688	583	497
Kvinner	347	543	590	511	850	641	479

¹ Opphavspersonar er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktarar (av poesj) og andre medarbeidarar som har hatt eit større ansvar for verket. Verk der både menn og kvinner er opphavspersonar, tel kvar person med i statistikken. ² Utan omsyn til språk. ³ I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ⁴ I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna. ⁵ Talet på titlar var ikkje med i systemet før 2013.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 10.11. Norske opphavspersonar¹ av emneinndelte originale norske utgjevingar utan omsyn til språk. Menn og kvinner

	Totalt	Menn	Kvinner
2009	5 306	3 284	2 022
2010 ²	7 177	4 378	2 799
2011	8 049	4 790	3 259
2012	8 009	4 711	3 298
2013	8 396	4 888	3 508
2014	8 555	4 922	3 633
2015 ³	6 053	3 433	2 620
Alminnelege skrifter	82	65	17
Filosofi	160	88	72
Religion	187	138	49
Samfunnsvitenskap	1 326	713	613
Språk	123	53	70
Naturvitenskap	278	182	96
Bruksretta vitenskap	1 006	550	456
Kunst, rekreasjon	704	410	294
Litteratur	1 794	948	846
Historie og geografi	393	286	107

¹ Opphavspersonar er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktarar og andre medarbeidarar som medverkar med eit større ansvar for verket. For verk der både menn og kvinner er opphavspersonar, tel kvar person med i statistikken.

² Frå 2010 til og med oktober 2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ³ Dei to siste månadane i 2015 er berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 10.12. Gjennomsnittleg tid i minutt brukt til boklesing for alle og for dei som les, fordelt på alder og kjønn

	Gjennomsnitt blant alle						Gjennomsnitt blant dei som les bøker					
	1996	2001	2006	2011	2013 ¹	2015	1996	2001	2006	2011	2013 ¹	2015
Menn												
9-15 år	4	7	12	10	10	12	:	:	50	46	38	41
16-24 år	11	8	10	12	9	19	:	51	61	83	:	:
25-44 år	8	9	8	9	12	8	56	57	48	55	67	63
45-66 år	9	10	9	12	13	7	55	51	46	58	62	42
67-79 år	13	12	11	21	17	28	68	:	:	80	62	98
Kvinner												
9-15 år	10	11	18	13	20	14	38	43	47	37	63	32
16-24 år	18	7	12	19	17	12	55	:	75	71	92	65
25-44 år	12	16	17	18	18	18	61	63	58	57	69	71
45-66 år	20	16	19	26	23	26	77	56	56	70	64	86
67-79 år	8	16	24	36	38	24	:	65	84	85	82	88

¹ Tala er korrigerte sidan førre publisering.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 10.13. Prosentdel boklesarar og minutt brukt til lesing av bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel

	Prosent								Minutt brukt til lesing av bøker							
	2004	2006	2008	2010	2012	2013	2014	2015	2004	2006	2008	2010	2012 ¹	2013 ¹	2014 ¹	2015
Alle personar	23	24	23	24	25	25	25	23	12	14	13	14	16	17	15	16
Kjønn																
Menn	19	18	18	19	19	19	18	18	9	9	10	10	11	12	12	22
Kvinner	27	30	28	30	32	32	31	28	14	18	17	18	21	22	19	20
Alder																
9-15 år	28	31	27	31	37	30	¹ 40	36	9	15	11	11	17	14	16	13
16-24 år	16	36	15	20	17	13	18	16	10	11	10	14	15	12	18	16
25-44 år	22	23	24	25	23	22	20	19	12	13	13	15	15	15	13	13
45-66 år	25	27	24	22	26	28	¹ 24	24	13	14	16	12	15	18	14	17
67-79 år	23	22	22	26	30	38	33	30	14	18	13	17	24	28	22	26
Utdanning																
Grunnskole	14	20	12	21	17	19	20	13	7	12	8	14	14	16	12	13
Vidaregåande skole	19	18	17	18	20	22	18	20	10	11	11	11	14	15	13	16
Universitet/høgskole, kort	32	29	34	29	29	27	27	26	17	17	19	16	19	19	17	20
Universitet/høgskole, lang	33	34	35	34	37	35	34	35	19	16	21	21	22	23	22	19
Hushaldsinntekt																
1. kvartil	21	24	26	22	23	28	22	20	13	16	19	16	16	25	18	15
2. kvartil	23	26	21	25	29	26	25	27	12	16	11	17	21	21	17	22
3. kvartil	23	25	24	23	26	25	23	27	12	13	13	10	15	14	15	17
4. kvartil	26	26	30	29	29	25	27	23	12	12	14	15	14	14	13	12
Yrkesstatus² 16-79 år																
Yrkesgruppe 1-2	29	29	28	33	28	31	29	26	14	14	15	17	15	20	19	16
Yrkesgruppe 3	28	27	30	26	28	25	26	21	15	12	17	13	20	18	16	14
Yrkesgruppe 4-5	22	21	25	22	23	22	23	21	10	13	17	14	18	12	18	15
Yrkesgruppe 6-9	11	14	10	10	11	17	9	10	5	8	6	5	5	11	5	9
Elevar og studentar	17	20	16	24	19	14	22	18	12	15	12	20	16	15	17	13
Trygda og pensjonistar	24	25	21	24	29	33	30	25	15	18	13	17	22	24	20	17
Heimearbeidande	11	23	:	25	21	27	17	39	12	27	:	20	13	18	11	46
Landsdel																
Oslo og Akershus	27	26	28	31	30	28	28	28	13	14	17	18	20	20	20	18
Austlandet elles	22	25	21	23	25	26	23	22	11	14	13	13	15	16	14	17
Agder og Rogaland	17	21	23	20	23	24	19	20	9	13	12	10	14	15	11	17
Vestlandet	22	25	22	26	25	23	28	19	11	15	14	16	15	16	16	12
Trøndelag	30	24	21	22	22	28	25	25	14	11	11	15	15	20	17	15
Nord-Noreg	20	18	20	17	23	20	23	23	13	12	10	8	20	16	14	17

¹Tala er korrigererte sidan førre publisering.²For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kapittel 10.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 10.14. Boklesarar som har lese ulike typar bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. Prosent

	Boktype							Anna
	Roman/ novelle	Biografi/ memoarar	Samfunn/ politikk/ kunst/ historie	Natur/ teknikk/ friluft	Religiøs litteratur	Skodespel/ dikt	Barne-/ ungdoms- litteratur	
2000	59	7	8	4	3	2	..	17
2001	64	7	8	2	4	1	8	5
2002	64	3	6	3	5	1	10	8
2003	63	7	6	4	3	1	8	9
2004	54	8	7	3	4	0	11	13
2005	67	3	6	3	4	0	8	8
2006	69	6	7	3	2	0	8	4
2007	67	6	5	3	3	0	8	8
2008	64	5	6	2	1	0	10	11
2009	64	6	7	4	3	0	9	7
2010	71	4	6	2	1	1	9	7
2011	72	4	6	1	2	0	7	8
2012	62	5	7	3	1	1	11	9
2013	62	5	6	4	3	0	10	9
2014	63	4	4	3	1	1	15	9
2015	62	4	6	3	1	1	14	10
2015								
Menn	54	5	9	4	2	2	14	11
Kvinner	68	4	3	2	1	0	13	9
Alder								
9-15 år	16	1	5	2	0	2	68	6
16-24 år	74	9	5	0	0	0	6	7
25-44 år	72	2	3	5	1	1	5	11
45-66 år	74	7	4	3	0	1	1	11
67-79 år	64	2	13	1	5	0	1	13
Utdanning								
Grunnskole	86	2	0	2	0	0	2	8
Vidaregåande skole	70	5	8	3	3	1	1	9
Universitet/høgskole, kort	72	5	4	3	1	0	2	14
Universitet/høgskole, lang	65	8	11	2	0	2	2	12
Hushaldsinntekt								
1. kvartil	62	3	6	4	1	0	10	14
2. kvartil	49	7	8	6	1	0	14	15
3. kvartil	64	4	4	2	1	1	16	9
4. kvartil	59	6	5	1	0	2	19	8
Landsdel								
Oslo og Akershus	71	4	5	1	1	0	11	7
Austlandet elles	63	5	5	2	0	1	15	10
Agder og Rogaland	62	2	3	6	0	2	18	8
Vestlandet	52	5	10	1	5	2	17	8
Trøndelag	56	2	4	5	0	0	16	16
Nord-Noreg	58	8	8	6	0	0	3	17

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

11. Aviser, vekepresse og fagpresse

11.1. Nokre resultat

Nye reglar for teljing av abonnement

Tidlegare hadde avisene berre eit opplagstal og det var talet på papiraviser. Etter kvart som avisene begynte å selje digitale abonnement, vart desse abonnementa tekne med i opplagstala dersom dei var betalte. I dag finst det både papirabonnement og reine digitale abonnement, men også abonnement der ein kombinerer papiravis og ein digital utgåve. Difor har Mediebedriftenes Landsforening (MBL) utarbeidd nye reglar for utrekning og publisering av opplagstal som gjeld frå og med 2014. I staden for eit enkelt opplagstal har dei nå tre; papir total, digital total og netto opplag. Netto opplag er ein kombinasjon av papir og digital og liknar svært mykje på det gamle opplagstalet, men er ikkje heilt identisk, seier Sigurd Høst i rapporten Avisåret 2015 som kom ut i 2016. Både tal og andre opplysningar om aviser omtala i dette kapittelet, er henta frå denne rapporten.


For papirutgåva angjev tala gjennomsnittleg opplag pr. utgåve, men søndagsutgåver er ikkje inkluderte. Digitalt opplag omfattar alle utgåver og inkluderer digitale abonnement og enkeltsal av elektroniske aviser. Her vil mange av abonnementa vere overlappende med papirabonnementa, sidan fleire aviser berre tilbyr papirabonnement inkludert digitalutgåva. Netto opplag består av summen av papir- og digitalopplag, men der teljer kombinerte papir- og digitalabonnement berre som eit abonnement slik at ein unngår dobbelt-teljing. Netto opplag er difor ikkje heilt samanliknbart med tidlegare års papiropplag.

For ulike abonnement, har det i 2015 vorte enno meir vanleg å berre tilby to alternativ kor ein kan velje mellom eit kombinert abonnement som omfattar både papiravisa og tilgang til digitale tenestar (nettavis og e-avis) eller eit reint digitalabonnement (Høst 2016).

Talet på aviser stabilt-opplag minkande

Talet på aviser har halde seg nokolunde stabilt dei siste åra. Ved utgangen av 2015 var det 228 aviser, to mindre enn i 2014 og ein mindre enn i 2013, sjå tabell 11.2.

Opplagstala held fram med å minke. Trenden har vore fallande opplagstal i mange år. I 2015 var avisenes netto opplag på 2 041 000 eksemplar, sjå tabell 11.2. Av dei ulike avisgruppene er det laussalsavisene som har hatt den største nedgangen i netto opplaget. Ved utgangen av 2015 var opplaget redusert med 13 prosent samanlikna med året før. Også dei lokale dagsavisene hadde stor reduksjon i opplaget. Her har netto opplaget falle med 7 prosent i same tidsperioden, sjå figur 11.1.

Figur 11.1. Utvikling i netto opplag for grupper av aviser, i 1 000


Kjelde: Sigurd Høst (2016), Avisåret 2015, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

Papiropplaget var på 1 893 000 og det digitale opplaget var på 1 381 000 eksemplar, sjå tabell 11.3. Det digitale opplagstalet kan innehalde dei som berre har digitalt abonnement eller det kan vere papirabonnement som også gjev digital tilgang. Differansen mellom netto opplag og papir i alt kan kallast det digitale tillegget (Høst 2016). Det digitale tillegget kan gje eit anslag på kor mange som har kjøpt avisa digitalt. For aviser som både sel kombinasjonsabonnement og reine digitale abonnement, kan det vere eit mål på kor mange som kjøper digitalt abonnement. For aviser som sel papirabonnement og det digitale abonnementet kvar for seg, skulle ein tru at det digitale tillegget ville vere likt med det digitale opplaget. For vidare lesing om dette temaet, sjå Avisåret 2015 av Sigurd Høst.

I 2015 hadde avisene eit digitalt tillegg på til saman 148 000 eksemplar, noko som tilsvarte 7,3 prosent av netto totalopplaget. Dette er ein oppgang frå 2014 då det digitale tillegget var på 4,1 prosent. Ser vi på dei ulike avistypene, ser vi at det digitale tillegget er størst for storbyaviser og riksspreidde meningsberande aviser, som hadde eit digitalt tillegg på høvesvis 15,2 og 14,4 prosent, sjå tabell 11.3.

Opplagstala for dei største avisene i Noreg viser at samtlege har hatt ein nedgang det siste året, sjå figur 11.2. Figuren er laga på bakgrunn av dei åtte største avisene i 2014, men Aftenposten junior gjekk såvidt forbi Drammens Tidende i 2015. Begge hadde eit netto opplag på rundt 25 000. Aftenposten junior er eit unntak i den generelle nedgangen på avismarknaden. Aftenposten junior hadde ein auke i netto opplag på nesten 15 prosent frå 2014 til 2015.

Opplagstala for Dagens Næringsliv heldt seg relativt stabile i perioden frå 2007 til 2013 på 80 000-83 000 eksemplar, for å gå ned til 80 000 i 2014 og ytterlegare ned til 75 000 i 2015. Nedgangen det siste året var difor relativt stor samanlikna med endringane dei siste ti åra.

Figur 11.2. Utvikling i opplagstal¹ for dei største avisene², i 1000

¹ For 2014 og 2015 er tala netto opplag. Sjå omtale i teksten. ² Aften vart nedlagd ved utgangen av 2012 og er ikkje med i denne oversikta

Kjelde: Mediebedriftenes Landsforening, tal nedlasta 11.5.2016.

84 prosent av avisene har egne nyheiter på Internett

Ved utgangen av 1999 hadde 77 aviser egne nyhende på Internett. Dette utgjorde 35 prosent av alle aviser. Ved utgangen av 2008 hadde talet auka til 195 aviser med egne nyhende på nett og det var stadig fleire nyhende på sidene. Nyhenda vart også oftare oppdaterte. Dette talet heldt seg relativt stabilt i perioden etter dette. Ved utgangen av 2015 hadde 191 aviser egne nyhende på nett, noko som utgjorde 84 prosent av alle aviser dette året (Høst 2016).

149 dagsaviser fekk produksjonstilskot

I 2015 var produksjonstilskotet på 303 millionar kroner som fordelte seg på 149 aviser, to fleire enn i 2014. Medietilsynet forvaltar produksjonstilskotet som, i tillegg til fritaket for meirverdiavgift, er statens viktigaste verkemiddel for å oppretthalde mangfaldet i avisutgivingar, både geografisk og når det gjeld innhald og verdiforankring jf. Kulturdepartementet (2015). Mediestøtta omfattar fleire ulike tilskot, sjå kapittel 11.2.

Vekepressa - framleis nedgang i opplagstal

Tabell 11.5 viser oversikt over talet på magasin og opplagstal for vekepressa. Samla gjennomsnittleg netto opplag per nummer var 2,0 millionar i 2015. Nedgangen i opplagstala held fram, og nedgangen i totalt opplagstal for alle kategoriar frå 2014 til 2015 har vore på 9 prosent. Det har vore nedgang i alle kategoriar. Nedgangen i opplaget i kategorien helse, mat og livsstil var på 67 000 frå 2014 til 2015. Innanfor denne kategorien er det nokon som har auka opplagstalet, medan andre har gått noko ned. Det som har hatt mest å seie for denne store nedgangen, er at det innanfor denne kategorien var fleire magasiner som opphørte, men det var ingen nykommarar i 2015.

Familieblad og TV-guidar utgjør framleis den største gruppa med sine 23 blad og eit gjennomsnittleg opplag per utgjeving på nær 1,1 millionar, sjølv om tala viser ein nedgang på 8 prosent siste året.

Fagpressa - nedgang i totalt opplag for 2015 etter ein periode med stabile tall


Dei fleste medlemsblada i Fagpressen har hatt ei relativt stabil utvikling i opplagstala dei siste åra samanlikna med aviser og mange andre magasin. Totalopplaget for medlemsblada i Fagpressen gjekk òg litt opp nokre år i perioden 2011 til 2014, men i 2015 gjekk totalopplaget ned med 10 prosent samanlikna med året før. Samla opplag i 2015 var på drygt 3,8 millionar eksemplar og 4,2 millionar året før, sjå tabell 11.6.

Figur 11.3 viser utviklinga i opplag per kategori for medlemsblada i Fagpressen for åra 2009 til 2015. I kategorien transport og samferdsel var det ein stor nedgang i opplaget i 2015 frå året før, frå 450 000 til 19 000 eksemplar per utgjeving. Årsaka til den store nedgangen i transport og samferdsel kjem av at bladet Motor vart meldt ut av foreininga Fagpressen og tel ikkje med i 2015. Motor hadde i 2014 aleine eit opplag på litt under 420 000 eksemplar, og tel nok også mest i nedgangen i totalopplaget. Det var også ein nedgang i kategorien tenesteyting og økonomi, kor opplaget gjekk ned med 19 prosent.

Motsett var det for kategorien industri, teknikk og handverk kor det var ein oppgang på 9 prosent per utgjeving, frå 839 000 til 915 000 eksemplar.

Medlemsblada i figur 11.3 og i tabell 11.6 er berre førte opp i ein kategori, og det er medlemsblada sjølve som vel den kategorien dei høyrer til. Kategorien kultur og fritid har hatt høgast samla opplagstal i gjennomsnitt dei siste fem åra, tett følgt av gruppa industri, teknikk og handverk.

Figur 11.3. Fagpresse. Opplag per utgjeving, etter gruppe^{1, 2}



¹ Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. ² Medlemsblad med kontrollerte opplag. Kjelde: Fagpressen.

42 prosent les avis på ein
gjennomsnittsdag

Tal frå Norsk mediebarometer 2015 viser at det er stadig færre som les papiraviser, og minutt brukt til lesing av aviser på papir går ned. Likevel var det avis som var det mest lesne trykte mediet. I 2015 las 42 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år ei papiravis på ein gjennomsnittsdag, og i gjennomsnitt brukte kvar person 16 minutt per dag til avislesing på papir. I 2005 las 74 prosent av befolkninga avis ein gjennomsnittsdag og brukte i gjennomsnitt 29 minutt. Sjå figur 11.4 og tabellane 11.7 og 11.8.


Menn og kvinner brukte om lag like mykje tid på å lese papiraviser, høvesvis 17 og 15 minutt ein gjennomsnittsdag. Tabell 11.8 viser at delen, både menn og kvinner, som las papiraviser, har gått jamt nedover sidan 2012. I 2015 var det 41 prosent av mennene og 42 prosent av kvinnene som las papiraviser. Lesing av papiraviser skjer oftare i eldre aldersgrupper enn i yngre. Medan 7 prosent av dei i alderen 9-15 år las ei papiravis ein gjennomsnittsdag i 2015, var delen 71 prosent blant dei i alderen 67-79 år. Delen som les papiravis dagleg har gått noko ned i 2015 samanlikna med dei tre siste åra. Kanskje har fleire i denne aldersgruppa også gått over til nett? Vi ser også at delen som les avis er noko større blant dei med høg utdanning enn blant dei med låg utdanning, til dømes 33 prosent blant dei med

grunnskole som høgaste fullførte utdanning og 55 prosent blant dei med lang høgare utdanning.

51 prosent les nettavis ein
gjennomsnittsdag

Delen av befolkninga som les aviser på Internett aukar jamt, sjå figur 11.4. Gjennom heile 2000-talet har delen auka og på ein gjennomsnittsdag i 2015 las 51 prosent av befolkninga aviser på Internett. Til samanlikning las berre 10 prosent aviser på Internett i 2001. 78 prosent las papiravis det same året, mens i 2015 var denne delen gått ned til 42 prosent. Det var framleis ein større del menn enn kvinner som las nettaviser ein gjennomsnittsdag i 2015, 55 prosent for menn og 48 prosent for kvinner. Litt fleire kvinnelege lesarar, 22 prosent, las berre papiraviser mens 19 prosent av mennene gjorde det same, sjå tabell 11.9.

Figur 11.4. Lesing av trykt avis og nettavis ein gjennomsnittsdag. Prosent



Kjelde: Odd Frank Vaage (2016), Norsk mediebarometer 2015, Statistisk sentralbyrå.

Det er i utgangspunktet færre som les vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift sett i høve til aviser, men det har vore ein nedgang i delen lesarar av vekeblad og tidsskrift óg. Delen avislesarar gjekk ned med 3 prosentpoeng frå året før. Nedgangen i delen som les avis ein gjennomsnittsdag har vore på 7 prosentpoeng frå 2014 til 2015 medan nedgangen for dei andre kategoriane var mindre. Noko særleg kan det vere at delen som les teikneserieblad har halde seg stabil på 1 prosent i perioden 2012 til 2015.

På ein gjennomsnittsdag i 2015 var det 7 prosent som las vekeblad, og 8 prosent las tidsskrift. Delen av befolkninga som las tidsskrift har dermed halde seg relativt stabilt sidan 2012.

11.2. Om statistikken – aviser, vekepresse og fagpresse

Avisene

Statistikken over avislandskapet baserer seg på publikasjonen Avisåret 2015 av Sigurd Høst. Dette er ein tabellrapport med omfattande kommentarar. Formålet med rapportserien Avisåret er at han skal dekkje alle norske aviser, sjølv om dei ikkje er medlemmer av Mediebedriftenes Landsforening (MBL) eller Landslaget for Lokalaviser (LLA). Det viktigaste grunnlaget for rapporten er opplysningar frå MBL, LLA og Medietilsynet. Statistikken over aviser på Internett er utarbeidd spesielt for rapportserien Avisåret.

Mediestøtta

Mediestøtta er eit sentralt verkemiddel for å oppnå måla på medieområdet blant anna ved hjelp av

- produksjonstilskot som skal bidra til å oppretthalde mangfaldet i avisutgivingar i heile landet og stimulere til lokal aviskonkurranse
- tilskot til samiske aviser og samiskspråklege avissider som skal leggje til rette for demokratisk debatt, meiningsdanning og språkutvikling i det samiske samfunnet
- tilskot til bruksretta medieforsking og etterutdanning som skal leggje til rette for auka kunnskap om og kvalitet i norske media. Tilskotet skal også bidra til forsking og kompetanseheving på medieområdet.

Medietilsynet forvaltar i hovudsak tilskotsordningane på mediefeltet (Kulturdepartementet, 2015).

Vekepressa Statistikken over norsk vekepresse baserer seg på opplysningar frå Mediebedriftenes Landsforening (MBL) og dekkjer dei magasina som er medlemmer. Innanfor MBL er det danna ei eiga gruppering som tek vare på spesifikke oppgåver i bransjen. MBLs gruppering for vekepresse og magasin har som formål å behandle spørsmål av felles interesse for medlemmene i grupperinga, og som ikkje blir behandla av MBL sentralt. Grupperinga er interessert i at medlemmene får rammevilkår som gir lønnsame bedrifter og sikrar arbeidsplassar. Kategoriseringa av vekepressa er utarbeidd etter forslag frå Norsk Medieindeks.

Fagpressa Statistikken for fagpressa er utarbeidd på grunnlag av materiale frå Fagpressens Informasjonskontor publisert i Fagpressekatalogen. Oppgåvene omfattar berre medlemmer av Fagpressen. Fagpressen, tidlegare kalla Den Norske Fagpresses Forening, er Noregs eldste presseorganisasjon og vart stifta i 1898. Fagpressen er ein interesseorganisasjon for fag- og interestetidsskrift i Noreg. Foreininga sikrar interesser til fagblad, tidsskrift og magasin på trykk og nett. Kategoriane som tidsskrifta er delte inn i, er utarbeidd av Fagpressen, men medlemsblada vel sjølve primærnøkkel for kor dei høyrer heime. Fagpressa består av eit stort mangfald av fagblad, interesse-, hobby- og bransjeblad.

Mediebruksundersøkingane Tala som omhandlar bruk av aviser og blad, er henta frå Norsk mediebarometer 2015. Termen «kvartil» representerer om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Det er nytta nokre kjennemerke knytte til yrkesstatus i tabellane 11.7 og 11.8. Sjå kapittel 10.2 for definisjonar av desse kjennemerka.

11.3. Omgrep

Avis Med «avis» i denne statistikken meiner vi alle publikasjonar som kjem ut minst ein gong per veke, og som fyller dei opphavlege reglane for listeføring som avis. Det inneber at dei skal «orientere allmenta om hendingar og aktuelle spørsmål», ta reell betaling for abonnement og laussal, og ha mindre enn 50 prosent annonsar (Høst 2004).

Vekepresse Vekepresse er eit samleomgrep for vekeblad og andre magasin. Nokre av magasina kjem ut sjeldnare enn kvar veke. Tala som blir presenterte, er gjennomsnittleg nettoopplag per nummer.

Referansar

Fagpressen: <http://www.fagpressen.no>

Høst, Sigurd (2016): Avisåret 2015, Rapport 77, Høgskulen i Volda/Møreforskning. <http://www.hivolda.no/rapport>

Høst, Sigurd (2004): Hva er en avis? avisbegrepet fra Hellerudkomiteen til Se og Hør, Rapport 3/2004: Institutt for Journalistikk.

Kulturdepartementet (2015): For budsjettåret 2016 - Utgiftskapitler: 300-342 Inntektskapitler: 3300-3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2015-2016). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20152016/id2456056/>

Mediebedriftenes Landsforening:
<http://medienorge.uib.no/statistikk/medium/avis/190>

Medietilsynet: Årsrapport 2015
<http://www.medietilsynet.no/om/aktuelt/arsrapport-2015/>

Vaage, Odd Frank (2016): Norsk mediebarometer 2015, Statistiske analysar 146, Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2015>

Meir informasjon

Aviskatalogen: <http://www.aviskatalogen.no>

Landslaget for Lokalaviser: <http://www.lla.no>

Tabell 11.1. Utvikling i internettilbudet¹ til norske aviser målt ved utgangen av året

	1996	1999	2003	2005	2008	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Oppdaterte nyheter, dagsavis ²	-	12	23	38	69	63	58	50	62	64	66
Oppdaterte nyheter, fådagarsavis ³	-	-	16	36	79	48	30	34	46	66	90
Vanleg nettavis ⁴	16	47	66	44	22	39	56	47	43	26	16
Smal nettavis, notisavis	29	18	51	63	25	44	46	46	35	31	19
Eigne nyheter i alt	45	77	156	181	195	194	194	191	186	187	191
Oppdaterte smakebiter, les meir	-	-	-	-	-	-	4	6	7	7	6
Eiga heimeside	17	19	24	24	21	20	19	20	21	21	15
Anna	9	3	5	2	1	4	5	4	9	11	10
Eigne opplegg i alt	71	99	185	207	218	218	222	221	223	226	222
Nettside med betalingsordning	-	-	-	-	-	..	5	..	27	55	125
Talet på alle aviser på Internett og/eller papir	219	222	221	224	227	225	227	226	229	230	228

¹ Oversikta gjeld dei betalte (papir)avisene på Internett. Gratisaviser og reine nettaviser er ikkje med. Aften (Aftenposten Aften) hadde ikkje egne sider på nett og er ikkje rekna med. ² For 1999 gjeld registreringa berre dagsaviser. Krav til oppdatering for dagsaviser er litt strengare frå 2003 og framover. ³ Kravet til oppdatering for fådagarsaviser er strengare frå 2008, og praktiseringa er innskjerpa frå 2010. ⁴ Minst fire egne nyheitssaker er presenterte som meir enn ein kort notis.

Kjelde: Sigurd Høst (2016), Avisåret 2015, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

Tabell 11.2. Talet på aviser og netto opplag for ulike typar aviser, i 1 000 eksemplar

	2005		2006		2008		2010		2012		2014 ¹		2015	
	Aviser	Opp- lag	Aviser	Opp- lag	Aviser	Opp- lag	Aviser	Opp- lag	Aviser	Opp- lag	Aviser	Opp- lag	Aviser	Opp- lag
Aviser i alt	226	2 948	229	2 876	228	2 763	226	2 572	227	2 422	230	2 151	228	2 041
Laussalsaviser	2	506	2	462	2	408	2	331	2	277	2	212	2	184
Storbyaviser ³	4	488	4	482	4	477	4	460	4	435	4	418	4	399
Nr.2-aviser i store byar	3	80	3	76	3	68	3	58	3	50	2	37	3	39
Riksspreidde meinings- berande aviser	6	160	6	163	8	177	⁵ 8	173	8	176	8	171	8	169
Leiande lokale dagsaviser	56	909	56	896	56	867	56	815	54	757	54	685	53	637
Lokale dagsaviser, nr. 2	2	33	2	33	2	32	2	30	2	28	2	25	2	24
Lokale 2-3 dagarsaviser	80	400	79	390	81	398	81	388	84	382	84	368	77	341
Lokale vekeaviser	57	123	62	140	63	136	62	134	60	129	65	134	71	147
Nasjonale fådagarsaviser	15	99	14	96	8	76	7	77	9	92	9	101	8	100
Aftenposten Aften ⁶	1	142	1	137	1	125	1	105	1	96	-	-	-	-

¹ Reglane for berekning av opplag vart forandra frå og med 2014 slik at tala for 2014 og 2015 er total netto. Sjå nærare omtale i kapittel 11.1. ² På grunn av avrundingar stemmer ikkje summene heilt. ³ Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad. ⁴ Nye opplagsreglar for 2014 har gjeve ein ekstraordinær auke for Aftenposten, jf. teksta. ⁵ Avvir og Sagat er rekna som dagsaviser i 2008 sjølv om dei var fådagarsaviser meir enn halve året.

⁶ Aftenposten Aften gjekk frå fem til tre utgåver per veke i 2009, og vart nedlagt ved utgangen av 2012.

Kjelde: Sigurd Høst (2016), Avisåret 2015, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

Tabell 11.3. Opplagstal og digitalt tillegg etter type avis i 2015. I 1 000 eksemplar

	Netto opplag	Papir- opplag	Digital opplag	Digitalt tillegg	Digitalt tillegg, prosent		Talet på aviser
					2015	2014	
Aviser i alt	2 041	1 893	1 381	148	7,3	4,1	228
Laussalsaviser	184	170	15	15	7,9	0,0	2
Storbyaviser ¹	399	338	381	61	15,2	10,2	4
Nr. 2-aviser i store byar	39	39	12	1	1,7	1,1	3
Riksspreidde meiningsberande aviser	169	145	48	24	14,4	6,8	8
Leiande lokale dagsaviser	637	602	608	35	5,5	3,5	53
Lokale dagsaviser, nr. 2	24	22	23	2	10,1	5,8	2
Lokale 2-3 dagarsaviser	341	335	225	7	1,9	1,5	77
Lokale vekeaviser	147	146	40	1	0,8	0,6	71
Nasjonale fådagarsaviser	100	98	30	2	2,1	1,0	8

¹ Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad.

Kjelde: Sigurd Høst (2016), Avisåret 2015, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

Tabell 11.4. Dagsaviser som fikk produksjonstilskot

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Aviser i alt	139	138	138	138	140	138	141	147	149
Nr. 2-aviser, ekskl. rikspredde aviser ¹	26	26	25	24	25	24	25	23	19
Riksspredde meningsberande aviser	5	5	5	5	5	5	5	5	5
Nr. 1 og aleineaviser	56	56	56	59	59	58	58	65	65
Vekeaviser, ekskl. nr. 2-aviser	52	51	52	50	51	51	53	54	58
1 000 kr									
Tilskotsbeløp i alt	251 765	264 310	264 452	272 915	281 355	287 568	307 789	308 246	303 246

¹ Inkluderer sju vekeaviser som er nr.2 -aviser på utgivarstaden.

Kjelde: Medietilsynet, årsrapport.

Tabell 11.5. Vekepresse¹. Talet på blad og magasin og opplag per utgjeving, etter gruppe

Gruppe	2012		2013		2014		2015	
	Talet på blad/magasin	Opplag	Talet på blad/magasin	Opplag	Talet på blad/magasin	Opplag	Talet på blad/magasin	Opplag
I alt	95	2 790 997	89	2 514 454	79	2 240 739	70	2 044 619
Familieblad og TV-guidar	33	1 509 922	26	1 293 685	23	1 169 060	23	1 080 135
Heim og hage	13	382 649	13	366 786	13	350 301	14	362 378
Data, audio og video	4	42 332	4	38 807	4	35 044	4	29 838
Bil og båt	8	125 796	7	109 401	4	84 099	4	80 021
Helse, mat og livsstil	9	168 545	10	175 154	9	154 823	5	87 445
Sport, hobby og fritid	23	368 426	24	364 364	21	261 532	15	222 427
Teikneseriar	2	135 101	2	111 777	3	106 841	3	103 843
Anna	3	58 226	3	54 480	2	79 039	2	78 532

¹ Omfattar vekepresse som er medlemmer av Mediebedriftenes Landsforening.

Kjelde: Mediebedriftenes Landsforening.

Tabell 11.6. Fagpresse. Talet på periodika¹ og opplag per utgjeving, etter gruppe².

Gruppe	2011		2012		2013		2014		2015	
	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag
I alt³	186	4 044 019	187	4 166 475	189	4 237 988	188	4 249 892	184	3 840 676
Landbruk og fiske	11	172 668	11	175 532	12	177 159	12	174 742	11	165 411
Industri, teknikk og handverk ...	29	810 094	29	817 591	30	820 942	30	838 513	34	914 553
Bygg og anlegg	13	331 053	13	338 945	12	348 550	12	346 667	13	349 987
Varehandel, hotell og storkjøkken	12	135 520	11	132 681	12	137 128	10	114 516	11	123 815
Transport og samferdsel	7	474 356	7	459 822	7	452 991	6	449 429	3	18 839
Tenesteyting, økonomi mv.	15	253 539	15	298 652	15	291 166	15	298 108	12	242 621
Offentleg verksemd, undervisning, forskning mv.	28	461 393	31	556 407	30	555 172	30	545 908	30	574 711
Helse-, sosial- og veterinærtenester	38	517 262	39	519 005	38	481 943	39	479 969	39	489 271
Kultur og fritid	33	888 134	31	867 840	33	972 937	34	1 002 040	31	961 468

¹ Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. ² Grupperinga er utarbeidd av Fagpressen. ³ Medlemsblad med kontrollerte opplag.

Kjelde: Fagpressen

Tabell 11.7. Minutt brukt til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag

	Avis				Vekeblad				Teikneserieblad				Tidsskrift			
	2012	2013	2014	2015	2012	2013	2014	2015	2012	2013	2014	2015	2012	2013	2014	2015
Alle personar	23	21	19	16	3	3	3	2	1	1	1	1	3	3	3	2
Kjønn																
Menn	22	20	20	17	1	0	1	1	1	2	1	1	3	4	3	3
Kvinner	23	21	18	15	5	5	4	4	1	0	1	0	2	2	3	2
Alder																
9-15 år	3	3	3	1	1	1	2	1	5	6	5	3	0	0	0	0
16-24 år	6	6	6	4	2	1	1	0	0	1	1	1	1	1	2	1
25-44 år	17	12	11	9	2	2	2	1	1	1	1	1	2	3	4	2
45-66 år	31	31	27	24	4	3	3	3	0	0	0	0	3	4	3	3
67-79 år	53	49	49	44	7	6	6	7	0	0	0	0	6	4	3	6
Utdanning																
Grunnskole	21	19	22	11	4	3	4	3	0	1	1	0	2	1	2	2
Vidaregåande skole	25	22	18	19	4	3	3	3	0	1	1	0	2	2	2	3
Universitet/høgskole, kort ..	26	21	22	21	3	3	2	2	0	1	0	1	4	4	4	3
Universitet/høgskole, lang ..	30	32	26	24	3	1	2	1	0	0	1	0	4	6	8	4
Hushaldsinntekt																
1. kvartil	24	19	19	17	5	3	3	4	1	1	1	1	3	3	4	2
2. kvartil	26	26	20	16	3	3	2	2	1	2	1	1	3	5	3	4
3. kvartil	23	20	19	18	3	2	3	2	1	1	1	1	3	3	2	3
4. kvartil	21	20	20	18	2	2	2	1	1	1	1	1	2	4	4	3
Yrkesstatus (16-79 år)¹																
Yrkesgruppe 1-2	26	25	22	20	3	2	2	2	0	1	1	1	4	5	6	3
Yrkesgruppe 3	21	20	18	16	3	3	2	1	1	1	1	0	3	5	4	3
Yrkesgruppe 4-5	15	15	15	11	5	3	3	3	0	1	0	1	2	2	2	2
Yrkesgruppe 6-9	25	18	18	10	2	1	2	1	1	1	1	1	3	2	3	2
Elevar og studentar	6	4	5	5	2	1	2	0	1	0	1	2	0	0	2	1
Trygda og pensjonistar	45	43	40	37	7	6	5	5	0	0	0	0	5	4	3	5
Heimearbeidande	16	11	15	8	3	2	3	6	1	0	0	1	1	3	0	3

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kapittel 10.2.

Kjelde: Odd Frank Vaage (2016), Norsk mediebarometer 2015, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 11.8. Personar som les avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. Prosent

	Avis				Vekeblad				Teikneserieblad				Tidsskrift			
	2012	2013	2014	2015	2012	2013	2014	2015	2012	2013	2014	2015	2012	2013	2014	2015
Alle personar	55	51	49	42	10	8	8	7	4	4	4	3	9	9	9	8
Kjønn																
Menn	54	49	47	41	4	2	4	2	5	5	6	4	12	10	9	9
Kvinner	56	52	50	42	17	14	13	11	3	2	3	3	6	7	9	6
Alder																
9-15 år	21	18	15	7	5	5	4	3	17	13	16	11	2	1	1	1
16-24 år	30	26	26	23	7	4	5	1	4	5	4	4	3	4	2	3
25-44 år	49	42	40	35	9	7	7	4	3	3	3	3	8	9	12	8
45-66 år	73	70	68	62	12	9	10	9	2	2	3	1	12	13	12	11
67-79 år	83	83	82	71	19	17	15	17	0	0	0	0	15	9	9	10
Utdanning																
Grunnskole	53	48	48	33	14	8	10	8	3	4	2	1	4	4	6	6
Vidaregåande skole	56	52	49	50	10	10	10	8	3	2	3	2	7	7	6	7
Universitet/høgskole, kort ..	62	55	56	52	12	8	9	6	2	2	3	3	14	12	13	11
Universitet/høgskole, lang ..	73	69	66	55	10	5	6	5	1	2	3	3	15	18	21	13
Yrkesstatus (16-79 år)¹																
Yrkesgruppe 1-2	68	63	62	53	10	8	7	6	2	3	3	3	15	14	16	11
Yrkesgruppe 3	64	58	50	47	11	8	9	5	3	3	3	2	11	13	13	12
Yrkesgruppe 4-5	50	46	51	39	14	9	12	9	2	3	2	2	7	7	8	4
Yrkesgruppe 6-9	50	45	45	40	5	2	6	4	4	2	4	3	8	7	10	7
Elevar og studentar	29	20	24	26	6	4	8	0	5	3	4	6	0	2	5	3
Trygda og pensjonistar	77	77	75	64	17	15	13	15	0	1	0	1	12	9	7	9
Heimearbeidande	48	39	25	26	11	10	12	10	4	3	2	3	7	15	0	4

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kapittel 10.2.

Kjelde: Odd Frank Vaage (2016), Norsk mediebarometer 2015, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 11.9. Lesing av trykt avis og nettavis ein gjennomsnittsdag, etter menn og kvinner og alder. Prosent

	Trykt avis	Nettavis	Anten trykt avis eller nettavis	Berre trykt avis	Berre nettavis	Både trykt avis og nettavis
2001	78	10	79	69	2	9
2002	77	12	79	67	2	10
2003	77	17	80	63	4	14
2004	75	19	79	60	4	15
2005	74	27	81	54	7	20
2006	74	31	82	51	8	23
2007	72	34	81	47	8	25
2008	68	35	77	42	9	26
2009	65	40	78	38	13	27
2010	64	43	80	37	16	27
2011	63	48	79	32	16	32
2012	55	49	77	28	22	27
2013	51	52	76	24	25	27
2014	49	54	75	21	26	27
2015	42	51	72	20	30	21
2015						
Kjønn						
Menn	41	55	73	19	32	23
Kvinner	42	48	70	22	28	20
Alder						
9-15 år	7	20	25	6	19	1
16-24 år	23	61	67	6	44	17
25-44 år	35	67	77	10	42	25
45-66 år	62	49	82	33	20	29
67-79 år	71	26	78	52	7	19

Kjelde: Odd Frank Vaage (2016), Norsk mediebarometer 2015, Statistisk sentralbyrå

12. Film og kino

12.1. Kinobesøk og kinodrift


Endringar i kinoverksemdene over tid

Kinoverksemdene har vore i endring gjennom fleire år. Digitalisering av kinoar har gjeve ein ny giv for små og mellomstore kinoar da det gjer det mogleg å la same film få premiere på mange visningsstader samstundes. Mange av dei mindre kinoane fekk ein vekst i besøkstala som følgje av digitaliseringa. Kinoane har også over tid gått inn i større einingar i ein kjededanningsprosess. Godt over halvparten av kinobesøka i 2015 var hos kinokjedene (Film & Kinos Årbok 2015).

Auke i kinobesøket i 2015

I alt var det 12 millionar besøk på kino i 2015. Det er ein auke i kinobesøket mot førre året da det var om lag 11,1 millionar besøkande på norske kinoar. Besøkstalet svarar til 2,3 kinobesøk per innbyggjar. Samstundes som det er aukande besøkstal på kino i 2015, er det ein nedgang i besøkstal på bygdekinoane som hadde 122 800 besøk same året, om lag 800 færre enn i 2014. Billetinntektene på kinoane var på 1,2 milliardar kroner i 2015. Sjå figur 12.1.

Figur 12.1. Kinobesøk. Samla besøk, utanlandske og norske filmar



Kjelde: Film & Kino.

Nedgang i besøkstal på norsk film

Nedgangen i besøkstal for norske filmar har vore på 243 000 besøk i perioden 2014-2015. Dei utanlandske filmene hadde i 2015 ein framgang i besøk på om lag 4 prosentpoeng frå året før. Besøkstala på norske filmar utgjer 20,5 prosent av samla kinobesøk. I perioden 2001-2008 var besøk på norsk film på det høgaste 22,4 prosent av alle besøk, og 7,4 prosent på det lågaste. I perioden 2009-2015 var besøksdelen på det lågaste 17,8 prosent, og 24,5 prosent på det høgaste. Framsynningar av norske filmar hadde ein nedgang frå 2014 til 2015, samstundes som delen besøk òg gikk ned med 3 prosentpoeng. Meir om produksjon av norsk film i del 12.2.


Norske filmar står for 20,5 prosent av kinobesøket

Tal for 2015 viser at dei norske filmene hadde ein nedgang i kinobesøk på 3 prosentpoeng. For norske filmar i 2015 hadde ein det lågaste besøket sia 2012.

Ein norsk film på toppen

Det er eit kjenneteikn ved kulturprodukt at nokre få nylanserte produkt står for store delar av salet. Det gjeld også for film. Fordelinga av besøk på alle filmene frå alle land er slik at få av filmene står for store delar av kinobesøket, medan svært mange filmar har mindre besøk. Den mest besøkte filmen i 2015 var norsk og den hadde besøk av meir enn 832 000 personar. Dei neste sju filmene var utanlandske. Sjå Film & Kinos årbok for 2015 for meir informasjon om dei norske filmene.

<i>Færre framsyningar på norske kinoar</i>	Det var i 2015 i alt 353 000 framsyningar på norske kinoar, 1 200 færre enn førre året. Dei norske filmene hadde 54 000 framsyningar, ein nedgang på 22 000 frå 2014. Talet på framsyningane dei ulike filmene får, varierer. Kinoane vurderer attraktiviteten filmene har etter besøkstala opningshelga, og gjev visingsplass til dei populære filmene. I 2015 var det 26 nye norske filmar på kino, same tal som i 2013, medan dette talet var 36 i 2014. Dette viser tal frå Film & Kino.
<i>Mellom 11 og 13 millionar kinobesøk dei siste ti åra</i>	Kinobesøk har dei siste ti åra lege mellom 11 og 13 millionar. I denne perioden har det vore store endringar i filmbransjen. Digitalisering av film har hatt konsekvensar for videobutikkar. Sal av film i fysisk form, eksempelvis DVD, hadde i Noreg sin høgaste popularitet rundt 2007. Dei siste åra har sal av film i denne formen vore mindre populært, og vert nå erstatta av film i digitale tenester, ofte frå globale tilbydarar. Samstundes har kinoane i Noreg digitalisert visingsforma. Dei norske kinoane digitaliserte da dei venta å miste tilgangen til analog film, og valde ei tidleg tilpassing til digital distribusjon. Dei mindre kinoane har med digital distribusjon moglegheit til å ha tidleg premiere på attraktive filmar. Kinoane meiner at moglegheita dei har til å trekke publikum til film på kino, kviler på at dei får vise filmen før han er tilgjengeleg på andre plattformer (Rushprint.no 2014). I tillegg har kinoane i svært mange år hatt ein strategi om å kunne drive kinoar med fleire salar for å kunne vise fleire filmar samstundes.
<i>Fleire salar per kinobygg</i>	Frå Film & Kinos årbok kan vi sjå at det i 1995 var 1,4 salar per kinobygg, medan det i 2015 var 2,2 salar per bygg. Dette viser at kinobygga i 2015 inneheld fleire salar enn det som var vanleg før. Dette kjem av at nokre små kinoar med berre ein sal vart lagde ned medan nokre andre kinoar vert bygde om til fleirsalskinoar. Denne endringa har skjedd over lengre tid, fordi det tar år å planleggje og byggje nye kinobygg. I 2001 var det om lag 51 personar i gjennomsnitt på kvar visning, i 2005 var talet 39 personar, medan dette talet var 34 i 2015, ein auke frå 31 i 2014.
<i>Norske kinoar er digitale</i>	I 2015 er alle kinosalane i statistikken digitale, sjå tabell 12.2. Norske kinoar er digitaliserte over nokre år. I 2008 var berre 49 salar digitaliserte, som eit forprosjekt til digitalisering. Gjennomføringa av digitaliseringa tok nokre få år, mykje vart gjort i 2011 da digitaliseringa var nær gjennomført. I 2015 er 434 salar i kinobygga digitale. Digitaliseringa inkluderte også mindre kinoar, noko som har gjort digital distribusjon over heile landet mogleg. Nokre av dei minste kinoane avslutta drifta før overgang til digital løysing. I tillegg har nye mindre kinoar også kome til. Digitaliseringa har også kome med digitalisering av reklamefilm og ny teknologi for lyd og bilete. Introduksjonen av film i 3D som ein vanleg del av film-repertoaret er eit resultat av digitaliseringsprosessen.
<i>Nedgang i besøk på 3D filmar</i>	Filmar i 3D stod for nærare 15 prosent av besøka i 2015. Dette er ein nedgang frå 18 prosent i 2015 og 24,8 prosent i toppåret 2011. I alt 171 kinoar har 288 salar som kan vise 3D i Noreg. 3-D filmar står for 17 prosent av alle billettinntektene mot 21 prosent førre året. Sjå Film & Kinos Årbok 2015 for fleire opplysningar.
<i>Norske kinoar er i ein kjededanningsprosess</i>	Samstundes med digitaliseringa har det vore ei endring i organiseringa av kinodrift. Kinoverksemda ber preg av kjededanning. Det vil seie at mange kinoar som før var sjølvstendige, nå inngår i ei større eining. Slike kjeder kan vere kommunalt eigde, dei kan vere private eller dei kan vere eigde av både kommunar og private selskap. 8,3 millionar besøk er på kinoar i ulike kjeder, det utgjør 69 prosent av alle kino-besøka i Noreg i 2015 mot 67 prosent i 2014. Kjeder utvidar verksemda gjennom oppkjøp av kinoar med høge publikumstal, derfor aukar besøkstala i kjedene brått ved innlemming av fleire kinoar. Dette er spesielt tydeleg i åra frå 2013 til 2015 da fleire kinosalar vart innlemma i kjede. Sjå figur 12.2.

Figur 12.2. Kinobesøk. Del besøk på kinokjeder og kinoar utanfor kjeder

Kjelde: Film & Kino.

Dei kommunale kinoane vert eigde av kommunar aleine eller i felles eige med andre kommunar. Ved overgang til felles eige med private vert kinoen registrert som kommunal dersom kommunen har minst 51 prosent eigardel. Sal av kommunale kinoar har gitt ein nedgang i besøkstala for kommunale kinoar da det vert færre av dei i statistikken. Nedgangen kjem ikkje av fallande popularitet. Talet på kommunale og ikkje-kommunale kinoar har vore stabilt frå 2014 til 2015. Besøka på dei kommunale kinoane utgjorde 57 prosent av dei totale kinobesøka i 2015, medan besøka på dei ikkje-kommunale utgjorde 42 prosent av totalen. Bygdekinoane, som er eit tilbod til dei mindre kommunane utan kino, utgjorde 1 prosent av besøka. I 2015 var det om lag 123 000 besøk på bygdekinovisingane. Sjå tabellane 12.1 og 12.2.

201 kinobygg i 2015

Over lengre tid har det vorte færre kinobygg. Totalt var det 232 kinobygg i 2005, medan det var 201 kinobygg i 2015. Av desse var 142 kinobygg kommunale, medan det var 59 ikkje-kommunale. I 2015 var det i alt 434 salar som fordelte seg på 283 kommunale og 151 ikkje-kommunale kinosalar.

Samanlikna med 2005 har det samla vore ein nedgang på frå 232 til 201 kinobygg. Nokre kinoar med berre ein sal vil nok nå vere nedlagde, og nyare kinoar er fleirsalskinoar. Derfor kan talet på kinobygg minke, utan at talet på salar endrar seg mykje.

I 2015 var det til saman 77 500 sitjeplassar ved kinoane. Dei kommunale kinoane hadde 52 200 sitjeplassar, medan dei ikkje-kommunale hadde 25 400 sitjeplassar. Sjå tabell 12.2.

Fleire framsyningsstader for bygdekinoen

Bygdekinoen hadde 175 framsyningsstader i 2015, fire fleire enn året før. Kombinasjonen av kinosalar og visingsstader for bygdekinoen er framsyningsstader. Talet på framsyningsstader har vore minkande i tidlegare år, medan det frå 2014 til 2015 var ein auke på 14 visningsstader.

Fleire norske premierefilm på kino

Det var totalt 211 langfilmpremierar ved kinoane i Noreg i 2015. I 2006 var det 241 langfilmpremierar, sjå tabell 12.3. Over tid har talet på premierefilm på kino i Noreg som produksjonsland auka. I 2006 var det 22 filmar frå Noreg og 2014 var det oppe i det høgaste talet på 36 premierar. I 2015 var ein nedgang på 10 premierar frå året før, til 26 filmar frå Noreg (Film & Kinos Årbok 2015). Samstundes med auken i talet på premierar på norsk film, har digitaliseringa gjeve endra moglegheit til å spreie filmen over fleire visingsstader samstundes. Før


digitaliseringa ville filmar verte distribuerte i eit avgrensa tal kopiar som ofte vart viste på stader med størst publikum først, før filmen kom til mindre stader. I dag kan filmen verte vist alle stader, om distributør og kinodrivar vert samde. Også publikumssamansetjinga vil spele inn.

Digitale løysingar avløyser DVD i heimen

Sal av DVD og andre former for film i Noreg i fysisk format har hatt ein jamn tilbakegang dei siste åra. I 2015 var salet på 4,6 millionar einingar, medan det i 2010 var 16,3 millionar selde einingar. Forbruk av film i heimen har flytta seg til digitale løysingar som TV og Internett. Nettbaserte leverandørar av strøymetenester er den store vinnaren. Vi får eit innblikk i endringa ved å sjå på utviklinga til videofondavgifta sidan 2007. Videofondavgifta er ei avgift på sal av DVD og andre former for videofilm, avgifta er per eksemplar av videofilmen og gjev derfor ikkje inntekt knytt til digital film på Internett. I tabell 12.7 om filmfondet viser vi også det bidraget som videofondavgifta gjev til Norsk kino- og filmfond.

I 2015 er bidraget frå videofondavgifta 16 millionar og frå kinofondavgifta 27 millionar kroner. For video vil det seie ein tilbakegang på 26 prosent frå 2014 til 2015. Videoaktivitet som gjev lågare inntening, gjev også mindre inntekt til Norsk video- og filmfond totalt per år. Tal om videoavgiftfondet og kinofondet er frå Film & Kino.

Figur 12.3. Personar som har vore på kino dei siste 12 månadene, etter alder. 2015. Prosent



Kjelde: Odd Frank Vaage (2016). Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Færre eldre går på kino


Publikumet etter alder har endra seg noko siste året. Dei yngre går framleis mest på kino også i 2015. Dei eldre som besøkte kino viser ein klar nedgang dei siste tre åra. I 2013 var 41 prosent av aldersgruppa 67-79 år på kino, medan det var 31 prosent i 2014 og 27 prosent i 2015. Aldersgruppa 16-24 år var dei som gjekk mest på kino i 2015, medan det var aldersgruppa 9-15 år som var mest på kino i 2014.

Ei endring dei siste 20 åra er at ein større del av dei vaksne går på kino. Dei vaksne går også hyppigare på kino nå enn før. Framgang og tilbakegang år til år er mest sannsynleg relatert til filmtilbodet for aldersgruppa og reflekterer neppe ei kortvarig sosial endring. Etter kvart er dei eldre vorte meir involverte i kinokulturen, men i 2015 er delen av aldersgruppa 67-79 år på det lågaste sidan 2006.

Det er dei yngre som går mest på kino, men talet på besøk har gått litt ned. Dette viser tal frå Norsk mediebarometer 2015. At yngre går mindre hyppig på kino nå enn før, kan ha å gjere med at dei yngre har interesse av kultur i digital form, på

mobil eller anna bruk. Kva gjeld dei eldre, er det ei mogleg samfunnsending at dei eldre er meir aktive generelt og nyttar seg av mange kulturtilbod inkludert kino.

Figur 12.4. Personar som har vore på kino dei siste 12 månadene, etter menn og kvinner. Prosent



Kjelde: Odd Frank Vaage (2016). Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Ein større prosentdel går på kino

Med fleire vaksne på kino er tendensen generelt at befolkninga dei siste 20 åra har vorte meir delaktige i kinokulturen, dette vert illustrert i figur 12.4. Utviklinga gjeld både menn og kvinner. I 2015 er prosentdelen menn og kvinner på kino på 12 månader, heilt lik, 71 prosent. Dette er ein auke frå førre året for begge kjønn.

12.1. Produksjon og forvaltning av film

I dette kapittelet går vi også igjennom tal knytte til produksjon av film. Samstundes som det har vore aukande interesse for norsk film, har det også vore meir midlar tilgjengeleg frå Filmfondet til produksjon av film, TV-seriar, dokumentarar med vidare.

Større produksjonstilskot frå Norsk filminstitutt

Det har over tid vore ei opptrapping i produksjonstilskot frå Norsk filminstitutt (NFI). Det har vore ein auke i tilskot til produksjon av filmar, TV-seriar og dataspel frå 2010 til 2015 utbetalt av NFI. I 2010 vart om lag 376,7 millionar innvilga i stønadsordningar i filmfondet som er underlagt Norsk filminstitutt. I 2014 var beløpet auka til 459,9 millionar kroner i dei ulike ordningane, medan det i 2015 var ein nedgang til 445,7 millionar. Fordeling av tilskot til ulike typar ordningar er vist i tabell 12.4. Det kan vere noko avvik i totalt innvilga midlar og attgiving av tilskot i tabellen, det kjem hovudsakleg av at nokre mindre ordningar ikkje alltid har vore inkluderte i tabellen, og at nokre innvilga midlar vert utbetalt i ratar over tid.

Av dei 445,7 millionar kroner som vart innvilga i 2015, gjekk 314,5 millionar kroner til kinofilm, 20,8 millionar kroner gjekk til kortfilm, 31,1 millionar kroner gjekk til dokumentarfilm inkludert dokumentarseriar, 56 millionar kroner gjekk til TV-drama, medan 23,5 millionar kroner gjekk til dataspel.

Utbetalte midlar er som antyda ikkje det same som innvilga midlar i 2015. Ifølgje NFIs årsrapport for 2015 vart 479,4 millionar kroner innvilga i 2015. Dette året var 491,3 millionar kroner disponible på filmfondet, inkludert 3 millionar kroner til Sørfond, innvilga av Utanriksdepartementet. Delar av dei tildelte midla vert utbetalt i ratar over tid. Tildelte midlar går til utvikling, produksjon, lansering, og etterhandsstøtte til fimar som oppnår minst 10 000 besøk på kino.

Store delar av film- og TV-bransjen er lokalisert til Oslo

Eit innblikk i kor film og TV-bransjen er lokalisert, kan ein få ved å sjå på den geografiske fordelinga av tildelte produksjonsmidlar i årsrapporten til NFI. Av 256,5 millionar kroner av produksjonstilskot som vart tildelt produksjon av kinofilm, TV-produksjonar med vidare, gjekk 196,4 millionar til produksjons-verksemder med adresse i Oslo (Norsk Filminstitutt 2015). Det utgjer 76,6 prosent av alle tildelte midlar til produksjon. Produksjonen kan finne stad over heile landet, eller i utlandet.

Konsentrasjonen av film- og TV-produksjonsverksemder i Oslo er i samsvar med den generelle lokaliseringssamlinga for kulturnæringar i Oslo. I Oslo har film-verksemdene tilgang til kvalifisert arbeidskraft, finansiering og kundar. Å vere sysselsett med film-, TV- eller spelproduksjon vert sett på som risikabelt og kortvarig, da dei fleste produserer i prosjekt. Dei som arbeider med dette, må vere innstilte på å bytte arbeid ofte. Derfor kan det vere enklare å bli buande i ein by med mange moglege arbeidsgivarar, i eller utanfor film, TV eller spelbransjen. I Oslo er det også mange andre kulturnæringsverksemder der ein kan finne anna arbeid ved behov. Kapittel 3 har ei oversikt over sysselsetting i kulturnæringar fordelte på fylke, der ein kan sjå tendensen til konsentrasjon av sysselsette i kulturnæringane i Oslo, sjå figur 3.2.

Auka statleg støtte til regionale filmtiltak

Regionale filmsenter og filmfond er etablerte av kommunar, fylkeskommunar og filmorganisasjonar for å byggje opp filmmiljøa i eigne regionar. Dei statlege tilskota til dei regionale filmsentra har meir enn fordobla seg sidan 2008. I 2015 vart 47,6 millionar kroner fordelte til regionale filmsenter, sjå tabell 12.6 for regionale tal. Dei regionale filmfonda har som formål å finansiere filmproduksjon med statlege og lokale midlar. Alle filmfond er eigde av kommunar og fylkeskommunar (Ryssevik og Vaage 2011). Dei statlege overføringane til regionale filmfond har vore på 10,5 millionar i heile perioden 2008-2013, men auka til 10,9 millionar i 2014 og 11,2 millionar i 2015.

12.2. Om statistikken og dei ulike organisasjonane

Film & Kino

Film & Kino er ein bransje- og medlemsorganisasjon for kommunale og private kinoar og videobransjen. Film & Kino vart stifta i 1917 under namnet Kommunale Kinematografers Landsforbund. Film & Kino driv også Bygdekinoen, som er ein omreisande kino. Bygdekinoen vart oppretta i 1950. Bygdekinoen viser digitale filmar og tilbyr også filmar i 3D-.

Norsk kino- og filmfond

Norsk kino- og filmfond vert finansiert av ei avgift på all omsetnad av kinobilletter og film på DVD og Blu-ray. Fondet er regulert i lov om film og videogram. Avgiftsendringar krev ei lovendring i Stortinget. Fondet vart oppretta av Kommunale Kinematografers Landsforbund i 1970.

Norsk filminstitutt

Norsk filminstitutt (NFI) er eit forvaltningsorgan som staten har for filmpolitikken, og fungerer som rådgivar for staten i filmpolitiske spørsmål. NFI er underlagt Kulturdepartementet og forvaltar dei statlege verkemidla til utvikling, produksjon, distribusjon, lansering og filmkultur. NFI forvaltar midlane i filmfondet som vert løyvde over statsbudsjettet. NFI forvaltar tilskotsordningar for kinofilm, kortfilm, dokumentarfilm, fjernsynsseriar og dataspel på ulike plattformer. NFI har ansvaret for regionale filmtiltak for barn og unge og utbetaling og oversyn av tilskot til regionale filmsenter og regionale filmfond er delegert til NFI.

12.3. Omfang, publisering og samanlikningar

Statistikken over kinoaktiviteten omfattar alle kinoane i Noreg. Statistikken vert publisert i Film & Kinos årboknummer og på internettsidene, www.kino.no. Nokre tal for kinoane vert elles publiserte i KOSTRA.

Film- og kinostatistikken kan samanliknast over tid og med film- og kinostatistikken i andre land.

Referansar

Film & Kino: Årbok 2015. Eldre årbøker blir også nytta for å fylle tidsseriar.

Norsk filminstitutt: *Årsrapport 2015*.

Ryssevik, Jostein og Vaage, Turid (2011): *For en neve dollar mer*. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond. Ideas2Evidence Rapport 9, 2011.

Vaage, Odd Frank (2016): *Norsk mediebarometer 2015*. Statistisk sentralbyrå, Statistiske analyser nr 146/16.

Meir informasjon

Bygdekinoen (<http://www.bygdekinoen.no/>)

Film & Kino: (<http://www.kino.no>)

Filmklubbar: <http://filmklubb.no/Produsentforeningen>

<http://www.produsentforeningen.no/> Film, TV og spelprodusentar er medlemmar.

Medietilsynet: (<http://www.medietilsynet.no>)

Norsk filminstitutt: (<http://www.nfi.no>)

St.meld. nr. 14 (2007-2008): *Dataspill*

Tildelingsbrevet til Norsk filminstitutt 2014 frå Kulturdepartementet.

Veiviseren (2006-2007): St. meld. Nr. 22 *Veiviseren*. For det norske filmløftet.

Tabell 12.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke

	Besøk i alt	Besøk	
		Ved bygdekinoar	Per innbyggjar
2001	12 477 164	148 993	2,8
2002	12 041 422	130 637	2,7
2003	13 049 067	133 891	2,9
2004	11 966 254	145 791	2,6
2005	11 314 081	134 524	2,4
2006	12 012 493	148 058	2,6
2007	10 815 700	127 683	2,3
2008	11 869 449	129 816	2,5
2009	12 701 912	139 081	2,6
2010	11 020 954	120 079	2,3
2011	11 655 050	126 232	2,4
2012	12 124 008	115 908	2,4
2013	11 802 662	112 254	2,3
2014	11 085 134	123 648	2,2
2015	12 037 874	122 844	2,3
2015			
Østfold	587 041	1 473	2,0
Akershus	1 271 950	5 430	2,2
Oslo	2 121 750	120	3,3
Hedmark	327 657	5 175	1,7
Oppland ²	229 429	9 331	1,2
Buskerud	560 335	4 301	2,0
Vestfold	543 839	-	2,2
Telemark	357 718	7 490	2,1
Aust-Agder	198 967	7 237	1,7
Vest-Agder	458 224	1 804	2,5
Rogaland	1 208 544	1 886	2,6
Hordaland	1 323 258	19 780	2,6
Sogn og Fjordane	200 551	9 226	1,8
Møre og Romsdal	502 741	17 349	1,9
Sør-Trøndelag	880 454	6 804	2,8
Nord-Trøndelag	263 736	5 759	1,9
Nordland	391 775	14 675	1,6
Troms Romsa	457 035	4 563	2,8
Finnmark Finnmarku	145 779	441	1,9
Svalbard ¹	7 091	-	2,7

¹ Personar busette på Svalbard er som regel registrert busette i ein norsk kommune. ² Lillehammer kino har vore stengd grunna ombygging, noko som er årsaka til nedgangen frå 2014.

Kjelde: Film & Kino.

Tabell 12.2. Verksemda ved kinoane, etter eigarform

	Kino-bygg i alt	Kino-salar/ fram-synings-stader	Salar med digital-kino ¹	Sitje-plassar	Framsyingar		Besøk				Billettinntekter	
					I alt	Av dette norske	I alt	Av dette besøk på norske filmar	Besøk på norske filmar	Besøk per fram-syning	I alt	Av dette norske filmar
							1 000 personar		Prosent		1 000 kroner	
2001	243	596	-	84 610	244 353	27 277	12 477	1 865	14,9	51,1	689 857	99 881
2002	249	600	-	85 913	250 062	22 899	12 041	897	7,4	48,2	706 618	47 681
2003	242	603	-	83 990	258 727	41 374	13 049	2 378	18,2	50,4	815 305	133 781
2004	240	625	-	85 047	267 269	34 629	11 967	1 777	14,8	44,8	782 127	107 122
2005	232	656	-	84 457	292 014	37 548	11 314	1 380	12,2	38,7	783 550	98 310
2006	227	649	-	82 630	303 251	47 365	12 013	1 928	16,0	39,6	852 005	130 095
2007	219	651	-	79 677	297 188	52 246	10 816	1 779	16,4	36,4	791 190	115 462
2008	218	661	49	79 177	307 249	56 722	11 870	2 657	22,4	38,6	917 659	202 456
2009	212	652	65	78 716	307 962	57 377	12 702	2 613	20,6	41,2	1 042 145	195 330
2010	210	651	250	79 238	316 073	68 021	11 021	2 564	23,3	34,9	954 034	198 195
2011	206	630	415	78 921	343 611	77 676	11 655	2 857	24,5	33,9	1 039 662	234 760
2012	196	583	415	76 195	346 009	50 674	12 124	2 164	17,8	35,0	1 110 123	184 480
2013	200	599	422	76 699	344 022	69 160	11 803	2 690	22,8	34,3	1 095 176	222 108
2014	199	596	425	76 975	354 122	75 986	11 085	2 708	24,4	31,3	1 082 093	232 256
2015	201	609	434	77 560	352 937	53 947	12 037	2 465	20,5	34,1	1 231 420	231 331
Kommunale kinoar i alt	142	283	283	52 178	204 738	30 507	6 905	1 460	21,1	33,7	681 686	130 121
Ikkje-kommunale kinoar i alt ²	59	151	151	25 382	144 400	22 470	5 009	955	19,1	34,7	539 036	96 948
Bygdekinoar ...	-	175	-	-	3 799	970	123	50	40,8	32,4	10 698	4 262

¹ Gjeld berre kommunale og private kinoar. ² Medrekna Svalbard.

Kjelde: Film & Kino.

Tabell 12.3. Langfilmpremierar, etter produksjonsland

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
I alt	230	241	237	221	223	207	206	196	201	199	211
Produksjonsland											
Noreg	¹ 21	⁴ 22	¹ 23	22	22	26	33	25	26	36	26
Sverige	16	10	9	9	12	7	4	8	8	7	7
Canada	-	-	3	3	-	4	2	2	2	5	2
Danmark	13	6	8	7	7	5	6	5	3	5	4
Finland	-	4	1	3	-	4	2	-	-	-	-
Storbritannia	11	12	19	16	11	12	16	15	13	14	11
Tyskland	5	4	5	4	1	6	2	5	8	1	5
Frankrike	4	² 12	8	10	22	11	11	18	13	19	19
Italia	4	3	4	4	3	3	2	1	1	4	4
Island	-	2	2	-	3	-	1	3	1	1	1
Spania	6	1	3	3	4	2	3	1	3	-	-
Russland	-	1	1	2	1	-	1	2	-	-	1
Sør-Korea	4	1	1	-	-	1	-	-	-	-	-
USA	³ 119	² 122	⁵ 113	117	108	103	98	90	111	90	108
Andre land	27	41	37	21	29	23	25	21	12	17	23

¹ Av dette ein samproduksjon. ² Av dette ei nyutsending. ³ Av dette fem nyutsendingar. ⁴ Av dette to nyutsendingar. ⁵ Av dette fire nyutsendingar.

Kjelde: Film & Kino.

Tabell 12.4. Norsk filminstitutt. Tilskot til audiovisuell produksjon, tal på filmar, type tilskotsordning og beløp

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Kortfilm¹							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	8	5	16	11	6	6	9
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	796 833	493 200	1 345 000	1 819 640	460 000	1 597 500	2 007 500
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	36	24	21	23	28	25	28
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner.....	21 861 806 ⁵	20 354 800	18 065 000	16 085 000	24 185 360	16 630 000	17 591 500
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	-	26	12	27	16	27	34
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner ..	-	892 670	363 385	572 261	440 533	796 402	1 157 378
Kinofilm², fiksjon og dokumentar							
Talet på filmpremierar	23 ^b	25	33	23	24	34	23
Etterhandstilskot, talet på utbetalinger ³ ..	44	37	46	34	47	51	41
Etterhandstilskot, samla utbetaling. Kroner.....	96 376 174	100 768 403	118 552 408	105 378 190	112 182 892	153 634 005	107 132 186
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	57	23	50	68	88	65	68
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	11 769 182	12 824 481	10 015 500	15 277 602	21 549 140	11 708 999	14 856 000
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	30	30	22	29	22	24	30
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner.....	156 795 790	152 419 530	135 661 323	146 292 433	132 629 985	161 611 513	154 329 098
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	22	48	33	63	63	66	55
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner ..	23 686 797	31 895 584	38 764 796	32 295 699	38 091 222	36 494 299	38 165 792
TV-produksjonar, enkeltstående							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	36	25	34	33	38	49	56
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	5 472 000	4 044 226	6 872 000	5 895 000	7 290 245	12 087 884	14 666 816
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	37	29	20	28	21	24	19
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner.....	16 030 000	12 372 476	17 215 000	21 712 408	19 885 000	28 836 000	13 555 000
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	-	-	11	33	28	35	37
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner ..	-	-	457 614	1 754 460	1 809 451	1 705 313	1 692 229
Dokumentarseriar for TV⁴							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	3	2	1	-	2	-	2
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	550 000	200 000	150 000	-	500 000	-	300 000
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	2	3	5	-	5	1	1
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner.....	1 395 000	2 650 000	4 415 000	-	3 444 000	725 000	700 000
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	-	-	-	-	2	-	5
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner ..	-	-	-	-	126 960	-	138 125
Drama, TV-seriar							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	28	13	20	13	13	14	18
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	5 386 135	2 826 151	3 392 220	2 675 000	6 125 000	3 930 000	5 450 000
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	5	4	7	8	8	3	11
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner.....	11 050 000	14 090 000	25 800 000	29 100 000	41 250 000	6 500 000	50 250 000
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	-	1	4	6	7	11	10
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner ..	-	37 000	149 561	382 544	212 254	292 981	271 578
Dataspel							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	18	16	20	23	31	30	29
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	10 600 000	10 000 000	10 000 000	15 000 000	20 696 000	20 335 000	20 080 000
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	-	6	4	5	25	21	32
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner ..	-	2 830 000	2 145 000	526 599	3 174 155	2 954 641	3 391 927

¹ Fullførte kortfilm har sjeldan "premiere". ² Spelefilm/kinofilm har minimum visningstid 72 minutt. Tala inkluderer òg kortfilm med kinodistribusjon, kinodokument og minoritets-/samproduksjonar med utlandet. ³ Etterhandstilskot kan komme i fleire utbetalningar til same film. ⁴ Ingen tilskot til dokumentarseriar for TV 2012. Men tilskot til dokumentar går også over TV-produksjonar, enkeltstående, slik at dokumentarar har fått tilskot 2012, berre ikkje seriar. ⁵ I tillegg kr 9 906 948 i lanseringsstøtte til 30 kortfilm. ⁶ Inklusive ein film i novelleformat og ein kinofilm med berre regional distribusjon.

Kjelde: Norsk filmfond/Norsk filminstitutt.

Tabell 12.5. Besøk på kino, etter menn og kvinner, alder, utdanning, husholdsinntekt, yrkesstatus og landsdel. Prosent og gjennomsnitt

	Prosent									Besøk i gjennomsnitt								
	2006	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2006	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Prosentdel, alle	67	70	73	70	68	67	73	69	71	3,7	3,6	3,6	3,5	3,3	3,0	3,4	3,1	2,9
Menn	66	70	72	66	67	67	71	68	71	3,7	3,7	3,7	3,3	3,5	3,1	3,4	3,5	3,0
Kvinner	69	71	73	73	68	66	74	70	71	3,6	3,5	3,5	3,7	3,1	2,9	3,3	2,8	2,8
Alder																		
9-15 år	91	88	86	88	91	86	91	93	89	4,7	4,5	4,5	4,3	3,9	3,8	4,1	4,0	3,9
16-24 år	89	92	93	90	93	91	94	91	95	7,1	6,5	6,7	6,6	6,0	5,7	6,1	6,4	5,2
25-44 år	81	78	82	82	80	74	81	79	80	4,2	4,2	4,2	4,3	3,7	3,5	3,6	3,4	3,1
45-66 år	47	58	59	56	51	55	60	53	58	2,0	2,3	2,2	1,7	2,2	1,9	2,4	1,6	1,9
67-79 år	26	39	42	30	30	32	41	31	27	0,7	1,3	1,0	1,0	1,6	0,9	1,3	1,0	0,7
Utdanning																		
Grunnskole	46	53	57	49	52	52	61	58	61	2,5	2,7	2,7	2,7	2,5	2,6	2,9	4,0	2,9
Vidaregåande skole	61	63	65	62	59	62	65	61	62	3,4	3,2	3,1	3,0	2,9	2,7	3,0	2,6	2,4
Universitet/høgskole, kort	76	76	83	80	75	72	81	75	79	3,9	4,5	4,0	4,2	3,4	3,3	3,4	3,1	3,0
Universitet/høgskole, lang	81	90	84	82	80	74	79	78	82	4,9	4,4	4,3	4,0	4,6	3,4	4,4	3,2	3,2
Husholdsinntekt																		
1. kvartil	56	62	64	53	55	61	63	60	56	3,8	3,4	3,4	3,3	3,3	3,1	3,1	3,1	2,5
2. kvartil	66	68	67	68	61	59	64	67	67	3,1	3,1	3,3	3,0	2,8	2,5	3,2	2,8	2,6
3. kvartil	72	81	68	73	72	73	80	74	78	3,5	4,4	2,8	3,2	2,9	3,0	3,1	2,8	2,8
4. kvartil	81	84	80	86	83	77	85	80	84	4,2	4,2	4,0	4,4	4,0	3,6	3,6	3,6	3,4
Yrkesstatus (16-79 år)¹																		
Yrkesgruppe 1-2	79	81	82	82	77	75	82	78	83	4,0	4,1	4,0	4,1	3,8	2,9	3,8	3,1	3,1
Yrkesgruppe 3	78	80	83	78	78	75	82	79	72	4,3	4,5	4,1	3,6	3,5	3,7	3,6	3,3	3,1
Yrkesgruppe 4-5	71	68	76	71	72	75	73	70	73	4,1	3,9	4,0	3,8	3,6	3,5	3,6	3,8	3,1
Yrkesgruppe 6-9	59	66	61	59	61	62	66	65	66	3,2	3,4	2,6	2,6	2,7	2,9	2,9	3,1	2,3
Elevar/studentar	91	93	97	94	96	91	91	93	92	6,9	6,4	6,8	6,6	6,1	5,4	5,3	5,5	5,1
Trygda/pensjonistar	27	38	43	32	30	33	40	30	29	0,7	1,1	1,1	1,1	1,7	1,0	1,6	0,8	0,7
Heimearbeidande	58	:	:	75	71	59	63	59	79	1,7	:	:	2,7	2,9	1,9	3,7	2,2	2,9
Landsdel																		
Oslo/Akershus	77	79	80	78	78	71	81	80	81	4,6	4,3	4,3	4,2	4,3	3,8	4,0	3,9	3,7
Austlandet elles	64	67	71	65	63	63	67	63	68	3,0	3,5	3,2	3,0	3,2	2,6	3,2	2,5	2,6
Agder og Rogaland	68	74	75	70	69	71	73	69	70	3,5	3,9	3,7	3,6	3,0	3,3	3,2	2,9	3,0
Vestlandet	65	63	69	70	65	65	70	68	65	3,6	2,8	3,4	3,5	3,1	2,8	3,2	2,9	2,5
Trøndelag	68	72	71	68	67	67	75	69	72	4,1	3,5	3,4	4,2	3,0	2,7	3,4	3,3	2,9
Nord-Noreg	56	69	63	63	56	62	70	61	65	3,4	3,8	3,2	2,3	2,0	2,8	2,9	3,9	2,3

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kapittel 10.2.

Kjelde: Odd Frank Vaage (2016). Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 12.6. Statlege tilskot til regionale filmsenter og filmfond. 1 000 kr

	2008 ¹	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Filmsenter								
I alt	16 796	26 796	26 796	31 796	41 243	42 951	46 081	47 601
Nordnorsk filmsenter ²	6 217	8 217	8 217	8 217	8 217	8 200	8 200	8 236
Vestnorsk filmsenter	4 479	6 479	6 479	7 229	8 267	8 200	8 596	9 970
Midtnorsk filmsenter	2 500	4 000	4 000	4 750	4 750	5 000	5 000	5 430
Østnorsk filmsenter	1 000	2 000	2 000	2 000	3 872	4 000	4 000	3 698
Filmkraft Rogaland filmsenter	1 000	2 000	2 000	3 500	4 757	4 700	4 700	4 589
Sørnorsk filmsenter	1 000	2 000	2 000	3 000	4 517	4 500	4 500	4 134
Viken filmsenter ³	-	-	-	-	4 100	5 300	7 927	8 282
Mediefabrikken i Akershus ⁴	600	600	600	600	-	-	-	-
Internasjonalt samisk filmsenter (ISF) ..	-	1 500	1 500	2 500	2 763	3 051	3 158	3 262
Filmfond								
I alt	10 500	10 500	10 500	10 500	10 500	10 500	10 867	11 226
Film3	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 588	2 673
FUZZ	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 588	3 175
Filminvest Midt-Norge ⁵	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 035	1 569
Filmkraft Invest	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 068	2 136
FilmCamp	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	1 600	2 588	1 673
Ikkje fordelt	-	-	5 000	4 011	-	900	-	-

¹ Tilskotet for 2008 vart gjeve i post 72. ² Nordnorsk filmsenter fekk som einaste regionale filmverksemd støtte til drift fram til 2009, fordi filmsenteret hadde status som knutepunktinstitusjon. ³ Viken filmsenter vart etablert 2011 og skal dekke fylka Vestfold, Buskerud, Østfold og Akershus. ⁴ Tilskotet for 2008 vart gjeve i post 78. Akershus vert dekt av Viken filmsenter. ⁵ Filminvest Midt-Norge het Midtnorsk Invest til 2013.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 12.7. Avgiftsinntekt til Norsk kino- og filmfond. Fondsavgift fordelt på kino og video¹. Kroner

	I alt	Fondsavgift	
		Kino	Video
2000 ²	37 042 057	16 518 719	20 523 338
2001	40 612 625	16 113 466	24 499 159
2002	46 614 630	17 591 167	29 023 463
2003	56 094 169	18 681 284	37 412 885
2004	72 191 059	20 937 520	51 253 539
2005	80 373 977	17 985 269	62 388 708
2006	85 466 101	19 786 959	65 679 142
2007	95 099 606	19 486 414	75 613 192
2008	89 612 990	19 491 393	70 121 597
2009	89 872 357	23 007 591	66 864 766
2010	81 594 585	22 669 121	58 925 465
2011	78 178 887	24 123 560	54 055 327
2012	71 867 095	24 122 570	47 744 525
2013	57 741 546	24 185 349	33 556 197
2014	48 161 306	26 052 005	22 109 301
2015	43 225 870	26 765 149	16 460 721

¹ Fondets serie går frå 1. juli 1970 innrapportert saman med 1971-tala. Tidsserien frå 1971 er publisert i Kulturstatistikk 2012, tabell 13.9. Fondet vart oppretta av Kommunale Kinematografers Landsforbud 1970. Fram til og med 1987 var fondet finansiert med ei frivillig avgift på 2,6 prosent av kinoane sine brutto billettinntekter. Lov om film og videogram tredde i kraft i 1988. Avgifta på kino vart lovregulert og det vart innført ei avgift på video. Kino- og videogramavgifta var frå 1988 på 2,5 prosent. ² Frå år 2000 er avgifta for kinoframsyingar 2,5 prosent av brutto omsetning billetter, medan avgifta for video er på 3,50 kroner per selde eining. Dette ifølgje NOU 2001:5 Kino i en ny tid. Video til utleige har berre avgift ein gong.

Kjelde: Film & Kino.

13. Radio, tv, lyd- og videomedium

13.1. Nokre resultat

Dette kapitlet omhandlar for det meste radio og tv. Internett, video- og lydmedium vert nemnt for heilskapen og fordi dei påverkar tradisjonell bruk av radio og tv. Andre massemedium slik som aviser, bøker, teikneseriar, vekeblad og tidsskrift vert omtala i andre kapittel i denne publikasjonen og vil difor ikkje verte omtala her. Internett vert nemnt i samband med lesing av aviser, men vil også verte kort omtala i dette kapitlet.

Flest brukar Internett

Medievanane i befolkninga er i stadig endring og vi vert meir digitale. Delen som brukar Internett har auka jamt og trutt heilt sidan Internett vart tilgjengeleg for folk flest på 1990-talet. Sidan 2000 har det vore ein auke nesten kvart år, sjå figur 13.1. I 2000 brukte 27 prosent Internett ein gjennomsnittsdag, medan delen i 2015 var på 87 prosent. Tala om mediebruken i befolkninga er henta frå Norsk mediebarometer 2015 av Odd Frank Vaage. Tala kjem frå Statistisk sentralbyrå sine årlege undersøkingar om bruk av massemedium. I desse undersøkingane svarar eit representativt utval av befolkninga på om lag 1 800 personar i alderen 9-79 år på spørsmål om sin bruk av ulike massemedium.


Lyd- og videomedium har endra innhald dei siste åra. Det som har auka mest dei siste åra er filer som er strøymde frå Internett, det vil seie at dei ikkje er lasta ned, berre høyrde eller sett på der og då. I statistikken for lydmedium inngår lydfiler lasta ned frå Internett og strøymde Internettfiler, men òg vinylplater, kassetar, CD-er og MP3-spelarar. Radiolytting vert ikkje rekna med her. I 2015 lytta 38 prosent av befolkninga på lydmedium på ein gjennomsnittsdag. Den langsiktige trenden sidan 2000 er fallande. Dette året var det 50 prosent som lytta på lydmedium ein gjennomsnittsdag, sjå figur 13.1.

Mange ser jamleg på fjernsyn og høyrer radio, men begge delane gjekk ned det siste året. Delen som ser på fjernsyn har hatt ein fallande trend sidan 2010, og i 2015 såg 67 prosent på tv ein gjennomsnittsdag.

På lengre sikt har delen radiolyttarar halde seg stabil

Delen av befolkninga som lyttar til radio ein gjennomsnittsdag gjekk ned med 5 prosentpoeng i 2015 samanlikna med året før. Ser ein derimot på heile tidsperioden frå årtusenskiftet, har delen radiolyttarar halde seg relativt konstant. I 2000 og 2015 var delen radiolyttarar høvesvis 57 og 59 prosent (Vaage, 2016).

Figur 13.1. Personar som har brukt ulike massemedium ein gjennomsnittsdag. Prosent



¹ Fra og med 2012 er betalte strøymetenester som Netflix omfatta av videomedium.


Kjelde: Odd Frank Vaage (2016), Norsk mediebarometer 2015, Statistisk sentralbyrå.

Video- og lydmedium

Ein gjennomsnittsdag i 2015 såg 21 prosent video-/filmmedium. Tala i denne statistikken gjeld videoband, DVD/Blu-ray, harddiskopptakar og video-/filmfiler, anten lasta ned frå Internett eller strøymde via Internett og betalt for. Dei betalte strøymetenastene slik som til dømes Netflix vart inkluderte i videomedium frå og med 2012. TV-sjåing og kinobesøk vert ikkje rekna med her, sjå tabell 13.1.

Av alle tenester som inngår i videomedium i denne statistikken, var delen som såg på strøymde nettfiler ein gjennomsnittsdag i 2015 størst, heile 65 prosent, sjå figur 13.2. Delen som brukar slike tilbod har auka med heile 54 prosentpoeng frå 11 prosent i 2012.

Figur 13.2. Delen brukarar av videomedium som har sett på ulike typar opptak ein gjennomsnittsdag, 2015. Prosent



Kjelde: Odd Frank Vaage (2016), Norsk mediebarometer 2015, Statistisk sentralbyrå.

Ein gjennomsnittsdag i 2015 var det 67 prosent kvinner og 64 prosent menn som såg på strøymde betalte nettfiler av dei som brukte videomedium, sjå tabell 13.1. Det er i dei yngste aldersgruppene at vi finn flest brukarar av slike tenester. I aldersgruppa 16-24 år er delen brukarar høgast, nær fire av fem i denne aldersgruppa brukte slike tenester ein gjennomsnittsdag. Og i dei andre aldersgruppene er det mange brukarar, viss vi ser vekk frå aldersgruppa 67-79 år kor vi ikkje har data om bruk av videomedium. I aldersgruppa 45-66 år var det nær halvparten som såg strøymde betalte nettfiler ein gjennomsnittsdag.

Av dei som bruker strøymde betalte nettfiler ein gjennomsnittsdag, har 77 prosent ungdomsskole som høgaste fullførte utdanning, medan 48 prosent hadde lang høgare utdanning, sjå tabell 13.1.

Ser vi på landsdel, var delen lågast på Austlandet. Delen brukarar i Oslo og Akershus var 57 prosent, medan det var flest brukarar i Agder og Rogaland, 75 prosent.

Færre brukar dvd-spelar i perioden frå 2007. Bruk av harddiskopptakar har gått noko ned dei siste par åra, og det er dei godt vaksne som ser mest på harddiskopptakar, 41 prosent av brukarane er i aldersgruppa 45-66 år og 21 prosent er i gruppa 25-44 år.

Delen som lyttar til lydmedium samla sett har variert lite dei siste åra. I 2015 var delen litt høgare for menn samanlikna med kvinner. Av dei som brukte dei ulike avspelingssystema, har flest lytta til lydfiler på smarttelefon og strøymde nettfiler.

På ein gjennomsnittsdag i 2015 hadde 71 prosent av desse lytta til lydfiler på smarttelefon og 68 prosent lytta til strøymde nettfiler.

Radio og tv - allmennkringkastarane

Det er fire allmennkringkastarar i Noreg og desse er NRK, TV2, P4 og Radio Norge. Dei har plikt til å rapportere om verksemda si til Medietilsynet. Data presenterte i dette kapittelet er mellom anna norske radio- og fjernsynskanalar som fell inn under prinsippa for allmennkringkasting. For å sikre eit mangfaldig radio- og fjernsynstilbod, omfattar desse prinsippa mellom anna at kanalane skal kunne takast inn av heile befolkninga. Allmennkringkastarane har mellom anna forplikta seg til å ha eit breitt programtilbod, ta vare på interessene til både breie og smale grupper, og bidra til å styrkje norsk språk, kultur og identitet. Sjå kapittel 13.2.

Dei fire allmennkringkastarane har ulike sett av forpliktingar, men felles for alle er at allmennkringkastingsoppdraget består av både overordna og spesifikke krav. Tilbodet skal i hovudsak bestå av norskspråkleg innhald. Dei spesifikke krava gjev føringar om tilbod til bestemte målgrupper, til dømes barn, unge og minoritetar med meir (Medietilsynet, 2015).

42 prosent musikk på NRK-kanalane P1, P2 og P3

NRK har tre allmennkringkasta radiokanalar som har rapportert programstatistikk til Medietilsynet, NRK P1, NRK P2 og NRK P3. Slår ein saman alle tre kanalane, sende dei radio i om lag 26 300 timar. Av desse timane utgjorde 42 prosent musikk og 20 prosent underhaldning. Ser ein på dei enkelte kanalane, fordeler timane seg noko forskjellig. NRK P3 sender meir musikk enn dei andre kanalane. 68 prosent av sendingane til NRK P3 er musikk medan delane for P1 og P2 er høvesvis 22 og 38 prosent, sjå tabellane 13.3-13.5. I tillegg til desse tre kanalane, sender NRK ei rekke radiokanalar. Dette inneber at NRK formidlar vesentleg fleire timar med radioinnhald enn det desse tabellane viser. Tematisk og sjangermessig er òg breidda noko større samanlikna med det som kjem fram i desse tabellane.

NRK P1 har størst lyttaroppslutning i befolkninga, 20 prosent lyttar til kanalen ein gjennomsnittsdag, sjå tabell 13.9. Programtypen som hadde størst del av sendetida i NRK P1 i 2015, var underhaldning, med 37 prosent av sendetida. Musikkprogramma hadde 22 prosent av sendetida, og regionale sendingar inkludert Sàmi Radio hadde 16 prosent. For NRK P2 hadde musikkprogramma den største delen av sendeflata, 38 prosent. Forklaringa på den store delen musikk er at P2 sender musikk på nattetid. I 2015 har delen av sendetida som vart brukt på samfunns-spørsmål auka i høve til 2014 med nær 2 prosentpoeng og utgjer om lag 24 prosent av sendetida i 2015. Delen med sending om kunst, kultur og media har auka og utgjer 22 prosent av sendetida i 2015.

NRK P3 har ikkje endra mykje i innhaldet i sendetida frå 2014 til 2015. Musikk har framleis mest sendetid på P3, om lag 5 900 timar, som tilsvare 68 prosent av eit års kontinuerleg radiotid, 8 760 timar. Underhaldning utgjorde 23 prosent av sendetida i 2015. Sidan 2009 utgjorde musikkprogram 79 prosent av total sendetid. Sendetida for musikkprogram gjekk ned til 2011, men etter dette har delen musikkprogram auka att, men er ikkje attende til nivået i 2009. Samstundes var sendetida for underhaldning mindre i 2009 da underhaldning utgjorde 10 prosent av sendetida. I åra etter 2009 gjekk sendetida for underhaldning opp og i 2011 var sendetida over 30 prosent. Dei siste åra gjekk sendetida for underhaldning noko ned, sjå tabell 13.5.

Mest av drama og
informasjonsprogram på
NRK fjernsyn

NRK sende nær 23 300 timar TV i 2015 i tillegg til radiosendingane. I tillegg er det eit kontinuerleg oppdatert tilbod på nett. På TV var totalt sett den mest sende programtypen drama, som vart sendt i 32 prosent av all sendetid over NRK1, NRK2, NRK3 og NRKSuper. Informasjonsprogram var den andre største programtypen med vel ein fjerdedel av sendetida for kanalane samla sett.

På dei ulike kanalane er programtilbodet noko ulikt. NRKSuper sender berre barneprogram og desse vert klassifiserte i ulike kategoriar. Tal frå NRK viser at i 2015 utgjorde drama 73 prosent av sendetida til NRKSuper og 40 prosent for NRK3. På NRK1 og NRK2 var ikkje denne programtypen så framstående med 21 og 15 prosent av sendetida på høvesvis NRK1 og NRK2. Underhaldningsprogram var det mest av på NRK3, med 25 prosent. NRK1 har auka delen med underhaldning i 2015 samanlikna med 2014. I 2014 utgjorde underhaldning 13 prosent på NRK1, medan i 2015 var delen auka til 22 prosent. NRK2 sende minst underhaldning, 8 prosent. På NRK2 vart det derimot sendt meir nyhende og informasjonsprogram. I 2015 utgjorde informasjonsprogram 40 prosent av sendetida til NRK2.


Av dei nær 8 200 sendetimane som NRK1 hadde i 2015, inneheld over 2 200 timar, eller 27 prosent av sendetida, informasjonsprogram. I 2009 var det 1 100 timar informasjonsprogram, 1 500 timar drama og 1 100 timar nyhende på NRK1. Etter fallet i sendetid for barneprogram på NRK1 i 2011, har det vore rom for andre programpostar. Frå 2014 til 2015 har den største endringa i sendetida for NRK1 vore auken i sendetid for underhaldning. I 2014 var 13 prosent av programtilbodet underhaldning, medan det i 2015 var 22 prosent. Dei 1 073 timane med underhaldning i 2014, hadde vorte til 1 832 timar i 2015.

I 2015 hadde NRK2 over 1 000 færre riksdekjande sendetimar enn NRK1. Av dei om lag 7 100 sendetimane var 40 prosent informasjonsprogram, på same nivå som året før. Det var ein nedgang i delen nyhende i 2014 frå året før. Den fallande trenden i nyhendesendingar frå 2012 heldt fram i 2015. I 2012 var 25 prosent av programtilbodet til NRK2 nyhende, medan i 2015 var den 17 prosent, sjå tabell 13.6.

Nynorskdelen i NRKSuper auka med 10 prosentpoeng

NRK har eit særskild krav på seg når det gjeld bruk av målformer i radio- og TV-kanalane sine. Kravet i NRKs vedtekter er at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. I 2015 oppnådde både radiokanalane P1 og P3 denne målsetjinga med ein del på høvesvis 29 og 26 prosent, sjå figur 13.3. I P2 gjekk delen nynorsk litt opp frå 2014 til 2015 med 1 prosentpoeng frå 16 til 17 prosent sendingar på nynorsk. Av fjernsynskanalane hadde NRK2 ein del nynorsk på 30 prosent. At NRK Super hadde ein nynorskdelen på 29 prosent, var ein auke med 10 prosent frå året før. Kanalane har òg ein del som går inn under kategorien dialekt. Ser ein alle radiokanalane til NRK under eitt, ser ein at delen med dialekt var høgare i høve til nynorskdelen. I 2015 var 31 prosent av sendetida på dialekt, sjå tabell 13.8.

Figur 13.3. Prosentdel nynorsk¹ i programtilbodet på NRKs TV- og radiokanalar



¹ Delen nynorsk på tv og radio inkluderer all normert nynorsk, og halvparten av dialektdelen.
Kjelde: Norsk rikskringkasting AS.

Sidan 2009 høyrer fleire på radio


Delen som høyrer på radio ein gjennomsnittsdag har totalt sett ikkje variert veldig mykje sidan 2004 då delen radiolyttarar var på 58 prosent. I 2015 var delen radiolyttarar ein gjennomsnittsdag 59 prosent (Vaage 2016). Delen har variert litt frå år til år, men trenden såg ut til å vere aukande frå 2009 til 2015, men sank igjen siste året frå 64 til 59 prosent, sjå tabell 13.11.

Delen TV-sjåarar verkar å ha minka dei siste åra, og den gjekk ytterlegare ned frå 74 prosent i 2014 til 67 prosent i 2015. Mange av programma som er tilgjengelege på TV, er òg tilgjengelege digitalt på nett og på strøyma TV. Difor tyder ikkje lågare del TV-sjåarar aleine på lågare interesse for program og TV-seriar, det indikerer derimot ei noko lågare nytting av TV som plattform.

I 2015 såg kvar nordmann i gjennomsnitt 107 minutt på fjernsyn og lytta 83 minutt på radio kvar dag. For fjernsyn er dette 48 minutt mindre enn i 2007, og det er 3 minutt meir lytting til radio samanlikna med ein gjennomsnittsdag i 2007.


Figur 13.4 viser korleis delen radiolyttarar har variert i åra sidan 2004. Dei to klart største radiokanalane målt i lyttardel var NRK P1 og P4, med høvesvis 20 og 16 prosent lyttarar ein gjennomsnittsdag i 2015. Begge kanalane har fått redusert del lyttarar det siste året med 3 prosentpoeng. Òg Radio Norge, NRK P2 og NRK P3 har ein noko lågare lyttardel i 2015 i høve til 2014, med ein nedgang på 1-2 prosentpoeng. Den nye radiokanalen NRK P13 hadde 1 prosent radiolyttarar ein gjennomsnittsdag i 2015.

Figur 13.4. Radiolytting mellom personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Lyttardelar i prosent



Kjelde: Odd Frank Vaage (2016), Norsk mediebarometer 2015, Statistisk sentralbyrå.

Dei to klart største kanalane målt i sjåardel ein gjennomsnittsdag i 2015 var framleis NRK1 og TV2. I 2014 hadde TV2 ein høgare sjåardel samanlikna med NRK1 med 38 prosent sjåarar ein gjennomsnittsdag og NRK1 hadde 35 prosent sjåarar i aldersgruppa 9-79 år. I 2015 gjekk sjåardelen til TV2 ned til 28 prosent, ein nedgang på 10 prosentpoeng.

Figur 13.5. Fjernsynssjåing mellom personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Sjøardelar i prosent

¹ Gjeld frå september 2007.

Kjelde: Odd Frank Vaage (2016), Norsk mediebarometer 2015, Statistisk sentralbyrå.


Om kvinner eller menn brukar mest tid på å sjå på fjernsyn, varierer frå år til år. I 2015 brukte kvinner 113 minutt til fjernsynssjåing på ein gjennomsnittsdag mens menn brukte 101 minutt. I perioden 2004 til 2010 såg menn i gjennomsnitt mest på fjernsyn.

Tre fjerdedelar ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag

Det var nesten like mange menn som kvinner som såg på fjernsyn ein gjennomsnittsdag i 2015, 66 prosent menn og 68 prosent kvinner. Menn hørde litt meir på radio i 2015 enn kvinner, 88 minutt på ein gjennomsnittsdag, medan kvinner hørde 87 minutt. Det var òg litt fleire menn i høve til kvinner som hørde på radio ein gjennomsnittsdag, 60 prosent menn og 57 prosent kvinner, sjå figur 13.6 og tabellane 13.10 og 13.11.

På ein gjennomsnittsdag i 2015 var det flest i den eldste aldersgruppa, 67-79 år, som såg på fjernsyn, 86 prosent. Dette er vel ikkje uventa fordi dei moglegvis har betre tid samanlikna med mange i yngre aldersgrupper. Dei andre aldersgruppene låg på mellom 74 og 53 prosent. Ser vi berre på dei vaksne, er det ein klar tendens til at mengda fjernsynssjåing aukar med alder, frå 69 minutt i den nest yngste aldersgruppa, 16-24 år, til 181 minutt i den eldste aldersgruppa.

Dei som hører til dei to yngste gruppene (9-15 år og 16-24 år), brukte minst tid på radio, høvesvis 15 og 51 minutt. Dei hadde også færrest radiolyttarar ein gjennomsnittsdag, høvesvis 28 og 47 prosent. Det er mogleg at yrkesstatus til ein viss grad heng saman med alder. Tala viser at trygda og pensjonistar ser mest på fjernsyn, 189 minutt.

Figur 13.6. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter menn og kvinner

Kjelde: Odd Frank Vaage (2016), Norsk mediebarometer 2015, Statistisk sentralbyrå.

13.2. Om statistikken

Tala som er presenterte i figurane og tabellane, er delvis henta frå aktørane sjølve eller frå Allmennkringkastingsrapporten for 2015. I rapporten evaluerer Medietilsynet programtilbodet til dei ulike allmennkringkastarane. I talmaterialet som ligg føre, må ein leggje til grunn at dei ulike allmennkringkastarane har ei einsarta inndeling av programområda frå år til år, slik at det er mogleg å gjere samanlikningar over tid. Det er vanskeleg å samanlikne programtilbodet i dei ulike radiokanalane da dei ikkje rapporterer etter same klassifiseringsverktøy, og heller ikkje rapporterer om heile sendeflata.

Allmennkringkasting

Nokre av prinsippa for allmennkringkastingskanalane som Medietilsynet legg til grunn i sitt tilsyn:

- Sendingane skal kunne takast inn av heile befolkninga.
- Sendingane skal innehalde ein variert programmeny med program for så vel breie som smale lyttar- og sjåargrupper, under dette barn og unge, den samiske befolkningsgruppa, etniske og andre minoritetar.
- Det skal vere daglege nyhendesendingar og solid, jamleg orientering om viktige samfunns- og kulturspørsmål, nasjonalt og internasjonalt.
- Allmennkringkastingsprogramma skal bidra til å styrkje norsk språk, identitet og kultur.
- Allmennkringkastingskanalane skal ha redaksjonelt sjølvstende (Medietilsynet 2014).

Medietilsynet

Etter kringkastingslova 8 § 2-13 er Medietilsynet pålagt å utarbeide ein årleg allmennkringkastingsrapport: «Medietilsynet skal utarbeide en årlig rapport om kringkasteres oppfyllelse av allmennkringkastingsforpliktelser. Medietilsynet kan ikke instrueres av Kongen eller departementet ved utarbeidelsen av slik allmennkringkastingsrapport». Medietilsynet har dermed som oppdrag å føre tilsyn med i kva grad allmennkringkastarane oppfyller allmennkringkastingspliktene sine. Tilsynet baserer seg mellom anna på allmennkringkastingsrekneskapane til dei respektive aktørane.

Medietilsynet fører også tilsyn med andre område innanfor kringkasting, til dømes reklame og sponning, vern av barn og unge, med meir, og er styresmakt når det

gjeld konsesjonar og registreringar for lokalkringkasting og annan type kringkasting.

I tillegg fører Medietilsynet mellom anna tilsyn med marknads- og eigarforhold i dagspresse og kringkasting med heimel i medieeigarskapslova. Medietilsynet er også klageinstans for fjernsynslisenssaker.

Endring i konsesjonane

Dei analoge konsesjonane til lokalfjernsyn vart avslutta i 2009, same året som sløkking av analoge fjernsynsnett vart gjennomført, og utrullinga av det digitale riksnettet for fjernsyn vart sluttført. Eit nytt regime for digitalt lokalfjernsyn var allereie etablert, og digitale lokalfjernsynskonsesjonar vart tildelte frå 2007. Til forskjell frå tidlegare ordning kan det verte gjeve fleire konsesjonar i kvart område, konsesjonshavarane har ikkje tilgang til eigne, lokale sendenett, det vert ikkje stilt krav til innhald, og det er ikkje lenger formidlingsplikt i kabelnett for digitalt lokalfjernsyn.

Noreg er framleis delt inn i 29 konsesjonsområde for allment bakkesendt lokal-fjernsyn. Tidlegare var det sett av frekvensressursar til åtskilde analoge, lokale sendenett i alle områda. Talet på konsesjonar av denne typen var avgrensa til ein per område, som kvar var sikra retten til å sende i dei respektive lokale netta. Konsesjon omfatta plikt til å sende lokalt innhald, og det var formidlingsplikt i kabelnett for sendingane.

Norges Televisjon (NTV) har anleggskonsesjon for det digitale bakkenettet for fjernsyn. Som ein del av konsesjonsføresetnadene pliktar NTV å tilby lokal-fjernsynskapasitet i det digitale nettet, som også skal vere innretta med lokale dekningsområde. Men nettet har avgrensa kapasitet til formidling av lokalfjernsyn. Ein del lokalfjernsynsaktørar har valt å sende berre i kabel- eller fibernett, eit alternativ som ikkje krev konsesjon frå Medietilsynet.

Mediebruksundersøkingane

Tala som omhandlar bruken av radio og fjernsyn, er henta frå Norsk mediebarometer 2015. Termen *kvartil* representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Det er nytta nokre kjennemerke knytte til yrkesstatus i tabellane 13.7 og 13.8. Sjå kapittel 10.2 for definisjonar av desse kjennemerka.

Referansar

Lovdata: LOV 1992-12-04127: Lov om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester (Kringkastingsloven).
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-12-04-127?q=kringkastingsloven>

Medietilsynet (2016): *Allmennkringkastingsrapporten kringkastingsåret 2015*.
Henta frå <http://allmennkringkastingsrapporten2015.medietilsynet.no/forord>
<http://www.medietilsynet.no/om/aktuelt/allmennkringkastingsrapporten2014/>

NRK - Norsk rikskringkasting (2015): NRKs Årsrapport 2014,
<http://www.nrk.no/aarsrapport/>
TV 2 (2015): <http://www.tv2.no/om-tv-2>

Vaage, Odd Frank (2016): *Norsk mediebarometer 2015* (Statistiske analyser 146, Statistisk sentralbyrå). Henta frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/videonorsk-mediebarometer-2015>

Meir informasjon

Medienorge: (<http://www.medienorge.uib.no>)

Tabell 13.1. Delen brukarar av videomedium som har sett på ulike typar opptak ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel. Prosent

	Eigen- produsert video	Opptak av TV-program	Kjøpe/ leige- video/ DVD	Video- band- spelar	DVD - spelar	Harddisk- opptakar	Nedlasta videofil	Strøyma betalt videofil ¹
2007	6	18	66	19	76	17	..	
2008	9	26	45	8	56	18	..	
2009	8	33	43	9	52	23	42	
2010	3	23	45	6	58	31	23	
2011	7	33	40	6	46	38	29	
2012	4	37	34	4	49	30	25	11
2013	4	40	16	2	23	34	19	42
2014	2	25	15	2	19	21	11	60
2015	4	19	9	..	16	19	13	65
Kjønn								
Menn	4	19	7	..	13	19	15	64
Kvinner	5	18	12	..	20	18	12	67
Alder								
9-15 år	9	12	16	..	18	12	19	70
16-24 år	6	6	6	..	13	6	18	79
25-44 år	2	21	10	..	16	21	11	62
45-66 år	1	41	9	..	16	41	6	47
67-79 år	:	:	:	..	:	:	:	:
Utdanning								
Grunnskole	3	6	8	..	19	6	12	77
Vidaregåande skole	3	23	9	..	17	23	10	62
Universitet/høgskole, kort ..	2	26	12	..	16	26	12	55
Universitet/høgskole, lang ..	6	40	6	..	6	40	15	48
Landsdel								
Oslo/Akershus	5	22	16	..	19	22	14	57
Austlandet elles	3	22	12	..	23	22	11	59
Agder og Rogaland	5	17	6	..	11	17	13	75
Vestlandet	1	12	3	..	11	12	9	70
Trøndelag	9	17	5	..	14	17	12	74
Nord-Noreg	4	15	0	..	8	15	30	71

¹ Inkluderar Netflix

Kjelde: Odd Frank Vaage, Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 13.2. Delen lyttarar som har lytta til ulike avspelingssystem ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel. 2015. Prosent

	CD-spelar	Kassett-spelar	Plate-spelar	MP3-spelar	Lydfil på PC	Lydfil på smart-telefon	Lydfil på nettbrett	Nedlasta nettfil	Strøyma nettfil	Lydbok
2007	64	3	4	35	40	.	.	.	.	.
2008	65	2	4	37	44	.	.	18	.	4
2009	56	2	3	42	43	.	.	43	.	5
2010	52	3	2	51	48	.	.	59	.	5
2011	47	2	2	53	50	.	.	51	35	4
2012	36	2	2	46	40	38	10	43	48	5
2013	34	2	1	43	38	50	14	42	55	5
2014	28	2	2	36	35	56	15	35	60	5
2015	22	1	2	24	26	71	13	31	68	5
Kjønn										
Menn	21	0	2	27	29	72	14	30	72	4
Kvinner	24	1	2	21	22	69	13	33	63	6
Alder										
9-15 år	22	1	1	29	27	71	19	23	70	4
16-24 år	11	0	4	30	35	87	12	32	88	4
25-44 år	19	1	1	23	22	72	11	36	67	5
45-66 år	40	2	2	16	22	47	12	31	46	5
67-79 år	66	0	0	3	6	24	23	13	6	0
Utdanning										
Grunnskole	17	1	4	31	35	80	17	30	79	4
Vidaregåande skole	26	0	3	18	23	68	11	33	65	3
Universitet/høgskole, kort	24	1	0	25	24	63	12	34	61	5
Universitet/høgskole, lang	21	0	1	24	23	69	11	37	65	11
Landsdel										
Oslo/Akershus	15	0	2	28	25	74	14	32	69	5
Austlandet elles	26	1	1	20	23	70	9	33	69	5
Agder og Rogaland	29	0	5	27	24	70	24	26	70	3
Vestlandet	23	1	1	23	27	62	11	24	59	2
Trøndelag	17	0	2	24	34	76	12	37	76	4
Nord-Noreg	24	2	2	24	29	75	13	45	66	8

Kjelde: Odd Frank Vaage, Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 13.3. NRK P1¹. Sendetid, etter programtype

	2009		2010		2011		2012		2013		2014		2015	
	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent
I alt	8 760	100,0	8 762	100,0	8 762	100,0	8 738	100,0	8 760	100,0	8 760	100,0	8 760	100,0
Drama	-	-	69	0,8	85	1,0	90	1,0	75	0,9	70	0,8	80	0,9
Musikk	2 529	28,9	2 513	28,7	2 532	28,9	2 327	26,6	2 215	25,3	1 942	22,1	1 897	21,7
Kunst, kultur, media	4	-	32	0,4	1	0,0	-	-	-	-	-	-	-	-
Underholdning	2 084	23,8	2 061	23,5	2 213	25,3	2 664	30,5	2 739	31,3	3 126	35,7	3 256	37,2
Heim/fritid/hobby	104	1,2	77	0,9	35	0,4	9	0,1	-	-	-	-	-	-
Vitskap	100	1,1	103	1,2	104	1,2	81	0,9	89	1,0	88	1,0	96	1,1
Religion/livsfilosofi	211	2,4	218	2,5	207	2,4	163	1,9	171	2,0	184	2,1	168	1,9
Samfunnsspørsmål	735	8,4	769	8,8	745	8,5	887	10,2	898	10,3	873	10,0	869	9,9
Nyhende	906	10,3	870	9,9	856	9,8	742	8,5	710	8,1	730	8,3	684	7,8
Portrett	193	2,2	-	-	184	2,1	-	-	120	1,4	65	0,7	46	0,5
Barneprogram	136	1,6	180	2,1	172	2,0	163	1,9	146	1,7	-	-	-	-
Regionale sendingar inkl.														
Såmi Radio	1 424	16,3	1 384	15,8	1 334	15,2	1 325	15,2	1 339	15,3	1 328	15,2	1 404	16,0
Sport	259	3,0	271	3,1	282	3,2	250	2,9	251	2,9	314	3,6	254	2,9
Andre program	75	0,9	215	2,5	12	0,1	37	0,4	5	0,1	70	0,5	6	0,1

¹ Talet på timar heile døgnet. 24 timar i 365 dagar gir 8 760 timar.

Kjelde: Medietilsynet, NRKs allmennkringkastarrekneskap 2014, Norsk rikskringkasting AS 2015.

Tabell 13.4. NRK P2¹. Sendetid etter programtype

	2009		2010		2011		2012		2013		2014		2015	
	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent
I alt	6 572	100,0	6 569	100,0	7 665	100,0	7 620	100,0	8 759	100,0	8 760	100,0	8 760	100,0
Drama	242	3,7	203	3,1	197	2,6	196	2,6	200	2,3	224	2,6	219	2,5
Musikk	2 242	34,1	2 234	34,0	2 871	37,5	2 456	32,2	3 519	40,2	3 520	40,2	3 334	38,1
Kunst, kultur, media	1 442	21,9	1 437	21,9	1 677	21,9	2 056	27,0	2 078	23,7	1 661	18,9	1 932	22,1
Underholdning	50	0,8	44	0,7	66	0,9	73	1,0	22	0,3	77	0,9	59	0,7
Heim/fritid/hobby	16	0,2	-	-	2	0,0	-	-	-	-	-	-	-	-
Vitskap	458	7,0	572	8,7	290	3,8	169	2,2	189	2,2	192	2,2	160	1,8
Religion/livsfilosofi	100	1,5	100	1,5	98	1,3	97	1,3	97	1,1	101	1,2	99	1,1
Samfunnsspørsmål	1 065	16,2	1 186	18,1	1 636	21,3	1 724	22,6	1 710	19,5	1 957	22,3	2 090	23,9
Nyhende	754	11,5	570	8,7	587	7,7	631	8,3	623	7,1	621	7,1	631	7,2
Portrett	55	0,8	56	0,9	63	0,8	-	0,0	77	0,9	125	1,4	107	1,2
Barneprogram	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Regionale sendingar inkl. Sæmi Radio	135	2,1	128	1,9	123	1,6	122	1,6	121	1,4	101	1,1	108	1,2
Sport	12	0,2	8	0,1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Andre program	1	-	31	0,5	55	0,7	96	1,3	123	1,4	181	2,1	21	0,2

¹For 2009 er det timar berre på dagtid. For seinare årgangar er musikk om natta inkludert i oversikta. Difor er ikkje auken i musikksendetid ei endring i profil, men ei endring i rapportering.

Kjelde: Medietilsynet, NRKs allmennkringkastarrekneskap 2014, Norsk rikskringkasting AS 2015.

Tabell 13.5. NRK P3. Sendetid¹, etter programtype

	2009		2010		2011		2012		2013		2014		2015	
	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent
I alt	8 771	100,0	8 760	100,0	8 761	100,0	8 646	100,0	8 760	100,0	8 758	100,0	8 760	100,0
Musikk	6 903	78,7	5 212	59,5	4 754	54,3	5 047	58,4	5 505	62,8	5 776	65,9	5 930	67,7
Kunst, kultur, media	322	3,7	265	3,0	158	1,8	202	2,3	195	2,2	203	2,3	201	2,3
Nyheter	310	3,5	241	2,8	208	2,4	183	2,1	178	2,0	147	1,7	142	1,6
Underholdning	869	9,9	1 988	22,7	2 648	30,2	2 590	30,0	2 321	26,5	2 161	24,7	2 051	23,4
Aktualitet/samfunn	367	4,2	-	-	374	4,3	521	6,0	542	6,2	349	4,0	318	3,6
Av dette:														
Sex og samliv	76	0,9	425	4,9	-	-	-	-	-	-	-	-	302	3,4
Andre program	-	-	629	7,2	619	7,0	103	1,1	19	0,2	122	1,4	118	1,4

¹P3 går i samsending med P1 om natta.

Kjelde: Medietilsynet, NRKs allmennkringkastarrekneskap 2014, Norsk rikskringkasting AS 2015.

Tabell 13.6. NRK. Sendetid¹, etter fjernsynskanal og programtype

	NRK1				NRK2				NRK3				NRKSuper ²			
	2014		2015		2014		2015		2014		2015		2014		2015	
	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent
Riksprogram i alt .	8 055	100,0	8 184	100,0	6 602	100,0	7 147	100,0	3 495	100,0	3 347	100,0	4612	100,0	4 617	100,0
Barneprogram	12	0,1	13	0,2	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Drama	1 984	24,6	1 728	21,1	1 076	16,3	1 055	14,8	1 664	47,6	1 338	40,0	3 614	78,4	3 370	73,0
Informasjonsprogram	2 058	25,6	2 203	27,0	2 617	39,5	2 850	39,9	991	28,4	1 085	32,4	-	-	-	-
Kunst, kultur og media	93	1,2	91	1,1	419	6,3	417	5,8	-	-	1	0,0	-	-	-	-
Musikk	240	3,0	139	1,7	298	4,5	220	3,1	24	0,7	28	0,8	33	0,7	26	0,6
Naturprogram	390	4,8	256	3,1	141	2,1	261	3,6	18	0,5	9	0,3	-	-	-	-
Nyheter	1 146	14,2	981	12,0	1 209	18,2	1 236	17,3	1	0,0	0	0,0	50	1,1	55	1,2
Religion, livsfilosofi	23	0,3	37	0,4	40	0,6	23	0,3	-	-	-	-	-	-	-	-
Sport	955	11,9	856	10,4	267	4,5	294	4,1	43	1,2	31	1,0	-	-	-	-
Underholdning	1 073	13,3	1 832	22,4	385	5,8	555	7,8	717	20,5	841	25,1	708	15,4	841	18,2
Undervisning	-	-	-	-	62	0,9	85	1,2	-	-	-	-	20	0,4	124	2,7
Vitskap	64	0,8	41	0,5	72	1,1	124	1,7	32	0,9	14	0,4	89	1,9	36	0,8
Andre program	17	0,2	7	0,1	16	0,2	27	0,4	5	0,2	0	0,0	98	2,1	165	3,5

¹Dei regionale sendingane er ikkje med i sendetida. ²Alle program på NRKSuper er barneprogram fordelte på programtype. Denne oversikta er basert på prosentoverslag frå NRKs årsrapport.

Kjelde: Medietilsynet, NRKs allmennkringkastarrekneskap 2014, Norsk rikskringkasting AS 2015.

Tabell 13.7. TV 2. Sendetid, etter programtype

	2013		2014		2015	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Program i alt	6 814	100,0	6 797	100,0	6 695	100,0
Barneprogram	450	6,6	371	5,5	82	1,2
Dokumentar/natur	253	3,7	150	2,2	111	1,6
Drama	1 382	20,3	1 453	21,4	1 747	26,1
Gameshow	6	0,1	-	-	-	-
Komedie	376	5,5	517	7,6	775	11,6
Krim, action og eventyr	640	9,4	694	10,2	654	9,8
Mennesker/samfunn	882	12,9	881	12,9	1 094	16,3
Musikk og kultur	15	0,2	17	0,3	12	0,2
Nyhende	524	7,7	468	6,9	393	5,9
Religion og livsfilosofi	17	0,2	16	0,2	12	0,2
Show	1 823	26,8	1 549	22,8	1 490	22,2
Sport	375	5,5	630	9,2	281	4,2
Været	40	0,6	38	0,6	39	0,6
Andre program	31	0,5	13	0,2	5	0,1

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkasterrapporten 2015.

Tabell 13.8. Norsk rikskringkasting. Sendetid i radio og fjernsyn, etter målform. Prosent

	Radio				Fjernsyn			
	I alt	Bokmål	Nynorsk	Dialekt	I alt	Bokmål	Nynorsk	Dialekt
2003	100	62	8	30	100	77	13	10
2004 ¹	100	55	3	42	100	63	6	32
2005	100	56	4	42	100	74	7	23
2006	100	57	5	38	100	71	8	22
2007	100	61	4	35	100	69	7	24
2008	100	63	6	31	100	76	7	18
2009	100	56	4	39	100	72	9	19
2010	100	62	5	33	100	75	9	16
2011	100	60	5	34	100	69	12	19
2012	100	59	6	35	100	73	15	12
2013	100	58	7	35	100	70	17	13
2014	100	66	9	25	100	71	16	13
2015	100	61	8	31	100	67	19	14

¹ Ved overgangen til 2004 gjennomførte NRK følgende praksis: Ein stilte strengare krav til kva som vart rekna som bokmål og kva som vart rekna som nynorsk. Dersom det som skulle registrerast ikkje var tydeleg nok, vart det plassert i dialektkategorien.

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS.

Tabell 13.9. Lyttar- og sjåardelar for ulike radio- og fjernsynskanalar ein gjennomsnittsdag. Prosent

	1994	1996	1998	2000	2002	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Radio																	
NRK P1	31	27	29	27	26	29	26	24	25	26	23	23	24	26	25	23	20
NRK P1+	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	2	2
NRK P2	7	5	5	4	5	4	4	4	3	5	4	4	6	5	7	6	5
NRK P3	11	10	8	8	6	5	5	6	5	7	6	7	7	9	10	12	11
NRK P13	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	1
Radio P4	18	21	19	19	21	16	17	17	16	13	17	18	15	16	15	19	16
Radio Norge	.	.	.	.	.	6	5	5	5	3	8	8	8	8	9	11	9
Lokalradio	13	13	12	11	14	11	9	10	11	8	7	8	6	6	6	5	5
Andre kanalar	1	1	1	2	3	2	3	3	3	6	3	4	5	4	4	5	5
DAB-radio	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	13	13	19	24
Fjernsyn																	
NRK1	58	55	53	50	52	53	51	47	47	44	43	44	45	40	40	35	35
NRK2	.	¹ 10	8	9	7	8	8	5	5	5	6	7	7	5	7	6	6
NRK3 Super	.	.	.	.	.	.	.	.	² 1	2	4	5	6	4	5	4	3
TV2 AS	42	50	50	51	56	52	50	51	49	44	41	40	40	37	36	38	28
TV2 Nyhetskanalen	.	.	.	.	.	.	.	.	2	3	3	3	3	3	2	3	4
TVNorge	12	13	16	15	18	18	19	18	19	16	13	13	14	12	13	14	11
TV3	7	12	12	14	13	14	13	11	12	11	11	12	11	8	8	6	4
Svensk TV ³	3	2	2	1	2	1	1	1	1	1	1	..	..	..	..	..	..
Lokal TV ⁴	1	1	1	1	1	1	0	1	1	0	1	..	..	..	..	..	..
TV 2 Zebra	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	2	2	1	1	2	1
TVN Fem	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	2	1	2	1	1	1
Viasat 4	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	6	4	4	1	1	2
Andre kanalar	7	7	9	10	12	12	13	15	17	22	23	18	20	18	18	16	14

¹ Gjeld frå september 1996. ² Gjeld frå september 2007. ³ SVT1 og SVT2. ⁴ Inkluderer lokal-tv som har fått konsesjon frå Medietilsynet, t.d. TV Follo AS og lokale sendingar på TV Norge.

Kjelde: Odd Frank Vaage, Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 13.10. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter menn og kvinner, alder, utdanning og hushaldsinntekt

	Radio										Fjernsyn								
	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	
Minutt totalt	80	80	82	81	86	96	90	100	83	155	145	148	152	157	134	132	132	107	
Kjønn																			
Menn	84	91	79	85	90	101	93	107	88	161	151	151	152	150	134	138	128	101	
Kvinner	76	69	86	78	82	90	86	94	77	149	140	145	151	165	135	126	137	113	
Alder																			
9-15 år	13	12	10	16	15	18	20	19	15	126	126	115	105	114	95	103	74	62	
16-24 år	53	50	49	55	65	60	55	67	51	144	136	128	133	135	105	92	82	69	
25-44 år	81	72	85	83	82	100	87	93	75	141	133	143	143	142	119	117	117	99	
45-66 år	109	112	113	110	109	119	116	141	118	168	154	155	165	170	154	145	154	123	
67-79 år	101	125	106	97	121	143	132	138	123	204	190	201	206	221	192	212	236	181	
Utdanning																			
Grunnskole	98	90	84	73	84	99	98	106	91	181	177	171	173	178	168	151	154	120	
Vidaregåande skole	99	104	106	102	114	122	114	129	108	167	164	164	174	177	146	150	147	126	
Universitet/høgskole, kort	69	73	86	84	72	96	89	106	79	153	122	138	144	152	136	122	137	105	
Universitet/høgskole, lang	71	73	69	77	80	81	70	77	61	110	110	121	121	126	102	110	111	79	
Hushalds-inntekt																			
1. kvartil	94	92	89	84	106	95	100	126	99	184	168	172	170	178	154	153	152	127	
2. kvartil	82	84	94	95	87	106	117	106	107	166	154	162	165	171	148	152	150	119	
3. kvartil	84	84	86	86	90	115	91	110	89	147	137	154	161	161	139	130	133	107	
4. kvartil	68	70	71	68	80	79	74	77	66	132	124	120	118	126	109	112	107	83	
Yrkesstatus¹																			
(16-79 år)																			
Yrkesgruppe 1-2	77	75	73	85	85	91	80	81	73	125	117	125	130	131	114	111	117	95	
Yrkesgruppe 3	74	74	92	80	64	92	71	92	102	140	116	141	141	150	118	110	120	104	
Yrkesgruppe 4-5	89	85	82	72	96	85	86	88	89	150	154	150	149	160	148	135	132	106	
Yrkesgruppe 6-9	131	134	140	140	131	175	163	192	145	153	149	159	160	153	128	129	123	100	
Elevar og studentar	38	29	27	28	39	25	31	41	24	126	140	100	122	137	93	107	90	67	
Trygda og pensjonistar	103	121	114	110	126	146	141	162	109	211	194	207	209	224	202	212	228	189	
Heime-arbeidande	:	:	:	109	63	86	69	95	136	:	:	:	217	141	129	98	133	143	
Landsdel																			
Oslo/Akershus	73	77	66	79	70	78	73	74	66	143	137	140	149	146	136	127	120	101	
Austlandet elles	92	90	88	79	94	107	107	110	82	166	142	163	156	170	142	143	149	123	
Agder og Rogaland	80	72	83	80	88	79	95	105	91	150	147	129	142	144	117	133	136	85	
Vestlandet	84	65	91	71	83	98	82	94	84	157	141	146	149	157	140	136	119	112	
Trøndelag	61	93	82	100	107	101	100	121	87	156	161	153	168	163	130	113	137	130	
Nord-Noreg	77	86	86	96	89	131	75	125	106	158	164	152	153	163	129	122	128	81	

¹For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kap. 10.2.

Kjelde: Odd Frank Vaage, Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 13.11. Personar som høyrer på radio og ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel. Prosent

	Radio										Fjernsyn									
	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015		
Prosentdel i alt	53	54	53	56	55	60	59	64	59	82	80	80	82	81	77	74	74	67		
Kjønn																				
Menn	55	56	52	56	57	60	60	65	60	83	81	80	83	81	76	76	73	66		
Kvinner	52	52	54	55	52	60	58	62	57	81	80	81	81	81	77	73	74	68		
Alder																				
9-15 år	27	27	22	33	31	36	31	42	28	87	88	86	82	89	83	82	70	67		
16-24 år	41	38	45	46	48	43	40	55	47	81	77	75	79	74	67	60	56	53		
25-44 år	58	56	58	59	57	64	61	65	62	77	76	78	80	76	71	70	71	63		
45-66 år	64	66	63	65	59	72	71	72	71	84	82	81	84	83	80	79	80	74		
67-79 år	53	60	52	55	64	66	72	69	65	88	85	86	90	91	88	86	91	86		
Utdanning																				
Grunnskole	52	48	46	46	50	55	56	60	56	84	80	81	86	82	81	78	74	67		
Vidaregåande skole	58	58	57	59	56	62	61	68	64	82	80	80	85	82	74	74	74	70		
Universitet/ høgskole, kort	54	62	62	61	60	66	67	70	67	80	79	79	79	80	78	75	77	69		
Universitet/ høgskole, lang	66	63	62	64	65	72	66	67	68	78	77	76	75	77	75	71	74	60		
Hushalds-inntekt																				
1. kvartil	50	53	49	49	53	48	58	61	57	78	80	79	82	76	74	72	71	65		
2. kvartil	52	57	54	60	55	61	64	65	66	85	83	81	83	81	77	76	78	73		
3. kvartil	57	56	54	60	56	68	63	70	66	85	81	81	86	85	82	80	78	70		
4. kvartil	58	60	58	59	60	67	64	64	65	81	83	82	80	83	75	75	75	69		
Yrkesstatus¹ (16-79 år)																				
Yrkesgruppe 1-2	64	64	64	67	63	72	68	68	68	80	79	74	78	81	76	74	76	68		
Yrkesgruppe 3	60	62	66	62	55	70	68	68	73	83	77	84	81	76	73	72	71	71		
Yrkesgruppe 4-5	57	51	53	55	58	59	59	66	57	77	83	80	82	81	76	75	73	68		
Yrkesgruppe 6-9	65	60	60	64	57	71	69	79	70	80	75	78	85	79	71	70	72	62		
Elevar/studentar	37	41	42	45	50	35	34	49	49	77	77	73	79	75	67	62	57	59		
Trygd/pensjonistar	52	60	53	53	61	67	69	69	57	87	84	87	88	90	88	86	90	82		
Heimearbeidande	:	:	:	54	32	43	52	62	55	:	:	:	90	61	65	63	57	78		
Landsdel																				
Oslo/Akershus	54	55	50	55	51	56	57	58	55	80	78	78	80	76	76	71	68	65		
Austlandet elles	56	57	51	57	54	62	62	69	59	83	79	80	86	83	79	76	79	72		
Agder og Rogaland	56	50	59	58	54	58	58	64	62	82	82	77	80	82	73	76	69	63		
Vestlandet	50	49	55	53	56	61	61	62	58	82	78	82	82	84	79	78	74	67		
Trøndelag	51	57	55	59	58	62	60	66	65	84	87	85	84	82	78	68	79	72		
Nord-Noreg	50	52	50	51	58	63	55	64	60	83	82	83	83	83	72	75	75	65		

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kap. 10.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

14. Idrett og friluftsliv


14.1. Nokre resultat

Idrettsregistreringa i støypeskeia til nytt system

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) er Noregs største frivillige organisasjon. Meir om frivillig arbeid finn ein i kapittel 2. Medlemskapstala i NIF per 31. desember 2015 viser at det var 1,9 millionar ordinære medlemskapar. 92 prosent, eller 7 819 av alle idrettslaga hadde rapportert deira medlemskaper ved utgangen av april 2016. Tidlegare år vart rapporteringa avslutta i januar året etter statistikkåret. Ein gjer merksam på at medlemskapstala for 2015 ikkje kan samanliknast direkte med tidlegare år på grunn av omlegginga. Samstundes med endra rapporteringstidspunkt går NIF over til eit samordna rapporteringssystem i 2016 der ein legg opp til å registrere medlemmer på individuelt nivå. Jf. kap. 14.2 om idrettsregistreringa.

Likevel kan det sjå ut frå tal som ligg føre at medlemskapane har halde seg nokolunde stabile. Tilsvarande kan ein sjå i fordelinga mellom menn og kvinner, 59 prosent av medlemskapane er menn og 41 prosent er kvinner, det same som året før. Ser ein nærare på tala viser det seg at kvinndelen er høgare i dei yngste aldersgruppene, mellom 0 og 19 år er han over 41 prosent, medan i alderen over 26 år er det 36 prosent kvinnelege medlemskapar.

Figur 14.1. Medlemskap i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, menn og kvinner etter alder. 2015



Kjelde: Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.

45 prosent av medlemskapane i NIF er i den eldste aldersgruppa over 26 år. I aldersgruppa 6 til 12 år finn ein 26 prosent av medlemskapane. I Hordaland idrettskrins er 29,7 prosent av medlemskapane i denne aldersgruppa, tett følgt av Akershus og Rogaland idrettskrinsar med 29,6 prosent.

Høgast del kvinner i idretten i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane idrettskrins hadde i 2015 høgast del kvinnelege medlemskapar med nær 46 prosent av alle dei 44 500 medlemskapane i denne krinsen. I Østfold idrettskrins var det lågast kvinndel med 36 prosent.

55 500 idrettsanlegg

Tala i tabell 14.3 viser tal frå Idrettsanleggsregisteret. I alt var det 55 500 eksisterande anlegg som var i drift i 2015. Det er ein auke på nær 600 anlegg totalt. Åtte av anlegga har status som nasjonalanlegg, med underliggande einingar. Tabellen viser òg at det er 37 000 ordinære idrettsanlegg og 17 800 er nærmiljøanlegg. Nærmiljøanlegg omfattar blant anna balløkker/ballbingar, ulike typar aktivitetsanlegg og miljøkart. 750 anlegg høyrer inn under kategorien andre anlegg

som inkluderer fylkesanlegg, interkommunale anlegg og riksanlegg. I 2015 auka talet på ordinære idrettsanlegg i drift med 158.

Fleire nærmiljøanlegg

Tabell 14.3 viser òg at talet på nærmiljøanlegg framleis stig. I 2015 var det som nemnt over registrert 17 800 nærmiljøanlegg, ein auke på 440 anlegg frå året før. 10 000 av desse anlegga, eller 18 prosent, registrert i Idrettsanleggsregisteret hadde registrert at dei hadde universell utforming, jf. «*Veileder Universell Utforming*» (KUD 2012). Dette er ein auke på 900 anlegg med universell utforming frå året før. Drygt 6 400 av dei ordinære anlegga og drygt 3 500 av nærmiljøanlegga hadde universell utforming i 2015. I Telemark hadde 33 prosent av alle anlegga i dette fylket universell utforming.

Tabell 14.4 viser tal på nokre typar idrettsanlegg i perioden 2011-2015. Som tidlegare nemnt, er det talet på nærmiljøanlegg som aukar mest frå år til år. Aktivitetsanlegg som kjem under kategorien nærmiljøanlegg har auka med 800 anlegg frå 2011 til 2015. Ved utgangen av 2015 var det registrert drygt 6 000 slike aktivitetsanlegg. Sidan 2006 har det vorte nær 1 800 fleire aktivitetsanlegg.

Òg turstiar innanfor kategorien friluftsliv har auka med 248 i perioden 2011-2015. Sidan 2006 har det vorte 496 fleire turstiar. Totalt er det drygt 3 100 turstiar som har motteke spelemidlar i heile Noreg i 2015. Talet på fleirbrukshallar har auka år for år sidan 2006, med 247 fleire fleirbrukshallar, og ved utgangen av 2015 var det 1 050 hallar i drift. Talet på hoppbakkar fortset å søkke, medan det siste året har vorte 13 fleire alpinbakkar. Talet på gymnastikksalar og symjehallar i drift går stadig nedover. Siste året var det ein nedgang på 73 gymnastikksalar, sidan 2006 har det vorte 412 færre slike anlegg. Tala for symjebasseng viser ein nedgang på åtte anlegg òg siste året og 95 færre samanlikna med 2006. Sjå fleire tal i tabell 14.4.

Norsk Friluftsliv – fortsatt auke i medlemskapar

Talet på medlemskapar i Norsk Friluftsliv (tidlegare Friluftslivets fellesorganisasjon - FRIFO) fortset å auke. Sidan 2010 har medlemskapane auka med 215 000 eller 37 prosent. På slutten av 2015 var det om lag 803 000 medlemskapar i Norsk Friluftsliv. Noko av auken kjem av at både i 2010 og 2011 kom det med to nye medlemskapsorganisasjonar. I 2010 vart Kristen Idrettskontakt medlem av Norsk Friluftsliv og i 2011 vart Norsk Kennel Klub medlem med sine 800 lokallag og nær 100 000 medlemskapar. I 2014 melde Tjukkasgjengen med deira godt over 20 000 medlemmer seg inn i Norges Turmarsjforbund. Totalt auka medlemskapar i Norsk Friluftsliv med 43 000 siste året.

Nordmenn er glade i å gå på tur, det viser blant anna auken i medlemskapane i Norges turmarsjforbund. Siste året vart det nær 30 000 fleire medlemskapar i dette forbundet som no tel nær 97 000 medlemskapar. Òg auken i medlemskapstala for Den Norske Turistforening (DNT) speglar nordmenns aukande interesse for turar og friluftsliv. DNT er framleis den største organisasjonen i Norsk Friluftsliv med sine 270 000 medlemskapar fordelte på 140 lokallag. Dei siste åra har det vore stor vekst i talet på medlemskapar i DNT, sidan 2010 har auken vore på om lag 29 000.


Dei fleste organisasjonane knytte til Norsk Friluftsliv har hatt oppgang i medlemstalet siste året, til dømes Skiforeningen med nær 700 medlemskapar og Norsk Kennel Klub med 590 medlemskapar. Kennelklubben tel no nærare 94 000 medlemskapar. Nokre medlemsorganisasjonar har hatt nedgang i medlemskapstala, til dømes Norges Jeger- og Fiskerforbund. Norges Jeger- og Fiskerforbund er likevel den nest største organisasjonen med 113 000 medlemskapar. Det kan verke som om interessa for denne organisasjonen er litt dalande da medlemstalet sidan 2010 er redusert med 8 200. Talet på medlemsorganisasjonar i Norsk Friluftsliv har halde seg stabilt dei siste åra. Tabell 14.5 viser meir detaljerte tal frå Norsk Friluftsliv.

Nordmenn er aktive friluftsmenneske. Det viser både tala frå Norsk Friluftsliv og tala frå Levekårsundersøkingane i Statistisk sentralbyrå. Det er førebels ikkje publisert nyare tal enn tala for aktivitetane i 2014.

Høgt utdanna oftast på tur i skog og fjell...

Åtte av ti nordmenn gjeikk tur i skog og fjell og fire av ti har vore på kortare skiturar. Personar med høgare utdanning er dei mest aktive. Det viser tala frå levekårsundersøkingane både i 2011 og i 2014. 61 prosent av befolkninga som har universitetsutdanning på fire år eller meir, har gått på ein kortare skitur. I den delen av befolkninga som berre har grunnskole, er tilsvarende del på 24 prosent. Lengre fotturar i skogen eller på fjellet er òg meir populært blant dei med høg utdanning. Det er òg ein større del som har stått alpint, snowboard eller telemark blant personar med høgare utdanningsnivå. Personar med lågare utdanning drar likevel i like stor grad på jakt, på fiske eller ridetur som personar med høgare utdanning (SSB 2014, 18.desember). Sjå òg Kulturstatistikk 2014.

Figur 14.2. Prosentdel personar som dei siste 12 månadene har drive med ulike friluftslivsaktivitetar. 2014




Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

... og oftare medlemmer i friluftslivs- og idrettsorganisasjonar ...

Figur 14.3 viser tal frå Levekårsundersøkingane 2011-2014 som òg har kartlagt organisasjonsaktivitet i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar. Figuren viser medlemmer og aktive i idrettslag- og friluftslivsorganisasjonar. 25 prosent av befolkninga var medlem i eit idrettslag i 2014, og 17 prosent av desse medlemmene var aktive, ein litt lågare del enn i 2011. (SSB 2014, 4. desember). Flest medlemmer i idrettslag finn ein blant dei med høg utdanning. Dei er òg mest aktive. Same tendens ser ein òg når det gjeld friluftslivsorganisasjonar. Sjå òg

tabellane 14.7 og 14.8 for nærare detaljar om medlemmer i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar.

Figur 14 3. Prosentdel som er medlemmer og aktive i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar, etter utdanning



Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Kommunane brukte 3,4 milliardar kroner til idrettsformål

KOSTRA-tala (KOSTRA, sjå kapitla 1.2 og 1.3) viser at fylkeskommunane til saman brukte 157 millionar kroner til idrett i 2015, og kommunane (medrekna Oslo) til saman brukte 3,4 milliardar kroner i netto driftsutgifter til idrett. Dette er 32 prosent av utgiftene som kommunane bruker til kulturformål, ein svak auke frå året før. Brutto investeringsutgifter for idretten har vore om lag 2,8 milliardar kroner i gjennomsnitt for åra 2013-2015. Jamfør tabell 14.6 og kapittel 1.3, tabell 1.3.4.

Speleoverskotet frå Norsk Tipping til idrettsformål utgjorde 2,3 milliardar kroner i 2015, sjå tabell 1.1.2 for detaljar.

52 mil med tilrettelagde turstiar og løyper for bruk om sommaren

Forutan dei økonomiske tala gir òg KOSTRA-tala blant anna oversikt over areal for friluftslivsområde i kommunane, og areal for leik og rekreasjon. Tabell 14.1 gir mellom anna ei oversikt over areal og friluftslivsområde i kommunane i åra 2009-2015. Totalt for landet fanst det 1,4 millionar mål friluftslivsområde med kommunal råderett gjennom offentleg eige eller bruksavtale i 2014. Tabell 14.1 viser òg talet på kilometer av turstiar og skiløyper i kommunane. Totalt er det 52 000 kilometer med turstiar og løyper tilrettelagt for bruk om sommaren. Samstundes viser tala at det er om lag 34 000 kilometer maskinpreparerte skiløyper rundt omkring i kommunane. Tabellen gir òg informasjon om tal på rekreasjons- og friområde med universell utforming som kommunane har ansvaret for. I 2015 var 2 230 område tilrettelagd med universell utforming.

Tabell 14.1. Friluftslivsområde og leike- og rekreasjonsareal i kommunane

	2009 ¹	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Friluftslivsområde med kommunal råderett gjennom offentlig eige eller bruksavtale.							
Dekar.	1 330 250	1 616 901	1 451 554	1 449 530	1 457 089	1 423 884	..
Samla areal for leike- og rekreasjonsareal.							
Dekar.	157 076	159 741	153 567	225 216	302 136	201 966	..
Talet på rekreasjons-/ friområde tilrettelagt med universell utforming ²	1 823	2 068	2 259	2 120	2 219	2 204	2 227
Turstiar og løyper tilrettelagt for bruk om sommaren. Km	39 037	44 234	45 378	45 306	49 251	52 137	52 130
Turstiar og løyper tilrettelagt for bruk om sommaren ² . Km	10 977	12 121	11 869	..	21 906	18 945	15 200
Lengde av maskinpreparerte skiløyper. Km	27 001	28 435	30 239	31 629	33 889	33 656	33 788

¹ Frå 2009 estimerte tal for landet. ² Gjeld område med kommunalt driftsansvar.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

14.2. Om statistikken og organisasjonane

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) er det øvste organet i Noregs største interesseorganisasjon, med drygt 2,2 millionar medlemskapar fordelte på drygt 11 000 idrettslag (inkludert bedriftsidrettslag). NIF har som mål å vere den fremste bidragsytaren for å oppnå idrett for alle.

Idrettsregistreringa

Alle opplysningane og tala i statistikken baserer seg på elektroniske rapportar frå kvar enkelt klubb som er medlem av NIF, og frå kvar sær-idrettsgruppe i klubben. Rapporteringa er per 31. desember i rapporteringsåret. Medlemskapane er i denne publikasjonen framleis summen av medlemmer i kvar enkelt klubb, og ikkje talet på personar som totalt er medlemmer i den organiserte idretten. Talet på personar er lågare fordi mange er medlemmer i fleire klubbar. Det har enno ikkje vore mogleg å registrere eit totaltal på enkeltpersonar som er medlem (NIF 2015). Tala i denne publikasjonen omfattar berre statistikk over medlemskapar for dei ordinære idrettskrinsane. Tal for bedriftsidretten og aktivitetstala er ikkje med i statistikken.

Det nye samordna rapporteringssystemet er allereie tatt i bruk, og per 31. desember 2015 var 863 297 medlemskapar registrerte i den nasjonale databasen. Dette utgjer 43 prosent av alle medlemskapane, og desse er registrerte individuelt med kjønn og fødselsdato (NIF 2016). Ein kan lese meir her om den nye ordninga: [Enklare idrettslag 2016](#).

Idrettsanlegg.no

Idrettsanlegg.no, som er Kulturdepartementets register over idrettsanlegg og søknader om spelemlidar, er eit register over alle idrettsanlegga i Noreg. Anleggsregisteret omfattar anlegg og tiltak for friluftsliv, frå dei store anlegga som er bygde og utforma for internasjonale meisterskapar til små balløkker og skileikanlegg. Idrettsanlegg.no inneheld eit nettbasert søknadssystem for spelemlidar til idrettsanlegg, eit register over alle idrettsanlegga i Noreg, og ein kartfunksjon som viser den grafiske plasseringa til anlegga i standard kart og flyfoto (Idrettsanlegg.no). Det er opp til kvar enkelt kommune å oppdatere opplysningane i registeret for anlegg innan eigen kommune.

Anlegga for friluftsliv er òg registrerte så langt det er funne formålstenleg. Alle anlegga og tiltaka for friluftsliv som har fått tilskot av spelemlidane, er registrerte. I 2014 var det drygt 69 000 anleggseiningar i registeret, men data brukt i tabellane 14.3 og 14.4 baserer seg på status «eksisterande» i registeret. Anlegga er registrerte med desse data: anleggsnummer i registeret, namnet på anlegget, anleggsstad (idrettspark eller liknande), kva for ein kommune anlegget ligg i, anleggskategori (til dømes: fotballanlegg, kart, friluftsliv), anleggstype (til dømes: grasbane, orienteringskart, badeplass), karakteristiske mål, anleggsklasse (til dømes: nasjonalanlegg, kommuneanlegg/ordinære anlegg, nærmiljøanlegg), plassering (kartkoordinatar i økonomisk kartverk) og eventuelt ombyggingsår, eigar, tildelte spelemlidar og året for tildeling. Dei siste åra har det kome ein ny variabel i Anleggsregisteret som seier noko om status på universell utforming.

Anleggsregisteret vart oppretta i 1992, og sidan har opplysningar om anlegg for idrett og friluftsliv vorte registrerte inn etter kvart. Oppdatering av registeret skjer normalt ein gong i året. I 2006 og 2009-2011 vart det utført ei opprydding i registeret, noko som kan gjere direkte samanlikningar med tidlegare år vanskeleg (Idrettsanlegg.no). Særleg har variabelen anleggsklasse vore utilfredsstillande registrert. Opprettinga av anleggsklasse held framleis på, sjølv om kvaliteten er vorte vesentleg heva.

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område som er lagde til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og gjerne ligg i tilknytning til bustad- og/eller opphaldsområde. Områda skal vere fritt allment tilgjengelege og laga for eigenorganisert fysisk aktivitet, framfor alt for barn og ungdom, men òg for lokalbefolkninga elles. Nærmiljøanlegg skal ikkje dekkje behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinære konkurransar i idrett.

Nærmiljøanlegg kan plasserast i tilknytning til eit skoleanlegg og/eller eit idrettsanlegg. (Kulturdepartementet).

Norsk friluftsliv

Norsk friluftsliv, tidlegare Friluftslivets fellesorganisasjon, FRIFO, vart stifta i 1989 og er ein fellesorganisasjon for 15 norske frivillige friluftslivsorganisasjonar (i 2015), med til saman 803 000 medlemskapar og om lag 4 800 lokale lag og foreiningar. Organisasjonane har individuelle medlemskapar og er opne for alle.

Norsk Friluftsliv arbeider blant anna for å fremje eit allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv i tråd med norsk friluftslivstradisjon, som gjennom tradisjonelle og nye aktivitetsformer fremjar friluftsliv for alle, fremje saker av felles interesse for organisasjonane overfor styresmakta og andre aktuelle målgrupper, samt å fremje allemannsretten (retten til fri ferdsel i norsk natur) og allmentas tilgang til og bruk av naturen. (Norsk Friluftsliv).

Levekårsundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart tredje år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år vert spurde om bruken av ulike fritidstilbod. Levekårsundersøkinga EU-SILC vert gjennomført årleg. Frå og med 2011 utgjer undersøkinga ein årleg fast kjerne av spørsmål og temabolkar med varierende tema. Tema vert tekne oppatt med ein syklus på tre år. I 2011 var temaa friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltaking og sosialt nettverk. I 2012 var temaa bustad og buforhold og i 2013 var temaa kulturbruk, idrett og fysisk aktivitet.

I Levekårsundersøkinga 2011 er det tidsbrot i måling av friluftsliv. I 2011 er enkelte friluftslivsaktivitetar tekne bort, og nokre av spørsmåla er endra noko i høve til åra 1997-2007. Framfor alt er lengda på enkelte aktivitetar endra. Tidlegare gjorde ein skilnad mellom dagstur og tur med overnatting, nå skil ein mellom kort og lang tur (over/under tre timar). I tillegg til dette er innsamlingsmetoden endra. Tidlegare var dette temaet innhenta postalt, medan det i 2011-undersøkinga er samla inn via telefonintervju. Sjå Levekårsundersøkinga 2011 – friluftsliv.

Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år vert spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2012. Figur 15.3 gir tal frå Norsk kulturbarometer. Sjå òg Kulturstatistikk 2012.

Referansar

Norsk Friluftsliv: <http://www.norskfriluftsliv.no>

Idrettsanlegg.no: <http://www.idrettsanlegg.no>

Kulturpartementet: «Spelemidler til ordinære nærmiljøanlegg – 2005 (V-0795 B)». http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kkd/bro/2006/0004/ddd/pdfv/253506-v-0795-n_2005_a4odin.pdf

NIF-Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité: *Årsrapporter*. <http://www.idrett.no/>

«Veileder Universell Utforming» (KUD 2012).

Statistisk sentralbyrå (18. desember 2014): «Høyt utdannede oftest på tur i skog og fjell». <http://www.ssb.no/fritid/>

Meir informasjon

Statistisk sentralbyrå (18. desember 2014): «Høyt utdannede oftest på tur i skog og fjell». <http://www.ssb.no/fritid/>

Statistisk sentralbyrå (4. desember 2014): «Høy samfunnsdeltakelse blant yrkesaktive». <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/orgakt/hvert-3-aart>

Statistisk sentralbyrå (2015): *Kulturstatistikk 2014*, Statistiske analyser 145 <http://www.ssb.no/publikasjoner/>

Vaage, Odd Frank (2015): *Fritidsaktiviteter 1997-2014*. Rapporter 2015/25, Statistisk sentralbyrå. <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/fritidsaktiviteter-1997-2014>

Vaage, Odd Frank: *Norsk kulturbarometer*, Statistisk sentralbyrå. <http://www.ssb.no/kulturbar>

Kulturdepartementet: Idrett. <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/tema/idrett.html>

Tabell 14.2. Talet på lag og medlemskap, etter idrettskrins

	Talet på lag	Medlemskap ¹									
		Menn						Kvinner			
		I alt	0-12 år		13-19 år		20- år	I alt	0-12 år		13-19 år
2001	7 136	1 430 597	880 658	214 268	151 983	514 407	549 939	162 050	105 199	282 690	
2002	7 292	1 534 868	945 645	238 936	169 299	537 410	589 223	182 895	118 250	288 078	
2003	7 531	1 579 550	975 016	250 267	176 490	548 259	604 534	190 571	122 714	291 249	
2004	7 633	1 649 311	1 008 923	258 629	182 892	567 402	640 388	204 094	131 704	304 590	
2005	7 791	1 675 737	1 018 786	265 888	187 810	565 088	656 951	211 619	136 842	308 490	
2006	7 870	1 701 153	1 028 524	271 278	186 601	570 645	672 629	220 699	138 241	313 689	
2007	7 725	1 738 086	1 047 103	275 608	188 242	583 253	690 983	222 743	139 818	328 422	
2008	7 760	1 770 720	1 059 933	276 787	188 906	594 240	710 787	226 673	141 748	342 366	
2009	7 813	1 758 229	1 050 413	281 904	186 578	581 931	707 816	233 203	140 594	334 019	
2010	7 894	1 771 961	1 062 766	287 429	185 076	590 261	709 195	236 332	137 743	335 120	
2011	7 894	1 791 297	1 072 816	289 917	187 875	595 024	718 481	240 661	139 443	338 377	
2012	7 929	1 864 031	1 115 241	299 625	189 071	626 545	748 790	252 763	139 322	356 705	
2013	7 967	1 868 840	1 114 735	304 231	187 500	623 004	754 105	258 189	138 997	356 919	
2014	7 953	1 908 896	1 135 179	314 081	185 991	635 107	773 717	269 786	140 950	362 981	
2015 ²	7 819	1 888 180	1 122 159	304 703	185 824	631 632	766 021	263 119	141 538	361 364	
Idrettskrins											
Østfold	401	87 234	55 419	12 950	8 820	33 649	31 815	10 539	6 274	15 002	
Akershus	653	239 072	145 151	43 692	25 578	75 881	93 921	36 292	18 279	39 350	
Oslo	611	262 395	159 063	42 693	21 874	94 496	103 332	32 730	14 529	56 073	
Hedmark	350	71 976	42 110	11 127	7 155	23 828	29 866	10 115	5 765	13 986	
Oppland	398	77 414	44 583	11 173	7 591	25 819	32 831	10 329	6 069	16 433	
Buskerud	371	96 000	58 761	15 003	9 927	33 831	37 239	12 473	6 990	17 776	
Vestfold	304	77 473	49 209	11 228	7 782	30 199	28 264	8 568	5 727	13 969	
Telemark	374	60 192	34 933	8 754	5 840	20 339	25 259	8 002	5 011	12 246	
Aust-Agder	176	41 030	23 846	6 321	4 097	13 428	17 184	5 389	3 092	8 703	
Vest-Agder	269	56 741	34 424	9 328	6 052	19 044	22 317	7 805	4 540	9 972	
Rogaland	557	150 215	89 784	27 617	14 816	47 351	60 431	25 482	11 502	23 447	
Hordaland	819	177 432	104 382	31 627	18 570	54 185	73 050	28 655	14 865	29 530	
Sogn og Fjordane .	192	44 487	24 816	5 941	4 589	14 286	19 671	5 305	3 871	10 495	
Møre og Romsdal .	473	92 587	53 774	13 668	8 967	31 139	38 813	12 548	7 208	19 057	
Sør-Trøndelag	494	138 284	79 144	19 401	12 718	47 025	59 140	17 661	10 192	31 287	
Nord-Trøndelag	287	56 522	31 943	7 999	5 944	18 000	24 579	7 385	5 082	12 112	
Nordland	528	71 926	40 554	12 216	6 964	21 374	31 372	11 326	6 046	14 000	
Troms Romsa	374	57 521	33 292	9 931	5 705	17 656	24 229	8 546	4 055	11 628	
Finnmark											
Finnmárku	188	29 679	16 971	4 034	2 835	10 102	12 708	3 969	2 441	6 298	

¹ Medlemskapsoversikta viser summen av medlemmer i kvar enkelt klubb, ikkje talet på personar totalt som er medlem i den organiserte idretten. Dette talet vil vere mykje lågare fordi mange har medlemskap i fleire klubbar. Det er enno ikkje mogleg å registrere eit totalt tal på enkeltpersonar som er medlem i den organiserte idretten.

² Tala kan ikkje samanliknast med tidlegare år på grunn av nytt rapporteringssystem.

Kjelde: Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.

Tabell 14.3. Talet på idrettsanlegg, etter klassifikasjon og fylke

	I alt	Nasjonal-anlegg	Ordinære idrettsanlegg	Nærmiljøanlegg	Andre anlegg ¹	Anlegg med universell utforming	Del universell utforming
2004	40 122	5	28 489	11 628	..	..	..
2005	42 526	5	30 146	12 375	..	..	..
2006	43 718	5	30 479	13 234	..	..	..
2007	43 911	5	30 343	13 563	..	..	..
2008	44 168	5	30 417	13 746	..	..	..
2009 ²	49 326	6	34 150	14 769	401	..	..
2010 ³	50 990	6	35 616	15 027	341	..	..
2011 ⁴	52 223	7	35 974	15 881	361	..	..
2012 ⁵	53 423	⁶ 8	36 202	16 434	779	..	..
2013	54 051	⁶ 9	36 452	16 838	752	8 435	15,6
2014	54 938	⁶ 8	36 802	17 376	746	9 168	16,7
2015	55 532	⁶ 8	36 960	17 818	746	10 081	18,2
Østfold	2 335	-	1 583	751	1	501	21,4
Akershus	4 212	-	2 769	1 413	30	808	19,2
Oslo	2 221	4	1 315	900	2	282	12,7
Hedmark	3 405	1	2 520	883	1	232	6,8
Oppland	3 266	1	2 368	881	16	502	15,4
Buskerud	3 520	2	2 549	966	3	461	13,1
Vestfold	2 240	-	1 517	713	10	635	28,3
Telemark	2 301	-	1 566	676	59	747	32,5
Aust-Agder	1 901	-	1 196	684	21	319	16,8
Vest-Agder	2 716	-	1 664	1 032	20	464	17,1
Rogaland	4 196	-	2 380	1 670	146	681	16,2
Hordaland	4 498	-	2 739	1 727	32	1 052	23,4
Sogn og Fjordane	2 511	-	1 594	892	25	304	12,1
Møre og Romsdal	4 343	-	2 941	1 206	196	966	22,2
Sør-Trøndelag	3 048	-	2 073	902	73	364	11,9
Nord-Trøndelag	2 389	-	1 637	681	71	489	20,5
Nordland	3 556	-	2 492	1 049	15	714	20,1
Troms Romsa	1 949	-	1 336	611	2	430	22,1
Finnmark Finnmarkku	916	-	713	180	23	130	14,2
Svalbard	9	-	8	1	-	-	-

¹ Inkluderer fylkesanlegg, riksanlegg, interkommunale anlegg og uoppgitt anleggsklasse. ² Tala er produserte per 31. oktober 2010 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. ³ Tala er produserte per februar 2011 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. ⁴ Tala er produserte per februar 2012 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. ⁵ Tala er produserte per mars i rapporteringsåret og omfattar eksisterande anlegg som er i drift og har gyldig anleggskode.

⁶ Tala er korrigerte sidan førre utgåve.

Kjelde: Idrettsanleggsregisteret.no, Kulturdepartementet.

Tabell 14.4. Tal på idrettsanlegg og innbyggjarar per anlegg for nokre utvalde anleggs-kodar

Type anlegg	2011		2012		2013		2014		2015	
	Einingar ¹	Innbyggjarar per anlegg	Einingar ¹	Innbyggjarar per anlegg	Einingar ¹	Innbyggjarar per anlegg	Einingar ¹	Innbyggjarar per anlegg	Einingar ¹	Innbyggjarar per anlegg
Skianlegg i alt	3 793	1 314	3 747	1 348	3 735	1 368	3 722	1 388	3 679	1 417
Alpinbakkar	555	8 984	555	9 101	570	8 963	562	9 192	575	9 068
Hoppbakkar	758	6 578	721	7 006	698	7 320	681	7 586	665	7 841
Skiløyper	2 480	2 010	2 471	2 044	2 467	2 071	2 479	2 084	2 439	2 138
Friluftsliv i alt	3 174	1 571	3 257	1 551	3 332	1 533	3 410	1 515	3 459	1 507
Tursti	2 885	1 728	2 957	1 708	3 017	1 693	3 086	1 674	3 133	1 664
Turkart	289	17 252	300	16 838	315	16 219	324	15 944	326	15 994
Fotballanlegg i alt	4 630	1 077	4 593	1 100	4 591	1 113	4 549	1 136	4 615	1 130
Fotballbaner	4 578	1 089	4 540	1 113	4 536	1 126	4 490	1 151	4 549	1 146
Fotballhallar	52	95 882	53	95 307	55	92 892	59	87 556	66	79 000
Friidrettsanlegg i alt	953	5 232	909	5 557	902	5 664	907	5 695	894	5 832
Fast dekke	129	38 650	144	35 078	143	35 728	151	34 211	156	33 423
Grusdekke	463	10 769	416	12 142	407	12 553	399	12 947	370	14 092
Delanlegg	361	13 811	349	14 474	352	14 514	357	14 470	368	14 168
Hestesportanlegg	342	14 579	348	14 515	356	14 351	357	14 470	362	14 403
Ridebaner	222	22 459	224	22 550	226	22 606	226	22 858	230	22 670
Ridehallar	120	41 549	124	40 736	130	39 300	131	39 434	132	39 500
Isanlegg	68	73 322	68	74 283	69	74 044	76	67 971	77	67 714
Ishallar	45	110 797	45	112 251	45	113 535	52	99 342	49	106 408
Hurtigløpsbaner (kunstis)	13	383 528	13	388 560	14	364 933	14	368 986	14	372 428
Bandybaner (kunstis)	10	498 587	10	505 128	10	510 906	10	516 580	14	372 428
Idrettshallar	834	5 978	934	5 408	965	5 294	1 003	5 150	1 051	4 961
Fleirbrukshallar	834	5 978	934	5 408	965	5 294	1 003	5 150	1 051	4 961
Skoleanlegg	2 764	1 804	2 713	1 862	2 678	1 908	2 662	1 941	2 589	2 014
Gymnastikksalar	2 764	1 804	2 713	1 862	2 678	1 908	2 662	1 941	2 589	2 014
Nærmiljøanlegg	11 945	417	12 702	398	12 629	405	12 736	406	12 985	402
Balløkker/										
ballbingar	5 539	900	5 696	887	5 626	908	5 676	910	5 707	914
Aktivitetsanlegg	5 199	959	5 614	900	5 784	883	5 831	886	6 040	863
Skolekart/nærmiljøkart	1 207	4 131	1 224	3 629	1 219	4 191	1 229	4 203	1 238	4 212
Symjehallar	1 034	4 822	1 032	4 895	1 027	4 975	1 022	5 055	1 015	5 137
Symjebasseng	969	5 145	967	5 224	966	5 289	959	5 387	951	5 483
Utandørs symjeanlegg	65	76 706	65	77 712	61	83 755	63	81 997	64	81 469
Golfbaner	122	40 868	127	39 774	136	37 567	137	37 707	138	37 783
18 hol	50	99 717	52	97 140	55	92 892	55	93 924	57	91 473
9 hol	62	80 417	65	77 712	71	71 959	72	71 747	70	74 486
6 hol	10	498 587	10	505 128	10	510 906	10	516 580	11	473 999
Orientering	3 476	1 434	3 474	1 454	3 471	1 472	3 485	1 482	3 458	1 508
Orienteringskart	3 448	1 446	3 446	1 466	3 444	1 483	3 457	1 494	3 434	1 518
Skiorienteringskart	28	178 067	28	180 403	27	189 224	27	191 326	24	217 249

¹ Gjeld eksisterande anlegg i drift per februar året etter.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 14.5. Norsk Friluftsliv¹. Lokallag og medlemskap

	2010		2011		2012		2013		2014		2015	
	Lokal- lag	Medlem- skap	Lokal- lag	Medlem- skap	Lokal- lag	Medlem- skap	Lokal- lag	Medlem- skap	Lokal- lag	Medlem- skap	Lokal- lag	Medlem- skap
Heile landet	3 623	587 682	4 312	694 616	4 685	722 578	4 682	724 586	4 838	760 155	4 839	802 677
Den Norske												
Turistforening	56	241 520	57	241 620	110	246 011	127	250 965	⁴ 191	257 750	140	270 250
Forbundet Kysten ..	116	9 336	116	9 557	124	9 814	125	9 949	125	9 963	125	10 178
Skiforeningen	8	57 731	8	64 251	7	67 065	9	71 044	9	^b 72 052	9	^b 72 700
Norges Jeger- og												
Fiskerforbund	567	121 223	572	118 675	571	117 613	573	116 748	575	113 850	573	113 023
Norges												
turmarsjforbund ¹	236	20 000	221	20 000	498	41 600	506	43 200	505	67 084	570	96 526
KFUK-KFUM- speidarane	249	12 285	241	11 321	206	9 573	222	10 200	225	10 332	225	10 614
Norges												
Klatreforbund ¹	162	12 583	177	15 661	181	17 872	189	19 206	195	19 819	196	18 890
Norsk orientering ¹ ..	386	23 169	378	22 388	379	22 386	377	23 354	381	24 205	370	23 826
Norges												
Padleforbund	104	15 656	107	15 897	111	16 652	114	16 930	119	18 900	121	18 660
Norges Røde Kors												
Hjelpekorps	320	12 000	307	14 118	303	14 745	303	14 770	302	14 438	336	14 716
Norges												
speiderforbund.....	552	20 216	381	18 273	509	18 040	494	20 593	494	19 045	472	19 370
4H Norge ¹	635	16 663	626	16 622	625	16 288	617	15 627	610	15 075	595	15 455
Syklitenes												
landsforening	12	11 000	12	12 000	12	12 500	12	10 127	13	10 187	13	10 429
Kristen												
Idrettskontakt ²	220	14 300	310	14 475	242	14 196	218	14 050	296	14 322	296	14 322
Norsk Kennel Klub ³	-	-	799	99 758	807	98 223	796	87 823	798	93 133	798	93 718

¹ Endra navn i 2014. ² Ny medlem 2010. ³ Ny medlem 2011. ⁴ Avvikende teljingsmåte. ⁵ Har avvikende teljingsår, 1,9-31,8.

Kjelde: Norsk Friluftsliv.

Tabell 14.6. Netto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter for kommunekonsern til idrett, etter fylke

	Netto driftsutgifter funksjon 380 Idrett	Netto driftsutgifter funksjon 381 Idrettsanlegg	Netto driftsutgifter funksjonen 380 og 381, idrett. Prosent av totale netto driftsutgifter til kulturformål	Brutto investerings- utgifter funksjon 380 Idrett	Brutto investerings- utgifter funksjon 381 Idrettsanlegg
	Millionar kroner		Prosent	Millionar kroner	
2008.....	1 316,9	718,8	27,3	1 020,3	1 503,2
2009.....	945,5	1 210,1	28,0	703,1	2 605,6
2010.....	801,8	1 796,3	30,5	357,4	3 077,9
2011.....	823,9	1 837,1	29,9	315,2	2 809,4
2012.....	937,4	1 926,6	30,5	357,8	2 536,4
2013.....	944,8	2 137,0	31,4	243,5	2 428,3
2014.....	876,0	2 373,3	31,3	246,3	2 591,1
2015.....	936,7	2 434,7	31,9	222,7	2 621,0
2015					
Østfold	32,7	99,3	30,0	2,5	175,8
Akershus.....	82,3	323,3	36,9	16,1	306,6
Oslo	78,8	436,5	34,0	0,4	283,7
Hedmark	33,5	60,2	26,1	0,4	164,9
Oppland	70,3	56,5	32,3	2,3	126,4
Buskerud.....	59,2	81,3	28,6	11,9	52,3
Vestfold.....	43,3	68,5	30,1	23,6	95,8
Telemark.....	31,9	80,7	28,0	1,6	56,8
Aust-Agder.....	16,5	46,8	26,9	0,4	65,0
Vest-Agder.....	19,3	84,7	25,3	36,2	165,1
Rogaland	118,0	270,6	34,9	2,3	319,3
Hordaland	92,8	247,7	33,2	27,2	206,1
Sogn og Fjordane	21,4	46,2	28,8	7,2	31,6
Møre og Romsdal	39,0	95,6	29,5	66,0	131,3
Sør-Trøndelag	80,3	149,6	34,4	6,6	136,6
Nord-Trøndelag	27,3	48,0	28,3	6,2	83,8
Nordland	43,0	110,1	28,1	6,5	89,2
Troms Romsa	34,6	61,7	29,1	5,3	74,4
Finnmark Finnmarku.....	12,7	67,5	35,4	0,1	56,2
Svalbard ¹	-0,5	2,5	18,2	0,0	0,0

¹ Svalbard ikke med i totalsummen.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.7. Medlemmer og aktive i idrettslag, etter menn og kvinner, alder og landsdel. Prosent

	Medlemmer i idrettslag				Aktive i idrettslag			
	2004	2007	2011	2014	2004	2007	2011	2014
Menn og kvinner	26	26	27	25	18	18	18	17
16-24 år	33	37	31	27	28	33	27	22
25-44 år	31	28	29	28	24	21	21	21
45-66 år	23	26	29	28	13	16	17	17
67- år	13	13	15	14	6	3	5	6
Menn i alt	31	32	33	31	21	22	22	21
16-24 år	34	43	36	33	27	37	30	28
25-44 år	37	30	33	32	28	23	25	24
45-66 år	28	33	35	35	14	21	21	21
67- år	22	20	24	20	9	6	8	10
Kvinner i alt	21	21	21	19	16	14	14	12
16-24 år	32	31	25	20	29	28	24	16
25-44 år	25	26	24	24	19	18	17	17
45-66 år	18	18	23	20	12	11	13	12
67- år	5	6	9	9	3	1	3	3
Heile landet	26	26	27	25	18	18	18	17
Oslo/Akershus	26	25	27	25	18	18	19	17
Austlandet elles	26	27	26	26	17	19	17	17
Agder og Rogaland	25	26	24	24	20	19	17	17
Vestlandet	28	25	26	24	19	14	17	16
Trøndelag	31	32	36	31	20	22	22	19
Nord-Noreg	23	24	27	23	16	17	18	15

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.8. Medlemmer og aktive i friluftslivsorganisasjonar, etter menn og kvinner, alder og landsdel. Prosent

	Medlemmer i friluftslivsorganisasjonar				Aktive i friluftslivsorganisasjonar			
	2004	2007	2011	2014	2004	2007	2011	2014
Menn og kvinner	14	14	15	15	6	7	7	7
16-24 år	10	10	12	12	5	4	8	6
25-44 år	14	14	15	15	6	7	7	6
45-66 år	17	18	19	18	8	9	9	8
67- år	9	7	9	11	4	3	5	5
Menn i alt	19	18	20	19	9	9	10	7
16-24 år	13	12	13	16	6	6	9	6
25-44 år	18	19	19	18	9	10	9	6
45-66 år	23	23	24	23	11	12	11	8
67- år	16	9	15	18	8	4	8	5
Kvinner i alt	9	10	11	10	4	4	5	5
16-24 år	8	9	10	7	4	4	6	4
25-44 år	10	8	11	12	4	4	4	5
45-66 år	10	13	14	14	5	6	6	6
67- år	3	4	5	5	1	2	3	3
Heile landet	14	14	15	15	6	7	7	7
Oslo/Akershus	17	15	17	16	7	7	6	5
Austlandet elles	14	15	16	16	5	8	8	8
Agder og Rogaland	12	11	13	12	7	6	6	6
Vestlandet	13	10	15	13	7	6	8	6
Trøndelag	12	19	14	17	6	7	7	8
Nord-Noreg	13	12	15	15	8	5	7	7

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.


15. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

15.1. Nokre resultat

*Fleire medlemmer i trus- og livssynssamfunna
11 prosent i trus- og livssynssamfunna*

Per 1. januar 2015 var det 559 000 medlemmer i trus- og livssynssamfunn som er utanfor Den norske kyrkja (Dnk) og som får statstilskot. Dette betyr at 10,8 prosent av befolkninga var medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja i 2015. Samanlikna med 2014 var det totalt færre medlemmer i trus- og livssynssamfunna i 2015. 5,7 prosent av befolkninga var medlemmer i kristne trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, 2,7 prosent av befolkninga var medlemmer av islamske trussamfunn og 1,7 prosent i livssynssamfunn. Sjå figur 15.1 og tabell 15.1.

Figur 15.1. Medlemmer¹ i trus- og livssynssamfunn som mottek offentlig stønad og er utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn



¹ Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentlig stønad for. ² Omfattar bahai, hinduisme, jødedom, sikhisme og andre trusreningar. To samfunn er ikkje representerte i statistikken i 2012, eit under jødedom og eit under sikhisme
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

Framleis flest medlemmer i kristne trussamfunn

Av alle trus- og livssynssamfunna utanfor Den norske kyrkja som får statstilskot, har framleis dei kristne trussamfunna flest medlemmer med 296 500 personar. Desse utgjorde 53 prosent av alle medlemmer utanfor Den norske kyrkja per 1. januar 2015. Det er ein noko lågare del samanlikna med året før. Særleg er medlemstala i den romersk-katolske kyrkja i Noreg gått ned. Held vi dette medlemstalet utanfor tala både for 2014 og 2015 er det ein auke i medlemstalet for kristne samfunn på drygt 3 600 medlemmer eller 1,9 prosent. Den totale auken for medlemstalet i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, utan katolikkane, er 16 000 medlemmer eller 3,6 prosent. Sjå tabell 15.3.

Islamske trussamfunn held fram å vekse

Islamske trussamfunn representerer den nest største religionen i Noreg, målt i talet på medlemmer. 25,2 prosent av alle medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja er medlemmer i islamske trussamfunn. Dette utgjør 2,7 av befolkninga. Per 1. januar 2015 var det 141 000 muslimar som er medlemmer i eit islamsk samfunn i Noreg. Dette inneber ein auke på 8 900 medlemmer, eller 6,7 prosent, mellom 2014 og 2015. Sidan 2010 har oppgangen vore på 43 prosent, eller 42 000 medlemmer. Medlemstalet i nokre av dei andre religionane har halde seg på om lag same nivået gjennom fleire år: buddhisme utgjorde 3 prosent, medan hinduisme og sikhisme stod for høvesvis 1,5 og 0,6 prosent av medlemstala utanom Den norske kyrkja. Hinduisme hadde 11 prosent auke siste året.

Nær 2 prosent auke for humanetikarane


Talet på medlemmer i Human-Etisk Forbund var 85 700 per 1. januar 2015. Det er ein svak auke frå året før. Andre livssynssamfunn hadde på det same tidspunktet 2 500 medlemmer, som også representerer ein svak auke i medlemsmassen.

Geografisk skilnad

I Oslo var 21 prosent, 136 000, av befolkninga medlem i eit trus- eller livssynssamfunn. 9 prosent av befolkninga i Oslo var medlem i eit islamsk trussamfunn, 8 prosent av Oslobefolkninga var medlem i eit kristent samfunn utanfor Den norske kyrkja og 3 prosent medlem i eit livssynssamfunn. Til samanlikning var 4 prosent av befolkninga i Buskerud medlem i eit islamsk samfunn og 6 prosent i kristne samfunn utanfor kyrkja. Aust- og Vest-Agder er dei fylka som har høgast del i kristne trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, høvesvis 10 og 12 prosent. Sjå tabell 15.2.

Nær 37 prosent av alle medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja bur i Oslo og Akershus, om lag det same talet som åra før. Dei andre fylka hadde alle under 10 prosent av medlemmene, lågast del i Sogn og Fjordane med under 1 prosent. Sjå tabell 15.2.

Figur 15.2. Medlemmer¹ i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter fylke. 2015. Prosent



¹ Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for.
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

Den norske kyrkja - 73 prosent medlem


Ved årsskiftet 2015/2016 var 72,9 prosent av Noregs befolkning medlemmer i Den norske kyrkja. Sjå tabell 15.2. Denne prosentdelen er 0,2 prosentpoeng høgare enn nøkkeltala i KOSTRA-publiseringa. Årsaka til at medlemstalet som kjem fram i tabell 15.2 er høgare, er at dei medlemmene som har ukjend bustad eller adresse er med i tala. Desse får ikkje utdelt noko kommunenummer og er difor ikkje med i KOSTRA-tala. Totalt var det 3 799 366 medlemmer i Dnk 31.desember 2015. Sett i høve til befolkninga i dei ulike fylka, har delen medlemmer gått ned i alle fylka, det vil seie at talet på medlemmer i Dnk veks mindre enn befolkninga. Det same gjeld dei absolutte tala, dei viser nedgang i alle fylka.

I årsstatistikken for Den norske kyrkja vart det rapportert at 15 500 personar melde seg ut av Dnk i 2015. Det er over 4 000 fleire utmelde i 2015 samanlikna med 2014. 1 938 melde seg inn, som representerer 890 fleire innmelde enn i 2014.

Lågare dåpstal ...


34 100 personer vart døypte i Den norske kyrkja i 2015. Det er ein nedgang på 2,7 prosent frå året før. I tal var nedgangen på 930 dåpshandlingar. Sidan 2005 har talet på dåpshandlingar gått ned med 9 000 eller 21 prosent. Sjå figur 15.3

Figur 15.3. Den norske kyrkja. Talet på døypte og konfirmerte



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Prosentdelen døypte i høve til talet på fødde var i 2015 på 58 prosent, mot 59 prosent i 2014. Frå 2005 har prosentdelen døypte i Den norske kyrkja i forhold til talet på fødde gått ned frå 76 prosent til 58 prosent (SSB 2016, 4. mai). Sjå figur 15.4.

Figur 15.4. Den norske kyrkja. Døyppte og konfirmerte. Prosent

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Sjølv om dåpstala går jamt nedover på landsbasis, kan ein sjå variasjonar i bispedøma. To bispedøme, Tunsberg og Nord-Hålogaland har fleire døyppte i 2015 samanlikna med 2014. Men desse to bispedøma hadde størst nedgang i talet på døyppte frå 2013 til 2014.

Viss ein ser på delen døyppte i desse to bispedøma ligg Nord-Hålogaland 13 prosentpoeng over gjennomsnittet for landet med 70 prosent, mens Tunsberg òg ligg så vidt over gjennomsnittet med ein dåpsdel på 59 prosent. Møre bispedøme hadde 78 prosent døyppte.

.... og færre kyrkjelege
konfirmasjonar

39 500 unge valde kyrkjeleg konfirmasjon i Den norske kyrkja i 2015. Det er ein nedgang på 700 konfirmasjonar samanlikna med 2014. I 2014 var det litt fleire konfirmantar enn i 2013. I 2005 var talet på konfirmerte 42 100, og har dermed ikkje gått ned i same grad som dåpstala.

Ein lågare del av 15-åringane konfirmerte seg kyrkjeleg i 2015 enn i 2005. I 2015 var konfirmasjonsprosenten 62 på landsbasis, mens 66 prosent av 15-åringane konfirmerte seg kyrkjeleg i 2005. Sjå figurane 15.3 og 15.4.

Biletet er noko meir variert dersom ein ser på dei ulike bispedøma: Tre bispedøme, hadde ein auke i talet på konfirmasjonar i 2015, medan dei andre bispedøma hadde nedgang. Bjørgvin, Nidaros og Nord-Hålogaland hadde litt fleire konfirmasjonar i 2015, men hadde nedgang i 2014. Nedgangen i talet på konfirmasjonar var størst i Tunsberg og Stavanger, begge bispedøma med 5 prosent reduksjon. I Oslo bispedøme låg delen konfirmerte av 15-åringane på 38 prosent, òg ein nedgang frå 2014. I Møre bispedøme står kyrkjeleg konfirmasjon framleis sterkt, 80 prosent av alle 15-åringane i dette bispedømet vart konfirmerte i Den norske kyrkja i 2015. Sjølv om Møre bispedøme framleis har høg konfirmasjonsdel, representerer 80 prosent ein nedgang på 2,8 prosentpoeng frå året før.

Ifølgje tabell 15.4 vart 48 000 personar døyppte i 2000. 15 år seinare, i 2015 er desse i konfirmasjonsalder. Som nemnd over vart 39 500 personar konfirmerete i 2015. Med atterhald om at desse personane ikkje er heilt dei same som i 2000 (ikkje mogleg å følgje same person), viser tala at 8 500, 18 prosent, av dei som døyppte seg i 2000 ikkje valde kyrkjeleg konfirmasjon i 2015.


Færre deltek på gudsteneste i Den norske kyrkja

I 2015 var det totalt 5,8 millionar til stades på dei om lag 62 000 gudstenestene i Den norske kyrkja. Dei tre siste åra har deltakarar på gudstenestene vore under 6 millionar. Både talet på gudstenester og deltakarar på gudstenestene har gått ned dei siste åra. Frå 2014 til 2015 var det om lag 122 000, eller 2,1 prosent færre deltakarar på gudstenestene. Det er størst prosentvis nedgang i deltakinga på gudstenestene søndagar og helgedagar med 2,2 prosent. Totalt var 4,6 millionar til stades på dei om lag 47 000 gudstenestene som vert haldne på søndagar og helgedagar, ein nedgang på 104 000 deltakarar.

I 2005 var det totale besøket på gudstenestene 6,7 millionar fordelt på 70 000 gudstenester. Gudstenestedeltakinga har gått ned kvart år sidan 2005, bortsett frå i 2011. Samanlikna med 2005 representerer 2015-tala ein nedgang på nær 1 million deltakarar. I og med at også talet på gudstenester er redusert kvart år i same tidsrom, har deltaking per gudsteneste halde seg stabil på mellom 96 og 93 deltakarar per gudsteneste.

Figur 15.5 gir eit bilete på deltakarar per gudsteneste søndagar/helgedagar i gjennomsnitt i dei ulike bispedøma.

Figur 15.5. Den norske kyrkja. Talet på deltakarar per gudsteneste søndagar/helgedagar i gjennomsnitt, etter bispedøme



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Gudstenestene på kvardagar hadde ein nedgang i talet besøk på 17 600 eller 1,4 prosent. 1,2 millionar var deltakarar på gudstenestene på kvardagar. Julaftansgudstenestene i 2015 hadde 563 000 deltakarar, 900 færre deltakarar samanlikna med året før. På påskegudstenestene i 2015 (skjærtorsdag til og med 2. påskedag) var det 199 000 deltakarar, også dette litt færre samanlikna med 2014. I tillegg til ordinære gudstenester vart det heldt om lag 24 000 andakter på institusjonar.

Nøkkeltala for Dnk syner også kor mange gravferder som vert gjennomførte kvart år. Det vart rapportert 36 797 kyrkjelege gravferder i 2015, ein svak auke frå det føregåande året. Dette svarer til om lag 90 prosent av talet på dei som døydd i 2015, den same delen som dei to føregåande åra. I 2011 hadde 92 prosent av talet på dei som døydd kyrkjeleg gravferd. Fleire detaljar om kyrkjelege handlingar finn ein i tabell 15.4.

Stabile tal på vigslar

Nær 7 900 vigslar vart utført i Den norske kyrkja i 2015. Det er ein liten nedgang i dei absolutte tala samanlikna med 2014. Men i høve til totalt tal på inngåtte ekteskap, som også viste ein nedgang i 2015 (befolkningstal), har delen halde seg på same nivå, 35 prosent kyrkjelege vigslar av alle vigslar i 2015 (SSB 2016, 4.

mai). Befolkningstala (folkeregisteropplysningar), viser ein vigselfdel i Den norske kyrkja på 38 prosent, den same delen som året før (SSB 2016, 16. juni).

Tala på vigslar rapporterte gjennom Årsstatistikken frå dei geografiske sokna ligg litt lågare enn folkeregisteropplysningane da handlingar utanfor sokna (til dømes vigslar ved institusjonar, feltprestkorpset og anna som har eiga kyrkjebokføring) ikkje er tekne med i årsstatistikken frå sokna. Vigslar utførte i utlandet er heller ikkje rekna med i tala.

Sysseletsette i
Dnk – over halvparten
kvinner

Frå og med 2015-årgangen har all registerbasert personellstatistikk i SSB A-ordninga som datakjelde (i staden for Aa-registeret). Sysseletsetjingsstatistikken i SSB for Den norske kyrkja er enno ikkje oppdatert med 2015-tal. 2014-tala viser at det var drygt 8 800 sysseletsette i Den norske kyrkja per 4. kvartal 2014, ein auke på 115 sysseletsette i høve til året før. 52 prosent av dei tilsette i Dnk var kvinner. Sidan 2005 har delen kvinnelege tilsette variert mellom 50 og 53 prosent. Talet på dei sysseletsette i 2014 ligg på same nivå som i 2006. I tabell 06932 i Statistikkbanken (ssb.no) kan ein også finne sysseletsette personar og avtala årsverk i Dnk etter yrke, kjønn, alder og bispedøme. I 2014 var det 1 700 sysseletsette innanfor geistlege yrke, 100 fleire enn i 2013. Dette talet inkluderer om lag 250 kateketar. 36 prosent av dei geistlege sysseletsette var kvinner i 2014, ein auke frå 28 prosent i 2006. Sjå Kulturstatistikk 2014.

KOSTRA-tala knytte til verksemda i sokn og fellesråd er likevel oppdaterte med sysseletsetjingstal etter ny «ordning». 2015-tala syner at 90 årsverk var lønna av sokna og 4 670 årsverk var lønna av fellesråda. 1 424 årsverk, presteskapa, var lønna av bispedøma. Talet på sysseletsette ligg ein del høgare. Sjå tabell 15.6.

Statlege og kommunale
utgifter til
Dnk og trus- og
livssynssamfunn

Frå 2014 høyrer Den norske kyrkja (Dnk) til Kulturdepartementet. Dei statlege utgiftene til Dnk og kyrkjebygg og gravplassar utgjorde 2 050,3 millionar kroner i 2015. Rekneskapa for 2015 frå Kulturdepartementet synar at dei statlege utgiftene til «tilskot til trussamfunn m.m.» utgjorde 282,9 millionar kroner. Sjå. kapittel 1 og tabellane 1.1.1 og 15.7.

Kommunanes utgifter til Dnk og andre religiøse føremål for 2015 finn ein i tabell 15.8 som er basert på KOSTRA-rapporteringa. Totalt var netto driftsutgifter i kommunane til Dnk (rekneskapsfunksjon 390 Den norske kyrkja og rekneskapsfunksjon 393 Gravplassar og krematorium) på nær 2,9 milliardar kroner til saman. Dette svarer til 1,1 prosent av totale netto driftsutgifter i kommunane. Fordi det er få kommunar som har forvaltningsansvaret for gravplassar og krematorium, må ein sjå desse to funksjonane under eitt. Til funksjon 392, tilskot til trus- og livssynssamfunn, var netto driftsutgifter 297 millionar kroner, ein nedgang 5 prosent frå 2014⁷. Sjå tabell 15.8. Likevel har netto driftsutgifter i kommunane til andre trus- og livssynssamfunn auka dei siste åra, frå 176 millionar kroner i 2009 til 297 millionar i 2015, ein auke på nær 70 prosent.

4,5 milliardar kroner i
driftsinntekt for kyrkjelege
fellesråd

I 2015 forvalta dei kyrkjelege fellesråda driftsinntekter på nær 4,5 milliardar kroner mot om lag 4,3 milliardar i 2014. Det var 211 millionar kroner meir enn i 2014, noko som gjev ein auke på 5 prosent. Driftsutgiftene i dei kyrkjelege fellesråda auka med 151 millionar kroner frå 2014 til 2015. Dei var på rundt 4,3 milliardar kroner i 2015, mot om lag 4,1 milliardar i 2014.

Brutto driftsresultat utan avskrivningar var på 190 millionar kroner i 2015, mot 130 millionar året før. Driftsresultatet utgjorde 4 prosent av dei totale driftsinntektene, ein auke på 1 prosentpoeng sidan 2014. Aukene i driftsinntektene har gjeve ei betring på 60 millionar i brutto driftsresultat.

⁷ Dette kan ha samanheng med lågare utbetalingar på grunn av færre medlemmer i Den romersk-katolske kyrkja, sjå kap. 15.1, avsnitt 2.

62 prosent av driftsinntektene til fellelråda vart dekt av tilskot frå eigen kommune og utgjorde 2 775 millionar kroner i 2015. Statlege tilskot til dei kyrkjelege fellelråda var om lag 406 millionar kroner i 2015 (SSB 2016, 24. juni).


Levekårsundersøkingane - 55 prosent av befolkninga høyrer til ein religion eller trusretning

Inga nye tal frå kulturbruks- eller levekårsundersøkingane som viser tal i samband med religion og livssyn er publiserte siste året i SSB.

Levekårsundersøkingane i 2011 og 2014 blant personar 9-79 år syner at det inga endring i befolkninga om dei høyrer til ein religion eller trusretning. I begge åra svara 55 prosent at dei høyrde til ein religion eller trusretning. Dersom ein ser på alder, viser tala endring for dei over 67 år, i 2011 var det 72 prosent som tilhøyrde ein religion, mens i 2014 syner tala ein nedgang til 68 prosent (SSB 2014, 4. desember). Sjå [Kulturstatistikk 2014 - SSB](#).

Levekårsundersøkinga i 2014 hadde blant anna spørsmål om medlemskap og aktivitet i religiøse organisasjonar. Tala frå 2014 syner at 8 prosent av befolkninga var medlem i ein religiøs foreining. 5 prosent av desse var aktive medlemmer. 4 prosent hadde utført gratisarbeid for foreininga dei var medlem i. Jf. kapittel 2 om frivilligheit på andre samfunnsarenaer. Blant dei eldste kvinnene, 67 år og eldre, er 12 prosent medlem av ein religiøs foreining og halvparten (6 prosent) av dei utfører gratisarbeid. Det er dei med høg utdanning som er mest tilbøyeleg til å vere medlem av religiøse foreiningar. Det er også dei som er mest aktive og utfører mest gratisarbeid for foreininga. Sjå figur 15.6.

Figur 15.6. Medlemmer i religiøse organisasjonar, etter utdanning for personar 16 år og over



Kjelde: Levekårsundersøkingane, Statistisk sentralbyrå.

15.2. Om statistikken – trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

Trus- og livssynssamfunn

Hovudføremålet med denne statistikken er å synleggjere talet på medlemmer i dei trussamfunna og livssynssamfunna utanfor Dnk som søker om statsstøtte. Statistikken over trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk byggjer på oppgåver frå fylkesmennene, over dei samfunna som har fått statstilskot. Frå 2005 vert medlemslistene til trus- og livssynssamfunna som søker om statstilskot via fylkesmennene, sende til Brønnøysundregistra (BR) for kontroll. Medlemslistene vert kontrollerte for dobbeltmedlemskap mellom dei ulike trus- og livssynssamfunna. SSB får oppgåve over talet på medlemmer frå BR.

Alle trus- og livssynssamfunna som er godkjende hos fylkesmannen, og som får statstilskot for rapporterte tal på medlemmer i samfunnet, er med i statistikken. Eininga i statistikken er det enkelte samfunn. Nokre nye samfunn kjem til i statistikken kvart år, mens andre samfunn som har vore med tidlegare/andre år, ikkje alltid er representerte året etter. Statistikken inneheld ikkje opplysningar om talet på menigheiter.

Dnk – årsstatistikk

Frå og med statistikkåret 2005 skjer rapporteringa av årsstatistikk for Dnk på elektronisk skjema til SSB. Innsamlinga av statistikken var til og med 2011 eit samarbeid mellom SSB og ansvarleg departement. Frå 2012 er ansvaret for kyrkjestatistikken overført til Kyrkjerådet. Føremålet med statistikken er å gi informasjon om verksemda i kyrkjelydane.

Statistikken omfattar alle geografiske sokna i Den norske kyrkja, med unntak av Svalbard. Statistikken for 2015 inneheld 1 224 sokn. Kvart år har det vorte litt færre einingar i populasjonen. Dette kjem av samanslåingar av sokn, anten som forsøksordning eller permanent samanslåing. Det vert samla opplysningar om innmeldingar, utmeldingar, kyrkjelege handlingar⁸, gudstenester, opplæring og diakoni, barnehage- og skolekontakt, kyrkjemusikk og kulturarbeid, frivillig arbeid og ofringar. I hovudsak skal det rapporterast om verksemdar som er i soknet og som presten, soknerådet og dei tilsette har ansvaret for. Aktivitetar som andre kristelege organisasjonar driv, er ikkje med i denne statistikken.

Rekneskapane frå Dnk – fellesråda

